

II

LERKA OG GLEDA



Trygve Berkheim.

LERKA OG GLEDA

Redaktører:

Asbjørn Kvalbein

Reidun Lindheim

Copyright © 2001 Lunde Forlag,

Sinsenveien 25, 0572 Oslo, Norway

www.lunde-forlag.no

Omslagsdesign: Séan Brewer

Tekstarbeid: Laila Kyte, Rønnaug Midtun,

Judith Kvlland Rogstad, Sigve Wiik,

Anne Torunn Sirevåg, Nils Dybdal-Holthe

og Inger Holter

Grafisk utforming: Reidun Lindheim

Satt i Times New Roman 11,5/14 pt

Trykt på 100 g Munken Book Cream

Trykk og innbinding: AIT Gjøvik AS

ISBN 82-520-3479-9

INNHOLD

DIKTSAMLINGENE:

Den gylne nøkkel (1972)	7
Eit vindpust	8
Atomalders lovsang	14
Bryt brødet ditt varleg	25
Kvite svanor flyg mot nord	30
Det kling ei klokka i skogen	40
Det flyg ein fugl mot solnedgangen	44
Den gylne nøkkel	51
Himmelstigen (1978)	59
Livsens lov er kjærleik	60
Gud hev reist ein himmelstige	67
Den store strid	77
Fønvinden krysser mi kinn	83
Sigrande sol	91
Det piptar ein fugl i morgenklåren	97
Mot soloppgangen (1979)	105
Voni syng om evig vår	106
Lovsong i høgheimen	114
Himmelens bjartaste smil	119
Det ollar ei kjelda	128
Gyllen haust	135
Gylne høve	141
Kvar dag – eit eventyr	146
”Når jeg ser din himmel ... ” (1980)	153
Bak soler og stjernetåker	154
Eg ser eit land	164
Dagen som aldri døyr	172
Det er våren	180
Perlestraumen	191
Sterkare enn stormen	197

Kongevegen (1981)	207
Høgtid og helg	208
Varme frå nord	216
Mitt hjarta, kvi syrgjer du då?	224
Kongevegen	232
Sol og dag	240
Vinter og vår	248
Den andre mil (1982)	257
Gud er ikkje død	258
Den gode dagen	266
Eit underfullt land	272
Ein vår med mjuke tonar	277
Sommaren syng, og korn-klokkor kimar	282
Den andre mil	288
Voni i barmen bivrar	294
Bak solnedgangen (1986)	305
Evig adel	306
Medan me ventar	309
I livets land	314
Det underfulle liv (1988)	323
Lyset og livet	324
Skaparens storverk	328
Dagar og år	332
Fuglar og blomar	337
Noreg – vårt land	342
Sol og sjerner	344
Det gylne håp (1993)	349
Det gylne håp	350
Sonofferet	354
Det gode samfunn	356
Skimt av ein stor natur	361
Gleden – Livets glans (1994)	369
I livsens lyse hagar (1995)	387

FORORD

LERKA OG GLEDA er det andre bindet i en minneutgave som inneholder Trygve Bjerkheims litterære produksjon.

Trygve Bjerkheim (1904-2001) fikk et langt og fruktbarende liv som redaktør, forkynner, lærer og dikter. Han var født i Bjerkreim i Rogaland, men vokste opp i Høland i Akershus. Etter fullført teologisk embetseksamten tok han fatt på sitt livsverk: Å redigere misjonsbladet Utsyn. Det meste av sitt liv bodde han på eller i nærheten av Fjellhaug Skoler i Oslo, der han ble mye brukt som timelærer. Særlig i sin lange pensjonisttid fra 1972 til 2001 fikk han utfolde seg som forfatter.

Alle som møtte Trygve Bjerkheim, satt igjen med et inntrykk av å ha møtt en sjeldent og helstøpt kristen personlighet. Han fikk en stor venneskare og viste omsorg for den enkelte.

Bjerkheim etterlot seg ingen barn, men arven etter ham er en omfangsrik litterær produksjon som Lunde Forlag har samlet det aller meste av i denne minneutgaven, utgitt i 2001-2002. Mange sanger og salmer vil ganske sikkert leve lenge etter hans død.

Bind I, LANDET OG LYSET, inneholder diktsamlingene *Landet og lyset*, *Song under stjernene*, *Det gode år*, *Ved kjærlekens hav*, *Lysande land*, *Songar frå Solrenningslandet*, *Enn bankar mitt hjarta* og *Landet der nordlyset leikar*. (ISBN 82-520-3478-0)

Bind II, LERKA OG GLEDA, inneholder diktsamlingene *Den gylne nøkkel*, *Himmelstigen*, *Mot soloppgangen*, *Når jeg ser din himmel*, *Kongevegen*, *Den andre mil*, *Bak solnedgangen*, *Det underfulle liv*, *Det gylne håp*, *Gleden – Livets glans* og *I livsens lyse hagar*. (ISBN 82-520-3479-9)

Bind III, ORDET OG LIVET, inneholder de storstilte bibelske diktsyklusene: *Stormfuglen*, *David* og *Kristuskvadet*. (ISBN 82-520-3480-2)

Bind IV, DAGEN OG KALLET, inneholder biografisk stoff om Trygve Bjerkheim, bakgrunnen for en del av hans kjente sanger, og dikt og sanger fra andre kilder enn bøkene. (ISBN 82-520-3481-0)

Bind V, VÅREN OG VONA, inneholder dikt og sanger som hittil ikke er blitt offentliggjort, samt prosastoff fra hans lange periode som redaktør for bladet Utsyn og bokserien Når lysene tennes. (ISBN 82-520-3482-9)

Vi har ikke tatt med forordene til den enkelte diktsamling. En del opplysninger fra Japan er også utelatt i Songar frå Solrenningslandet.

Forlaget har prøvd å være tro mot Bjerkheims originale språkform, som kan ha variert noe i konsekvens gjennom hans lange liv. Bare i få tilfeller har vi justert det som antakelig må ha vært trykkfeil.

Vi har funnet at enkelte dikt kommer igjen i to diktsamlinger. I denne minneutgaven har vi søkt å unngå at samme dikt gjengis to ganger.

I bind V kommer et alfabetisk register over alle diktene og sangene som gjengis i de fem bindene.

Trygve Bjerkheim og hans kone Thea så stort på betydningen av kristen litteratur, og Trygve var en

aktiv støttespiller og rådgiver for Lunde Forlag. Dette verket er gjort mulig ved økonomisk støtte fra Trygve Bjerkheims litteraturfond.

Lunde Forlag



DEN GYLNE NØKKEL

1972

*Du gav meg ei harpa å leggja til barmen.
Helst song eg om våren og voni og varmen.
Men ogso ho tonar i vinteren kvit,
og stundom i sorgmod, når hausten kom hit.*

*Du gav meg ei harpa, og det var mi gleda
at eg om Guds veldige vårverk fekk kveda,
og hugen fekk snu mot den nyskapte jord,
der livslilja æveleg angar og gror.*

EIN VINDPUST

Slo du deg, guten min?

Langt ute på Russlands stepper
det budde ei gamal mor.
Sonen hennar heitte Ivan,
han var både sterk og stor.

Og mor var glad i den guten,
ho sjølv var i livsens kveld.
Kor godt å hava ein støttestav
når skuggane sig og fell!

Han møtte so ven ei jente,
men vond ho i hjarta var.
Utrulege ting ho kravde,
den kvinna so kald og hard.

Ein dag ho til guten sagde:
”Er so du er glad i meg,
då gjev meg hjarta til mor di!” –
So gjekk han den tunge veg.

Og mori laut livet mista, –
den lagnad var tung og svær.
Men like til augo slokna,
ho guten sin hadde kjær.

Då so han attende vende,
han snåva, i koll han datt.
Og morshjarta fall utor handi,
han miste den dyre skatt.

Då høyrdé han hjarta tala
so kjærleg til sonen sin.
Dei ordi han aldri gløymde:
”Å, slo du deg, guten min?”

Eit hjarta til døds vart stunge, –
av kjærleik det mot oss brenn,
talar til verdi frå Golgata,
ropar: ”Eg elskar dykk enn!”

Abel – ein vindpust

Hans namn tyder vindpust,
og så var hans liv, –
det minner om haust-tid og kveld.
Det er som når kveldsvinden syng i sitt siv.
Det strøymer av vemod eit vell.

Tragedie sår
frå vår ætt's første tid,
du fylgdest av tusentals til.
Det dreg seg eit blod-far,
ein blod-straum så vid,
i soga, frå bror-striden vill.

Du gjekk der så still,
hadde fred i din barm,
ved gry og når sol seig mot kveld.
Du gjekk der så audmjuk,
og hugen var varm
av kjærleikens heilage eld.

Du vandra med Herren
og hadde han kjær.
De elskar einannan, de to.
Og alltid så måtte du vera han nær,
og stundom av lukka du lo.

Og difor det beste du hadde, du gav
til han som di sjel hadde kjær.
Elt brodermord lagde deg ned i ei grav.
Di ånd gjekk dit englane er.

Og kveldsvinden sukka, og skuggane fall,
og fuglane tagna på kvist.
Den solvarme dagen med eitt vart så kald,
og livet så grått og så trist.

Ditt minne er blanda med vemodet sårt, –
det song i dei tusentals år, –
det kviskra om ein som så snart ryktest bort
i livet sin morgen og vår.

*

Men Abel, kor var du då sael likevel!
Du levde i lyset din dag, –
og vakna på nytt til din lut og din del,
i himlen, med Herren i lag.

I døden kom englar, og heim dei deg bar
til landet du lengta mot her.
Ein framand og pilgrim her nede du var.
Du såg mot ei ljosare verd.

Og Bibelen seier du talar enn no,
om elles eit ord ei vart sagt.
Nei, ingenting så som martyrar sitt blod
kan vitna med velde og makt.

Så mektig du tala dei tusentals år
til slekter som kom og som fór,
og bodskapen vidare, vidare går, –
han når over heile vår jord.

*

Ja, òg til mitt hjarta ei helsing du har;
du tala vemodig og blidt:
Mitt liv er ein vindpust, som Abel sitt var.
Den tanken han greip meg så tidt.

Å, kunne eg leva mitt livs korte dag
som Abel, i kjærleik til Han,
og vandra med Herren og englar i lag
og ofra til Gud det eg kan!

Og så i ei kveldstund gå stilt herifrå
til han som mitt hjarta hev kjær,
og kyssa hans hender og glad honom sjå
i livet si sorglause verd!

Og så at mitt minne må tala så stilt
til dei som meg kjende på jord,
og lokka dei kjærleg og varleg og mildt –
sjølv om dei 'kje minnest eit ord! – –

Perle's siste reis

Ein heste-tragedie for nitti år sidan

Han skulle fara til Halden,
frå Høland, – so dryg ein veg.
Ti lange norske miler,
ufatteleg mange steg.

Og Perle vart spent for karjolen;
den hesten er sprek og ung.
Ho tek so lett dei lange leider,
og bakken so bratt og tung.

Slik mil etter mil ho travar,
og sistpå ho Halden nå.
Sveitten driv av dei våte svangar,
og Perle er trøytt og klår.

Men kvile og mat det vankar,
og krafti attende kjem.
No modet tilbake vender;
det livnar i kvar ein lem.

So skal dei attende fara
den vegen so dryg og tung.
Perle travar av stad igjen;
ho er då so sprek og ung.

Slik mil etter mil ho jagar, –
først då dei til Trøgstad kjem,
skal ho få stansa og kvila litt.
No skjelv det i kvar ein lem.

Men hesten vil ikkje eta, –
han er nok for trøytt til det.
”Vel, Perle, så lat det då vera!
Så lyt me på nytt av sted!”

Den trufaste Perle travar,
og sistpå dei heimen nå.
Ho gjev sine siste krefter,
omsider på tunet står.

Ti dryge miler er enda,
og kjørekaren er trøytt.
Sjå, Perle skjelv som eit ospelauv,
av sveitteskum gjennom-bløytt.

Men stallkaren klappar kjærleg
den hesten han hadde so kjær.
So fylgjer han henne til hamna;
no skal ho få kvila der.

Men mannen på kuskesetet,
for han var ’kje svevnen god.
”Du får ut og se til ho Perle!” –
Og stallkaren gjorde so.

Då Johan kom ut til hamna, –
det var medan soli rann, –
låg unghesten død på bakken. –
Der kvila for godt ho fann. –

Så er 'a Unni borte –

Romeriksdialekt

Så er 'a Unni borte.
Je såg det i bla'e i går.
Der stod også ællers-målet
Ho vart syttifire år.

Snart seksti år er det sea
je første gongen ho såg,
ei lita og lett ung jente;
ho oftest var bli å fjåg.

Og nå var 'a gammal vørtin.
Ja, Unni var gammal nå.
Umerkenes æller'n kommer.
Je gammal er blitt, je å.

Ho fekk 'te så mange talenter;
snøtt en som var hel å full.
Lell greidde ho seg i livet
med lite tå gods å gull.

Men hum' øret, det var på toppen.
Mest stødt ho smilte, og lo
en tørr, liten morsom latter.
For Unni var løkkele, ho.

Jeg såg henne tidt på vegen;
ho trippa så lett av stad.
Kan hende ho ske tel bu'tikken,
litt varer tel himet ha.

Ho ville så gjerne vandre
den vegen som himatt går, –
den gode vegen tel livet,
tel himmelens sol og vår.

Je såg 'a når det var samling.
Da sat ho så lys å bli.
Je trur'te ho kunne sønge;
lel stemte ho stundom ti.

På ællersheimen kom Unni.
Der lika ho seg så godt.
Med fryd ho meg synte rommet sitt.
Det var hennes him å slott.

Og nå er 'a Unni borte.
Je så det i bla'e i går.
Der sto osså ællers-målet
Ho vart syttifre år.

Igjen og igjen vi sanner
at livsdagen vår er så kort.
Det verste ve ællerdomen:
at vennene våre går bort.

Det svært å svart hadde vøri
om dette var alt vi vet.
Da synger en faul på grava
om påske å salighet.

Som Rakel i Rama vi osså
lyt gråte, "for borte dom er".
Men, vona om gjensyn skinner;
Vi møter dom etter *der*. –

Vevstolens siste helsing

I vevstolen sat ho frå år til år,
og skyttelen gjekk og gjekk.
Renning og islett vart til ein vev,
som former og fargar fekk.

I vevstolen sat ho frå dag til dag,
om vinter og haust og vår.
Det høyrest tusundtals døyvde slag
mens skyttelen går og går.

I vevstolen sat ho frå tid til tid,
ho forma so fin ein vev.
Og når han er ferdig, ho tek han ned,
og so til Guds sak han gjev.

Og åri, dei gjeng, og ho gamal vert,
og vevstolen eldest med.
Omsider han stend der so skakk og skeiv;
no duger han berre til ved.

So sit ho i stolen for siste gong,
langt inne i livsens kveld.
I barmen det tonar ein sorgmods-song;
det logar ein vemods-eld.

Og so lyder vevstolens siste slag,
og skyttelen stansar stilt,
mens andletet fær eit forklåra drag,
useieleg mjukt og mildt.

Dei skrukne hendene faldar ho,
i takk og i hjartans bøn.
Eit livsverk enda – men i Guds vår
det ventar so rik ei løn.

*

Ho sit ved omnen og vermer seg,
og lôgen, han brenn og glør.
Det er den vevstolen skakk og skeiv
som tente so ofte før.

Den siste tenesta gjer han no
den gamle i livsens haust.
Ho sit og syng på eit salmevers,
og hugen er vend mot aust.

Og lôgen leikar, han peikar opp,
den siste helsing han ber.
So sloknar vevstolens siste lys,
og dimt det i stova er.

Den gamle sit der so skrinn og tynn.
I sjeli skin ljoset bjart.
Ho takkar Gud, og ho kviskrar stilt:
”Å kom, Herre Krist, kom snart!”

Hav takk for alt frå eg liti var,
til no eg i hausten stend!
Ho etter vender sitt syn mot aust,
der morgenstjerna snart renn. –

Ho spelar og syng i kvelden

Ho spelar og syng i kvelden
i livskvelden sein og klår.
Sæl kvar ein som i Jesu tru
ventar den gode vår!

Ho spelar og syng om voni
som ventar i livsens land.
Sæl kvar ein som i kvelden sein
vona og venta kan!

Ho spelar og syng om honom
som trufast og nådig er.
Sæl kvar ein som fær syngja slik
ved enden av livsens ferd!

Ho syng, og det gamle andlet
lyser i livsens kveld.
Sæl kvar ein som kan stråla slik,
mens skuggane sig og fell!

Ho spelar og syng om himlen,
der pilgrimen kvila får.
Sæl kvar ein som i Jesu tru
ventar ein evig vår!

Ho syng, og det gamle andlet
lyser i livsens kveld.
Sæl kvar ein som kan stråla slik,
mens skuggane sig og fell!

Du lét meg høyra livsens ord,
ein løyndom rik, ei gleda stor,
ei von forutan like.
Mi livsens sol lyt gå i hav,
men du den dyre lovnad gav:
Ny vår i Kristi rike.

Du lét meg høyra livsens spel

Du gav meg, Gud, so mange år, –
so lenge siden livsens vår, –
og enno dagen varar.
So takkar eg for all den tid,
for trøyst i sorg og hjelp i strid,
for venge-vern i farar.

Du lét meg høyra livsens spel,
i alle år du syrgde vel
for denne spede blomen.
So vil du ogso minnast meg
når eg på livsens eingongs-veg
til endes snart er komen.

So gildt det var å vera til, –
ja, livsens dag var ljuv og gild.
Vel var det storm og strider;
men båre-brotet lagde seg,
og varme vindar smeikte meg.
Det var vel ljuve tider!

ATOMALDERS LOVSONG

Ditt fotefar me ser i fjell og dalar

Ditt fotefar me ser i fjell og dalar
og ute i det djupe himmelrom.
Og havsens velde om din stordom talar.
Alt vitnar om din høge herlegdom.

Kvar blom, kvart blad, av allmakts-handi sterke
vart kledde i so underfullt eit skrud,
og ånd og lekam ber ditt adelsmerke.
Det største under er du sjølv, o Gud.

Alt vitnar om din visdom og ditt velde,
på jord og i den høge himmelsal.
I alle aldrar, ifrå yngd til elde,
me dine under ser i tusundtal.

Me retter mot deg våre tome hender,
og ber vår bøn i Herren Jesu namn.
Du gjev ein evig arv, vår livsbåt vender
imot den logne, ljuve himmelhamn.

I Jesus Krist du er ein kjærleg Fader.
I han din herlegdom me klårt kan sjå.
Når dagen endar og vår livssol glader,
me heim til deg, til paradis fær gå.

Me hyller deg, du er vår sol, vår sæla,
og eingong skal me glade deg få sjå.
Då skal i æva all di lov me mæla.
Kor det vert stort! Kor skal me jubla då!

Kor verdi vår er underfull!

Det skein ein sped og tander blom
i vår, på treet mitt.
Han lyste raudt, han lyste kvitt, –
eit eple no, eit moge gull.
Kor verdi vår er underfull!

I vår ein blom, so skir og lett,
med ljuvleg angeflaum.
Og sidan strøynde lives traum.
Å, for eit fagert alde-gull!
Kor verdi vår er underfull! –

Du evige, veldige Skapar og Gud

Du evige, veldige Skapar og Gud,
du livet har gitt oss til gåva.
Du gjev oss i Kristus det heilage skrud.
Ditt namn vil me evig høglova.
Du einast er verdig all æra.

Du dana vår verd ved ditt mektige ord,
med under som ingen kan telja.
Me synda og sveik, men di miskunn er stor.
No vil me din nåeveg velja.
Me veit at til livet han fører.

Din herlegdom ser me i alt du har gjort;
Kvar blom vitnar høyt om di æra.
Og det er det største av alt som er stort,
at me dine born skal få vera,
på jordi, og so i all æva.

I kjærleik du leider oss dag etter dag;
du er oss ein miskunnsam Fader.
Og so skal me vera for evig i lag,
i himlen, når livssoli glader.
Det vert ein useieleg fagnad.

Du evige, nådige Herre og Gud,
du er ifrå æva til æva.
Og det er vår sæla: i lyset sitt skrud
hjå deg, i ditt rike, få leva,
der lovsongen alltid skal ljoma.

Tusund under talar

Takk for dei tusund under
som talar i sud og nord!
Dei vitnar ein sumarmorgon
om Skaparen sterk og stor.

Takk for dei tusund under
i verdi so stor og vid!
Dei vitnar: vår Gud er veldig,
høglova til evig tid.

Takk for dei tusund under
som lyser i blad og blom,
i bjartaste barneaugo,
i stjernefylt himmelrom!

Takk for dei tusund under
i åndi si løynde verd!
Dei vitnar om allhers Herre
allveldig og vis han er.

Takk for dei tusund under,
som talar i nord og sud!
Ein gong skal eg han høglova,
all verdi sin store Gud.

Av Skaparens herlegdom ser eg ein flik

Ein sumardag ved skogen er paradis-lik.
Ein himmelduk bjartnar og blånar.
Av Skaparens herlegdom ser eg ein flik,
der kvelven ned mot skogheimen skrånar.
Dei snøkvite småskyer sigler i mak
oppunder dette solblåe himmeltak.

I middagsstundi kviler kvar skapning i ro.
Guds sol over engene flyrmer.
Å du kor den timen er fredfull og god,
når all naturi dormar og drøymer!
Men humla, ho hastar fra blom og til blom.
Og skapningi fortel om Guds herlegdom.

Kor lukkeleg eg er som på jordi fær bu,
imillom Guds under kan anda!
Kor sælt at òg eg fær på Frelsaren tru,
med all naturi kan min lovsong blanda!
Hav takk for ein solsumar paradis-lik!
Av Skaparens herlegdom ser eg ein flik.

So hastar mot eit mål kvar ein blom, kvart strå,
kvar buska, kvart bær inni skogen.
Kvar åker med gullgule aks skal stå
i haust, når kvar vokster er mogen.
Må eg då også ha mi mogning nått!
I livsens sumar, der vert allting godt. –

Evige Gud – !

Evige Gud!
Lat viljen din råda
i nord og i sud, –
som høgt i din himmel
so her på vår jord!
Då livslilja lyser
og blømer og gror.
Evige Gud!

Himmelske Far.
Til æva du er,
som frå æva du var.
Lat namnet ditt helgast
i land etter land,
i høgvyrdnad haldast
av møy og av mann!
Himmelske Far!

Himmelske drott!
I lyset du bur,
i ditt herlege slott.
Lat riket ditt koma,
med rettferd og fred,
i landet der livssoli
aldri går ned!
Herlege drott!

Gud glemmer ikke verden

Gud glemmer ikke verden, –
han glemmer ikke deg.
Han ser deg, hvor du vandrer,
på smal og stenet vei.
Han vet om dine vansker,
han vet den rette lei.

Gud glemmer ikke verden, –
han styrer stjerners hær.
Kun én blant myriader,
og dog han er deg nær.
En stakkars ensom skapning,
og enn han har deg kjær.

Gud glemmer ikke verden, –
hans blikk hvert støvgrann når.
Selv minste dugg som sitrer,
et kyss av solen får.
Og han som for deg sørger,
har talt hvert hodehår.

Gud glemmer ikke verden, –
sin egen Sønn han gav.
En påskemorgen stod han
med seier på sin grav.
I tro på ham vi engang
skal stå ved livsens hav.

Gud glemmer ikke verden, –
han har den i sin hånd.
En evig livsens lue
han skaper ved sin ånd.
Og sistpå skal han spreng
de sterke dødens bånd.

Me lovsyng deg – det er vår ljose lagnad

Frå æva og til æva er du, Herre,
før tid og rom og hav og fjell vart til.
Vår tanke teier, – me kan tilbe berre,
og tru på deg vårt hjarta gjerne vil.

I Jesus Krist du er vår Far og frelsar;
du tilgjev skuld, og lækjer våre sår.
Og difor me med hyllings-ljom deg helsar,
med takkesorg fram til di truna går.

Me lovsyng deg, – det er vår ljose lagnad
å æra deg, og Sonen, Jesus Krist.
Og endelaus og evig vert vår fagnad
når i ditt rike me deg ser til sist.

Kven er som du, i visdom og i velde,
og stor i langmod, miskunnsam og mild?
Du er vår Far, – i ungdom og i elde,
i liv og død me høyrer himlen til.

I di hand er våre tider

Betre enn livet
er di miskunn, Herre.
Alt kan me makta
har me henne berre.
Er du oss nådig,
vil oss miskunn gjeva,
sælt skal me leva.

Herre, di miskunn
heile livet varer,
vernar, velsignar,
hjelper gjennom farer.
Du held oss oppe,
med di hand den sterke,
fullendar verket.

Nåde på nåde
er di himmelgåva.
Difor, vår frelsar,
vil me høgt deg lova.
Skuldi du tilgjev,
til vår livssol glader,
himmelske Fader.

Tidene skifter,
ut mot haust det lider.
Men i di hand er,
Herre, våre tider.
So skal me standa,
meir enn siger vinna,
livslandet finna.

So gled eg meg ved livet

Eg frydar meg ved livet;
det er Guds gode gåva,
ein avglans av hans eigen eld.
So vil eg Herren lova.

Guds eige bildet' ber eg;
det er so høg ei æra.
Det brast, – vart heila av Guds Son.
Han skal hoglova vera.

Om tornar stundom sting meg,
alt tener til det gode.
Tidt tåror doggar kinni;
lell er eg vel til mode.

Eg lengtar *heilt* å leva,
at kjelda fritt får vella,
at knuppen ut seg faldar
før han lyt bladi fella.

So gled eg med ved livet.
Kor stort det er å leva!
Kva vert det då i paradis!
Der skal eg *alt* få gjeva.

Gud vil du skal likna Gennesaret sjø

Min ven, som hev fenge so mykje av Gud,
no ventar han mykje av deg.
Frå år og til år han si miskunn deg gav,
av goder og gaver eit endelaust hav.
Han signa deg rikt på din veg.

Gud vil du skal likna Gennesaret sjø,
som rikdomen vidare gjev.
Du må ikkje verta som Salthavet daudt;
kring strendene er det so livlaust og audt.
Det sankar og samlar og krev.

Du fekk dette eine og kostbare liv,
ein dag som so snøgt gjeng på hell.
So tenk ikkje berre på deg og på ditt.
Nei, tenk på kor mykje du her kan få gitt,
før skuggane sig imot kveld!

Gud ventar med rente igjen den talent,
det pundet han gav deg på jord.
Han spør ikkje etter kor mykje du vann,
men om du i kjærleik hev opna di hand.
Då løni vert herleg og stor.

Fra det dype

Vi roper, o Gud, fra det dype,
fra stormherjet, farefull fjord.
Vår bønn stiger opp over stjerner
til deg som i herlighet bor.

Vi engstes for utløste krefter
i endeløst lite atom,
for maktene mørke og morske
i hjertenes nattsvarte rom.

Vi reddes for fremtidens skygger,
vi gruer for det som kan skje.
Men du, Herre, styrer vår verden.
Hvor stort at til deg vi kan be!

Du bygger ditt rike, ditt tempel
tross tidenes trengsel og nød.
Og ennå i ørk'nen du metter
hver hungrig med himmelens brød.

Det vrimer av uløste gåter,
men svaret på alle er du.
Så bøyer vi kne innved korset.
Der dempes vår angst og vår gru.

Det venter en grav når det kvelder,
men livshåpets stjerne er tent:
Det siste blir evighetsvåren
når jordlivets vandring er endt. –

Får jeg banke på din dør?

Fra et fremmed land jeg kommer;
trett jeg er, og syk og sår,
lengter etter lys og trygghet;
utenfor Guds hus jeg står.
Arm jeg er, og enda spør:
Får jeg banke på din dør?

Lyset skinner klart derinne.
Der er fryd, og der er fred.
Å, om også jeg fikk komme,
i Guds glede være med!
Hjertet banker, og jeg spør:
”Får jeg banke på din dør?”

Skygger faller, natt seg nærmer.
Om jeg dog fikk slippe inn!
Sangen som derinne stiger,
vekker von i engstet sinn.
Ja, i Jesu navn jeg tør.
Så jeg banker på din dør. –

Du er mi sol –

Du er mi sol, Herre Jesus,
mitt lys og min klåre dag.
Eg skal ikkje vandra i skuggen
når bare med deg eg held lag.

Du er min skjold, Herre Jesus,
mitt vern og mi trygge borg.
Dit inn når ’kje fiendeflokken;
der bytest i gleda mi sorg.

Du er min skatt, Herre Jesus.
Den perla gjer evig rik.
Ein gong skal eg himmelen erva
og verta min Frelsar lik.

Du er min fred, Herre Jesus;
i deg eg Guds hugnad har.
I deg er eg rein og rettferdig,
og Gud er min ven og far.

Du er mitt liv, Herre Jesus.
Då skal eg ’kje døden sjå.
Med deg skal eg meir enn sigra
og salig ditt paradis nå.

Takk – takk!

Takk, Jesus, at du vandra
den tunge veg for oss,
hav takk for blodig sveitte,
for døden på ein kross!

Takk, Jesus, at du stridde
vår harde strid med tål,
at du til botnen tømde
den beiske lidings-skål !

Ha takk for klungerkrona,
dei mange piskeslag!
Hav takk for hjartebloodet
på krossens store dag!

Hav takk – du sløkte vreiden
då livet ditt du gav!

Hav takk at påskemorgon
du atter steig or grav!

Hav takk at me skal vinna
ved sigeren du vann!

Hav takk at du oss ventar
ein dag på livsens strand!

Hav takk at du er konge,
vår frelsar og vår bror!
Hav takk at me skal erva
den herleggjorde jord!

Via Dolorosa

For alle tunge steg du gjekk,
so lite takk frå meg du fekk, –
det meg i hjarta sårar
at hugen min, so hard han er,
at ikkje kjærleiks-bylgjar slær,
kvar dag mot korset bårar.

For blodet ditt som flaut for meg,
kvar stund eg skulle takka deg,
og for di såre kvida, –
då du i hagen sveitta blod,
då bleik og skjelvande du stod,
for meg du måtte lida.

Ha takk for kruna som du bar,
for naglegap, for krossen hard,
for spydet i di sida,
for angst-rop i nattsvart stund,

for nåde-ordi frå din munn,
då sårt du måtte strida.

Ja, takk, forsonar, for din strid!
Eg gjerne vil til evig tid
for døden din deg lova.
Ditt hjarta brast, – det var for meg.
No lyt eg alltid tilbe deg.
Hav takk for sonings-gåva!

Takk for striden!

Min Frelsar, for din store strid
av hjarta takkar eg.
Gud gjeve at til evig tid
min song stig opp til deg!

For striden i Getsemane,
då blodig sveitte rann,
for Golgata sin tunge veg,
hav takk, vår frelsarmann !

I øydemarki hungra du,
og møtte Satans makt.
Du sveitta blod i angst og gru;
vår synd på deg vart lagt.

Dei nagla deg til korset fast,
til drykk dei gall deg gav.
Men dødsens tunge lekkjor brast,
og fram du gjekk or grav.

Me aldri fata kan på jord
din strid, so heit og sår.
Me tolka vil med betre ord
vår takk i æve-år.

Du fridde oss frå myrkars hær,
frå evig død og dom.
Me lovar deg i livsens verd
med heilag hyllingsljom.

So er du då konge

So er du då, Jesus, konge!
Det tonar i verdi all
ei takk at du viljug valde
eit lidingsfylt kongekall.

Men var du ei, Jesus, konge,
då var me forutan von.
Då rådde 'kje ævelivet,
men myrker og vald og tjon.

Ja, var du ei, Jesus, konge,
kvart ljos i vår verd var sløkt.
Då kvad ikkje noko hjarta,
og livet var audt og døkt.

Men no er du evig konge;
i kjærleik og ljos du rår.
Og me skal med deg få råda
der allting sin fullnad får.

So er du då, Jesus, konge!
Og sløkt er vår såre sut.
No skal me i alle ævor
få syngja vår sæla ut. –

Gud har hvelvet en åpen himmel

Gud har hvelvet en åpen himmel
over vårt liv på jord.
En fylde av fred han sender,
og dekker hver dag vårt bord.

Gud har hvelvet en åpen himmel
over vår livsens dag!
Hvor stort at hans hjerte banker
imot oss med varme slag!

Det var Kristus som himlen åpnet,
doden for oss han led.
Han seiret for oss på korset,
og vant oss en evig fred.

Gud har hvelvet en åpen himmel
over vår dag på jord.
Vi vandrer med sang mot hjemmet,
der selv han i lyset bor.

Den klåre kjelda i det djupe blå

Ho er so ljuv, den sol som mot meg strøymer;
ho vermer kinni i ein seinhaust-dag.
Ustanseleg dei flaumar mot meg fløymer,
og vinden framom stryk i stille drag.

Kor godt det er: si kinn mot soli venda,
den klåre kjelda i det djupe blå!
Kor kjært det er: dei varme båror kjenna!
So lang ein veg – og lell dei kan meg nå!

Kor sælt og stort: Det finst ei sol i verdi,
ein himmel-kvelv, ei von om evig vår!
Hav takk for kvar ein solskimt under fjerdi!
Med song i sjeli glad min veg eg går.

Herre, takk for helios!

Herre, takk for helios,*
som hit frå rømdi glitrar!
Strålar lik det skire sylv
i morgontimen sitrar.

Å, eg vert so glad kvar gong
den kjelda er i kjømdi.
Takk for dette klåre vell
som ollar inn frå rømdi!

Dag for dag og år for år
den kjelda verdi fyller.
Og når dagen gjeng mot kveld,
då vent i vest ho gyller.

Herre, takk for helios, –
ho er så dyr ei gåva!
Sjølv du er ei evig sol.
Ditt namn me høgt vil lova.

Lyset

No ligg vårt land i eit vell av lys,
frå helios og den kvite snøen.
Når kvelden kjem, han til skare frys,
og stjernor glitrar og glim på bœn.

* gresk = soli.

Gud såg at lyset var såre godt,
og gjerne vil me det ordet sanna.
Det båra fritt kring hans skapnings-slott,
og mannen stod der, med sol kring panna.

Eg veit 'kje noko i verdi vid
so vent som snø under himmelklåren,
imedan flyttfuglen fjåg og blid
slær glade trillor, og ventar våren.

Eg veit 'kje noko i verdi all
so vent som snø under himmelblået,
når fuglen lyder det løynde kall
og flyg mot nord på dei vengjer småe.

Gud skapte lyset, og det var godt.
Til sist skal natti for alltid vike.
Og lyset vell i hans skapnings-slott, –
ein evig dag i hans sæle rike.

Himmel-duken

Himmelen blånar so vent over skogen;
Skaparen einast slik telt-duk kan sauma.
På grensa han ligg millom tidi og æva.
Og ingen på jordi det samspel kan tolka.

Jordi er fager og himmelen herleg;
båe om Skaparens allvelde vitnar.
Himmelen dreg meg, frå tidi mot æva,
der eg Guds herlegdom evig skal æra.

På Noreg sin barm

Oppå Noreg sin barm
i ein sumardag varm
fekk eg stiga til kveldsoli gleim.
Medan timane gjekk,
nye utsyn eg fekk, –
og med age i hugen gjekk heim.

Å, so stilt det var her
i den veldig verd
med ei endelaus fjelltinde-rad!
Der dei kviler i ro,
og i myr og på mo
svagar blokkor og dvergbjørke-blad.

Himlen kvelver seg blå,
og so langt eg kan sjå,
kviler rekkjer av urgamle fjell.
Her er myrull og lyng,
bjøllor tinglar og syng
i den stavstille, solfagre kveld.

So gjeng dagen på hell;
soli strøymer og vell
over einer og svagande strå.
Det er hjarta sin trong:
må eg endå ein gong
denne draumfagre fjellheimen sjå!

I min barndoms bygd

Her spelar soli enno over bygdi;
ho strøymer kringom knaus og knatt og lid.
Og attom stend ei rad av trauste tindar,
som i min spede barndoms fyrste tid.

Her strøymer å’i enno imot havet,
med same hast, med same song og sus.
Kor fint det er å sjå den sylv-snor glida,
og høyra denne døyvde elvebrus.

Og her ligg sjøen under Rabna-fjellet,
so ven og logn som han hin gongen låg.
Og soli glitar i ei sylver-strime.
Kor gildt at eg det synet etter såg!

So sit eg her, imillom fjell og knausar,
mens elvi susar, fjåge fuglar syng.
Den same soli signar barndomsbygdi,
ho kysser blom og bær og lauv og lyng.

Det sylv som sitrar der i blanke båror,
det blenkjer ogso i mitt hovudhår.
Det glimar i dei varme vemods-tåror,
ved tanken på dei fyrste barndomsår.

So fekk eg etter denne staden skoda.
og etter desse store syner sjå.
Eg høyrer elvesus og sauebreking,
og skygnar opp mot kvelven blank og blå.

Eg ein og annan kjend og kjær får møta.
Lik meg dei no ber alderdomens skrud.
Men berre minnet lever etter andre. –
Mi tru, mi trøyst, mi von stig opp mot Gud.

Inne i fjell-Noregs veldig verd

Sjå, her ligg ein fjellheim i høgtidstill ro,
med tagale tindar, – som allstødt dei stod.
Og breane kvitnar, i soli dei skin.
å, du for eit draumfagert, lysande lin!

Eit skinande sylvband mot fjordane glid:
Ned fjellsida bre-bekken syngjande skrid.
Og stundom han lagar ein foss på si ferd,
her inne i fjell-Noregs veldige verd.

Og lenger der nede tek lauvskogen til.
Han stend der so frodig og fager og gild.
Han logar mot hausten, og vaknar mot vår,
frå strandi og alt opp mot snø-linet når.

Der nede ved fjorden, ved solvarma vegg,
der blømer det blodbøk og bjørker og hegg.
Og aplane lyser i rosa og kvitt,
og villblomar nikkar so blygt og so blidt.

Men stundom den skinande, tårnhøge tind
i skyer og skodde-eim sveiper seg inn.
Den ull-kvite kåpa, ho løyner kvar ur.
Då fjellheimen ligg der so trolsk og so stur.

Men etter det lettner, og ull-skoddi dvin.
Då sylv-band ser eg, og snøen sitt lin.
Og fjorden ligg blank, som ein spegel å sjå,
og himmelen kvelver seg, solskir og blå.

Her nede ligg heimane, ein etter ein,
med vollane rudde for stubbar og stein.
Og der stend ei kyrkle, i kvitmåla skrud.
Der ættene tilbad den evige Gud.

Der sigler ein skydott, – til ro han seg legg
langt oppe ein stad, ved den flogbratte vegg.
Nyst soli hev sige, i glim og i glod,
og fjellheimen kviler i ævestill ro.

Her gjeng det ein ”trollstig” mot høgaste tind.
Her hev dei i fjordveggen hogge seg inn.
I kvelden stryk småbylgjar stilt imot strand.
Eg lovar vår Gud som oss gav dette land.

Når verdi er so vakker

Når jordi her kan minna
om livsens paradis,
kva må det då ’kje verta
når allting syng Guds pris!

Her glitrar frå Guds himmel
ei sol so skir og klår.
Her ser me tusund under
i vonfull vaknings-vår.

Her ser me livet bløma,
med ljuvleg ange-elv.
På blad og bjarte blomar
dogdropar skin og skjelv,

Her ser me kornet mogna,
og bær og alde rik.
Kva då i paradiset
når her det lukkast slik!

Det glim i snø-krystallar,
og stjerne-verdi skin.
Og skog og høgheim-hallar
stend sveipt i vinter-lin.

Når verdi er so vakker
trass visning, snø og is,
kva må det ikkje verta
i livsens paradis?

Atomalders lovsong

Herre, underfullt du dana
dette djupe himmelrom,
bygde opp dei høge hallar
av usynlege atom.
Kvar av deim eit mikrokosmos,
løyndomsfulle livsens fjom.

Herre, størst av alle under
er den ånd som speglar deg.
I ditt eige bilet dana
du den sjel som bur i meg.
Herre, det er evig adel,
rikdom uranskeleg.

Herre, ljoset vell om verdi,
stjernerømdi understor.
Livsens loge sjølv du tende
på den ljuve, fagre jord.
Skirare enn alle soler
er ditt eige guddomsord.

Herre, du i miskunn sende
til vår verd di eigen Son.
Blodet frå hans brostne hjarta
berga oss frå tap og tjon.
Syndesåri hev han heila.
Me hev framtid, me hev von.

Herre, heilag lovsong ljomar,
sitrar i dei små atom,
i kvar ljuvleg livsens lilja,
og i hjartans tempelrom.
Sistpå skal all skapning hylla
Herrens høge herlegdom.

BRYT BRØDET DITT VARLEG

Bryt brødet ditt varleg!

Bryt brødet ditt varleg, med takk til han
som skapte dei livsens korn,
gjev vokster og mogning i alle land,
til signing for mannsens born.

Bryt brødet ditt varleg, med takk til Gud,
din store himmelske Far!
So mange det vankar i aust og sud
som ikkje ein brødbit har.

Bryt brødet ditt varleg, og minnast deim
som livsbrødet ei har fått!
Fortel at dei ogso kan finna heim,
til himmelens ljose slott!

Bryt brødet ditt varleg, til minnes drag
at Jesus er livsens brød!
Han sigrande står på si grav i dag,
og frir oss or all vår nød.

Du og dei andre

Du unner deg sjølv so umåteleg godt;
du unner deg stort, og du unner deg smått.
Seg, unner du også dei andre?

Det er ikkje ende på det som du gir
deg sjølv, og kan hende du gir so det svir.
Men seg, gir du også dei andre?

Du sjølv står i sentrum frå morgen til kveld;
det berre er deg – og so dine – som gjeld.
Kvi tenkjer du ei på dei andre?

Når eingong du stansar ved æva sin port,
då gjeld ikkje det som mot deg du hev gjort,
men det du hev gjort imot andre.

For Jesus hev sagt: ”Det er gjort imot meg.”
Det kjærleiken sjølv er som slik ovrar seg.
Vår Frelsar vil tenast i andre.

Du må ’kje drøyma bort din dyre dag!

Du må ’kje drøyma bort din dyre dag!
Han er so kort; du hev den eine berre.
Statt opp, min ven, med Jesus Krist slå lag!
Han vera vil din frelsar og din Herre.

Du må ’kje sova bort di stutte tid!
Då stend du arm når sistpå ho er enda.
So vakna opp til heilag dåd og strid;
Og himmelen skal sol og signing senda.

Kor du er sael som opp or svevne står,
den gode lut i livsens morgen valde!
Til evig helg og høgtid inn du går
når dine dagar her på jord er talde. –

Signande sol om ditt hjarteblad

Ver varsam med alt som ditt hjarta vil fylla! –
Kan henda det glimer og hugen vil trylla,
men sjeli for tid og for æva kan tyna.
Og difor, mitt hjarta, du varsemd må syna!

Ver varsam med alt som vil inn gjennom øyra!
So mykje og mangt må på ferdi du høyra;
men sok ikkje dit der det ureine råder;
det knyter om hjarta dei trælkande tråder!

Ver varsam med alt som vil inn gjennom auga!
Å, la ei ditt syn i det låge få lauga!
Lat himmelen inn gjennom sjels-auga strøyma,
med signande sol om ditt hjarteblad fløyma! –

Eg har dette eine lyset

Eg har dette eine lyset, –
det einaste lyset eg har.
Og snart har det brunne til botnen;
det kveldar, og soli glar.

Eg har dette eine lyset, –
so arbeid imedan det brenn!
So snøgt kan det skje at det sloknar.
Kor stort at det lyser enn!

Du har dette eine lyset, –
so vandra imedan det skin!
So skal du ved livsmålet standa,
når dagen omsider dvin.

Eg har dette eine lyset,
og enno det logar og brenn.
Når so det omsider skal slokna,
Gud tenner eit nytt igjen.

Den rikaste gleda, ho kjem til sist

Som blomen seg opnar ei morgonstund
mot sollyset reint og godt,
du hjarta ditt vende mot Jesus Krist!
Då vert ikkje livet ditt trist og grått, –
du gled deg i hjartans grunn.
Den rikaste gleda, ho kjem til sist.

Som blomen seg bøyer, og lèt seg att
mot kulden i kvelden sein,
du hjarta ditt stengje for myrkheims her!
Då varar du blomen so sart og rein
mot alt som er stygt i den vonde verd.
Du vernar den dyre og fagre skatt.

Som blomen du mogne mot hausten klår,
med frø etter falne blad!
So fell dei i jordi, og kviler der
til vårfuglen fløytar sitt fjåge kvad.
Då vaknar du opp i ein salig vår,
der livsdagen ljuvleg og evig er.

Alle er vi av Guds ætt

Alle er vi av Guds ætt;
vi har den samme Far.
Vi eier samme barnerett;
den samme arv vi har.
Men mange har ei hørt om Gud,
har ei sin rikdom sett.

Øst og vest og sør og nord
en enhet er i dag.
Vi er i slekt, – en huslyd stor
er alle folkeslag.

Hvert menneske i sorg og sakn,
å husk: det er din bror!

La vårt hjerte varmt da slå
i kjærlighet til dem
som Kristi herlighet ei så
og ei vet veien hjem!
Vi ber, vi gir, og går i tro
med takk mot målet frem!

Altets Gud er rik og stor,
rik nok for hvert et folk.
Vårt brød vi deler med vår bror
og er Guds sannhets tolk.
I håpet glad vi fremmad ser
imot den nye jord.

Så i eit menneskesinn!

Så, venen min, i eit menneskesinn!
Hugs på at det er din bror!
Du kan leggja eit frökorn i hjartans jord.
Du kan så med eit sannings-ord.

Så, venen min, i eit menneskesinn!
Ja, så med ein solskins-smil!
Det kan jaga på dør sjølv den kalde tvil,
og slå fylgje dei mange mil.

Så, venen min, i eit menneskesinn,
kvar dag på di livsens ferd!
Du kan kasta eit såkorn ved det du gjer;
mest du signar ved det du *er*.

Hugs, venen min, når på livsvegen din
du møter ein vandringsmann,
kan du gagna, gleda, velsigna han,
vise veg til det gode land.

Gjev meg eit romsleg hjarta!

Gjev meg eit romsleg hjarta,
so eg med dei glade meg gled,
syrgjer med deim som i sorgi sit,
i solskin og sagn lever med!

Gjev meg elt ærleg hjarta,
so eg er truverdig og sann,
syner i ord og i åtferd all
at lita på meg dei kan.

Gjev meg eit gavmildt hjarta,
som ditt, Herre Jesus Krist!
Rikare vert eg år for år.
Og rikast eg vert aller sist. –

Gjev meg elt audmjukt hjarta, –
so vesal og veik eg er;
nåde eg treng kvart eit morgengry.
Du veit eg trass alt hev deg kjær.

Du little gut med det gode andlet

Du, little gut med dei djupe augo,
kva er det vel som du undrast på?
Du ser so stort, og du ser so stille,
som berre born kan i undring sjå.
Og reine er dine augo blå.

Du little gut, i Guds likning dana,
han hev deg tenkt til ei framtid god.
Ja, berre undrast, – so rikt er livet
i Herrens samfunn, so rikt på ro.
Og lukke-lilja skal vakkert gro.

Du little gut, må du alltid skoda
det som er fagert og reint og godt!
Gud vare deg frå dei myrke makter
til du hev livet sitt vårland nått,
og barneglad bur i himmlens slott!

Du little gut med det gode andlet,
å, må det alltid deg ganga vel! –
av far og mor vert du varleg verna,
og Gud vil signa di dyre sjel,
so du i æva vert rik og sael. –

Dei venta so lenge, lenge

Dei har ikkje høyrta om arven
som gjorde deg sjølv so rik, –
ein arv som dei òg har rett til.
Det burde ’kje vera slik.

Dei har ikkje høyrta om Jesus;
dei kjenner ’kje namnet hans.
Seg, skal dei ’kje snart få høyra
om himlen og livsens krans?

Dei har ikkje høyrta om freden
som flyt ifrå Jesu sår,
Å, skal me ’kje no fortelja
om framtid og von om vår?

Dei venta so lenge, lenge, –
no vil me med gleda gå, –
so livet og lyset og landet
med hjartans fryd dei får sjå.

Høgspent-lina

Høgt over hei og hamar
dei mektige kraft-spenn går,
strakt over avgrunnar strekkjest,
til fjernare stader når.

Mektige krefter strøymer,
murrar so smått og mel.
Songen i sterke strenger
om veldige makter fortel.

Mil etter mil seg tøyer
tråder på fjell og fly.
Sistpå, når landet sletnar,
når dei den store by.

Ljos til dei tusund heimar,
kraft til dei hjul som sviv,
gjev desse dulde straumar,
signar so mangt eit liv.

Slik vil misjonen senda
signing med kraft og lys,
ut til dei fjerne strender,
der folki i skuggen frys.

Slik vil misjonen strekkja
høgspenn der straumen går;
ut til den vide verdi, –
koma med von og vår.

Tempus fugit

Tidi flyr

Sekundane strøymer,
minuttane går,
og timane trillar,
fra vår og til vår.
Og vekene flyktar,
vert månader, år.

Eg ser imot vest,
der det kveldar igjen,
der skyene logar
lik purpur, og brenn.
Ein dag er til ende;
for tidi, ho flyr.
Men myrkret må vika,
og morgenon gryr.

Slik lakkar og lir det
mot æva sitt år;
sekundane trillar,
og timane går.
Men hjarta mitt bankar
i von og i tru
I æva eg skal
i Guds paradis bu.
Der aldri skal livsåret
ganga på hell, –
mot haust og mot kveld.

Brostne strenger

So mange brostne strenger
på sjeleharpa heng.
Det tidd i livet hender
at brosten er kvar streng.

Stem nye strenger, Herre, –
mi sjeleharpa still!
Og sidan må du spela
dei tonar som du vil!

KVITE SVANOR FLYG MOT NORD

Kvite svanor flyg mot nord

Kvite svanor flyg mot nord,
sviv med sterke vengeslag,
dreg dit dei får møta våren
og den lange, ljose dag.

Kvite svanor flyg mot nord, –
sterke lengslor dit deim dreg.
Difor brusar breide vengjer
på den lange flyttfugl-veg.

Kvite svanor flyg mot nord, –
løynde lengslor dit deim driv, –
stundar etter nattsol-landet,
vårens fagre, friske liv.

Flyttfugl-flokkens minner meg,
der han hastar imot nord:
Eg er òg på flyttfugl-ferdi,
lengtar til den nye jord.

Ta tid til å høyra på lerka!

Ta tid til å høyra på lerka,
det tirlande, fjåge spel!
For før du veit retteleg av det,
den fuglen hev teke farvel.

Ta tid til å høyra på lerka,
det jublende, ljose kvad!

Kan henda at før du veit av det,
den fuglen hev fare av stad.

Ta tid til å høyra på lerka,
den vonfulle, glade song.
Kan henda at før du veit av det,
so syng ho for siste gong.

Ta tid til å høyra den tonen
som lyder frå himlen hit ned, –
den songen frå Betlehems-natti
om frelsa og æveleg fred!

Ta tid til å høyra på himlen
når tonen er tindrande klår,
so ikkje – når kallet har tagna –
useieleg fattig du står!

Tenk no er ho komen hit!

Her høyrer eg etter lerka!
Tenk, no er ho komen hit!
Ho tirlar høgt yver bøen,
som enno ligg løynd av snøen,
skinande, rein og kvit.

Ho stig mot det djupe blået,
ein påskedag skir og klår.
Ho kunne ’kje lenger venta;
nei, lengslone henne henta
heim til ein nordisk vår.

So stilt det er innmed skogen
det solfylte påskegry!

Men lerka tirlar og trallar,
ho stig i dei høglofta hallar,
jublar mot våren ny.

So gildt at ho no er komen!
Hav takk at du kom igjen!
No kjem desse ljuve dagar,
med vakning i holt og hagar, –
mens vinter’n mot havet renn. –

Snøen tek so fint farvel

Snøen tek so fint farvel
no ved påsketider.
Saman søkk den kvite duk,
himmelrein og mjå og mjuk.
So han kverv omsider.

Snøen tek so fint farvel, –
du det ei kan høyra.
Ingen merkar at det dvin,
dette ljose himmellin.
Ingen ljod når øyra.

Snøen tek so vent farvel, –
snart so er han faren.
Takk då, kvite vinterfell!
Soli kysser deg mot kveld.
Høyr – der fløytar stare!

Kven er den venen din?

Eg ser ein gamal kjenning, –
so ljos og gild han er.
Og for kvart gledemøte

han meir og meir vert kjær.
Og undrast du kanhende
Kven er den venen din?
Det er den unge *våren*,
som gjeng mot Noreg inn.

Det er eit hav av solskin,
ei verd av ljós og liv,
det er ei gledebylgja
som inn mot landet driv.
Det er eit kor av fuglar,
eit vell av klåre kvad.
Det er den nye *våren*!
Han gjer mitt hjarta glad.

Eg glad fekk mi symra sjå

Du vaknar so tidleg om våren;
du symre so kvit og klår.
Du kjem, som av englar boren,
til skogen kvar einaste vår.
Og over deg lerkone tirlar.
Hit ned desse tonar når.

I solvinden skjelv og sitrar
du, blomen min, mjuk og mjå.
Du tirer, og stilt du titrar,
og skin millom bleike strå.
Kvar gong vart eg glad i hugen
når eg fekk mi symra sjå.

Slik stend du og skin og svagar, –
og sovnar i blidan bund.
Det er nokre ljuve dagar,
den solfylte symrestund.

Farvel då, velkomen atter, –
ein vårdag i livsens lund!

Vårfugl og villblomar høglovar Gud

Det lyser imot meg frå himmel og jord.
Det er vår over landet, det grønkar og gror,
i lider og lundar, frå sud og til nord.

Det lyser imot meg, i nord og i sud,
og bjørkene brusar i ny-vove skrud.
Og vårfugl og villblomar høglovar Gud.

Med ny-tende lys stend kastanjene her.
So verdig og vakkert dei kyndlane ber.
Eg lever mitt liv i ei underfull verd.

Det lyser imot meg, – å, du for ei jord
som Herren hev skapt ved sitt veldige ord!
Der oppe det blånar, her nede det gror.

Det lyser i lauv, og det kvitnar i blom,
og solvinden stryk i det veldige rom.
All jordi er full av Guds herlegdom.

Det blånar i høge hallar

Det er overjordisk vakkert
ein vårdag med knallblå kvelv.
Skogane brest i bløming,
solvinden sitrar og skjelv.
Stilt gjenom landet strøymer
ei glitrande livsens elv.

Det er overjordisk vakkert,
og dagen er fylt av duft.
Det tonar i li og lundar,
det kved i ei solmett luft.
Det blånar i høge hallar,
det blømer på tun og tuft.

Dei lyse kveldar er atter komne

Dei lyse kveldar er atter komne
til norderlandi, – velkomne ver!
So underleg vert eg då til mode
når sumars-kvelden er atter her.

Eg vert ’kje trøytt av å sjå den syni;
i undring stend eg, min hug seg gled.
So skirt det er inn i seine kvelden.
Og soli seint gjeng i havet ned.

So gildt det var enn ein gong å skoda
den lyse nordiske sumar-natt.
For vinter-tidi, den tunge, lange,
me no hev hundrefald fenge att.

Det er so gildt med dei ljose kveldar

Det er so gildt med dei ljose kveldar,
dei klåre nordiske midnatts-eldar.
Kor stort at eg fær deim atter sjå
og millom drivkvite symror gå!

Det er so ljukt med dei ljose dagar;
det gror og grønkar i hekk og hagar.
Og alle bjørker slær ut sitt hår,
med brure-bunad so skire står.

Og soli, inn ifrå vest ho glimar,
ho glør og glitrar i aftan-timar.
Kvar skapning kler seg i høgtids-skrud,
og livet lovsging vår store Gud.

Den fyrste, varme vårdag

Me bad om ein vermande vårvind frå sud;
du sende i miskunn den bylgja, vår Gud.
Ho bårar og vell,
ved gry og ved kveld;
det gror og det grønkar, og knuppane svell.

Dei vågrøne småbladi vågar seg fram.
På vollane kjætar seg små-kje og lam.
Dei spring og dei sprett,
forlivande lett,
og reiser seg oppatt med same dei dett.

Og krokus’en lyser i hagen min her.
Den vårblomen alltid mitt hjarta låg nær.
Og solvinden linn,
han kysser mi kinn.
Og vårlufti syp eg i barmen min inn.

Bråtebrand

Lauvet i saman dei rakar,
bladi som fall i fjar.
Bålet, det brenn og sprakar.
Vår i det høge nord?

Bålet, det lystig logar, –
røyken i nasen riv.
Knuppane fram seg vågar, –
ventar det vaknande liv.

Bålet, det knest og knitrar,
kvelden er ljós og god.
Lerkone kved og kvitrap.
Soli gjeng seint til ro.

Atter dei ljose kveldar
ser eg med hjartans frygd.
Logande bråtebrand-eldar
skin i den stille bygd.

Det er ved dei tider då knuppane svell

Det er ved dei tider då knuppane svell
og fuglane floytar som best.
Og soli gjeng høgt over flyer og fjell
og endar si ferd langt i vest.
Det er ved dei tider då solvinden syng
og livet og lyset held fest.

Det er ved dei tider då hjarta mitt slår
i undring og gleda sitt slag.
Eg helsar den unge og vaknande vår,
den lysfylte, solvarme dag.
Eg vender mi kinn mot den signande sol,
mot smeikjande vårvindars drag.

No vågar knuppen seg varleg fram

No vågar knuppen seg varleg fram,
i maidagen kjøleg, klår.
Det er som han kjenner det på seg no
at det er i Noreg vår.

Eit lite auga ikring seg ser,
i undring, forutan ord.
No grønkar vollen, ein måltrost kved.
Det vårast igjen her nord!

Men lell litt varsam han vera lyt,
for kjøleg det vert mot kveld.
Men soli vermer so godt om kinn,
og knuppen, han veks og svell.

Og so ein dag, – det er varmt og godt,
og fuglane kved i kor, –
då sprengjer knuppen den siste skjold.
Og då er det vår her nord. –

Vårlivet endrar det alt

Trea stend nakne, og stomnen er svart,
ute er hustre og kaldt.
Krunone fyllest av ung-lauvet bjart.
Vårlivet endrar det alt.

Graset er vise, og bakken er grå;
alt er so aide og skralt.
Vindane veiftar, og snart skal du sjå:
Vårlivet endrar det alt!

Livet er vonlaust, og sjeli er tom,
men når du Kristus hev valt,
snart skal ditt hjarteblad bresta i blom.
Vårlivet endrar det alt. –

Slik ser eg mitt heimland frå år og til år,
og alltid meir kjært det meg er,
og aller mest ut mot den vaknande vår.
å du, for ei underfull verd!

Liene lysnar

Atter ein gong ser eg liene lysna,
bjørkene grønka og esper og or.
Atter ein gong ser eg symrone skina;
atter ein gong tonar vårfuglars kor.

Atter ein gong ser eg vårsoli sigra,
fylla vårt heimland med ljos og med liv.
Atter ein gong ser eg lerkone stiga;
måltrosten fløytar, og svalone sviv.

Atter ein gong fær eg underet skoda.
Våren og lyset og livet er her.
Når det no minkar med deim eg kan venta,
vert kvar ei vårtid useieleg kjær. –

Slik er det ved påsketide

Våt-snø vert skare når kvelden sig på,
og soli, ho hallar mot skogen i vest.
Då vert det so stilt, og då sanna me må
at dagen var berre ein gjest.

Men du, det er vent med den skinande snø,
som tinar, sig saman og dvin.
Enn drivkvit han ligg på den drøymande bø,
mot soli og stjernone skin.

Eg gløymer aldri den påskedagen

Eg gløymer aldri den påskedagen, –
eg sat i soli der inni hagen,
utover skinande vidder såg,
og snøen drivkvit og solbjart låg.

Og kringom bygdi stod skogar stille,
som om dei grändene vakta ville.
Og starene fløyta i ospetopp,
og lerka tirla mot himlen opp.

Frå hjartedjupet steig påskekvadet.
Kor stort at Frelsaren snudde bladet,
frå natt til dag, og til liv frå død!
Han er det levande himmelbrød.

Og lengsla gjekk til det gode landet, –
der det er slutt med vår ve og vande,
der ævelivet i hjarta rår,
og det er sumar og song og vår.

Men soli stilt mot si synsrand halla,
og kveldens klokkor til kvila kalla.
So klårt dei høyrest, dei klokkeslag.
Eg gløymer aldri den påskedag.

Verdi mot vår skal seg venda

Eingong skal vinteren enda,
hausten med slag-regn og storm.
Verdi mot vår skal seg venda.
Jordi hev fenge si gudgjevne form.

Eingong skal nattmyrkret vike,
alt det som vondt er og stygt.
Sigra skal kjærleikens rike.
Guds barnet kviler so tillitsfullt, trygt.

Eingong skal vårlivet vinna,
liljone bleiknar 'kje då.
Fagnad og fryd skal me finna.
Aldri me døden sitt andlet skal sjå.

Eingong – og sjeli mi stundar –
lengsla i hjarta mitt rår.
Barnet – omsider det blundar,
vaknar i landet med æveleg vår.

Den beste tidi – ho kjem til sist

Takk, Herre, takk at det atter vårast!
Ei gledebylgje i barmen går.
Og hjarta jublar, og augo tårast.
Å, tenk, ja tenk: det er atter vår!

Den kvite vinteren no er enda;
den siste snøen sig saman fort.
Den ljuve våren eg snart fær kjenna,
for no me nærmar oss livsens port.

Ja, vinternatti, no er ho lidi, –
det fort mot vakning og bløming går.
Kor stort: Til sist kjem den beste tidi!
Det aller siste vert livsens vår.

Ein høgsumar-morgen er paradis-lik

Ein høgsumar-morgen er paradis-lik.
Det er som me ser av Guds himmel ein flik.
Det glitrar ei sol frå eit endelaust blå;
ho kysser kvart blad, og ho signar kvart strå,
ei helsing ho hev til villblomane små.

Den høgsumar-morgonen tidleg tek til,
og solrennings-stundi er takande, still.
Langt ute i rømdi det sitrar og skjelv,
det brår og det brenn på den austlege kvelv.
So fløymer om livslandet lyset si elv.

Velkomen, du høgsumar-morgen i nord,
so fager at du kan ei femnast av ord!
Me berre kan sjå: du er paradis-lik.
Det er som me ser av Guds himmel ein flik.
Ein æveleg summar! Kor er eg vel rik!

Det er so ljuvleg i sumarkvelden

Det er so ljuvleg i sumarkvelden
når ståket stilnar og bjøllor kling.
Du hører gauken frå djupe lider,
det syng i skogane rundt ikring.

Den lange dag mot sin ende hallar,
og soli synsrandi nærmar seg.
Men enno sender ho stille straumar
av ljós og smil på ein vandrars veg.

Ja, det er ljuvleg i sumarkvelden;
eg syntest alltid han var so fin.
Eg andar inn denne store stilla
og duft av angande, söt jasmin.

Å, det er ljuvleg i sumarkvelden;
han er ei minning om paradis.
Kor sæl ei von, at eg der skal vakna,
i æva syngja min Skapars pris.

Takk for den solvarme sumar!

Herre, hav takk for den solvarme sumar du sender,
blånande himmel og bløming i gror-rike gredner!
Fruktblomen skin,
liljekonvall og syrin,
kvar eg so auga mitt vender.

Herre, ha takk at du solvarmen sende omsider!
Takk for den livselv som stilt gjennom landet
vårt glider!

Takk for den von:
Enda skal visning og tjon,
bytast i paradis-tider!

Herre, hav takk for dei dag-klåre nordiske kveldar!
Takk for dei logande, nattstille solefalls-eldar!
Takk at igjen
sumardags-morgonen renn, –
lovsong i lysande hallar!

Sumarnatti er den same

Sumarnatti er den same
som den gong eg var ung av år.
Då stod eg tild og såg den elden
som skein i natti still og klår.
Ei liti stund han dovna av, –
so steig ei morgonsol or hav.

Lenge, lenge er det sidan,
og no eg er i livsens haust,
men sumarnatti er den same;
so tidleg demrar dag i aust.
Meir kjær du vert frå år til år,
du sumarnatt, so stutt, so klår.

Bregna i skogen

Bregna i skogen
hev dronning-lag.
Ho stilt og sakte svagar
ein solvers-dag.

Bregna i skogen
er stilfullt bygd.
Og tidast såg eg henne
av stomnar skygd.

Bregna i skogen,
ho folna lyt.
Men når so våren vaknar,
ho oppatt skyt.

Bregna i skogen –
eit meisterverk.

Den hand som deg hev dana,
er stor og sterk.

Bregna i skogen
ber adels-skrud.
Dei fine former vitnar
om allmakts Gud.

Bregna i skogen,
so ven ein gror.
Å, gjev eg ser deg att –
på den nye jord!

Eg sommaren såg

Og det er sol, og etter sol
frå kvelven bjart og blå.
Du sommar, lik eit paradis,
kor ven du er å sjå!

Og varme-bårar mot meg vell
i lufti frisk og god.
I solbris ville blomar skjelv,
og myrull mjuk på mo.

Sjå, godvers-skyer sigler der,
og sommarfuglar sviv,
mens soli glitrar frå sin kvelv,
og signar kvart eit liv.

No grønkar kvar ein voll og vang,
og kvar ein busk, kvart blad.
Og kvar ein småfugl svingar seg
i lufti, fjåg og glad.

I barmen noko rører seg, –
eg òg er glad og fjåg.
Eg lovar livsens gode Gud,
at sommaren eg såg.

Sumar ved Songa-vatn

Her glitrar Guds sol over fjellheimen vid,
og lyngen i bakkane blømer.
Og sumaren lakkar, det er ved den tid
då langt ifrå landet han rømer.

No blånar Guds kvelv over fjellheimen dryg,
og moltene mjuknar og mognar.
Og fjell-rjupa svint millom dvergbjørker smyg,
og kreklinge-greinene bognar.

Her kviler ei stilla so djup og so stor;
ei ku-bjølle tinglar i kvelden.
Og fjellfuglen høgt over toppane ror,
mot vest, imot solefalls-elden.

So fekk enn ein gong denne syni eg sjå, –
imot meg det vell og det strøymer.
Når no ifrå fjellheimen ned eg lyt gå,
den draumvene dag eg ’kje gløymer.

Ved høgsumars-leite gjekk soli så langt

Ved høgsumars-leite gjekk soli so langt
mot vest, og ho nærma seg nord.
Det hende så mykje, det hende so mangt,
og veker og månader før.
No hausten hev gjesta vår jord.

Og soli, ho drog seg attende so smått
mot vest, – no ho nærmar seg sør.
For dagar hev kome, og dagar hev gått;
no nettopp hev solgullet synsrandi nått, –
tek avskil, og glimar og glør.

Ein sumar til ende, ein haust og ein vår.
Og etter ein dag er forbi.
Men vekene hastar, so snøgt frå oss går,
og sol-snu det vert om ei tid.
So lakkar vår vinter, og etter det lid
ut mot ein vidunderleg vår.

Ein æveleg sumar skal skina til sist

Om isnande vindar stryk inn over verdi
og sjeli vår kulsar og kolnar på ferdi,
so seier Guds ord – difor veit me det visst:
Ein æveleg sumar skal skina til sist.

So mist ikkje modet i kulden og kvelden,
men lyfta ditt auga mot ævelivs-elden!
Sjå, knuppane svell på ein mandeltre-kvist!
Ein æveleg sumar skal koma til sist.

I skogen sitt tempel

Eg stend inni skogen ein høgsumar-dag,
og kinni vert smeikte av solvindens drag.
Og ungbjørki svagar, og stor-grani med.
I skogen sitt tempel er høgtid og fred.

Sjå, skogstjerna skin på ein skuggefull stad,
og småfuglen piptar, so fjåg og so glad.
Og bittekonvallen, eit dikt utan ord,
eit filigrans-verk av ei skaparhand stor.

DET KLING EI KLOKKA I SKOGEN

So er det haust!

No gyller soli dei øvste toppar
av ospetre i ein lauvfalls-lund.
Det glim og glør i det glødde gullet,
i ei vedunderleg morgonstund.

So er det haust, og ein sumar enda!
Kvar skog stend kledd i det gylne skrud.
All frukt er mogi, – ho målet nådde.
I solglim-stundi alt lovar Gud.

Og sjølv eg er inni hausten komen, –
om full av vemod, so rik og klår.
Eg òg vil høglova himmelkongen,
og ser med lengt mot den nye vår.

Aldri er landet so rikt på gull –

Aldri er landet so rikt på gull
som når det er haust på jord.
Kvar lid og kvar lund av den skatt er full.
Kvar hage i sud og nord.

Og gullstrødd og gullprydd er bakken òg, –
der aukar den malmen på.
Eit lysande gull-land er kvar ein skog,
vedunderleg ven å sjå.

Kvar silju, kvar osp og kvar bjørk og or
er rik på den edle mynt.

Men bladi, som snøen, dett stilt mot jord,
og lauvet vert heller tynt.

So lyser vårt land, – å, so fint å sjå
alt gullet i nord og sud.
Og haustsoli skin frå ein teltduk blå.
Og haustgullet lovar Gud.

Det kling ei klokka i skogen

Stormfull er hausten, og studom still, –
den djupaste stilla eg gådde.
Stundom stryk vinden so morsk og vill,
den stridaste stormen som rådde.
Det kling ei klokka i skogen.

Stundom han sjogar so lint og lett.
og gull-bladi sopar av kviste.
Stilt ifrå greini det dalar, dett,
lauvet det aller siste.
Det kling ei klokka i skogen.

Vent er vårt land i ein haustdag still.
Gull-bladi gløder og glimar.
Står du og lyer, du høyra vil
lovsong i lauvfalls-timar.
Det kling ei klokka i skogen.

Haustdagen hastar so snøgt mot kveld

Haustdagen gjeng mot sin kveld so fort.
Timane skrid, og dei hastar bort.
Soli, ho glitrar i middags-fred.
Før me veit av det, so gjeng ho ned.

Haustdagen hastar so snøgt mot kveld.
Før du veit av det, han gjeng på hell.
Snart nedved synsrandi soli stend.
Stilt ho i skumringi glør og brenn.

Lell er den dagen meg hjartans kjær.
Om han tek ende, ein ny eg fær.
So lir det fram mot den sæle jol.
Då snur mot våren vår vintersol.

Då gler eg meg over kvart korn som vart sått

Når hausten er enda og vinteren nær
og lys-tidi sluttar for godt,
då ser eg attende på livet si ferd.
Då gler eg meg over kvart korn som vårt sått.

Å, enn er det såtid, og enn er det dag, –
snart soli hev synsrandi nått.
So nytta då utsæd av gjævaste slag!
Sjå til å få så noko edelt og godt!

Legg himmelenes såkorn i hjarta si mold,
mens enn det er tid til å så!
Då skal du få hausta dei rikaste fold,
når heim du frå åkeren eingong skal gå. –

Haustens klokkor over landet kimar

Det er so stilt at ospi ikkje skjelv.
Og soli strøymer inn, i morgontimar.
Ho brår og blenkjer på den blåe kvelv;
i alt sitt velde inn frå djupet glimar.
Og haustens klokkor over landet kimar.

Dei mogne åkrar lyser, mest som gull,
imot den døkke gran- og furuskogen.
Kvar åkerteig av denne malm er full.
Å du, kor vent når åkeren er mogen! –
Nyst drog mot sør den siste grågås-plogen. –

Lat molta få mogna i fred!

Lat molta få mogna i fred på si myr,
til saftfull på stylken ho står!
Då gjerne det fullmogne bæret deg byd
sin livs-drykk so frisk og so klår.

Og vekk ikkje kjærleiken før han det vil;
han òg må si fullmogning nå.
Då rik vert di lukke, so ljós og so gild,
og varer til håri vert grå.

So venta med tolmod på vink ifrå Gud!
Då mognast du år etter år.
Og sistpå du stend i det solskire skrud,
i landet der livslukka rår.

Mitt siste aldetre no er planta

Mitt siste alde-tre no er planta. –
det vert ’kje fleire i dette liv.
Min vår er faren, min sumar enda,
og haustens skyer om landet sviv.

Eg tenkte: livet so lenge varer;
det var som aldri det ende tok.
Men før eg visste det, var det kvelds-tid.
Snart ut er skrivi mi livsens bok.

So underleg slik i hausten standa
og vita: enda mi såtid er.
No ser eg kringom meg gylne åkrar.
Det bognar greinar, det mognar bær.

Eg er so glad at eg tidleg byrja,
ei buska sette i moldi ned.
Men underleg er det lell å minnast:
Eg no hev planta mitt siste tre! –

Storm i skogen

Skyer som blåsvarte fuglar,
med veldige vengjer i flog,
vert jaga av hauststormar stride
inn over skjelvande skog.

Kjempone sjogar og svagar;
skal tru om dei sturtar og fell?
Når stormane stilnar, dei stend der!
Dei vel-røynde røtene held.

Storm-kasti aukar i styrke,
og turkvister knakar og knest.
Og stomnane unnan seg böyer, –
gjev etter, men ikkje dei brest.

Haust-stormen kjem til oss alle;
han herjar på livet sitt hav.
Hev du i fjellet ditt feste,
skal du ri stormane av. –

Etter stormen

Takk, Herre, stormen er stilna!
Skogane stend i ro.
Stomnane svagar 'kje lenger.
Stilla er djup og god.

Krunone brusa i stormen.
Ville dei greida det, tru?
Stundom dei la seg mest flate.
Stormen oss fylte med gru.

Men no stend skogane stille, –
kviler, som barn i blund.
Kor stort at dei stod, ikkje sturta
i stormen si stride stund!

Må då eg ha sådd det eg skulle!

Når dagen er enda og skuggane fell
og tids-måli alle er fulle,
når soli gjeng ned attom åsar og fjell,
må då eg ha gitt det eg skulle!

Gud gav meg so mykje på vegen eg gjekk,
og romi av signing vart fulle.
å, må eg då dela dei skattar eg fekk!
Ja, må eg ha gitt det eg skulle!

Sjå dagane gjeng, – det kjem sumar på vår,
so hausten og vinterens kulde.
Når so eg for godt ifrå åkeren går,
må då eg ha sådd det eg skulle! –

Når moldjordi stivnar

Det kved ingen vårfugl i hausten sein.
Det kjem ingen tone frå naki grein.
Det stig ingi lerka mot kvelven blå.
Me kan ingen vårblom i engi sjå.

Dei bjørker som brusa i juni-skrud,
stend nakne, og flyttfuglen flaug mot sud.
Me høyrer 'kje starens sitt mjuke kvad.
å du, kor den fløyta meg gjorde glad!

Det spirer og sprett 'kje i haustkald jord,
og ingenting blømer og brest og gror.
Du ser ikkje nokon som sædet sår
som då det i landet var livsens vår.

Nei, enda er våren sitt varme vell.
Me nærmar oss året sin seine kveld.
Når moldjordi stivnar, då er det godt
for den som i tide fekk sædet sått!

Ein liten solskins-sleik ved vinter tide

Eg fekk ein liten solskins-sleik
ved vinter tide,
ifrå ein himmel blå og bleik.
Det var so ljuv og gild ein kveik.
Hav takk for denne helsing blide!

Eg fekk ein liten solskins-smil
i vinterdagen.
Han gjekk dei hundred tusund mil,
forutan stogg og utan kvil,
og heilt hit inn i vinterhagen.

Eg fekk ei liti solskins-stund
i vinterkvelden.

Ho skein på snøtung lauvtre-lund,
ho skein alt ned i hjartans grunn.
Hav takk for denne fagre elden!

Nå lakker det etter mot jul

Nå lakker det etter mot solsnu og jul,
mot høgtid og festenes fest.
Vi gler oss som barnet, og takke vi vil
den høge, den himmelske gjest.

I vinterens mørke en stjerne er tent, –
den lyser så langt over land.
Den frydet oss alle i barndommens år,
og ennå den glede oss kan.

Så holder vi høgtid, med takk og med bønn.
Hvor stort at vi etter en gang
får minnes den skatten som himlen oss gav,
og synge den evige sang!

God jul da til alle, til kjent og til kjær!
Guds fred fylle hjerte og sinn!
Så synger vi kvadet som englene sang,
og ser i Guds hjertelag inn.

Hausten vert ikkje det siste

Hausten vert ikkje det siste,
stormen som ruskar og riv,
lauv-bladi sopar av kviste,
høgt over haugane hiv.

Hausten vert ikkje det siste,
visnande blomar og blad,
dagane tunge og triste,
utan eit jublande kvad.

Hausten vert ikkje det siste, –
lys-voni skuggane driv, –
ikkje ei kvitmåla kiste;
sist kjem det evige liv.

Glad skal eg der møta våren,
utan ei einaste sky,
sjå mot den evige klåren,
anda i livsdagen ny.

DET FLYG EIN FUGL MOT SOLNEDGANGEN

Du for ein dag!

Å, for ein morgen!
Du for ein dag!
Korn-aksi duvar
i solvindens drag.
Ospeblad blakrar
i morgenbris mild.
Før ospelauvet leikar,
det skal ’kje mykje til.

Å, for ein morgen,
doggfrisk og still!
Gull i kvar åker,
fullmogen, gild.
Sol over skogen, –
ho kysser kvart bær.
Atter fekk eg vakna
i ei underfull verd.

Soli kom so fint i dag

Soli kom so fint i dag,
sprengde sky- og skoddelag,
fram igjenom muren braut,
vakkert over verdi flaut.

No ho glitar, glim og glør
frå sin kvelv, ein stad i sør.
Over eng og ås ho vell,
sjør, skogar, fjord og fjell.

Bjørki unar seg so godt.
Gull i håret hev ho fått.
Einer-busken kosar seg,
svagar stilt, og solskin dreg.

Du å du, for dag me fekk
Time etter time gjekk
medan soli gleim og brann
over haustens fagre land.

Demring over dalen

No demrar dagen i sumarnatti, –
eit hav av sylv ifrå rømdi vell.
Det ljoset er som oss atter gjestar, –
so fløymer soli om fly og fjell.

Det er vel vakkert i demrings-stundi,
når natt dvin og ein dag vert til.
Eg stend og ser mot det skire sylv-hav.
Den store stundi er æve-still.

Eg stend og stirer i fødsels-stundi,
grytidleg morgen ved sumars-bel.
No demrar dagen, og so kjem soli.
Å, for eit takande livsens spel!

Du hev so ljost eit andlet –

Dag, du hev so ljost eit andlet,
møter meg so bjart og klår,
skin i sumar, haust og vinter,
i den vene vaknings-vår.

Dag, du demrar, atter, atter,
og forklåra mot meg skin,
er i ætt med sjølve himlen,
kledd i ljosens lette lin.

Dag som dør, og dag som demrar,
meir og meir du vert meg kjær.
Må ditt andlet mot meg lysa
i det land der natt ei er!

Dagen var so lang og lys

Dagen var so lang og lys
frå morgonen til no.
Å, kor stort at eg fekk sjå
soli i sin bane gå,
ut imot kveldens ro!

No ho over åsen stend,
ho hev 'kje lenge att, –
logar, lyser, glør og brenn.
So veit eg at ho kjem igjen,
min gilde, ljuve skatt.

Dagen var so lys og lang,
so god frå fyrst til sist.
Og hugen gjekk til Gud, min Far.
å du, kor god han mot meg var,
ein liten vin-tre-kvist!

No enda er eit eventyr, –
mi sol hev skogen nått.
Sjå, gullet sig bak åsen ned.
So råder kveldens djupe fred.
Vår Gud gjer allting godt.

Soli endar ferdi bak fjellet i vest

Juli-soli vell over flyer og fjell,
sumars-lufti dirrar og sitrar.
Flugene, dei summar i solveggen varm;
ein og annan småfuglen kvitrap.
Endelause utsyn, – å, du for eit land!
Soli frå høgheimen glitrar.

Ospebladi blakrar, i kveldsvinden skjelyv,
bjørki sine greiner, dei svagar.
Soli endar ferdi bak fjellet i vest, –
ein av desse høgsumars-dagar.
Skuggen fyller dalen, men Herren vår Gud
etter ein solmorgen lagar.

So døy, du dag!

Det er so sein ein sumarskveld,
men soli, ho er oppe lell.
Ho fare hev so lang ei ferd
langt ute i Guds stjerneverd,
frå ho i juni-natti rann.
Å du, å du, so langt ho vann!

No spaknar solarglimen god, –
som gull er hennar stille glod.
So lenge hev ho ikkje att, –
so fær me enn ei sumarsnatt.
No hev ho berre att eit steg,
so endar hennar ljose veg.

So døy, du dag, og sig, du gull,
du ljoses kjelda underfull!

I morgen fær me etter sjå
ei nyfødd sol or havet gå.
Og når mitt tidsmål ebber ut,
ein evig dag vert då min lut.

Du lysande kveldsland

Du lysande kveldsland langt ute i vest,
der stjerna no nettopp er tend, –
du helsar frå soli som stilt frå oss gjekk.
Frå henne dei ovfagre fargar du fekk.
Ho stødt skapar høgtid og fest.

Du lysande kveldsland, eg tidd fekk deg sjå,
og alltid den syni meg tok.
På grensa du ligg millom æva og tid.
Du dreg meg til minnes: når endt er min strid,
Guds evige verd skal eg nå.

Avdags-eld

Du sol som no ifrå oss vik,
me får din siste stille blik.
So er det ikkje lengre dag.
Hav takk at du med oss heldt lag!

Der ute glim so glødd ei glo, –
du andre rike gjestar no.
Og avdags-elden, lys og fin,
er siste helsing før du dvin.

Slik såg eg deg frå år til år,
og enno eg di helsing får.
So sit eg her, i vemods-lag,
og lengtar til den nye dag. –

Det ligg ei von i denne eld

So snart tek dagen min farvel;
for det er seinhaust no.
Han helsar med eit fargespel, –
orange, eld og glo.

Det ligg ei von i denne brand;
som skin før det vert natt.
No gjestar soli andre land;
men snart so kjem ho att.

Det ligg ei von i denne eld,
so ven og varm og klår:
Når vinternatti gjeng på hell,
det ventar oss ein vår.

Det ligg ei von i denne kveld,
so overjordisk fin:
Han sloknar ei, den fagre eld
som frå Guds himmel skin. –

Eg miste solnedgangen

Eg miste solnedgangen, –
eg skulle kome før!
No ser eg der ho dala, –
det glimar og det glør.

Eg fekk 'kje møta soli
før ned ho seig der vest.
Eg fekk 'kje vera vitne
til denne avskils-fest.

For seint! – eg måtte sanna
Eg ser ei solgylt sky.
So fær eg berre venta
til neste morgongry.

Du, mist ei solnedgangen!
Når Gud til fest deg bed,
so må du ikkje dryga
til soli er gått ned!

Eg liknar eit lys –

Eg liknar eit lys som stilt brenn ned,
umerkande minkar frå dag til dag.
Men kunne eg lysa og verma litt
og skina i natti so mildt og blidt,
til hjarta sitt siste slag!

Eg liknar eit lys, og logen skjelv,
men endå det skin mens det sakte dvin.
Å, lat meg som lyset få brenna ned,
til dess eg skal slokna i kveldens fred! –
Det var vel ein lagnad fin.

Eg elskar solnedgangen

Eg elskar solnedgangen, –
kvar gongen eg meg gled
når eg stend still i kvelden
og ser ho siga ned.

Eg trøytnar ei av synet, –
og fær eg fleire år,
so vil eg teken standa
når ho i havet går.

Eg elskar solnedgangen,
trass hjartans vemodsvell.
Gud, signe du mitt solfall,
i livsens seine kveld!

Den dag som døyr!

Når dagen endar, –
soli sig mot skogen, –
me nærmar oss
den døkke skuggenatt,
då må eg minnast,
vemodfull i hugen:
Den dag som døyr,
han fær eg aldri att.

Det er so lyst derute
der det kveldar,
det er so stilt,
so fullt av ro og fred.
No logar opp
dei fagre purpur-eldar.
Eg faldar hendene,
og kveldsbøn bed.

Eg fekk eit liv,
med mange dyre dagar,
ein perlestraum
meir verd enn verdens gull.
Gud hjelpe meg
dei klåre perlor telja
og nytta vel
det dyre dagsens gull!

So døy, du dag,
og sig, du sol, derute.
mot hav og hei,
i kveldens djupe ro!
Eg takkar Gud
for alle dyre perlor,
og mest for von
om ævedagen god.

Du klåre kveld!

Du klåre kveld – i vest der soli glada,
det er so skirt, det gløder i kvar sky.
Kor godt det er i denne ljosken bada
og sjå med von imot ein morgen ny!

Du klåre kveld, eg elskar dine eldar,
som eg hev gjort i alle farne år.
Og når for meg det òg for alvor kveldar,
eg ser mot morgonen, mot livsens vår.

Du klåre kveld, – eg granskars og eg grundar;
på livsens gåta fekk eg fullgodt svar.
Og når eg vaknar der – i livsens lundar –
eg lovar han, min frelsar og min Far. –

Du må ikkje døy, du dag, so fort!

Du må ikkje døy, du dag, so fort, –
so snøgt, du sol, ikkje glada!
Det er so mangt som eg ei fekk gjort.
Eg enno i lyset vil bada,
og gjera Guds gjerning før det vert natt,
og nytta mi kveldstid, den dyre skatt.

Du må ikkje døy, du dag, so snart,
so snøgt, du sol, ikkje siga!
Eg nytta 'kje dagen so skir og bjart;
no sorgmodet på meg vil siga.
So gjev meg enno eit lite bel,
og hjelp meg å nytta mi kveldstid vel!

So er det kveld

So er det kveld, – og soli spak og still
skal nett ta avskil med det ljose landet.
Ei bjølle tinglar, lufti er so mild.
I kvelden barneblidt kvart liv dreg ande.

Farvel då, sol, som no bak skogen sig!
Eg synes det er sårt når du gjeng frå oss.
Men Gud skje takk at morgenfrisk du stig,
med nye, varme signingsvell vil nå oss.

Sjå soli no!

Sjå soli no!
Ho sig og søkk
med glim og glod.
I kvelden rår
den djupe ro.

Sjå soli der!
Å, du kor rein
og raud ho er!
No fer ho frå
mi rend, mi verd.

Ein kort minutt –
so er ho duld,
og dagen slutt.
Han var so gild
og ljuv, og stutt.

So seig ein skatt,
so er det døkt,
snart er det natt.
Men, livsens sol,
snart kjem du att!

Soli sig bak Tryvass-tårnet

So sig ei sol bak åsen ned,
som tusund gonger før.
Ho stand der still og skir og stor.
Ho logar, brenn og glør.

Du eldhav uti rømdi vid,
du er so sterk og klår.
Av deg alt liv kring land og strand
sin kveik og fullnad får.

Du attom Tryvass-tårnet sig;
snart spinkle skyer glør.
Kor mange gonger skal eg sjå
det solefall, eg spør.

So er du løynd, men jordi sviv
imot ei demring ny.
So vert det etter ljos og dag, –
til sist eit evig gry.

Endå eit kvad ved solefall

Eg gav so mange av mine kvad
til kveldens glitrande soleglad.
Det vil eg i dag òg gjera.
Eg alltid teken i hugen stend
når soli over si synsrand brenn
og endar den lange ferda.

Eg alltid teken i hugen stod
når soli gladde i eld og glod
og stilt tok farvel med landet.
Ein dag er enda, kjem aldri att;
kor hev du nytta den dyre skatt?
I vekjømd eg tidi drog ande.

No stend eg etter ein sumarkveld,
ser soli glader i gull og eld.
So stilt sig ho ned bak skogen.
Når so er kome *mitt* soleglad
og eg hev sunge mitt siste kvad,
må sjeli mi vera mogen!

Det flyg ein fugl mot solnedgangen

Det flyg ein fugl mot solnedgangen,
med store, stille vengjeslag.
So fagert lyser aftan-elden,
og enda er den dyre dag.

Eg er ein fugl i solefallet;
eg flyg mot glimen der i vest.
Dess meir mi synsrand eg meg nærmar,
eg sannar: Her er eg ein gjest.

Det flyg ein fugl mot solnedgangen;
snart trøyte vengjer kvila får.
Han sovnar blidt, omsider vaknar
ein ævemorgon ljuv og klår.

DEN GYLNE NØKKEL

Den gamle bok

Eg faldar mine hender
ikring den gamle bok,
som mine fedrar fordum
so tadt i handi tok.

Der fann dei ljos for vegen,
der fann dei von og trøyst,
i tru på han som hev oss
frå dødsens lekkjor løyst.

Eg faldar mine hender
i takk til han som gav
til meg og mine fedrar
so trygg ein vandrings-stav, –
som tendra morgonstjerna
til ljos på livsens veg,
til kvelden kjem og Herren
meg hentar heim til seg.

Eg faldar mine hender
ikring den gamle bok,
der mine fedrar fordum
all deira visdom tok.
Den trøyst skal aldri svika, –
ho svikta ikkje deim.
Og i det same ljoset
eg trygt skal finna heim.

Den største av alle gåvor

Den største av alle gåvor
som himmelen gav vår jord,
kom til oss i Betlehems-natti,
då stjerna skein skir og stor.

Og englane song den stundi;
dei hoglova Gud og kvad:
”I dag er det fødd dykk ein frelsar,
ein konge i David sin stad.”

Det dyraste himlen hadde,
vart sendt til vår verd den gong.
Og difor kring jordi enn tonar
den sälaste julesong.

Den gåva er tenkt til alle;
kvar ein gjer ho rik og säl.
So lovar me Jesus, vår Frelsar,
som alt hev for oss gjort vel.

Me difor velkomen helsar
det barn som vart fødd den natt.
Me famnar med inderleg lengsel
den herlege himmelskatt.

Eg søker den gamle kjelda

Det tårnar seg tusund tankar, –
dei fyller med angst mitt sinn.
So vide dei fuglar vankar,
ein kvilestad ikkje finn.
Og hjarta i uro bankar.

Eg søker den gamle kjelda, –
skal tru om ho ollar enn?
Eg ser hennar straumar vella
til vårliv og vokster renn.
Guds sanning skal enno gjelda.

Eg vart imot dagen dregen,
ein lysglans so skir og stor.
No skimtar i von eg vegen,
i lyset av livsens ord.
No vandrar eg fri og fegen.

Eg meining og mål hev funne
med livet so løyndomsfullt,
hev gullet, det glødde, vunne,
som før var i dimma dult.
Ei æveleg sol hev runne.

Den gylne nøkkel

Gud gav deg ein gyllen nøkkel
til hjarta si løynde dør.
Han vil ikkje inn seg trengja;
du ute kan himmelen stengja, –
og lata han inn når han spør.

Den gullnøkkel er din adel,
eit prov på di guddoms-ætt.
Du er i hans bilet' dana,
men må ei Guds æra rana.
So bruk då din gullnøkkel rett!

Du må ikkje døri stengja
når himmelen bankar på!
Han heilt vil ditt tempel fylla,
din morgen og kveld vil gylla.
Til livet du inn skal gå. –

Ver min konge, Jesus Kristus!

Ver min konge, Jesus Kristus,
ver min førar på min veg!
Livet kan eg ikkje makta,
ikkje døden utan deg.
Myrke makter tidt meg trugar,
og ved enden av min veg
stend min siste store motmann.
Jesus, du må berga meg!

Mild og mjuk du er av hjarta,
full av frelsa, full av fred,
møter meg med berre miskunn
og mitt arme hjarta gled.
Ver min konge, Jesus Kristus,
sigervinnar, allheims drott!
Ver min førar gjennom livet,
til det store mål er nått!

Ver min konge, Jesus Kristus!
Livet mitt skal lukkast då.
Når eg gjeng frå dødsens dalar,
skal det gode land eg sjå.
Ja, eg skal deg sjølv få skoda,
kledd i rettferds reine skrud,
vera hjå deg i all æva,
du min konge og min Gud.

Lys i sjeli

Lys i sjeli, – kva er større ?
lys i sinnet, lys frå Gud!
Kvar eg er, ikring meg strøymer
himlens klåre stråleskrud.

Lys i sjeli, lys frå Ordet;
det er ljosens kjelda klår,
kjem med dagning, kjem med solskin,
kjem med vonfull vaknings-vår.

Ifrå lys til lys eg vandrar,
om det myrkt ikring meg er.
Jesus Kristus, han er soli,
strålar over all vår verd.

Kven er det som bur i ditt hjarta?

Kven er det som bur i ditt hjarta?
Hev myrkret der inne sitt feste?
Kven råder og rikjer i sjeli?
Fær himmelen hugen din gjeste?

To herrar du ikkje kan tena, –
den eine lyt utanfor standa.
Slepp himmelen inn i ditt løynrom!
Lat han på di hjartejord anda!

To makter om sjeli di strider;
den eine til døden deg leider.
Men Kristus til livet deg fører,
til æveleg høgtid og heider.

Salighetens grunn

Kristus død for mine synder,
oppreist ifra dødens blund,
levende for meg i himlen, –
det er salighetens grunn.

På hans sonings-død jeg bygger, –
blodet gjelder hver en stund.
Han har fullført frelsesverket.
Det er salighetens grunn.

Den som tror på meg, skal leve.
Slik lød ordet fra hans munn.
Ewig trygt er frelsesfjellet.
Det er salighetens grunn.

So er vårt hjarta roleg

Vårt hjarta er uroleg, som ei kompass-nål skjelv,
for me til deg, vår Gud og Far, vart skapte.
Me stundom stend og stirrer opp mot din himmelkvelv,
og lengtar mot det paradis me tapte.

Vårt hjarta er uroleg, og kvila ikkje finn,
før me som barn i famnen din får kvila.
Kor sælt det er å skoda i faderauga inn,
og sjå di åsyn blidt imot oss smila.

Vårt hjarta er uroleg når stormen aukar på,
me ser dei ville vågor mot oss brusa.
Men enno kan vår Frelsar på bårehavet gå
og stilla stormen som vår båt vil knusa.

Vårt hjarta er uroleg for dødsens alvorsstund,
men etter sterke trøystarord du talar.
Du sjølv vil ferja over det siste mørke sund,
gå med oss til dei ljose himmelsalar.

So er vårt hjarta roleg; det fann si kvild til sist.
No tarv me ikkje ottast; me trur på Jesus Krist.
Han sjølv vil fram oss føra; han held oss i si hand,
til dess me sæle skodar det ljose himmelland.

To kjeldor

Drikk du av kjeldone klåre,
signa du vert kvar ei stund.
Usæl er du om ditt tyrste hjarta
drikk av ein urein brunn.

Avgrunnen hev han forpesta;
gift han for sjelene er.
Usæl er du om den vonde drykken
hjarta ditt tyna fær.

Enno er Guds-kjelda open;
kringom det liljor gror.
Sæl er du om ditt arme hjarta
drikk av Guds heilage ord.

Fram me går mot lyset, livet

Fram me går mot lyset, livet,
fram imot vårt fagre mål!
Sjølv om storm og strid oss møter,
gjeng me på, i tru og tål.

Og når stundom modet minkar,
ser me morgonstjerna blinkar.
Då me dreg glad vår veg.
Og Gud går med.

Livet er Guds gode gåva,
og når han for styret står,
alltid oss det beste ventar,
og til sist ein evig vår.
Jesus Kristus er vår frelsar, –
når me han som hovding helsar,
går det vel, – liv og sjel
skal bergast då.

Kristus gjev oss fred og fullnad.
Sjølv han er på vegen med.
Og i våre beste stunder
me i livsens von oss gled.
Verdsens vondskap ve oss valdar,
men når knuppen ut seg faldar,
vert det vår, evig vår.
Å, Gud skje lov!

Og det vert mi store sæla

Og det vert mi store sæla
i æva so lang og god:
å tilbe min kjære Frelsar,
som vann oss so dyrt med sitt blod.

Og det vert mi reine gleda
i æva so ljuv og gild:
å lova min Gud og Skapar,
og alltid få høyra han til.

Herre, lær oss livets mening!

Herre, lær oss livets mening!
På den gamle jord vi bygger,
under solskinn, mellom skygger, –
fryd og smerte i forening.

Herre, løs oss livets gåte!
Vi har lært atomet sprengse,
dypt inn i dets kjerne trenge;
dog vi vakler overmåte.

Herre, lær oss livets veier!
Undergang vår verden truer;
tidt vi for vår fremtid gruer.
Led oss inn til lyssets seier!

Herre, lær oss livets toner,
som med fryd vårt hjerte fyller
og med håp vår livsdag gyller, –
om en Frelser og forsoner!

La da livets reise lykkes,
denne ene jordlivs-ferden!
Før oss frelst igjennom verden,
la med seirens krans oss smykkes!

Vi må ikke glemme det evige liv!

Vi må ikke glemme det evige liv!
Om tiden her nede enn teller,
så er det dog dagen som aldri skal dø,
som mest for vår lagnad jo gjelder.

Vi må ikke glemme det evige liv!
Her nede det høster og kvelder.
Må livstreet ferdig med vår-knopper stå
når dagen mot solefall heller!

Vi må ikke miste det evige liv!
Det tapet vi ikke kan måle.
For paradis-våren som aldri tar slutt,
vi alt her på jorden vil tåle.

Vi må ikke miste det evige liv,
som Kristus på korset har vunnet!
Å, la det få fylle til randen vår sjel, –
til livssolen herlig har runnet!

Kristus er svaret

Kristus er svaret på verdi si gåta.
No eg 'kje lenger treng gruvla og gråta.
No ser eg leidi til liv gjenom død.
Sjølv er han vegen, det levande brød.

Kristus er kjelda som lengsla mi fyller,
helgar mi høgtid og kvardagen gyller.
Stormane stilnar, og hjarta finn fred.
Livsdagen byrjar når soli gjeng ned.

Kristus er målet for jordelivs-ferdi;
eg skal han sjå i den evige verdi,
fyllast av sæla og verta han lik.
Herre, min Gud, eg er endelaust rik!

Den lysaste dagen

Den lysaste dagen som fylgjer ei natt,
er dagen då Kristus i skyi kjem att.
Då bankar kvart hjarta i jubel hjå deim
som no skal han møta og fylgia han heim.

Må, Herre, den dagen eg og verta med,
når du tek oss inn til di gleda, din fred!
Å, hjelp at med olje på lampa eg stend
når natti er enda og morgenon renn!

Kor sæle er dei som den dag skodar Gud,
han møter i frelsa sitt skinande skrud!
Eg ventar den dagen, so gledefyldt, bjart,
og kviskrar: Ja, kom Herre Jesus, kom snart!

Solluft i sjeli

Opnar du sjeli for sollufti rein,
signa ho skal deg, – ho gjer deg 'kje mein.
Men fyller du hugen med myrkret si makt,
vert hjarta i evige lekkjor lagt.

Lat då din Frelsar i livet sin vår
signa dei unge og vonfulle år!
Då aldri du tregar i livet sin kveld
du valde det solskire signingsvell.

Ja, lat Guds himmel få fylla ditt sinn,
soli få strøyma i hjarta ditt inn!
Då skal her i livet det ganga deg vel.
Og du i all æva er rik og sæl.

Slepp himmelen i sjeli inn!

Slepp himmelen i sjeli inn,
i morgontimen klåre!
Ver redd for myrkret i ditt sinn, –
det gjev deg mang ei tåre!

Når verdi lokkar, därar, dreg,
so fylg ei dette kallet!
Vert med på livsens morgenveg, –
vik unna fossefallet!

Ver redd for myrkret, unge ven,
lat det di sjel ei fylla!
Lat døri opp for himmelen,
so han din dag kan gylla!

Lat himmel-lyset strøyma inn,
alt i dei unge dagar!
Då skal det fylla hugen din
med song i livsens hagar.

Få koma tusund gonger

Få koma tusund gonger,
som eg kom fyrste gong,
til Jesus Krist, min frelsar,
det er min djupe trong.

Eg kjem med tome hender
til deg kvart morgongry.
Kor stort det er å minnast:
Kvar dag er nåden ny.

Eg kjem med tome kjerald,
eg kjem med synd og sut.
Kor godt det er å minnast:
Du støyter ingen ut.

Eg kjem i sorg og saknad,
eg kjem i fred og fryd.
Eg kjem i angst og uro;
du meg velkommen byd.

So kjem eg tusund gonger
til deg, min Jesus Krist.
Og ved din nåde skal eg
få koma heim til sist.

Hjelp meg fram til det evige livet!

Hjelp meg fram til det evige livet!
Alt er fåfengt om dit eg ei når.
Tak mi hand i dei ulendte åsar,
når min fot over døds-elvi går!

Hjelp meg fram til det evige livet,
lat meg trygt nå den ukjende verd!
Tak mi hand, og lat taket ei losna
før i himlen eg endar mi ferd!

Hjelp meg fram til det evige livet,
halldt meg, Frelsar, kvar dag tett ved deg!
Du som alt for meg gav, må eg sjå deg
når eg endar på jordi min veg!

Vi går imot livet

Vi går mot livet, det evige liv,
mot landet der dagen ei ender.
Et herliggjort legeme der blir vår lodd,
et hus ikke bygget av hender.

Vi går mot landet der livet ei dør
og aldri vi øyner en fare.
Der freden som floden i hjertene bor,
og livslykken evig skal vare.

Vi går imot livet, mot seierens dag, –
hver fiende er overvunnet.
Der alt det som falt, er opprettet på ny,
og solen for evig er runnet.

Vi går imot livet, – da foldes det ut,
i endeløs fylde og glede.
Vår Frelser er solen som aldri går ned.
Hans pris skal med jubel vi kvede.

Det siste vert livet sitt land

Eg vandrar min veg på ei underfull jord,
frå morgonen gryr og til kveld.
Eg sigler min båt på ein farefull fjord,
og landar når skuggane fell.

Og Herren hev gjeve ei lei og ein hamn,
og sjølv han i båten er med.
I stormen eg kallar på losen sitt namn,
og hugen vert fylt av Guds fred.

Eg lever mitt liv i ei underfull verd;
mitt mål er useieleg stort.
Når eingong eg endar mi pilegrimsferd,
stend open Guds paradisport.

Eg lovar min Frelsar for livet han gav,
for voni han dyrt åt meg vann.
Det siste vert ikkje ein kveld og ei grav,
men våren i livet sitt land.

Kor stort at det ventar ein himmel ein gong
når dagen min endar på jord!
Kor stort å få syngja den herlege song
i himmelens kvitkledde kor!

Kor stort at det ventar ein himmel ein dag,
for alle som trur på Guds Son!
Der skal me få vera for evig i lag.
Hav takk for den levande von!

Kor stort at det ventar ein himmel til sist!

Kor stort at det ventar ein himmel til sist,
der livssoli aldri går ned,
der blomen ei visnar og døyr på sin kvist,
men blømer i æveleg fred!

Kor stort at det ventar ein himmel hos Gud,
der kvila er ljuvleg og blid!
Kor stort å få gå i det snøkvite skrud,
og frydast til æveleg tid!



HIMMELSTIGEN

1978

*For mange år attende
eg høyrd i Hong Kong
ei kinesisk lerka syngja.
Du, det var gut som song!*

*Dei klåre fløyte-tonar,
dei skifte utan stans.
Ein liten opera-arie
var repertoaret hans.
Eg eig 'kje denne breidden,
og ikkje denne glans.*

*Ei liti nordisk lerka
eg gjerne vera vil.
Ho slær høgt under himlen
ein einfeld kvardags-trill.
Slik syng eg gjerne for deg
om du vil lytta til. –*

LIVSENS LOV ER KJÆRLEIK

Me byggjer og bur i ei underfull verd

Ufatteleg stor
er den eldgamle jord,
som stilt kringom solskiva sviv, –
og lell som eit fjom
i det veldige rom.
Men her lyser underet: liv.

Her bårar eit hav,
og der ris det eit fjell,
og der tøyter fjorden seg inn.

Og fossen seg hiv
i djupet, – men liv
ved foten av breen du finn.

Her skifter det haust
med vinter og vår,
og sidan kjem sumaren blid.
I aust vent det gryr,
men timane flyr
mot draumfager solefallstid.

Og stjernone skin
hit ned til vår jord, –
langt ute i rømdi dei stend.
I nord og i sud
dei vitnar om Gud,
der lysår-langt borte dei brenn.

I aldrar og år,
ifrå tid og til tid,
gjekk stjernor og soler sin gang,
og stilt sveiv vår jord
i åri som för
på ferdi ufatteleg lang.

Det ovrar seg liv
i fuglar og fisk,
i blomar og bær og i korn,
i hjarta sit slag
frå dag og til dag
hjå Gud-ætta menneskeborn.

Me byggjer og bur
i ei underfull verd.
Ho kleddest i draumfagert skrud.

Og hjarta seg gled
at me óg vart med.
Me høglovar Skaparen – Gud.

Det demra ein dag,
det tendrast eit ljós:
Guds Son vart vår frelsar og bror.
Når natti hev flytt,
når allting vert nytt,
me syng på den nyskapte jord.

So liti – so stor!

Me bur på ei jord
so liti – og lell
so ufatteleg stor.

Ho er som eit fjom
i det veldige rom,–
lell tenkt til å erva
Guds herlegdom.

Når tidi hev flytt,
forgjengelege domen
i æve-liv bytt,
skal alt bli forklåra,
og underfullt nytt.

So lite livet er når det tek til!

So lite livet er når det tek til,–
eit mini-frø, ei mest usynleg cella!
So verkar vokster-lovi, logn og still.
Og utan stans ho ollar, livsens kjelda.

Om nokre år me ser eit kjempe-tre.
I stormen sterke den stolte kruna brusar.
I moldi fall eit frø i ny og ne,
no store skogar svagar stilt, og susar.

Ein liten kím, – me sidan møta fær
eit menneske, med lekam, sjel og ande, –
eit hjarta som i lyst og lengting slær,
og kan sin song med høge englars blande.

So tunn ein tein, – han renn ifrå sitt rom,
men livet leikar i den tråd, den spede.
So om ei tid det skin ein bjart-øygd blom,
og ljuvt han angar til vår fryd og glede.

So lite livet er når det tek til, –
eit under som om Herrens stordom talar.
Ein ting eg veit: eg honom lova vil
for fullt når eg skal gå frå desse dalar.

Det trufaste hjarteslag

Takk for det trufaste hjarteslag, –
natt etter natt, og dag etter dag!
Klokka i barmen tikkar og slår,
i ungdom og alder, år etter år.

Seg meg, kven sette den klokka i gang,
let henne tikka livsdagen lang?
Døyvde er slag, blodstraumar driv,
varme og raude, berar av liv.

Eingong, eg veit, vil det koma ein dag
då det vil stilna, hjarta sitt slag.
Men når omsider allting vert nytt,
hjarta som kvarv, i eit evig er bytt.

Du fyller med jubel det folk som trur

Salme 65,9

Dei stader der morgen og kveld bryt fram,
du fyller med jubel, Gud.
Og gleda, ho vell i det høge nord,
langt ned i det djupe sud.

Der riket ditt når, vert det sol og song,
og vinteren vik for vår.
For gudslivet sprengjer sjølv dødsens band,
og kjærleik og rettferd rår.

Kvar helst me so bur – langt i aust, i vest,
i nord eller djupt i sud –
med jubel du fyller det folk som trur.
Me lovar deg, store Gud!

Dette landet er ditt!

Eg ser snøbre'en skin,
dette drivkvite lin,
over skogen si tregrense-rand.
Og mitt auga kan nå
himlens blåaste blå.
Du å du, for eit underfullt land!

Dalen veldig og vid,
med ei bjørke-kledd li,
imot Noreg sitt hjarta gjeng inn.
Inni fjellheimen vill,
utmed synsrandi still
stig den skinande, snøkledde tind!

Alle gaukane gjel,
elvi mullar og mel,
dette glitrande, glidande band.
Alle bjørker stend brud,
i sitt lysaste skrud.
Du å du, for eit draumfagert land!

Dette landet er ditt.
Og vårt Noreg er fritt.
Me fær anda i fridom og fred.
Her me hev det me tarv,
me hev fenge ein arv, –
våre hjarto han inderleg gled.

Flagget bårar i bris, –
lat oss synga Guds pris!
Han oss signa frå år og til år.
Me vil beda at han
øg vil verna vårt land
i dei ukjende dagar me får.

Ein heim – eit livsens lukkeland

Ein heim – eit livsens lukkeland
når Jesus Krist er heidersgjest,
Då vert sjølv kvardagen ein fest.
Det brenn so bjart ein kjærleiks-brand.

Ein heim – eit lite paradis
der to kvarandre hev so kjær.
Og borni leikar, syng og ler.
Det lyder lovsong til Guds pris.

Ein heim – so sterk og trygg ei borg
når Herren Gud er sol og skjold,
mot myrkheims makt ein mur og voll,
ei hjelp i naud, ei trøyst i sorg.

Ein heim – ei signing for vårt folk
når elden på Guds altar brenn.
På fjellgrunn fast han tufta stend, –
i dødsens verd ein livsens tolk.

Det bølger en takkens tone

Det bølger en takkens tone
mot ham som gjør allting vel,
som utsletter hjertets skyldbrev
og leger en såret sjel.
Vi visste oss ingen utvei,
vi håpløse vandret om.
Da kom han, den store lege,
og kjærlig han kalte: Kom!

Han kom for å hjelpe syke,
han kalte seg synderes venn.
Hvor stort for min sjel å vite:
den samme er Jesus enn!
Jeg selv er så svak og uren,
min skyld er så stor og svær.
Hvor salig det er å minnes
at synderes venn du er!

Så passer vi sammen, Jesus,
så vil jeg deg høre til.
Du møter en ussel synder
så medynksfull, myk og mild.

Og så er jeg salig, Jesus,
for du er den samme enn.
For evig skal vi degære
fordi du er synderes venn.

Først syng eg min song for mi eigi sjel

Først syng eg min song for mi eigi sjel.
Eg treng det der vinteren rår.
Eg treng å få minnast: Trass alt er eg sæl.
Mot æveleg lys-tid eg går.

Ja, først for meg sjølv hev eg sunge mitt kvad.
Eg treng det, for natti er nær.
Og so, trass i alt, er eg vonfull og glad.
Mot æveleg lyd-tid det ber.

Men gjerne so syng eg eit einfelt kvad
for deg som vil lya til.
Å, kunne eg gjera deg hjartans glad, –
då ogso eg gleda meg vil. –

Hjerter som banker og bygger

I Nordens natt ble en stjerne tent,
og tusenårs mulm måtte vike.
Det lyset den spredte, av Gud var sendt,
til noe så herlig var aldri hendt.
Til landet i nord kom Guds rike.

Og demringen kom, – det ble sol og dag,
for himmelen landet vårt gjestet.
Og Kvite-Krist vant i det store slag,
og siden ble korset i Norges flagg
til fred og til livslykke festet.

I Nordens vinter det rant en vår,
og dødsmørkets band måtte briste.
Og vårlivet ennå i Norge rår,
Gud gi at det aldri ifra oss går!
Miskunne deg over oss, Kriste!

Ja, enn tindrer stjernen som da ble tent,
og enn skinner sol over landet.
Og ennå blir vinter til vårliv vendt.
og enn blir Guds Ånd ifra himlen sendt.
Og enn knyttes evighets-bandet.

Og enn fins det hjerter som banker
i troskap og kjærlighets-glød.
På åkeren korn-nek de sanker.
som Mesteren engang oss bød.

Og enn fins det hjerter som bygger
Guds rike fra år og til år,
fra daggry til solfallets skygger.
Da heim til sin Herre de går.

For Mesteren sa: Vi må virke
mens enn det er lys på vår sti,
og bygge Guds hellige kirke
før natten – før endt er vår tid.

Så lover vi ham som oss unner
den herlige tjenestens lodd,
og venter fullendelsens stunder, –
da målet for livet er nådd.

Himmelblomen – kjærleiks-lilja

Himmelblomen på vår jord, –
kjærleiks-lilja, – fagert gror,
kom med signing til vår verd
med Guds son, som kjærleik er.

Difor alt for oss han gav,
av sin kjærleiks djupe hav,
til den siste drope blod.
Gud er kjærleik. Gud er god.

Sidan hev den fagre flaum
som ein livesens understraum
gjenge ifrå ætt til ætt.
Hjelp oss, Gud, å elska rett!

Hjelp oss i din kjærleik bu,
elska alle, slik som du!
Lat din klåre kjærleiks-eld
loga til vår siste kveld!

Denne reine kjærleiks-blom
som i hjarta fekk eit rom,
lysa skal til evig tid.
Takk for voni ljuv og blid!

Adelsloven i Guds rike

Hjerteloven i Guds rike
heter: Gi, så skal du få! –
Denne livslov kan ei svike.
Derfor er det stort å så.

Uten opphold kilden veller,
med velsigning vidt den går.
Sine strømmer ei den teller,
alltid nye tilsig får.

Solen over sæden flommer
som ble sådd i vårens mold.
Og når sistpå høsten kommer,
kornet står med mange foll.

Adelsloven i Guds rike –
livets lov – er kjærlighet.
Det er lykke uten like,
og det største som jeg vet.

Å, så gi med hjertens glede!
Det er kjærlighetens vis!
Høste skal du alt her nede,
og en gang i paradis.

Livsens lov er kjærleik

Den store livsens lov er kjærleik.
Kor sælt å stå i denne straum!
Då andar me i Herrens nærleik,
i livsens fulle, frie flaum.

Den lovi Jesus Krist oss lærde
då livet sitt han gav for oss.
Me alle var til døden særde,
men lækte vart me ved hans kross.

Hans kjærleik inn i sjeli strøymer
når me ved korset kneler ned, –
ein livsflaum som til andre fløymer, –
og me fær anda i Guds fred.

So lat oss elska alle, alle
med Jesu Kristi hjartelag,
og spreida sol i hjarto kalde,
imeden enno det er dag!

Ho plantar eit tre attved kjelda

Ho plantar eit tre attved kjelda
og vatnar det varleg og mildt,
so livs-straumen vakkert skal vella
og treet skal veksa so stilt.

Frå evige høgder det fløymer
av livslys og livsvatn eit vell.
Frå himmelen stendig det strøymer,
ved daggry, ved solfall og kveld.

So plantar ho blomane spede,
og sår i dei vonfulle sinn,
dei skjelvande spirer vil frede,
so kulden ei trengjer seg inn.

Ho plantar i hjarto dei unge,
og vatnar so rikt og so raust.
Ein åker med aksi dei tunge
skal susa mot mogning og haust. –

Me vil bera gleda ut

Verdi vår er full av sorg,
mange tyngde gjeng, av sut.
Me som bur i lukkeborg,
me vil bera gleda ut.

Denne gleda rik og stor
kom den første julenatt.
Tenkt til all den vide jord
er den fagre frydeskatt.

Me som drakk av denne flaum, –
sløkte der vår djupe sut, –
me vil senda denne straum
vidare i verdi ut!

Sjå å få gi!

Sjå å få gi
mens det enno er tid!
Ja, gi det du bør og kan!
Når natti kjem på,
då du ikkje kan så.
Då stilnar den travle hand.

Sjå å få gi
før din dag er forbi!
Då slepp du å trega sårt.
Og det som du sår,
det møta du får
som korngullet skirt og klårt.

Sjå å få gi, –
for det tidsnok vert tid
å kvila den trøyte hand!
Når kvelden sig på,
du tregar ’kje då
du sådde og gav det du vann.

Å, del med din fattige bror!

Du fekk leva i landet der gudslyset skin,
du fekk høyra dei sælaste ord.
Du får anda i fridom og fryd kvar ein dag,
og i ævelivs-voni slær hjarta sitt slag.
Å, so del med din fattige bror!

Du fekk lys over livet frå vogga til grav,
og Guds gleda som vårblomar gror.
Du fekk freden som flodi i hjarta sin grunn,
du fær venda di åsyn mot himlen kvar stund.
Å, so del med din fattige bror!

Den levande loge

Eg likar den levande loge, –
eit under so lite, – nei, stort.
Han leikar so lett og so ledig,
som han hev i årtusund gjort.

Eg likar den levande loge,
han bårar so blidt og so bjart.
Han lyser og vermer og vinkar
og vitnar so vakkert og vårt.

Eg likar den levande loge,
i natti han skin og han brenn,
alt mens han umerkande minkar,
til dess det er inkje igjen.

Å, var eg ein levande loge
som stilt for min Meister brenn ned!
Min Gud, du må ljoset mitt verna!
So skin det i æveleg fred.

GUD HEV REIST EIN HIMMELSTIGE

Gud hev reist ein himmelstige

Gud hev reist ein himmelstige,
difor syng me glad hans pris.
No me opp til han kan koma,
til det tapte paradis.

Gud hev opna himmelporten,
som eingong vart slått igjen.
No me fritt dit inn fær ganga,
der det grøne livs-tre stend.

Gud hev opna himmelheimen,
barnerett som alle byd.
Jesus Kristus hev oss vunne
varig fred og evig fryd.

Gud hev alt lagt vel til rette,
ordna alt i Jesus Krist.
Han åt oss hev etter vunne
Paradiset som var mist.

Må underet vera det første!

Legg høgtid og helg over hugen min,
når no det mot joli lakkar,
so ikkje all verdi skal trengja seg inn,
men hjarta mitt tilber og takkar!

So mykje meg møter med glim og glans,
vil stengja mi sjel frå det største.
Å, må ikkje noko få sløva min sans!
Må underet vera det første!

So lær meg den løyndom, mens dagen skrid:
Til himmelen hugen min festa!
Gud, signe den komande joletid!
Du, Jesus, må hjarta mitt gjesta!

Malmtunge klokkors spel

Utover verdi tonar
malmtunge klokkors slag:
Ein frelsar og forsonar
er fødd til jord i dag.

Utover verdi ljomar
malmtunge klokkors spel.
No bryt det glede-blomar, –
kvar mann kan no bli sael.

Utover verdi kallar
malmtunge klokkors røyst:
Ned frå dei høge hallar
det tonar ei evig trøyst.

Utover jordi helsar
malmtunge klokkors ljod:
I dag er fødd ein Frelsar. –
Hav takk for den tidend god.

Guds siste kveitekorn

Av alle verdens kveitekorn
det berre var eitt igjen
som ikkje var skadd av synde-sotti.
Det døyr – men det opp att renn.

Gud våga dette kveitekorn, –
det eine han hadde att.
Det lagdest ned i den myrke moldi,
i døden si svarte natt.

Men sjå det store underverk!
Sjå kveitekornet, – det renn!
Den Herre Krist dei i gravi lagde.
Med siger han opp att stend.

No susar over verdi all
ein åker so vid og stor.
Det kveitekornet som døden smaka,
no signar det all vår jord.

Gud gav sitt siste kveitekorn
i døden på Golgata kross.
I æva all skal me tilbe Kristus,
at han ville døy for oss.

Saligste ord

Saligste ord
som har lydt på vår jord,
etter en gang får vi høre.
Påskedags bud:

En forsonet Gud –
enda en gang når vårt øre.
Salig og stort at vi skal i lag
lovsangen høre fra påskedag!

Nå har vi håp.
Kristi lidelses dåp
vant oss en arv uten like.
Skylden betalt,
og sonet er alt.
Angest og ufred må vike.
Nå ved hans seier vi opp skal stå,
inn i Guds evige rike gå. –

Takk for Golgata!

Jesus, takk for Golgata,
takk for kjærleiksgloden!
Takk at livet ditt du gav
like inn i døden!
Der du sløkte vredens eld,
freden kring oss fløymer.
Frelesesverket evig gjeld.
Der me trygt oss gøymer.

Jesus, takk for Golgata
takk for all di kvida!
Mykje meir enn me veit av,
måtte der du lida.
Du strauk ut vår store skuld,
verdsens synd du sona.
For di frelsa underfull
evig takk skal tona.

Jesus, takk for Golgata!
Der me no kan kvila.
Over denne signa stad
ser me himlen smila.
Der det lyder: Sjå og lev!
Ingen der oss klagar.
Der me les vårt fridomsbrev
alle våre dagar.

Jesus, takk for Golgata!
No me fritt kan anda,
syngja sæle sigerskvad,
stødt i striden standa.
Ved det offer som du gav,
skal me meir enn vinna,
sistpå stiga or vår grav,
livsens kruna finna.

Då påskesoli steig or hav –
Melodi: På Golgata min Frelsar god

Då påskesoli steig or hav,
då spredde Jesus Krist si grav.
Då enda var den store strid.
Han siger vann for evig tid.

Omkvede:

Å påskedag, å påskedag,
då Jesus vann det store slag!
No er vår framtid lys og god,
i kraft av Kristi offerblod.

Kva treng du meir, mi redde sjel?
No Jesus hev gjort allting vel!
Kvar fiend' ligg der slegen no,
i kraft av Kristi offerblod.

Ja, Jesus hev sitt velde synt,
og dødsens makt for godt er tynt.
No hev han mist sin egg og odd,
for Kristus braut den kvasse brodd.

So er eg trygg, so er eg glad,
og syng med fryd mitt påskekvad.
For Kristus vann den store strid.
Me lovsyng han til evig tid.

Sannelig er han oppstanden!

Sannelig er han oppstanden,
levende blant oss han står!
Å, det er salig å minnes
mens vi mot livskvelden går.

Sannelig er han oppstanden!
Han hver en dag er oss nær.
Og han har lovet at engang
skal vi få bo der han er.

Sannelig er han oppstanden!
Han er vår Herre og drott.
Vi i hans navn mer enn seirer,
evig skal bo i hans slott.

Sannelig er han oppstanden!
Gled deg, og syng til hans pris,
til du ham frigjort får møte
engang i Guds paradis!

Grunnen er god

Trygt er det faste frelse-fjell,
der kan du foten din kvila.
Golgata-grunnen evig held,
difor du treng ikkje tvila.
Jesus hev fullført alt for deg.
Legg då til Golgata din veg!

Trygg er den gamle frelse-grunn,
der kan du lukkeleg leva.
Stødig han stend til siste stund,
so skal du sleppa å streva.
Jesus hev ordna alt for deg.
Legg då til Golgata din veg!

Trygg er den gode frelse-veg.
Gå til vår Herre og Frelsar!
Kjærleg og mild han møter deg,
hjartans velkomen deg helsar.
Barnleg på han du skal få tru,
evig hjå han i himlen bu.

I doms-hallen

I domshallen stod eg, i fattigsleg skrud,
var sulka frå hovud til fot.
På domstolen sat den allveldige Gud.
Då veikt var mitt skjelvande mot.

Mitt skuldbrev vart lese, og summen var stor:
Ti tusund talentar det stod.
Eg kunne 'kje svara eit einaste ord,
men kviskra: "Min Gud, ver meg god!"

Då tok han mitt skuldbrev, – no stod det: "Betalt".
Med blod dette ordet han skreiv.
På Golgata Jesus hev ordna det alt.
I sunder han gjelds-brevet reiv.

Og Domaren sagde: "Sjå no er du fri!
For Jesus di sak hev gjort god."
So lovar eg Lammet til æveleg tid,
som løyste meg ut med sitt blod.

I fridomens fullkomne lov ser eg inn,
og aldri vert trøytt av å sjå.
Den fridom som Frelsaren kjøpte, er min.
Og æveleg fri er eg då. –

Velkommen til Guds tempelrom!

Med frimod får du stiga fram
for Herrens nådetrona.
For Jesus bar di synd og skam,
han alt på korset sona.

I Jesu dyre frelsar-namn
du alltid er velkommen.
Du finn ein open faderfamn
og møter ikkje domen.

Inn til Guds nådetruna gå
det er so høg ei æra.
Der skal du hjelpe og miskunn få,
og i Guds nærleik vera.

Velkommen til Guds heilagdom!
Der ollar livsens kjelda.
Og der, i Herrens tempelrom
skal Jesus for deg gjelda.

Der dag for dag du vera skal,
til livsens sol lyt siga.
Då inn i himlens tempelhall
med jubel skal du stiga.

Du alltid kan rekna med Jesus

Du alltid kan rekna med Jesus,
den same frå dag og til dag.
I kjærleik og miskunn hans hjarta
no slær sine trufaste slag.

Du alltid kan rekna med Jesus,
den same frå år og til år.
Hans hjartelag aldri tek ende,
og nåde på nåde du får.

Du alltid kan rekna med Jesus,
han alt til di frelsa hev gjort.
Han vann deg ei æveleg rettferd,
og opna deg himmelens port.

Du alltid kan rekna med Jesus,
han hev deg so inderleg kjær.
Du kjenner deg arm og uverdig,
han elskar deg slik som du er.

Du alltid kan rekna med Jesus,
den same til æveleg tid.
Han fullendar verket det gode,
og kroner med siger din strid.

Den tome hand

Du retter fram ei fattig hand,
du inkje Gud kan gjeva.
Men all din trong han fylla kan,
og då du rikt kan leva.

Du retter fram di tome hand,
til han som alt hev vunne
då hjartebloodet for deg rann.
Det hev for alle runne.

Ho kanskje skjelv, di tome hand,
men bare kom frimodig,
til han som løyser alle band
med handi nagla, blodig!

Ja, bare kom, i barnleg tru,
med hugen open,ærleg!
I faderhuset fær du bu,
og Gud deg møter kjærleg.

Det beste vil Gud deg gi

Gud vil gi deg det beste av alt som er godt,
for han hev deg so inderleg kjær.
Og ein dag skal du bu i hans himmelske slott
og i æva få vera han nær.

Gud vil gi deg det beste, – so opna din port
for dei skattar deg himmelen byd!
Då du gjeng mot eit mål so useieleg stort,
mot ein æveleg fagnad og fryd.

Gud gav so dyrt eit sædekorn

Melodi: Eit barn er fødd i Betlehem

Gud gav so dyrt eit sædekorn,
eit sædekorn,
til evig liv for mannsens born.
Halleluja!

Gud reiste opp eit frelse-horn,
eit frelsehorn,
ei tilflukt god for mannsens born.
Halleluja!

Gud gav ved Kristus barnerett,
ja, barnerett,
og barnekår til Adams ætt.
Halleluja!

Ved Kristus er me utløyst no,
ja, utløyst no,
ved Jesu dyre offerblod.
Halleluja!

So kom då alle, mann og møy,
ja, mann og møy!
So skal me leva, aldri døy.
Halleluja!

Så går me til det gode land,
det gode land,
til livsens sæle Kana'an.
Halleluja!

Livets lys og livets vei

Jesus, du er lysets kilde, –
mørk er verden uten deg.
Men når du er med på ferden,
skinner lys på livets vei.

Jesus, du er livets kilde, –
uten deg kun døden rår.
Men når du på oss får ånde,
våkner det en livsens vår.

Jesus, derfor deg vi trenger,
derfor kommer vi til deg,
du, den klare morgenstjerne,
livets lys og livets vei.

Nå vi i ditt lys vil vandre
heim til himlens Kana'an.
Der vi evig skal deg love,
fryde oss i livets land.

Herre, det er deg jeg trenger

Herre, det er deg jeg trenger,
deg med alt du er og har.
Jeg er fattig, arm og usæl,
du min tunge byrde bar.
Nå er vredens skyer borte,
himmelten er ren og klar.

Herre, det er deg jeg trenger,
du har liv og overflod.
Dag for dag til deg jeg kommer,
ber om rensning i ditt blod.
Full og fri den mot meg flommer,
denne dyre helseflood.

Herre, det er deg jeg trenger,
dag og natt, til livsens kveld.
Rik jeg er når deg jeg eier
med ditt djupe nådens vell.
Og til sist jeg skal deg skue,
salig stå på Sions fjell.

Du er mi von!

Jesus, Guds Son,
du er mi von,
du er mi einaste trøyst.
Du er mitt fjell,
den berg-grunnen held.
Med ditt blod hev du ut meg løyst.

Jesus, Guds Lam,
du hev mi skam,
mi syndeskuld teke på deg.
No kan med von,
i tru på Guds Son,
inn til livet eg gå min veg.

Jesus, min bror,
på den nye jord
skal eg di åsyn sjå.
Slik som du er,
eg i æva deg ser.
Å, kor hjarta skal jubla då!

Alt han gir deg fullt og fritt

Har du Jesus, har du himlen,
all dens lys og herlighet.
Du er barn av Gud, – og eier
all hans arv i evighet.

Har du Jesus, har du livet,
stanses ei av død og grav.
Og for evig skal du love
ham som fred med Gud deg gav.

Har du Jesus, har du framtid,
håp for tid og evighet.
Å, hvor stort: Vi har i eie
hele himlens herlighet!

Alt i Jesus Krist du eier.
Hva han er og har, er ditt.
Nok for jord og himmel er han,
alt han gir deg, fullt og fritt.

Kor godt å få kvila mitt auga der!

Eg ser på meg sjølv, og mismodig er, –
eg vantar alt som er heilt og fullt.
Og attpå eg veit: Det ligg mykje dult
i hjarta si løynde verd.

Eg vender mitt auga til Jesus Krist. –
Fullkommen, heilag og god var han.
Ei æveleg rettferd for meg han vann,
ja, alt som eg hadde mist.

Kor godt å få kvila mitt auga der
og minnast: Han hev for meg gått god.
Mitt hjarta er reinsa i Jesu blod.
I han eg fullkommen er.

Såri er alle lækte

Herre, mi sjel fekk mange sår.
Djupe dei var, og store.
Men denne trøyst mitt hjarta når
at ved det verket du gjorde,
såri er alle lækte.

Herre, det såri dine var
som hev meg lækjedom vunne.
Du mine tunge byrder bar,
blodet ditt for meg hev runne.
No mine sår er lækte.

Når eg ein gong på strandi står,
heilag og rein, fullkommen,
finst ikkje arr etter noko sår.
Frikjend eg vert i domen,
Frelsaren evig skal lova.

Guds born me er!

Sjå kor stor kjærleik oss Faderen syner
at me av nåde Guds born vera får!
Eingong me ogso skal verta han like,
når for hans åsyn me jublante står.

Ja, me skal verta han like der,
når me vår Frelsar fær sjå som han er!

Verdi den herlegdom ikkje kan fata,
skjønar oss ikkje, imot oss dei er.
Me som hev fenge den veldige voni,
reinsar oss sjølve, me Jesus hev kjær.

Tenk, me skal verta han like då,
når me hans åsyn for evig fær sjå!

Liten lovsong

For livet sitt under, for ljøsens skatt
me takkar deg dag og natt.
For songen si ljuve gåva
me glad vil vår Skapar lova.

For sælaste bod på den gamle jord, –
dei liv-sæle løysings-ord, –
om han som vår synd hev sona,
skal lovsongen evig tona.

For voni om æveleg dag og vår
tilbeding mot truna går.
For fagraste framtids-tankar
vårt hjarta i takksemd bankar.

I livsens bok

Mitt namn det stend skrive i livsens bok,
den gylne og store og klåre.
For Jesus på Golgata skuldi mi tok,
og verdi si synd hev han bore.
So vert det då alt av nåde.

I livsens bok hev han teikna mitt namn, –
det er ein useieleg fagnad.
Han tok meg i miskunn so kjærleg i famn
og vende til lukka min lagnad.
So er det då alt av nåde.

Eg kan ikkje sjå denne skrift på jord,
i tru, ei i syn, lyt eg leva.
Men fast stend Gud lovnad, eg lit på hans ord.
Ein gong vil den fryd han meg gjeva:
I livsboki namnet mitt skoda.

Den skrift skal ikkje bleikna

Eg heller ser mitt namn i livsens bok
enn om med gull det gleim i heimsens soga.
Eg heller såg at alt dei frå meg tok
enn at mitt lys i æva ei skal loga.

Som blom og blad er verdens glim og glans,
han sloknar snart, og æra fort tek ende.
Men evig strålar livsens sigerskrans. –
Ein betre lagnad aldri nokon hende.

So takk, min Frelsar, at mitt namn du hev
i livsens bok hjå Gud og Lammet teikna.
Ditt dyre blod den høge æra gjev.
Den skrift i alle ævor skal ’kje bleikna.

Paradis-lengt

Når våren bryt fram med velde,
med ung-lauv og varme-dis,
aldri som då eg lengtar
til paradis.

Når våren om landet strøymer,
og kvorve hev snø og is,
aldri som då eg lengtar
til paradis.

Når våren om landet leikar
og fuglane kved Guds pris,
aldri som då eg lengtar
til paradis. –

Paradis-von

Å, Herre, lat meg eingong
ditt paradis få sjå, –
når dagen er til ende,
inn til di gleda gå!

Det er so godt å eiga
den voni ljuv og gild
når tvil og tunge tankar
mitt livsmod tyna vil.

Det skal eg etter møta
det beste her på jord,
men i ein fager fullnad
som ei kan finna ord:

Ein vår forutan visning,
ein livsdag utan kveld,
ei kvild ved klåre kjeldor,
der livsens straumar vell.

Ikke glemt i evigheten

Ikke glemt i tiden, –
Gud meg alltid ser.
Og hans øre grant kan høre
når til ham jeg ber.

Om enn alle glemmer,
Gud ei glemmer meg.
Ikke glemt i evigheten.
Salig da er jeg.

Ikke glemt i tiden.
Himlen om meg vet.
Ikke glemt i evigheten.
Det er salighet.

Etter ord av Søren Kierkegaard

Når det er so vakkert på jordi –

Når det er so vakkert på jordi
når vårfuglar kved til Guds pris,
kva må det då verta hjå Gud eingong
i livet sitt paradis!

Kor stort at eg hev denne voni
når håret fær sylvet sin glans!
Gud føre meg fram til sitt paradis,
til æva sin sigerskrans!

Sæle sabbatsdag!

Det høgtid er ei sundag-stund
å høyra ordet frå Guds munn,
med Herrens vener halda lag.
Å, for ein herleg høgtidsdag!

Å, for ei ljuvleg helg det er
når Herrens Ande kjem oss nær
og me fær sjå: Det var for oss
at Jesus døydde på ein kross.

Den soning gjeld til evig tid.
So er me frelst, so er me fri.
Ei sabbatshelg no ventar oss,
for Kristus døydde på ein kross.

So kviler seg den trøytte sjel.
I Kristus er ho still og sael,
ser fram mot evig kviledag.
Kor stort å vera der i lag! –

Det finst ingen tårer i himlen

Det finst ingen tårer i himlen.
Om nokon på kinni brann,
so måtte det vera for alt eg forsømde,
då u-brukte høve ifrå meg rømde
mens tidi so fort frå meg rann:

Det finst ingen tårer i himlen,
det finst ingi sorg som brenn.
Det ingenting er som kan stinga og såra,
og difor det renn ingi sorgmodtsåra,
men sael eg på livsstrandi stend.

DEN STORE STRID

Hjelpelaust er eit lite barn

So hjelpelaust er eit lite barn, –
det er som ein blom på bøen.
Du verje han må imot myrkars makt,
mot gufs frå den iskalde snøen!

So hjelpelaust er eit lite barn, –
det kan ikkje noko gjera.
Du lyfta det lyt opp til barmen din,
og varleg det byssa og bera!

So hjelpelaust er eit lite barn,
og difor må mor det verna!
Kor stort om til Jesus du barnet ber, –
heilt inn under ævelivs-stjerna!

So ber me dei små til Jesus

Til eit bilete av dåp i Tanzania

Skapt i Guds eigen likning, –
å, kor useieleg stort! –
stend han i livsens morgen
nær ved Guds rikes port.

Stort å få senda bodet
ut til dei myrke land, –
ogso dei spede bera
inn under den signande hand.

Lat dei til meg få koma!
Frelsaren sa ein gong.
So ber me dei små til Jesus
– til kjelda – med bøn og song.

Det som ingen ting er

Gud støyter ned alt som er stolt og stort,
dei vesale tek han seg av.
Dei fører han inn gjennom Guds rikes port,
til frelsa og livet sitt hav.

Du kjenner deg liten, ja, minst av små.
Då lyder den lokkande røyst.
Frimodig du inn til Guds truna kan gå,
og smaka den evige trøyst.

So ussel og arm kan du aldri bli
at ikkje velkommen du er
til han som på Golgata stridde din strid
og trutt på sitt hjarta deg ber.

So kom, du som kjenner deg trøytt og arm
og syndig og svart og sår.
Du kvila skal få ved din Frelsars barm.
Ein æveleg arv du får.

Velkommen heim!

Slik som du er, velkommen er heim,
heim frå det framande land.
Du arven din øydde langt borte frå Far,
men dag etter dag du i hjarta hans var.
I kjærleik og miskunn det brann.

Slik som du er, ver velkomen til Gud!
Drakti er sulka og svart,
han kjærleg deg kysser, og tek deg i famn,
han gjev deg sitt skrud og deg kallar ved namn.
So kom då frimodig! Kom snart!

Slik som du er, får du vera hos Gud.
Jesus den retten deg vann.
Det verket han gjorde på Golgata, held.
I livet og døden og domen det gjeld.
So når du det heilage land.

Du får koma med det som er tungt

Du får koma til Jesus med det som er tungt,
med di synd og di sorg og di sut!
Du skal vita for visst: Om du kjem som du er,
skal han slett ikkje støyta deg ut.

Du får koma til Jesus i motgang og tivil,
og når nedbøygd i mismod du går.
Han vil kveikja din hug, han vil tendra ein smil
og for vinter deg gjeva ein vår.

Du får koma til Jesus når gale det gjekk,
du får koma for tusende gong.
Han vil reisa deg opp, han vil gle deg igjen,
han vil fylla ditt hjarta med song.

Du får koma til Jesus i ungdomens tid,
i din manndom og når det vert kveld.
Du får koma til Jesus når soli gjeng ned
og dei nattsvarte skuggane fell.

Du får koma til Jesus i Faderens hus,
der hans herlegdom skal du få sjå.
Du får vera hos Jesus til æveleg tid.
Seg, kva meir kan du ynskja deg då?

I livsens tunge, seige strid

I livsens tunge, seige strid
du hjelpte mor og far.
Du styrkte dei frå tid til tid
om kampen tida var hard.

So fekk dei enda livsens ferd,
og soli stilt gjekk ned.
Dei tok farvel med denne verd,
og sovna inn i fred.

So vil med oss du ogso gå
og la det lukkast vel.
Om motgang møter, du veit råd
for lekam og sjel.

Når hjarta slær sitt siste slag,
me ogso sanna skal:
Du var vår hjelp frå dag til dag
på pilgrimsferdi all.

Når siste storm er stilna av
og me hev hamni nått,
me lovar Gud ved livsens hav,
som lét det lukkast godt.

Over det svartaste skyhav

Over det svartaste skyhav
er himmelen alltid blå.
Og ser du skyene ovanfrå,
du alltid deim kvite fær sjå.

Så trur eg: Mangt av det myrke
hev soli sin farge lell.
Gud ser det onnorleis, han enn du,
når hans lys på livet ditt fell.

Når eingong du vel er heime,
i overlys alt fær sjå,
kan henda for det som var tungt og trist,
du aller mest takkar då.

Jeg trenger å tale med ham

Jeg trenger å tale med Jesus
hver eneste dag jeg får.
Jeg trenger så meget, meget,
og mer ifra år til år.
Og full av farer er vegen
som jeg gjennom livet går.

Jeg trenger å tale med Jesus
hvert eneste morgengry.
I stillhet ved Jesu føtter
må mørket og angstens fly.
Og doggen fra himlen faller.
Guds nåde hver dag er ny.

Jeg trenger å tale med Jesus
mens timene fra meg flyr.
Igen og igjen mitt hjerte
til Mesterens miskunn tyr.
Så går jeg min veg i lyset,
for mørket Guds klarhet skyr.

Jeg trenger å tale med Jesus, –
det beste jeg vet på jord.
Og han til mitt hjerte hvisker
det evige livets ord.
Så går jeg min veg mot målet,
og livslykkens lilje gror.

Jeg trenger å tale med Jesus
når dagen min går på hell.
Jeg mer av hans miskunn trenger
mot solfall og høst og kveld.
Jeg evig med ham skal tale –
ved livskildens rike vell.

Takk – og etter takk!

Takk for alle år og dagar
eg fekk bu i livsens hagar!
Mange, mange er det no.
Enno bankar hjarteslaget,
enno dirrar lengsels-draget,
enno bårar livsens blod.

Enno ser eg himmelklåren,
enno fær eg møta våren,
denne fagre livsens fest.
Enno ser eg skog som svagar. –
Takk for alle år og dagar
som eg her fekk vera gjest!

Enno ser eg skyi roda,
enno fær eg hausten skoda,
dette fine fargespel.

Herren alt so vakkert lagar.
takk for alle år og dagar!
Berga heim til sist mi sjel!

La takketonane trilla!

Du har vel 'kje gløymt å takka
for alt du frå himlen får,
som sol og som snø-krystallar,
mens du gjennom livet går?

Du har vel 'kje gløymt å takka
for det som er vondt og sårt?
Ein dag skal di tåra tindra
som glimesteins-reint og klårt.

Du har vel 'kje gløymt å takka?
Å, gjer det mens det er tid!
Lat takketonane trilla,
som vårfuglens kvad i lid!

Du har vel 'kje gløymt å takka?
To vengjer vår Gud deg gav.
Bruk bøne- og takke-vengja,
til livsstraumen stilnar av!

Maktene myrke og sterke

Me møter på vegen demonar,
maktene myrke og sterke.
Difor me tett må oss fylka
inn under Frelsarens merke.

Me maktar 'kje striden aleine,
fienden fast vil oss binda.
Kristus kan vondskapen meistra,
so i hans namn skal me vinna.

Kingelveven

I vårdagen flagrar du lett av stad.
Du er so fjåg, og du er so glad.
Du flyg frå blom, og til neste blom,
og fuglar floytar i solfylt rom.

So ser du eit kunstverk i hekken der,
so nett og so lett og so vent det er.
Dit bort du dregst, – du lyt dette sjå,
ei liti kvilestund attpå få.

So fint eit mønster det kunstverk hev,
so vent er dana den kingelvey.
Men attom udyret ligg på lur,
og det er verre en mange trur.

Det vesle vesen med vengjer to
på kingelveven seg set til ro.
Men fast seg flökjer kvart lite lem.
Då er det udyret innåt kjem.

Min unge ven på din vårlivs-veg,
so gjerne ville eg minna deg:
Det mykje er som ser vakkert ut,
men sidan valdar det sorg og sut.

So mykje därar, på hugen dreg,
men attom udyret løyner seg.
For seint fekk mange den sanning sjå.
Med hjartesår fekk dei sidan gå.

Legg handi di i vår Frelsars hand!
Han leider deg til det gode land.
Han gjev deg det som er reint og godt, –
og himlen når du hev målet nått. –

Vakt ved hjartans port!

Kor brukar du di dyre tid?
Og seg, kva fyller sjeli di?
Ei meisterhand hev henne gjort,
og du er tenkt til noko stort.
So set då vakt ved hjartans port!

Di tid er lik ein perlestraum,
ein rik og dyr og fager flaum.
So gjev til Jesus sjeli di!
lat han få helga all di tid!
Då sigrar du i livsens strid.

Ver varsam, slepp ei noko inn
som ureint gjer ditt unge sinn!
Å gå fortapt, so svært det er!
Med Jesus Kristus glad du fer
til livsens ljose, sæle verd. –

Skatten din

Skatten din – er han på jordi,
den du av alt mest hev kjær?
Elskar du inderleg det som er dust,
det som forgjengeleg er?

Skatten din – er han deroppe,
flekklaus og fager og fin?
Elskar du arven som Jesus deg vann,
perla som æveleg skin?

Lengsla ser imot stjerna

Lengsla er som ein boge,
som stendig strengen strammar,
so pili kan flyga fort og fint
og sistpå målet rammar.

Lengsla er som ein loge,
som stundom ned seg bøyer,
men lett og ledig seg rettar opp,
mot himmelen seg tøyer.

Lengsla ser imot stjerna,
vil gjerne dit opp stiga.
Ved tru på Kristus ho himlen når
når livsens sol lyt siga.

Songen som aldri skal tagna

Songen om Jesus skal aldri få tagna,
aldri få døy på vår jord,
songen som føddest på Betlehems-marki,
songen som nådde hit nord.

Songen om Kristus er song av dei unge,
song med ei brennande tru,
stig med ein jublende tone om frelsa
Jesus i hjarta let bu.

Syng, du mitt hjarta, den songen, ja, syng han!
Syng han i gjerning og ord, –
songen om Kristus, om verdi sin Frelsar,
songen om fred på vår jord!

Omsett frå svensk

Inntil han kjem

Inntil han kjem, vil på muren me standa,
vakta og venta til soli renn.
Inntil han kjem, vil me onna og yrka,
mura og byggja, med sverd ved lend.

Inntil han kjem, vil me bodskapen bera
ut til dei arme som ventar enn,
Inntil han kjem, vil me korn-neki sanka,
alt i frå daggry til kveldsstjerna brenn.

Inntil han kjem, – må han vakne oss finna, –
brennande lampa og omgjorda lend!
Inntil han kjem, må i kjærleik me anda,
so me i truskapens tenesta stend!

Inntil han kjem, – for ein dag når me ser han
koma i herlegdom, englar er med!
Å for ein jubel når blidt han oss helsar,
tek oss til æveleg fagnad og fred!

Korset og lyset skal sigra

Korset og lyset skal sigra,
vinna på myrkret til sist.
Eingong kvart kne skal seg bøya
for Jesus Krist.

Korset og lyset skal vinna.
det er vår tru og vår von.
Sistpå kvar skapning skal finna:
Han er Guds Son.

Korset er sigerens merke,
vart til eit livsens symbol.
Korset og lyset skal sigra, –
den sæle sol.

Det gløymest i himmelens herlege song

Kva gjer det om vegen i verdi er trong?
Det gløymest i himmelens herlege song.

Kva gjer det om lengslone gløder og brenn
når jublende eingong på strandi eg stend?

Kva gjer det om livssoli her gjeng i hav
når sigrande atter eg stend or mi grav?

Kva gjer det om livsgåta her ei vert løyst
når sjeli skal smaka ei æveleg trøyst?

Kva gjer det om her det vert kaldsleg og døkt
når sorgi i æveleg livslys vert sløkt?

Kva gjer det om hjarta mitt tyngjest av sut?
I æva skal livsblomen falda seg ut. –

FØNVINDEN KYSSER MI KINN

No lysnar atter kveldane

No lysnar atter kveldane.
Kor vent det er å sjå
dei skire aftan-eldane,
og soli atter gå
kvar dag litt lenger imot nord,
til dess ho vaknar, moder jord.

No bjartnar morgen-timane,
meir tidleg natti tryt.
Eg ser dei glødde glimane
som innfrå rømdi skyt.
Kor høgtidsamt og stort det er!
Å, du forunderlege verd!

Fønvinden kysser mi kinn

Enno stend trea nakne,
men lufti er god og linn.
Og snart vert dei stомнane vakne.
For fønvinden stryk mot mi kinn.

Enno stend trea svarte,
men sol-lufti strøymer hit inn.
Omsider brest blomane bjarte.
Og fønvinden stryk mot mi kinn.

Vinterkvit enn ligg böen,
og lin-kledd kvar topp og tind.
Men solvarmen tærer på snøen.
Og fønvinden kysser mi kinn.

So vart den draumvene dagen
ei minning: at livsvåren vinn.
Ljuvleg vert paradis-hagen,
og Guds-freden fyller vårt sinn.

Alt no dreg eg kjensel på våren

Alt no dreg eg kjensel på våren,
om enn han ligg langt i sud, –
ei båra på veg inn mot landet,
ei livsbygja vekt av Gud.

Eg høyrer den muntre praten
av gråsporv i hakktorn-hekk
Skal tru han dreg kjensel på våren,
at vinteren veiftast vekk?

Eg kjenner det milde draget
som strøymer imot meg frå sud.
Alt no dreg eg kjensel på våren,
ei livsbylgja vekt av Gud.

Sporven pratar vår i dag

Sporven pratar vår i dag,
er i utsøkt perlelag,
ved dei varme vindars drag.

Sporven luktar våren ny
i eit sol-skirt morgongry.
Snart må vinterkulden fly.

Sporve-praten likar eg
når han lyder på min veg,
mest når våren nærmar seg.

Sporv i kalde klunger-hekk
pratar vinter-tidi vekk.
Takk at eg det høyra fekk!

Fint med dei fyrste våreteikn

Fint med dei fyrste våreteikn, –
ei snøklokka skir innmed muren,
ein fargefull krokus ved veggen,
fuglar som fløytar og tjatrar,
kvitrap og pratar og smatrar,
ein små-bekk som surlar og sirlar,
ei lerka som trallar og tirlar.

Fint med dei fyrste våreteikn, –
eit gras-strå som grønkar i garden,
ein berr-flekk i sørvende bakkar,
eit hjarta som tikkar og takkar
når ut det mot klår-kvelden lakkar.
Bråtebrann-røyken i nasen riv.
Eg helsar det vaknande, unge liv. –
So fint med dei fyrste våreteikn!

Den veldige jordkula seint seg hiv

Den veldige jordkula seint seg hiv
frå vinter til vår, frå død til liv,
frå myrker til dagljose netter.
Det nakne treet, so kaldt og svart,
snart stend det i blomeskrud skirt og bjart,
og lauvet i lider spretter.

Slik møter me våren frå år til år,
og alltid han djupt oss til hjarta går, –
alt meir medan livsdagen lider.

Og det er vår von at den Herre Krist
ein æveleg vår vil oss gje til sist.
Me ventar dei ljuvlege tider.

Du, det er våren som kommer!

Du, det er våren som kommer,
vakker og veldig og sterke!
Solen om snølandet flommer,
utfolder Skaperens verk.

Ja, det er våren som kommer,
vinner på klake og is,
følges av livsfylldens sommer.
Skapningen synger Guds pris.

Tenk, det er våren som kommer!
Nå det mot lystiden går.
Herr og Frelser og dommer,
takk for den evige vår!

Den første dagen i mars

Den første dagen i mars var so god,
han møtte meg solvarm og linn.
For fønvinden inn over landet vårt stod,
og smeikte ei vinterkald kinn.

Den første dagen i mars var so gild,
ein solflaum frå blå-kvelven går.
Eg høyrer ein tone so mjuk og so mild,
og so – om ei stund er det vår.

Ja, dagen den første i mars var vel god!
Han enda ei vinternatt strid.
Snart sevjene stig, og då brusar mitt blod.
Og so hev me vår om ei tid.

I kveld fekk eg vårfuglen høyra

I kveld fekk eg vårfuglen høyra.
So ljuvleg det nådde mitt øyra,
det fløytande, jublende kvad.
Eg ogso vart vermd – og vart glad.

Det regnde, det draup, og det duska,
og vinden i greinene ruska,
og lell lydde smektande song.
So vart det då vår – enn ein gong.

Og når det so klårnar omsider,
då hev me dei ljuvlege tider.
So fagert er heimlandet då.
Å, tenk at eg våren fekk sjå!

I barmen gledekjeldor brest

Og no gjeng soli langt mot vest!
Det er ein fryd, det er ein fest
å sjå dei skire eldar.
I barmen glede-kjeldor brest
i desse klåre kveldar.

Det kjennest underleg kvart år
når dagen lysnar ut mot vår.
Det er vel gilde stunder!
Ein glede-straum til hjarta går,
ved livsens store under.

Ei mildnande hand over landet er lagt

Ei mildnande hand over landet er lagt,
frå nord og til lengst ned i sud.
No merkar me våren si veldig makt.
Me lovsyng den evige Gud.

Ho ligg over fjordar og flyer og fjell,
ho kviler på is-lag og sno.
Ho andar på fossen sitt fastfrosne vell,
og vekkjer den sovande sjø.

Ei mildnande hand over landet i nord,
og vinteren mister si makt.
Omsider det grønkar og blømer og gror.
Guds hand på vårt heimland er lagt.

Og våren vende si varme kinn –

Og våren vende si varme kinn
imot meg den milde dagen.
Og lufti strøymde so god og linn,
og trea trivdest i hagen.

Og våren vende si ljose kinn
imot meg, og soli strøymde.
I himmel-blået eg skoda inn,
og dagen fullare fløynde.

So skulle etter ein gong eg sjå
det under som heiter våren, –
so skir ein smil over landet gå,
av livet si bylgja boren.

So takk for våren si varme kinn,
meir kjær for kvart år som skrider!
Eg vonfull ser i mi framtid inn.
Mot æveleg vår det lider.

Eg møter den unge våren

Eg møter med opne sansar,
eg helsar med undring ny
den vaknande unge våren
når vinter' n må frå oss fly.

Eg ynskjer han varmt velkommen, –
det livsens og ljoses vell
som strøymer langs lyse lier
og innover fly og fjell.

Mi undring vert alltid større
mens ut det mot våren går.
Og gleda si kjelda ollar
meir rikt ifrå år til år.

Og det er min hjartans lengsel:
Når livet hev frå meg flytt,
må då eg få møta våren
i livslandet ungt og nytt!

I dag bryt vårens kjeldor fram

I dag bryt vårens kjeldor fram.
Dei løynde låg ei vinternatt,
men no dei ollar att.
Ein brus av lys, av liv, av luft
og unge bjørkers duft.

Slik såg eg vårens eventyr
so mang ein gong, frå unge år, –
eg no i hausten står. –
Men når eg ser den lyse skrud,
då lyt eg lova Gud.

Eingong bryt vårens kjeldor fram,
og alle hjartans knuppar brest.
Å du for fryd og fest!
Det er vår von i alders år:
Det siste vert ein vår!

Er det dette som er våren?

Er det dette som er våren!
Nær eg hadde gløymt ditt andlet,
at det var so ljest og ljuvleg,
at so mild han var, din ande,
handi di so varm og varleg. –

Er det dette som er våren!
Yr av gleda vårt eg vender
kinni imot ljoses kjelda.
At du var so rik på solskin!
At din dag so tidleg byrjar!
At so seint det sistpå kveldar!

Er det dette som er våren!
Eg dei fjåge røyster høyrer,
born som unar seg i bakken,
fuglante som prøve-fløytar.
Å, eg er so sael av lukka!

Er det dette som er våren!
Første akt av eventyret!
Eple-trea vaknar, ventar,
svarte stend i solar-vellet.
Men so bryt ei livsens våra
fram, og brusar over landet.
Alde-trea brest i bløming,
i ein ljuvleg livens ange.
Bare dag mest heile døgret! –
Det er dette som er våren!

Han kom med eit einaste slag

Og våren, han kom med eit einaste slag,
ein god og ugløyande helgedag.
Og mars-soli glitra og glima og skein
på snøen som endå låg lin-kvit og rein.

Å du for eit skifte frå vinter til vår!
Å nei for ein himmel, so klinkande klår!
Å du for eit sol-vell, – ei bylgja frå sud!
Eit lysande livs-vell, – eg høglovar Gud.

Ein is-vinter kald enn i verdi vår rår.
Det er ikkje fritt at eg ventar på vår.
Kan henda han kjem med eit einaste slag.
So lengtar eg etter den evige dag.

Det luktar vår

Bakken er brun og berr i dag, –
snødekt i går.
Solvarmt er graset, dei visna strå.
Det luktar vår.

Kjelde-klårt vatn i kvar ein bekk, –
kvitsnø i går.
Sporven pratar i hakktorn-hekk.
Han luktar vår.

Soli stend høgt på himmelkvelv,
ov-langt ho når.
Lufti i varmedis sitrar og skjelv.
Eg luktar vår.

Bjørki og starene

I sin kvite never-bunad
bjørki bjart og vonfull står, –
ventar på si brude-kruna,
ventar på den nye vår.

Og i toppen fløytar starene
mjuke, varme elskhugs-kvad.
Nyleg kom han hit til garden,
sit og syng, so glødd og glad.

Underleg det er med våren,
alltid kjem han ljos og gild.
Og opp under himmelklåren
lyder fløytetonen mild.

Kvite bjørk og flyttfugl-stare,
eg med dykk er glødd og glad.
No når vinteren hev fare,
kved eg òg mitt mjuke kvad.

I dag brest bjørkene ut for fullt

I dag brest bjørkene ut for fullt,
no brikjer dei i sitt skire skrud.
Eit lys-vell lokka det lauvet fram,
den drakt er vovi av livsens Gud.

Ein flaum av sol frå ein høgblå kvelv,
eit hav av lys ifrå nord til sud.
Og lufti dírrar, i disen skjelv.
Eit kor av vårfuglar lovar Gud.

I dag brest bjørkene ut for fullt, –
kvar ei av deim er ei ny-prydd brud.
I kvitt, og lysgrønt slør dei skin.
Eit vårland lyser, og lovar Gud.

Når apal-blomen raudnar ein morgen i mai

Når apal-blomen raudnar ein morgen i mai
og solluft om landet vårt strøymer,
og bjørkene brusar i brure-stas bjart
og lid og lund og dalar ligg og drøymer, –
då våren for alvor hev vunne.

Når symre-blomen vender mot soli si kinn,
i skogkanten neier og nikkar,
og vårvinden susar so ljuv og so linn,
i tusund fugle-barmar hjarta tikkar, –
då våren er komen til Noreg. –

Vår over Noreg

Vår over Noreg,
frå sud og til nord.
Fløymande sol
kringom fjell og fjord.
Signande sol
over vidd og vang,
fuglar som flytar
all dagen lang.

Vår over Noreg.
Det sprett og gror,
grønkar so vent
i den varme jord.
Fjell-snøen fløymer
til sjø og elv.
Fossane buldrar
so berget skjelv.

Vår over Noreg!
Den varme vind
stryk ifrå sud
over landet inn.
Liene lysnar
i varme-dis.
Alt som dreg ande,
syng Herrens pris.

Vår over Noreg!
No knuppar brest.
Skapningi bur seg
til livsens fest.
Vår over Noreg
frå nord til sud!
Kom, lat oss lovsyngja
livsens Gud!

Du symre i sol – du er blomen min

Når bjørkene lysnar i lund og li,
det er ei vedunderleg, vakker tid.
Då grønkar kvar grein i vårlufti rein,
og lerkesongen er lys og blid.

I skog-kanten kvitsymra mot meg skin.
Ho fekk seg so lekkert og lett eit lin.
Av livet si elv ho smådríkk, og skjelv.
Du symre i sol, – du er blomen min!

Den fulle vår

Når alle lier og alle lundar
av song er fylte, frå fuglemunnar,
og kvar ein skapning kved Herrens pris,
då liknar landet eit paradis.

Når alle lundar og alle lier
av lauv er fylte, – å du for tider! –
og soli glitrar frå kvelven blå,
då kan ’kje venare syn du sjå.

Og blome-angen ikring deg strøymer,
den friske sollufti om deg fløymer.
Og juni-kvelven er eter-klår,
då hev me fenge den fulle vår.

Og Noregs skogar og fjell og dalar,
om Herrens herlegdom då dei talar.
Og hugen gjeng til den nye verd,
der evig bløming og vår det er.

Då falmar dei fagraste ord

Når våren bryt fram med velde, –
det knuppast og grønkar og gror
og lundane lysnar av ny-lauv ungt, –
då falmar dei fagraste ord.

Når våren om landet lyser, –
eit draumfagert rike i nord,
og skapningi bur seg til livsens fest, –
då folnar dei finaste ord.

Det er som om då eg skimtar
ei lysning av Guds paradis.
Å, må eg den våren få møta ein gong,
og sæl syngja Herrens pris!

Noko som liknar eit paradis

Takk for den veldige våren,
eit storhav av lys og liv!
Lukkeleg lerka i sollufti sviv,
av ut-kvilde vengjer borene.
Nyst var det kulde og skodd og is.
I dag er det noko som liknar
eit paradis.

Og so er det vår i Noreg.
So ljuvleg og ljós ei tid.
Kor stort: enn ein gong eg greidde
vinterens tunge strid!
Nyst var det myrker og snø og is.
I dag er det noko som liknar
eit paradis.

Det hender eit livsens under

Det hender eit livsens under
kvar gongen ein blom vert bær, –
kvar gongen ein apalblom knyter seg.
So stort eit under det er.

Ein gneiste av liv spring over,
i blomen so sart og skjær, –
so stilt at det ingen i verdi går.*
Eit skapar-under det er.

Den hender i juni-dagen, –
når bior i blomen syng, –
i tallause, drivkvite aldehagar,
i lier med blåbærlyng.

Og ingen i verdi fatar
det under i vårens blom.
Eg vonar ein gong å sjå inn i det djupet –
og skoda Guds herlegdom.

Ein æveleg livsvår skal verta det siste

Når dagane lengjest, det lider mot vår
og lufti er fён-mild og kvelden er klår,
eg likar å sitja ved stova si rute
og sjå på det lysande kvelds-land der ute.

Då bryt det i barmen av kjenslor eit vell,
for våren det er som eg møter i kveld.
So sit eg og stirrer i solefalls-stunder,
og takkar for våren og voni sitt under.

I Noreg si soga det aldri hev hendt
at vårlivet ikkje attende hev vendt.
Og vonlaus eg vanka om ikkje eg visste:
ein æveleg livsvår skal verta det siste. –

* Gå, her = leggja merke til.

SIGRANDE SOL

Kor stort at jordi hev ei sol!

Kor stort at jordi hev ei sol
som signar ifrå pol til pol!
Ho glitrar ifrå kvelven blå,
kor gildt at eg får henne sjå,
ved jonsok og innunder jol!

Kor stort å ha den kjelda klår,
som ollar vinter, haust og vår,
og gjev vår jord eit livsens vell!
Det fløymer over alle fjell,
so blomen vekst og mogning får.

Kor stort at jordi fekk ei sol
som strålar ifrå pol til pol! –
Ho signar alle folk og land,
den som som over verdi rann
den første sæle, store jol.

Livsens fest

No soli tøyer seg langt mot vest,
kvar kveld ho endar ein livsens fest.
Når so ho dalar, er dagen slutt
men sumar-natti, ho er so stutt.

Om nokre timar ho er der att, –
det reine gull og den ljose skatt.
So byrjar etter ein livsens fest
den lange dag til ho sig i vest.

Den vene vår i det høge nord
med velde vitnar at Gud er stor.
Kva må det verta i paradis
når alt det skapte syng Herrens pris!

Nordisk junikveld

Det er som om soli dryger, –
ho vil ikkje ganga til ro.
Ho held seg so lågt over horisonten,
og sender oss glimen god.

Ho lenger kvar kveld seg tøyer,
no ut imot jonsok-tid,
i juni-natti ho seint gjeng frå oss,
og sender oss smilen blid.

Den gildaste tid på året,
med lys både dag og natt.
Ei stuttvarig stund bare soli blundar,
so glim ho i auster att.

Og alde-trea blussar i blome-eld,
den draumvene nordiske junikveld.

Då me kom hit

Og det var solskin då me kom hit,
og heggen blømde, so frisk og kvit.
Som snøen skein kvar ein apalblom.
Og våren strøymde då hit me kom.

Og lerka tirla, – ho er so fjåg.
Ho steig so høgt, me sovidt ho såg.

Dei unge åkrar, – dei brydda der.
So vonfullt er dette lyse skjær.

Og bjørker brusa, i nord og sud,
so stilt dei susa, i nyskapt skrud.
Og starene smatt ifrå tre til tre.
Han òg i biletet høyrer med.

Ja, det var solskin, og det var song.
Og me såg vårlivet enn ein gong.
Og varme vindar strauk ifrå sud.
Eit skapar-under høglovar Gud.

Rosa oppå heidi

Såg ein gut ei rosa stå,
rosa oppå heidi,
ung og morgen-ven og mjå.
Guten grant vil blomen sjå,
la til honom leidi.
Rosa, rosa, rosa raud,
rosa oppå heidi.

Guten sa: No tek eg deg,
rosa oppå heidi.
Rosa sa: So sting eg deg,
so du alltid minnest meg,
kvar du enn legg leidi.
Rosa, rosa, rosa raud,
rosa oppå heidi.

Guten braut, og rosa brakk,
rosa oppå heidi.
rosa verja seg og stakk,
inkje hjelpte ve og akk.

Heim la guten leidi.
Rosa, rosa, rosa raud,
rosa oppå heidi.

*Etter Johann Wolfgang von Goethe:
Heidenröslein*

Bare ein liten skimt av sol

Det var bare ein liten skimt av sol,
no nett før ho etter vender.
Kor gildt at ho ogso inn under jol
dei signande straumar sender!

Det var bare ein liten skimt frå sud,
men du kor den flaum meg fagnar!
So lovar eg livsens store Gud
at snart det å nyo dagnar.

Ein liten skimt – so er han sløkt.
So er det dimt, so er det døkt.
Men snart ho snur, den signa sol.
Og før me trur, so er det jol.

So fort dei dyre dagar går.
Og so omsider vert det vår.

Vinter-solsnu

No er det bare ein dag igjen,
og so er det sol-snu att.
So still ho no i si synsrand stend,
so lint ho logar, og skyi brenn.
So myrknar det fort, mot natt.

Men so i morgen det store skjer:
Ho etter ein gong hev vendt.
Med eingong ljósare vert vår verd.
Det atter ut mot ein lys-tid ber.
Og voni om vår er tendt.

Skogar som drøymer i vinterens skrud

Eg ser skogar som drøymer i vinterens skrud,
bjørki stend der med sylv i sitt hår.
Dei krystallar er vovne i skyi, av Gud.
No er himmelen djupblå og klår.

Eg ser kvitkledde skogar, dei stend som ei brud,
i det skiraste, sky-vovne lin.
For ei underfull verd som er dana av Gud!
Å, kor jordi er fager og fin!

Og eg vender mitt syn mot eit endelaust blå,
eg ser under i nord og i sud.
Å, kor stort at òg eg fekk Guds skaparverk sjå!
So eg lovsyng den evige Gud.

Og ein gong, hev han sagt, då skal allting bli nytt,
i eit skirt, uforgjengeleg skrud.
Då vår vinter i æveleg vårliv er bytt.
Og i æva me høglovar Gud.

Dei varme strålehender

Den minste skimt av vintersoli
meg gleder djupt i hjartans grunn.
No er det nett innunder joli, –
då ljuv er kvar ei solskins-stund.

Eg elskar ljøset himlen sender,
den skire, bjarte, blide sol,
og mest dei varme strålehender
som signar meg på nytt kvar jol.

No er det lange, myrke netter,
og ingen fuglar kved på kvist.
Ei lystid ny det fylgjer etter. –
Den beste våren kjem til sist.

Det strøymer imot oss ved juletid

Det strøymer imot oss ved juletid
eit vell av dei varmaste tankar.
Ei frydestund fær me i livsens strid,
og hjarta i kjærleik bankar.
Og hugen so vide vankar.

Det strøymer imot oss frå himmelhøgd
eit vell av Guds fred og Guds fagnad.
For Frelsaren gjev oss ei evig nøgd,
og vende til von vår lagnad. –
No hev det for evig dagna.

Dagen kjem seint, men stilt og fint

Dagen kjem seint, men stilt og fint
no, nett ved nyttårstide,
sender mitt milde morgonljos
ut over skogane vide.
Skyene brenn eit lite bel.
Du for eit ov-fagert fargespel!

Dagen kjem seint, men mjukt og vent,
no, midt i vinter-timen.

Aust-kvelven bjartnar meir og meir, –
so ser me solskins-glimen!

Då er det dag, og ljoset vell,
fløymande fritt over fly og fjell.

Midvinters-dagen er vel stutt, –
å, men den glim oss fagnar!

og når då soli frå oss går,
veit me at etter det dagnar.

Herre, hav takk for dagen god,
ljoset si signande, skire flod!

Kvelden kjem snart, og dagen døyr
når det mot nyttår lakkar.

Aldri som då er dagen dyr.

Herre, me tilbed og takkar. –

Gjev oss eit fredfullt, godt nytt år!
leid oss i ljós til den nye vår!

Ein solskimt i året sin siste kveld

Ein solsmil i året sin siste dag, –
han fint braut fram gjennom skyers lag.
Det er vel bare so stutt eit bel,
men du, kor den solglimen gjorde vel!

So mang ein solskimt i år eg fekk,
i dyre dagar som frå meg gjekk.
Men aller kjærast er den som no
imot meg bliktar med glim og glod.

So var det kjært at eg fekk deg sjå,
so var det gildt du meg ville nå.

Det er mi von: i det nye år
eg òg ein signande solglim får.

Hjartans takk for vintersoli!

Herre, takk for vintersoli!
Lågt ho stend, og stilt ho brenn.
Snart ho sig, men etter renn.

Atter takk for vintersoli!
Bjart ho skin, med sylvglans fin,
til den fagre flaumen dvin.

Hjartans takk for vintersoli,
glødd og god, på snøkledd mo
og på skog somsov i ro.

Tusund takk for vintersoli,
skir og klår, og snart ho står
høgt på himlen – gjev oss vår.

For ein dag – for eit syn!

No ei morgonsol vell
over mars-snøens fell,
dette sky-vovne, skiraste lin.
Over vidd, over vang
skin ho dagen so lang
i ei skogbygd so fager og fin.

Skaresnøen er sterkt.
For eit fullenda verk!
Men han mjuknar mens timane gjeng.

Og det glimtar og skin
i eit kvitt hermelin,
som no liver ei sovande eng.

Ja, det blenkjer som lyn.
For ein dag! For eit syn!
For ei tid i det pol-nære nord!
Dette solskire skrud,
det er vove av Gud.
For ei fryd! Det vert vår på vår jord!

Snøens hermelin

Takk for snøens hermelin!
Denne kåpa kvit og fin
enn i sterrenatti skin,
til omsider stilt ho dvin.*

Ho vart vovi høgt i sky,
la seg lognt på fjell og fly,
skein imot oss ung og ny,
i eit sol-skirt morgongry.

Vel du livde moder jord
med ditt lette, lyse flor,
i det høge, kalde nord,
som ei dronning skir og stor.

Vinterens barske oppsyn

Vinterens morske andlet
i våren sitt hjarte er bytt.
Snøen ifrå oss er faren,

tenk, eg i dag hørde stare!
Noreg er ungt og nytt.

Vinterens barske oppsyn
til våren sitt blide er vendt.
Du for ein ov-fager snunad,
til lyset og livet sin bunad!
No eitkvart stort hev hendt.

Vinterens bistre ansikt
vart borte i våren sitt drag.
Sol over landet vårt strøymer,
stilt over skogane fløymer.
No er i Noreg dag! –

So er ein vinter enda

So er ein vinter enda, –
kulden og svartnatti, snøen.
Tenk at so stort skulle henda!
Isen tinar på bøen.
Det lyder sporve-prat,
dei leitar etter mat
der snøen i soli brånar.
Og bakken er deira fat.

Sjå marki fær frie flekker,
og snart grønkar gras og groe.
Der inne i nakne hekker
dryfter sporvane noe.
Og lys om landet vell,
og sol på kinni fell.
No når ho so høgt på himlen,
so seint kjem den klåre kveld.

* Dvina = minka, ta av.

Å du, å du for ein snunad!
Det minner om paradiset.
Det livnar i ospekruna,
det vaknar i bjørkeriset.
Eg høyrer mjuke kvad
frå grein foruten blad. –
Eg etter møter våren.
Eg er so glad, so glad.

Soli sigrar

No er på den sigrande sida
den soli som strålar med makt.
Ho tidleg rann opp attom åsen, –
sin smil over landet hev lagt.

Ho snart over myrkret hev vunne,
kvart einaste døger det dvin.
Då landet vårt ligg i eit lyshav,
i livs- drakti doggfrisk og fin.

So veit eg at lyset skal sigra.
Ja, det er mi fulltrygge tru.
Kor sælt at i ævone alle
i lyset sitt land eg skal bu!

Kven skulle tru?

Kven skulle tru
når det snør og snor
og ruskar og riv,
at snart skal det spretta, –
det grønkar og gror
eit vidunderlig liv?

Kven skulle tru
når det knakar og knest
i kald-kvelden klår, –
snart kjem det ein signande,
velkomen gjest?
Det atter vert vår!

På andre sida av vinter-åsen

På andre sida av vinter-åsen!
Sjølv Dagros kjenner det, der på båsen.
Ho stend og rautar, og lengtar ut
til gras og groe ved nib og nut.

På andre sida av vinter-fjellet!
No aukar munaleg vårsol-vellet.
Der oppe var det so blankt og bjart.

Ja, no me stend på den lyse sida,
ser soli opp attom skogen glida.
Ho kjem so tidleg, gjeng seint til ro.
Kor denne tidi er ljuv og god!

Vinter og vår i eitt

Oppe i høgdi skin snøen.
Bar ned i bygdi ligg böen.
Fuglane flytar, og so er det greidt:
Me har vinter'n og våren i eitt!

Sno- skavlar kvitnar kring tindar.
Nede stryk vermande vindar.
Bekkene brusar, og so er det greidt:
Me har våren og vinter'n i eitt.

Basketaket

Våren nyst vinteren felde.
Dei drogst og dei drabbast med velde,
eit drapeleg basketak.
Vinteren tapte sitt slag.

Sigraren, det var nok soli,
som auka i velde fra joli.
No slo ho med vårvinden lag,
vann i det veldige slag.

Vårliv i brunsteikte bakkar,
Taparen ogso me takkar.
Du med ditt skinande skrud
var oss ei gåva frå Gud.

DET PIPTAR EIN FUGL I MORGONKLÅREN

So kjem dagens eventyr

Soli renn,
stilt ho stend, –
blank og bjart
i aust ho brenn.

Natti flyr,
fint det gryr.
So kjem dagsens
eventyr.

Ljoset vell
over fjell.
Soli sigler
mot sin kveld.

Høgt ho går,
langt ho når.
Atter er det
vakning – vår!

Ver helsa, du herlege morgen!

Eg vender mitt syn mot den stigande sol,
som Noreg med morgonlys fyller.
So sælt å få skoda den lyskjelda skir,
som ollar og snølandet gyller.
Ver helsa, du herlege morgen!

Litt før stod ho opp no i dag enn i går,
det tyder: mot våren det lider.
Snart laugar vårt land i eit livshav av lys.
Å du for ugløymande tider!
Ver helsa, du herleg morgen!

Ho glimar og gløder og glitrar i aust,
ho sigrar, – sjå, dagen er runnen!
Og slik vil ho koma, og koma igjen,
for trufast ho alltid vart funnen.
Ver helsa, du herlege morgen!

Og so ser i voni eg fram til den dag
då soli for evig skal renna,
då eg skal få leva med Herren i lag
og æveleg livsfryd få kjenna. –
Ver helsa, du herlege morgen!

No er dagen ung og ny

Og no er dagen ung og ny,
og frisk og fin og klår.
Sjå, soli kan ’kje sjå ei sky,
høgt over sundags-stille by
ein sylvblank måne står.

Ein solskins-kuppel kvelven er,
ein himmelblåne skir, –
ein avglans av ei onnor verd,
der bare sol og sumar er, –
ein kjempestor safir.

Ja, no er dagen ung og ny.
Kor stort: Han atter brenn!

Det svarte skuggehav laut fly.
Og: Attom dødsens myrke sky
ein evig morgen renn.

Det piptar ein fugl i morgen-klåren

Det piptar ein fugl mot morgonsoli.
Himlen er høg, og kvelven klår.
Enno skin snøen på vang og vidder,
men no gjeng det snøgt mot vår.

Det piptar ein fugl mot morgen-klåren.
Himlen er høg og bjart og blå.
Solvinden vermer dei bleike kinni.
Tenk, våren eg snart skal sjå!

Den fugle-pipten i morgen-timen, –
mot kinni det varme vell, –
minner om våren som vent skal vakna,
med sol over fly og fjell.

Den lysande gullrand

Det er fint med den lysande gullrand
som gløder langt ute i vest.
Det er som om dagen som dånar,
til avskil vil halda ein fest.

Det er fint med den skinande gullrand.
Ei helsing frå himlen ho er.
Det er som om dagen som sloknar,
vil minna om lyset si verd.

Det er fint med den glødande gullrand
kring åsar og heiар og hav.
Den døyande dag lovar himlen,
som lyset og livet oss gav.

når gullet gløder
i solnedgangen.
Det er so stilt då
i kveldens hagar.
Gud, lær meg telja
dei dyre dagar!

Den dag som dør, får du ei tilbake

Den dag som dør,
får du ei tilbake.
Det kjem ein ny, – ja,
men ei den same.
Men den som sloknar,
du att skal møta,
med gjort og misgjort,
det du forsømde
og kvart eit høve
som u-brukt rømde.

Det bør du minnast
i morgen-glansen
og kvar gong dagen
og kvelden dånar.
Det legg eit alvor
innover hugen.
Det stig ei bøn
til vår Gud og Fader:
Må tru eg vera
til soli glader!

Ja, det legg høgtid
inn over dagen
kvar gong i aust
det å nyo demrar,
i middagsstundi
og når det kveldar,

Dei fer so fort –

Dei gjeng so snøgt, desse dagar dyre.
Og so det endar, livs-eventyret.
Men har med Herren du halde lag,
då ventar på deg ein evig dag.

Dei fer so fort, desse dyre dagar,
og snart so stend du i haustens hagar.
Men når med Jesus din veg du går,
då ventar på deg ein evig vår.

Dei skrid so svint, desse dyre timar.
Omsider kvelds-klokkor kling og kimar.
Men gjeng med Jesus du vegen ny,
då når du æva sitt morgongry.

Du aldri angrar når soli glar –

Eg noko veit som du aldri tregar:
at du i livet gjekk Herrens vegar.
Du aldri angrar når soli glar,
at her du fylgde hans fotefar.

Når det med livskvelden sistpå lakkar,
då inderleg du av hjarta takkar
fordi du fylgde den gode veg.
Ei evig glede då ventar deg.

Det eine livet du fekk til gåva.
Du må ’kje drøyma, du må ’kje sova!
Du må ’kje kasta den perla vekk
som du av livet sin skapar fekk!

No er det bare gull i vest

No er det bare gull i vest,
der soli seig til ro.
Det er ein sorgmild avskils-fest
mitt auga skodar no.

Men gullet bleiknar litt om senn,
den klåre elden dvin.
Men enn ei stund so stilt han brenn,
og vent imot oss skin.

Nå dagen dør, og når han renn,
me ser eit fargespel.
Den store Meister attom stend.
So lova Gud, mi sjel!

So døy, du dag, og brenn, du eld,
og slokna, glim og glod!
Snart morgonsoli etter vell
i dagen ung og god.

Når so eg sjølv skal ta farvel
og det vert kveld og natt,
må då i vest eit fargespel,
ei lysning liggja att!

Eg meir og meir vert glad i kvelden

Eg meir og meir vert glad i kvelden.
Då logar soli ljuvt og lint.
So raud og rund ho stend og stirer.
Om livsens stordom vert eg mint.

Og for ein fred det er i kvelden
når all naturi gjeng til ro!
Den siste solskimt kysser skogen
og fell so fint på myr og mo.

Og om han enn er sorgmod-blanda, –
det dvin, det siste veike vell, –
so demrar det på ny ein morgen.
Gud, signe du min siste kveld!

Nei, sjå soli, kor raud ho er!

Nei, sjå soli, kor raud ho er
no når ho synsrandi stend so nær!
No sig bak skogen den skire glod,
so raud som ny-runne ungdyr-blod.

Nei, sjå soli, ho gjeng i hav!
Eit lite gull-blad, – so døyrt det av.
So er då etter ein dag forbi.
So fort ho fer, denne dyre tid.

Og det er den lyse kvelven –

Og det er den lyse kvelven,
so himmelbjart og blå.

Han kuplar seg frå aust til vest,
med kvite skyer på.
Og livet held sin høgtidsfest.

Og det er den vide kvelven,
so solskins-blank og rein.
Han kuplar seg frå sud til nord, –
so klår ein glimestone,
og våren gjestar moder jord.

Det er lys der ute

Det er lys der ute,
der dagen døydde
ein vinterkveld.
Det er glod og eld.
Det er bål og brand
i mitt aftan-land.
Om myrkret fell,
er det lys der ute.

Det er lys der framme,
der dagen demrar.
Om verdi myrknar
mot kveld og natt,
det gryr ein æveleg morgen att. –

So vent å sjå denne aftan-elden
i vinterkvelden,
og dagnings-glimen
i nyttårs-timen.

Det er lys der ute
der dagen dånar,
og lys der framme
der æva blånar.

Voggevise

Sov no inn, vesle skatt,
i Guds fred – og god natt!
Med rosor på kinn
sov søtt, venen min!
På Guds bod, når det gryr,
skal du glad vakna att.

Sov no søtt, venen min,
med rosor på kinn!
Når du hev deg lagt,
Guds engel står vakt.
Dine sorger no gløym,
om Guds paradis drøym!

"Wiegenlied". Omsett frå tysk.

Attersyn ved kveld

Du gav meg so mange dagar,
so mange og gode år.
Og no eg i haustens hagar
med takksemd og sorgmod står.

Eg strevde i bratte bakkar,
eg vandra den jamne veg.
Når no det med dagen lakkar,
eg inderleg takkar deg.

Eg gjekk millom blomar blide,
so møtte eg sno og storm.
Om vår og ved vintertide
tok sjeli sitt bilet form.

Og sulka vart stundom kleda,
og hjarta fekk djupe sår.
Men etter eg song i gleda,
å nyo vart kvelven klår.

Om då det mot kvelden lakkar,
so eig eg ein evig skatt.
Og difor eg Herren takkar.
Eg himlen og han hev att.

Om enn mi livssol sig i hav –

Om enn mi livssol sig i hav
og lekamen vert lagd i grav,
det bare vert so stutt ei natt,
so strålar påskesoli att.

Når gullet glim og glør i vest,
då tek farvel den trøyte gjest.
Eg somnar inn i Jesu namn,
som barn i blund ved moders barm.

So sig, du sol, du dag, brenn ned!
I Jesu namn eg døyr i fred.
Eg vaknar i Guds morgongry
til evig dag, til gleda ny.

Det siste er alltid ein dag

Takk at det lakkar mot solsnu igjen!
Om grå-skodd og kulde no rår,
omsider på kvelven ho høgare stend.
Og so gjeng det ut imot vår.

Takk at det siste er alltid ein dag,
eit solsnu, ein æveleg vår!
Ja, sjølv om me isnar i vintervinds drag,
mot sälaste sumar me går.

Dagane gjeng imot solfall og kveld,
og sumaren sig imot haust.
Men etter om nordlandi vårlivet vell,
og soli renn tidleg i aust.

Stormen seg sterk imot hus-novi hiv,
og kald er den kvit-klaka kvist.
Men Kristus hev vunne oss æveleg liv,
og våren skal vinna til sist.

Eg vil vakna med andletet vendt imot aust

Eg ser symror i sol
i ein nyvakna vår.
Dei i skogkanten sarte
og skjelvande står.
Og dei lys-kjelda fylgjer,
frå aust og til vest.
Dei syper sol, dei drikk dogg,
det er fagnad og fest.

Og dei kalken sin opnar
mot lyset sitt vell,
men dei stilt let seg att
imot skugge og kveld.
Dei mot kulden er verna
ei kort sumars-natt,
og når dagen so demrar,
då vaknar dei att.

Men eg la meg til merkes:
då kvelden kom på,
dei var vende mot vest,
men dei snudde seg då.
Stutt er symra si tid,
snart kjem blomen sin haust.
Han vil vakna med andletet
vendt imot aust.

Vesle vårblom, min ven,
eg vil læra av deg.
Eg vil lys-kjelda fylgja
på livet sin veg.
Eg mot soli vil snu,
i min vår, i min haust.
Eg vil vakna med andletet
vendt imot aust.



MOT SOLOPPGANGEN

1979

VONI SYNG OM EVIG VÅR

Det kviskrar ei von mens det kveldar

Ein dag er no atter til ende,
og soli i vest gjeng til ro.
Det er vel eit høgtidsamt hende,
og freden og stilla er god.

Sjølv er eg no komen i kvelden;
so mange er åri som gjekk.
Eg ser imot solefalls-elden
og takkar for tidi eg fekk.

Eg hev ikkje dagane nytta
so vel som eg skulle ha gjort.
Når no dei ifrå meg hev flytta,
eg ser at so mangt vart hivt bort.

Det kviskrar ei von mens det kveldar:
Eg minnest ein hage, ein kross.
Eg ser desse solefalls-eldar.
Det døydde ein frelsar for oss.

Eg sit mens det kveldar, i hagen.
Det kviskrar ei von i mi sjel.
Eg ser mot den evige dagen.
Hjå Gud vert eg æveleg sael.

Himlen begynner alt her

I tro på Guds Sønn har vi evig liv,
en gave av nåde det er.

Og Herren Jesus i hjertet bor.
Himlen begynner alt her.

Med Kristus vi alt er i himlen satt,
så lyder Guds eget ord.
Der har vi vårt rike, en evig arv.
Og Jesus er selv vår bror.

Vel er det en vårtid, en blomst i knopp,
så svak og uferdig den er.
Men evighets-urten, den vokser stilt.
Himlen begynner alt her.

Det skifter med solskinn og belgmørk natt,
og stundom er stormen svær.
Men Herren bevarer den fagre skatt.
Himlen begynner alt her.

Så går vi med glede vår pilgrimsgang,
og mens vi på vandringen er,
vi ser imot målet og gler oss fordi
himlen begynner alt her.

Tid til å se imot øst

Det er tid til å våke og vente, –
tid til å se imot øst.
Snart vil vår Herre oss hente;
det er vårt håp og vår trøst.

Det er tid til å vente og våke,
tid til å løfte vårt blikk.
Snart spredes livshavets tåke,
det er det løfte vi fikk.

Det er tid til å lampene tenne, –
olje i karet ta med, –
så de kan skinne og brenne
når vi får Brudgommen se.

Vårt liv har eit mål

Vårt liv har eit mål,
og sæl er kvar den
som fram imot målet stemner!
Tids-elvi snøgt mot havet renn,
æva, ho snart oss femner.
Lukkeleg den som hev målet nått,
ævelivskruna av Herren fått!

Vårt liv har eit mål,
og alt står på spel.
Du må ikkje dette gløyma!
Du må ikkje tapa di dyre sjel!
Difor du må ikkje drøyma!
Stemna mot målet i Jesu namn!
Då du til sist når den gode hamn.

Du lærde meg livsens vegar

Du lærde meg livsens vegar,
det største vår ånd kan nå.
So skal eg med deg ved sida
til lyset og livet gå.

Den vegen er Jesus Kristus.
Det evige liv han er.
Han dag etter dag meg leider
til himmelens ljose verd.

So gjeng eg mot evig sommar
i lyset frå livsens ord.
Han døydde so eg skal leva
med han på den nye jord.

Du lærde meg livsens vegar.
Kor stort at eg der fær gå!
So vil eg dei vegar vandra
og eingong Guds himmel nå.

Ein utveg for deg

Du som stend spørjande, ventar på svar,
ser ingen opning og veg,
lengtar so sårt etter frelsa og fred,
det finst ein utveg for deg.

Jesus hev sona di synd og di skam,
skuldi di tok han på seg.
No kan du koma til han som du er.
Det finst ein utveg for deg.

Når det so kveldar og soli gjeng ned, –
enda er vandring og veg, –
trur du på Jesus, det opna seg skal
til Livet ein inngang for deg.

Slå lag!

Slå lag med dei hyrdingar ute på vakt,
som hasta til Betlehem!
Der finn du den Frelsar som tek imot
kvar syndar som til han kjem.

Slå lag med den gamle i tempelhall,
med Simon som tok i famn
det barnet som Gud til vår frelsa gav,
og kviskrar det kjære namn!

Slå lag med den viljuge arbeidsflokk
som ut på Guds åker går!
Då dagen til evig velsigning vert.
Med nek du i hausten står.

Slå lag med den sigrande pilgrims-hær,
som dreg mot det gode land!
Det angrar du ikkje når säl du stend
på himmelens ljose strand.

Eg er på vegen til det gode land

Kor glad eg er – min hyrding har meg funne!
Han kalla meg, på sjølvstyrd veg eg gjekk.
Imot eg stridde, men for sterke han vart meg.
Eg svara ja, og fred og frelsa fekk.
Frå år til år eg større ser det under
at eg i livsens løyndom fekk ein lut,
fann vegen til den rike frelsekjelda.
Der vert for evig sløkt mi sorg og sut.

Kor glad eg er, om mismod enn meg møter:
eg er på vegen til det gode land.
Det siste er 'kje haust og vonlaus visning,
men evig liv, som ikkje tolkast kan.
Vel er eg veik, men Herren er min hyrding.
Han vaktar meg, med frelsarhandi sterke.
Han som i meg tok til den gode gjerning,
til Kristi dag fullenda vil sitt verk.

Med sol og siger stod Jesus opp

Med sol og siger stod Jesus opp,
og døden var overvunnen.
For Frelsaren vann den store strid.
Ein æveleg dag var runnen.

I Kristus livet får evighet,
ein fullnad av fred og fagnad,
Om enn me i dødsens dalar bur,
er vonfull og lys vår lagnad.

For han er livet, og liv oss gjev.
Han fullendar frelseverket.
Me går mot ei grav som han har sprengt, –
med korset som sigersmerke.

Den æve-von lyfter livet vårt,
vår kvardag med gullglans gyller.
Og når me hev nått det gode land,
i æva me Kristus hyller.

Takk for solglimen, Gud!

Takk for sol-glimen, Gud,
når han blenkjer frå sud,
når han bliktar frå aust,
vår og sumar og haust,
når han helsar frå vest, –
kanskje då aller best.

Takk for solglimen varm
inn i verdi vår arm!
Men ho vert ved hans smil,
som gjeng ti tusund mil,
til eit livs-paradis.
Difor syng me Guds pris.

Enno lever eg i lysets land

Enno lever eg i lysets land.
Soli renn kvar morgen, sig kvar kveld.
Meir og meir eg elskar
dette varme vell,
soloppgangen, solefallet
attom ås og fjell.

Mange år på denne jord eg fekk;
Mange, mange dagar kom og gjekk.
Enno bankar hjarta,
slær dei jamne slag.
Enn i lysets land eg bur.
So flytter eg ein dag.

Denne lyse verdi
skapte Gud eingong,
medan morgen-englar
kvad ein hyllings-song.
Herren såg at lyset,
det var ovleg godt,
då det fylte salen
i Guds skapnings-slott.

Lys og mørke strider
på den gamle jord.
Sistpå sigrar dagen,
seier sannings ord.

I ei verd som ingi
tunga tolka kan,
skal me sæle bu i
livsens lyse land.

Det siste skal verta ei signande sol

Det siste skal verta ei signande sol,
ein himmel useieleg klår.
Ho glitrar og vell ifrå pol og til pol.
Det siste vert æveleg vår.

Det siste vert ikkje ein vemodfull haust,
ein myrknande, kvidefull kveld,
men livssoli glimar og gløder i aust,
og evig er gleda sitt vell.

So gled deg i voni, i tru på Guds Son,
som gjesta vår jord fyrste jol.
Han kom med Guds kjærleik, med framtid og von,
ei æveleg signande sol.

I mine beste stunder

I mine beste stunder
eg lengtar mot Guds morgongry,
mot dagen ung og ny,
då natt og naud lyt fly.

I mine beste stunder
eg lengtar mot Guds sæle vår,
der kjærleiks-straumen går
so langt som soli når.

I mine beste stunder
går lengsla heim til paradis.
Der er 'kje dødsens is.
Me evig syng Guds pris.

I mine beste stunder
vil lengsla mot Guds truna gå.
Der skal eg han få sjå.
Kor skal eg jubla då!

Men voni syng om evig vår

Eg stend i sol og farge-glød
ein klår oktober-kveld.
Det visning er, men ikkje død
om gylne blad til bakken fell.
For livet er der like vel.
Når enda er ei vinternatt,
det vent og vakkert vaknar att,
når knuppane i våren svell.

Eg stend i sol og fargeprakt
ei still oktober-stund.
Eg ser den fagre purpur-drakt
som skin i li og lund,
og teken stend i hjartans grunn.
Då von og tru og lengsla går
til neste vene vaknings-vår,
med tone-sylv frå fuglemunn.

Eg stend i sol og farge-gull
ein fin oktoberkveld.
Mi bjørk av lauv er enno full, –
dei fyrste blad mot bakken fell;
men vonfull er eg like vel.

Eg sjølv i livsens haust no står,
men voni syng om evig vår
mens dagen gjeng på hell.

Vi går mot en dag

Vi går mot en dag der ei natt er mer,
og ikke de skygger sorte.
I himmelens klarhet vi Herren ser,
og synden og døden er borte.
Vær lovet, vår Gud og Frelser!

Vi går mot en dag som ei lir mot kveld,
et år med en evig sommer.
Vi vandrer ved livskildens friske vell,
og vinteren ei til oss kommer.
Vær lovet, vår Gud og vår Frelser!

Ved paradis-foden står livsens tre,
en evig ungdom den gir oss.
Og bladene aldri skal falle ned,
og frukten til legedom blir oss.
Vær lovet, vår Gud og Frelser!

Vi går mot en dag uten sukk og sorg,
et liv uten nød og stengsler.
For evig vi frydes i himlens borg,
og fylt er de dype lengsler.
Vær lovet, vår Gud og Frelser!

Det demrar til sist

Kvar dag lir mot kveld,
kvart år gjeng på hell,

kvart liv imot hausten;
men von eig eg lell:

Vel lir det mot natt,
men soli kjem att,
og etter ein vinter
kjem livsvårens skatt.

Den voni er sael,
og dyr for mi sjel:
Det demrar, for Jesus
gjer alle ting vel.

Kvar solefalls-kveld
det logar ein eld.
Og sigra skal lyset, –
då sael er eg lell.

Ut mot eit evig gry

Eingong skal soli renna
over ei nyskapt jord.
Då skal me fullt få kjenna:
Sant var Guds gode ord!

Eingong skal soli stiga
over ei nyskapt verd.
Aldri ho meir skal siga.
Ewig vår lys-tid er.

Eingong det vent skal dagna,
natti for godt må fly.
Kristus hev vendt vår lagnad,
ut mot eit evig gry.

Det er mi von mot kveld og natt

Etter ein dag med fryd og fred
gjeng soli ned.

Etter ein dag med song og spel
ho tek farvel.

Etter ein dag av lysglans full
ho glør som gull.

Atter ein dag hev frå oss gått.
Eit mål er nått.

Det er mi von mot kveld og natt:
Det dagast att.

Det er mi von i livsens kveld:
Guds lovnad held.

Snart renn ein dag med evig klåre

Snart renn ein dag med evig klåre.
Kvar kristen då går ut or grav.
Han som har verdsens synder bore,
me møter der ved livsens hav.
Å, for eit møte! for ein dag,
med jubel i kvart andedrag!

Vår lekam, som i døden bleikna,
ein evig ungdom møter der.
Han skal i æva aldri veikna;
me lever livsens kjelda nær.
Som soli skal me skina då
og Herrens åsyn sæle sjå.

Der går ei livet mot sin ende,
og ut mot vinter aldri vår.
Der alle blome-lys er tende,
og livsens tre med alde står.
Kvar morgen ny me kved i kor:
Du, Gud, er veldig, vis og stor!

Eit evig liv! – å, for ei sæla!
Det aldri, aldri enda skal.
Og ingi tunga her kan mæla
den høge fryd i himmelhall.
Men på ei ny, forklåra jord
me syng Guds pris i heilagt kor.

Jeg vil vandre til løftets land

Å, hvem vil gå og følge meg?
Jeg vil vandre til løftets land.
Jeg står på Jordans mørke strand,
og lengselsfullt jeg ser
mot Kana'ans lyse lykkeland,
der mine skatter er.
Jeg vil vandre til løftets land.

Min Herre snart vil hente meg
til paradisets vår,
der freden uten ende er
og liv og lovsang rår.
Og når jeg når det gode land,
da er jeg frelst og fri.
Da synger jeg, på himlens strand,
Guds pris til evig tid.

“*Bound for the Promised Land*”. Ukjend forf.

*Gjennom gylne hagar
strøymer livsens elv*

Sol-rik haustdag,
azur-blå kvelv.
*Gjennom gylne hagar
strøymer livsens elv.*

Gylne åkrar,
solvarmbris
vitnar: eingong jordi
var eit paradis.

Gylne lier
syng Guds pris.
Eingong jordi atter
vert eit paradis.

På den nye jord

Og natt skal ikkje vera meir,
og ingen ting oss harmar.
Av fārar finst det ikkje fleir,
og ingen hārar larmar.
Det er 'kje noko hav som skil,
i ofse mel og marmar.

Sjølv døden er 'kje meire til,
og ingen blome bleiknar.
Der rasar ingen haust-storm vill,
og ingen armar veiknar.
I evig ungdom hjarta slær,
på nytt kvar morgen kveiknar.

For livsens tre i hagen stend,
me frukti fin fær nyta.
Og livsens elv, ho framom renn;
den kjelda skal 'kje tryta.
Nei, æveleg i paradis
skal livsens floder flyta.

Der høyrest ikkje skrik mot kveld,
der er 'kje naud og pine.
Og ingi tårekjelda vell,
for sorg og sukk hev dvine.
For Herrens truna som ei sol
me skal i æva skine.

Aldri i æva døy!

Eg høyrd eit ord – det var belgmørk natt –
på verdi si visnings-øy.
Det var Jesus som sa: Den som trur på meg,
han aldri i æva skal døy!

Ei stjerna eg såg i nattsvart rom,
der lysning var ei å få.
Det var Jesus som sa: Den som trur på meg,
i all æva skal døden ei sjå!

So takk, Herre Krist, for dei sterke ord,
med livsvon til mann og møy.
Å, kor herleg og stort: Når eg trur på deg,
eg aldri i æva skal døy!

So skin det ei stjerna på livsens veg,
med glans so useieleg klår.
Eg skal slett ikkje smaka den beiske død,
eg gjeng mot ein æveleg vår.

Heime for alltid

Kor gildt det skal verta
i Eden eingong,
når evig skal stiga
den sigrande song
og døden er ikkje meir!

Kor sælt det skal verta
når dagen hev grytt
og alt er blitt æveleg
ungdomsfriskt, nytt
og myrkret er ikkje meir!

Kor godt det skal verta
når Gud me fær sjå,
tilbedande fram
for hans truna skal gå, –
det vonde er ikkje meir!

Kor stort det skal verta,
kor gleda vert rik
når Jesus eg ser
og eg vert honom lik,
der livet og lovsongen rår!

LOVSONG I HØGHEIMEN

Majesteten

Du lyset sin skapar,
du livet sin drott,
som bur i ditt herlege,
himmelske slott, –
Kven skulle 'kje hylla deg?

Med tallause under
du fyller vår verd,
og sjølv du det veldigste
underet er.
Kven skulle 'kje ottast deg?

Du skapte eit kosmos,
der kvart eit atom
deg lovsyng so stilt
i det veldige rom.
Kven skulle 'kje tilbeda deg?

Du sende til frelsar
din einborne Son.
Han sona vår synd,
vann oss framtid og von.
Kven skulle 'kje elskar deg?

Du råder for liv,
og du råder for død,
og gir oss i miskunn
det levande brød.
Kven skulle 'kje fly til deg?

Aksi syng sin Skapars pris

Åkrane er mogne no,
kviler i den gode ro,
svagar stilt i solgangsbris.
Aksi syng sin skapars pris.

Underleg det er å sjå:
Kornet stend ved målet nå.
Åkeren, av grøda full,
glør mot kveld som eld-glødd gull.

Eg i solefallet står,
minnest grant då det var vår.
Aldri kjem den tidi att,
men me fekk so rik ein skatt:

Mang ei grein med moge gull, –
livssens lov er underfull.
Må med frukt mitt livs-tre stå
når eg skal gå her ifrå!

Undring

Meir og meir vert eg teken av undring.
Gud, når eg ser di verd, –
havet og høgfjelli, flyene, fjordane,
himmelens tallause hær.

Meir og meir vert eg teken av vyrdnad,
Gud, når eg ser di jord, –
liene, lundane, bæri og blomane,
livet som mognar og gror.

Soli og stjernone, himmelen blånande
hjarta mitt inderleg gled.
Meir og meir vert eg teken av gleda:
Tenk at eg òg vart med!

Meir og meir vert eg teken av age:
Under i nord og sud.
Framanfor ventar meg paradiset.
Takk, takk, du veldige Gud! –

Me lever so vel her i landet.
So mykje gildt fær me sjå
i Noreg, vårt allfagre heimland.
Me burde 'kje sutra so.

Me skulle 'kje jamra so mykje.
Me burde 'kje klaga slik.
Ta vare på smilen, broder!
Og takk at du er so rik!

Enno syng det i mi sjel

Enno syng det i mi sjel,
her eg bur på heimsens øy.
Lat den lovsong aldri døy!
Må eg eingong andast sael!

Enno syng det i min barm,
her eg stend i haust og kveld.
Må, til soli sig bak fjell,
songen stiga sterke og varm!

Enno syng det i mitt sinn,
som i alle farne år.
Må eg syngja til eg går
eingong i Guds rike inn!

Kongehylling

Konge er Kristus,
evig skal han råde,
ikkje ved sverd, –
med miskunn og med nåde.
Inn i all æva
skal han allting fylla,
me honom hylla.

Konge er Kristus,
allheims høge Herre,
råder ved rettferd
og ved kjærleik berre.
Verdi han gav
den kvasse tornekrona.
Syndi han sona.

Frelsar er Kristus,
kom i ringe klede.
Fattig han vandra
millom oss her nede,
gjorde oss rike;
no me skal i æva
sjå han og leva.

Me burde 'kje sutra so!

Me har det so godt her i landet, –
eit av dei beste på jord.
So må me 'kje stilla opp i
eit jamrande klagekor!

Menneskesonen
me med lovsong ærar.
Du for oss sigra,
store syndeberar.
Døden du tynte;
no me kan oss fagna.
Lys er vår lagnad.

Pilgrimar er me,
gjeng i dødsens dalar,
men du, vår hyrding,
trøystar-ordi talar,
dag etter dag
på ørnevenger ber oss,
alltid er nær oss.

Naglemerkt hand
mot målet styrer verdi.
Difor i himlen
endar denne ferdi.
Og i all æva
lovsong mot deg bårar,
i Edens vårar.

Dette kvadet var tenkt til å vera avslutnings-dikt i "Kristus-kvadet", men kom ved eit uhell ikkje med.

Gjer Kristus til din konge!

Gjer Kristus til din konge, –
den einaste han er
som dette høge namnet
i djupast meinинг ber.

All makt er honom gjeve
i himmel og på jord,
og endå vil han vera
din frelsar, ven og bror.

Gjer Kristus til din konge
i livsens unge vår,
og lat han stå for styret
i sterke manndoms-år.
Lat han få vera herre
når ut mot kveld det lid.
Han signar sælt ditt arbeid,
di kvila og din strid.

Gjer Kristus til din konge,
for han har rett på deg!
Han har deg skapt, og vunne
på tornut lidingsveg!
Han råder i sitt rike,
og evig liv han gjev.
Først då fær livet meinинг, –
so tru på han, og lev!

No lyder din pris ifrå pol til pol

No lyder din pris ifrå pol til pol,
so langt som ei hav-båra brusar.
For verdi du vart ei signande sol,
du barn som vart bore den fyrste jol.
Og lovsong lik skogane susar.

Kvar finst det på jordi eit barn som du?
I krybba du lagdest i lindar,
og sistpå fekk smaka ein korsdød si gru.
No tallause hærar på deg vil tru,
og lovsong når høgaste tindar.

Det finst ikkje nokon i verdi vid
som takksame sjeler slik hyller.
Vel stend det om namnet ditt stendig strid,
men tilbedast skal du til evig tid.
Og lovsongen allheimen fyller.

Har du sagt han ei inderleg takk?

Har du sagt til din Frelsar ei inderleg takk
at han vandra den tornstrødde veg?
I Getsemane-hagen han stridde til blods,
og på korset han døydde for deg.

Har du sagt til din Frelsar ei hjarteleg takk
at han vann over døden for deg?
I sitt hjarta den giftige brodden han braut,
og til livslandet opna ein veg.

Har du sagt til din Frelsar ei tonande takk
at han lever i himlen for deg?
Der han reider for sine so herleg eit rom,
kjem so att for å ta oss til seg.

Sjølv om takki er fattig, so ber henne fram,
for hans offer, han sår og hans strid!
Og når salig du eingong hans åsyn fær sjå,
skal du takka til æveleg tid.

Herre, takk for Getsemane, Golgata kors,
at med siger du gjekk or di grav!
Det i æva skal tona ei takk til din pris
for den store utløysing du gav.

Takk!

Takk for kvar ein storm som stilna!
Takk for toresky som kvarv!
Takk for kulden som du mildna!
Takk for heilag himmel-arv!
Takk for sylvklår gledekjelda!
Takk for fred som flodi djup!
Takk for våren du let vella!
Takk for vern mot ville stup!

Takk for kvar ei kvardags-glede!
Takk for høgtid, helg og fest!
Takk for reine rettferds-klede!
Takk for himlen aller mest!
Takk for livet, takk for landet!
Takk for heimen, mor og far!
Takk for livsens gode Ande!
Takk for gull når soli glar!

Takk for såri som du grødde!
Takk for reinsing i ditt blod!
Takk for kvild frå tankar mødde!
Takk for tru og hugheilt mod!
Takk for fagre framtds-draumar!
Takk for lys og livsens ord!
Takk for sæle kjærleiks-straumar!
Takk for von om ny-skapt jord!

Bare ein kom tilbake og takka

Bare ein kom tilbake og takka.
Meisteren undra seg då,
undrast at takksame hjarto,
dei er so få.

Bare ein kom tilbake og takka,
endå eit under var hendt,
endå den vonlause lagnad
til vår var vendt.

Bare ein kom tilbake og takka,
ein, bare ein av dei ti.
Er det ein klangbotn som tonar
i sjeli di?

Bare ein kom tilbake og takka.
Døds-stilt det var hos dei ni.
Usæle dei der ei takki tonar
til evig tid!

Livets under

Takk, o Gud, for livets under,
takk at vi i det fikk del!
Når vi våker, når vi blunder,
signer du vår dyre sjel.
I din vakre verden får vi bo,
kjenne dag for dag hvor du er god.
Vi til sist det beste får,
i livets vår.

Takk, o Gud, for frelsens under,
ved vår Herre Jesus Krist!
Ved hans død og dype vunder
skal vi himlen nå til sist.
Han til livet åpnet har en port;
det er nok, det han for oss har gjort.
”Det er fullført!” han på korset sa,
på Golgata.

Herre, takk for sol og sommer,
takk for skyet, stormfull høst!
Takk at våren etter kommer!
Takk for håp og evig trøst!
Takk for hver en dag som fra oss går,
for hver ny som vi fra himlen får!
Takk for kjærighetens bud!
Takk, store Gud!

Når åri sig på

Må ikkje mine sansar
enno lata seg att
for den veldige verd du skapte,
myrkna mot natt!

Enno so mange under
finst i di fagre verd.
Må eg møta med opne augo
den store hær!

Enno so mange under
finst på di fagre jord.
Enno er det so mange songar
som ei fann ord.

Enno so mykje u gjort,
og det mot kvelden lid.
Må eg æra den evige konge,
mens det er tid!

So syng me med englar vårt gloria

Det stråla ei stjerna so skir og stor
den natti då Frelsaren kom til jord.
Då var det i verdi so sael ei jol.
Og barnet var sjølv alle solers sol

I myrker låg jordi, forutan von.
Men himmelen sende Guds eigen Son.
Og Betlehem-stjerna brann skir og klår.
So vart det i verdi ein ljuvleg vår.

Enn lyser den stjerna so langt om land,
og strålane skin til den ytste strand.
Og Frelsaren enn er Guds kjærleiks sol,
og difor i gleda me held vår jol.

So syng me med englar vårt gloria.
All æra skal Gud i det høgste ha.
So frydar me oss med ei gleda stor.
I von ser me fram til den nye jord.

HIMMELENS BJARTASTE SMIL

Himmelens bjartaste smil

Blomen er himmelens bjartaste smil,
rein, som han kom ifrå Skaparens hand,
paradis-minne i dødsens land.

Blomen er jordi sitt skiraste skrud,
vitne om velde og visdom og makt,
kledd i den venaste paradis-drakt.

Former og fargar i fin harmoni,
livs-løyndom underfull, ljuvleg og stor.
Du skal oss gle på den nyskapte jord.

Ho samla på solstrålar –

Ho samla på solstrålar, –
famnen fekk full, –
lik skinande sylv
og glimande gull.

Ho samla på solstrålar,
morgen og kveld;
til sist ho seg sanka
so vakkert eit vell.

Ho samla på solstrålar,
år etter år,
og alltid ho nye
i famnen sin får.

Ho samla på solstrålar,
fekk seg ein skatt.
Og so ho med gleda
spreidde deim att.

Ho stod der so lys
og so rik og varm.
Og hjarta, det banka
i kjærleikens barm.

Å samla på solstrålar,
spreida deim att, –
eg òg vil det gjera,
før solfall og natt.

Dag på jord

Atter er en natt til ende,
atter er det dag på jord.
Vi mot Gud vil glad oss vende,
takke for den skatten stor.
Vi for livets lys ham love vil,
at vi dag for dag ham hører til.
Takk for natt som fra oss fór,
for dag på jord!

Gode Gud, i dine hender
legger vi den nye dag,
tillitsfullt mot deg oss vender.
Signe du hvert åndedrag!
Led oss fram på livets gode vei!
Om det mørkner, stoler vi på deg.
Signet blir med Gud i lag
den nye dag.

Lyset over verden veller,
livet våkner på Guds bud.
Dagen skrider – så det kvelder,
du er nær oss, store Gud.
Du oss støtter med din høyre hånd,
vil bevare legem, sjel og ånd.
Takk, o Gud, for livets ord,
for dag på jord.

Ei underfull lyskjelda ute i rømdi

Ei underfull lyskjelda ute i rømdi,
med signande solskin ho fyller vår verd.
Ho glimar og gløder i u-talde tider,
uendeleig fjern, men ho endå er nær.
Du jordi si lyskjelda, du vart oss kjær.

Du gjestar kvart rike og land her på jordi,
du kyssar kvart barn, og du smeikjer kvar blom.
Du ødsla med smil frå dei fjernaste tider,
og endå er kjelda di ikkje blitt tom,
men fyller det vide og veldige rom.

Kva var vel vår jord utan lyset si kjelda?
Då bjartna 'kje blomar, då svaga 'kje strå.
Då blenkte det ikkje i barnet sitt auga,
då fekk ikkje våren sin venleik me sjå,
og fuglar ei flaug under kvelven den blå.

No laugar seg jordi i år og i aldrar
i solskinet skirt, ifrå nord og til sud.
Det signar kvar skapning, og lokkar på livet,
og landet vert sveipt i den venaste skrud.
Kven skapte det lys-vell? – Me høglovar Gud. –

Soli hev so gildt eit lag

Soli hev so gildt eit lag;
når ho sprett, det brått vert dag.
Heile verdi fyller ho
med ein glim so ljuv og god.

Slik ho skein i tusund år,
like varm og like klår,
like rik frå tid til tid,
like bjart og like blid.

Takk for denne ljoses brunn,
like skir frå stund til stund!
Takk for dette ljuve vell,
like kjært ved gry og kveld!

Soli signar all vår verd;
skapt av Gud ho er oss kjær.
Ljuv er voni, mest mot kveld:
Ewig varer ljoses vell.

Fager var dagen

Dagen som nyst gjekk til ro,
var ljuvleg og gild og god.
Time på time av sol var fylt;
no kvelven i vest er gullforgylt.

Dagen var ven og mildt og varm,
sol-båror strøymde mot kinn og barm.
Himmelen kvelvde seg blåklokke-blå,
skyfri so langt som mitt auga kan nå.

Skogane loga i eld og brann.
Fager var dagen, fagert mitt land.

Takk for fargerik fest!

Eg vert ikkje trøytt av å sjå imot vest,
der ei sol nyst gjekk ned.
Der er fargerik fest.
Der er stilla og fred.

Eg vert ikkje trøytt av det lysande land,
der ei sol gjekk til ro.
Der er logande brand,
og ein glimande glod.

Men han dovnar og dvin, denne bleik-raude eld,
der langt ute i vest.
So det svartnar kring fjell.
Takk for fargerik fest!

Mektig å sjå

Det er mektig å sjå
juni-kveldsoli gå
ned bak skogen
der langt, langt i vest.
No ho endar ein dag
då me fagnast i lag.
Det var smil, det var song,
det var fest.

No det atter er kveld.
Mjuke skuggar no fell.
Dagen døydde, –
og so er det natt.
Men det demrar i nord.
Snart stend morgen-still, stor
sumar-soli, – då dag er det att.

Ifrå vinter til vår,
so til sumar det går.
Dagen aukar, og minkar på nytt.
Men ei von i min barm
gjer meg hugheil og varm:
Eingong alt vert i æve-liv bytt.

I dag snur soli ut mot vår

I dag snur soli ut mot vår.
Hurra! Hurra!
I fyrstningi litt smått det går,
eg lell er glad,
so glad, so glad.
Litt før i morgen soli renn,
litt seinare i vest ho stend.

Det er so fint og klårt i kveld,
med gull i vest.
Og snart me jolehøgtid held,
den ljoses fest,
og livsens fest.
Og so det seint og sikkert går
mot jonsok-tid, mot vår, mot vår!

No er ho på oppveg

Sjå, no er soli på oppveg!
Sitt lågmål ho nyst hev nått.
So stig ho mot nye høgder,
med ljos fyller heimsens slott.

Langt framme skimtar me våren.
Men venta, med tru og tål!
So kjem ei vedunderleg lystid,
med symror og gaukemål.

Ja, no er soli på oppveg.
Eg gled meg i hjartans grunn.
Når dagen er aller stuttast,
då kjem det ei solvendings-stund.

Signande sol

Soli ho heldt seg bak kolsvarde sky.
So skein ho fram på ny, –
legg over landet eit strålevell
ut imot kveld.

Å, det var gildt då me såg ho att, –
soli, so kjær ein skatt!
Gildt når ho signar med stråle-hand
Noreg vårt land.

Gildt når ho gyller med glim og glod
åkrane, mogne no.
Takk at du signar med stråle-hand
Noreg, vårt land.

Takk at du signar i hausten sein!
Takk for kvar gong du skein!
Takk at du gyller i hausten klår,
vermer mot vår!

Hav takk, du sol!

Hav takk, du sol, –
du skein frå år til år,
velsignande du vermde,
sumar, vår.
Din glød du døyvde
ut mot årsens kveld,
so aukar atter imot vår ditt vell.

Hav takk, du sol, –
i aldrar trutt du skein.
Ti tusund gonger skirsla
var stråleflaumen rein.
Du smeikte born og blomar;
du gleim frå pol til pol.
Og når so dagen stutnar,
du snur innunder jol.

Hav takk, du sol, –
min livsdag lang du skin,
eg frydar meg i solarflaumen fin.
Og når du so gjeng ned min siste kveld,
må eg få sjå eit evig solskinnsvell!

Noreg – vårt land

Å, dette landet, kor vakkert det er!
Dess meir me det ser, me dess meir får det kjær.
Det atter og atter om hjarta oss tar,
når dag-randi glimar, når kveldsoli glar.

Å, dette landet, kor mektig det er!
I age me opp imot tindane ser.
Krystall-klår er lufti, mot himlen dei ris,
og brusande fossar syng Skaparens pris.

Å, dette landet, kor storfelt det er,
av høgfjell og fjordar so veldig ei verd!
Me gjeng gjennom Noreg, dei hundretals mil,
med sjør og skagar og villblomars smil.

Noreg, – dette landet me fekk av vår Gud!
Han fagert det dana, frå nord og til sud.
Han gav oss det evige liv med sitt ord.
Då glade me bur i vårt heimland her nord.

Under Vengetind

Her syng og susar det natt og dag,
og skodde-slør ligg i lette lag,
kring Romsdals-hornet og Vengetind.
Imot meg stryk det ein fjellfrisk vind.

Her grønkar fjellbjørk i kvar ei lid,
som ho hev grønka frå ævors tid.
Og kvite fanner i soli skin,
so kjøleg er dette lyse lin.

Frå toppen glider eit glitre-band,
ein bekk som brusar imot si strand.
Og der ligg fjellvatnet, klårt og stilt,
frå strandi lyfter seg fjellet vilt.

Her ser me får etter skapar-hand,
som eingong dana det fagre land
og over kvelvde ein himmel blå.
I blom og berg me hans makt kan sjå.

Der skin ei kveldsol på breden kvit;
igjenom skylaget skin det hit.
I vinternatti, i drivkvitt skrud,
ber stille stjernor eit bod frå Gud.

Når lidi livnar, det kved og syng.
Mot hausten lyser den raude lyng.
Og blide fjellblomar helsing ber
frå han som dana den vakre verd.

Og aller venast er Vengetind.
Frå fyrste stund tok han hugen min.
Han er so ljós ifrå topp til fot.
Han rørde vårt ved mi hjarterot.

Her krullar sky-ull seg kring deg tidt;
men elles lyser du milevidt.
Slik fekk eg sjå deg, ved gry, ved kveld.
Eg aldri gløymer det fagre fjell.

Ved Setten-sjøen

Sjå, bylgjone leikar so lett imot land!
Dei skvalar so mjukt og so lint mot si strand.
Ei glitrande sylv-strima kveldsoli strør,
frå vest og til aust, – sjå det glimar og glør!

Her er det vel ljukt i den stavstille kveld,
mens båror av solluft mot andletet vell.
Eg ser denne sjøen, med skogen ikring.
Ei bjølla og to ned mot strendene kling.

Ja, her vil eg sitja og landet mitt sjå,
den glitrande sylv-bru og himmelen blå.
Ja, her vil eg sitja til soli gjeng ned.
Her andar ein djup og useieleg fred.

Og seint vil eg gløyma den stundi eg fekk,
mens solskiva ned imot skog-randi gjekk.
Kor lyst er vel sumarens skinande skrud!
Kor fagert det landet me fekk av vår Gud!

Under Mardals-fossen

Evige Gud, me vert so små
når me ditt veldes verk fær sjå,
dei fjell som ris mot rømdi blå.

Evige Gud, du vert so stor,
du dana hev den fagre jord,
med underverk i sud og nord.

Ei glitre-sol skir frå kvelven blå,
kan noko venare du sjå?
Ho skin på fjell med nysnø på.

Evige Gud, du kjem so nær.
I sjø og fjell og fossar her
din visdoms velde klårt me ser.

Evige Gud, me lovar deg,
når fram i sky og storm du dreg,
når du i solskin hev din veg.

No ligg mitt land forklåra

No ligg mitt land forklåra,
i opphogd, himmelsk ro.
Som barn i blund det kviler no.
Kvelven er so klår og rein,
so blå og blank ein glimestein.
Og soli skin på denne duk,
på snøen skir og mjuk.

Ja, landet ligg forklåra.
I går det rauk, i røk og kok,
og stormen tak i trei tok.

Eit hav av snø-fjom lufti var,
i dans og drift i vinden hard.

I dag er landet omskapt.
Forklåra ligg det no,
i ophøgd, himmelsk ro.
Og soli fell på kvite fjell,
på nysnø-vidders skire skrud.
Det dana vart av Gud.

No spelar sporven opp igjen

No spelar sporven opp igjen,
den våte vinterdag.
So nøgd han sit i hekken sin,
og er i perlelag.
Han skjønar nok: mot vår det lid;
snart endar iskald vintertid.
Han kjenner milde vindars drag.

Du little sporv i torne-hekk,
som kved i skodd og sol,
me treng å skjemmast når me ser
du syng i armods skjol.
Du sutlaus er, – me syter tidi;
du kvitarar glad klivitt, kvivitt,
om vår og når det lid mot jol.

Ja, spel, du sporv, i torne-hekk!
Og syng i skoddehav!
Du ventar ei med voni di
til kulden dabbar av.
Å, den som kunne læra litt
og kvitra glad kvivitt, kvivitt!
og takka han som livet gav!

No blånar Guds himmel ut imot vår

No blånar Guds himmel ut imot vår,
og lufti er god og mild.
Ei livsbylgja inn imot landet går.
So fær me ei lys-tid gild.

Enn ligg det eit lin-teppe klårt og kvitt
og liver den kalde jord.
Men vindane viftar so mjukt og blidt.
Det gjeng imot vår her nord.

Og so er eg glad at eg enn ein gong
fær møta ein livsens vår.
Det tonar i barmen ein lyslyndt song.
Høyр sylvtonen skir og klår!

Epleblomen som snøen skin

I lyse kveldar,
når kvelven rodar,
eit syn so ovfagert
auga skodar.
Sjå, epleblomen
som snøen skin.
Snart fylgje fær han
av kvit syrin.

I desse draumfagre
vaknings-stunder
me ser dei tallause
skapar-under.
Kvar blom, kvart blad
fekk so skirt eit skrud.
Og angen er som
ei takk til Gud.

Men her det skifter
med vår og vetter.
Når det er sumar,
ein haust kjem etter.
Men eg hev høyrt,
og eg trur for visst:
Ei evig vårtid det vert til sist.

Gud seier det so vakkert med ein blom

Gud seier det so vakkert med ein blom,
dei reine, fagre fargar,
den fine, gode ange
ein avglans er av Herrens herlegdom.
Eit bod om hans stordom og velde han ber,
eit under av allmakt og visdom han er,
ein himmelens smil i ei audsleg verd.
På underfull vis
han syng Guds pris, –
ei helsing frå paradis.

Landet vårt ligg i eit ljosesens vell

Landet vårt ligg i eit ljosesens vell,
frå gry til kveld.
Seinare soli stig opp i aust.
No er det haust.
Himmelen kvelver seg æve-blå,
so ven å sjå.
Skogane stend i sitt gylne skrud,
lovsyng vår Gud.

Den lengste og lysaste dagen

Den lengste og lysaste dagen,
omsider han òg gjeng på hell.
Soli frå blå-kvelven glimar
i lyse og ljuvlege timar,
ut imot avdag og kveld.

Den lengste og lysaste dagen,
so tidleg han demrar i aust.
Soli, ho skrid i sin bøge,
og kvelds-himlen snart stend i loge.
Året, det gjeng imot haust.

Den lengste og lysaste dagen, –
hav takk for kvar ein eg fær sjå!
Om livsdagen lakkar og hallar,
til høgtid meg kvelds-klokkor kallar.
Eg inn til Guds dag då skal gå.

Eg elskar dei vide utsyn

Eg elskar dei vide utsyn
ut over hav og fjell,
ut over dei djupe skogar
og lier der fossar fell.
Eg elskar dei vide utsyn.

Eg elskar det ljose kvelds-land,
som logar når soli sig.
Det varslar so vent ei demring,
når strålande atter ho stig.
Eg elskar det ljose kvelds-land.

Og morgenlandet eg elskar,
når ljoset frå aust fell inn.
Sjå, doggperlor glim i graset,
og solstrålar smeikjer mi kinn.
Ja, morgenlandet eg elskar.

Eg elskar det store utsyn,
det evige perspektiv.
Aldri, nei, aldri skal enda
det salige Kristus-liv.
Eg elskar det store utsyn.

Slepp himlen i sjeli di inn!

So myrkt det i hugen kan verta,
so svart som ei seinhaust-natt!
Ikkje den minste skimt av sol,
ikkje ei liti stjerna er att.
So djup kan ei sjels-natt verta.

Slik vert det når Guds-ljoset sløkkjest,
samvitet dovnar og dvin.
Barnet i barmen døyvest og dør.
Ordet frå Gud ikkje skin.
Då byrjar det evige myrket.

So opna ditt hjarta for ljoset!
Slepp himlen i sjeli di inn!
Då demrar og gryr det mot morgen.
Guds rike forklåra du finn.
Du gjeng mot ei æveleg lys-tid.

Eit aftan-tempel fylt av fred

Å, denne himmelklåren
når vintersoli er gått ned!
Eit gull-land lyser langt der ute,
eit aftan-tempel, fylt av fred.

Å, denne himmel-elden,
som brenn so stilt, der langt i vest!
Det er som om han vil oss laga,
før natti kjem, ein fargefest.

Å, dette himmel-landet,
som logar der ei sol gjekk ned.
Mest kjær du er ved vintertide,
din ljose smil, din djupe fred.

God jol og Guds fred!

So helsar me atter: God jol og Guds fred!
Eit år er å nyo til ende,
men me i Guds gåva oss inderleg gled,
i det som i Betlehem hende.
Guds fred! alle kjære og kjende!

So helsar me atter: Guds fred og god jol!
Hans hugnad og fryd med dykk vere!
I verdi si natt skin ei strålande sol.
Vår Frelsar skje æveleg ære!
Guds fred, alle kjende og kjære!

Soli går ned for det gamle år

Soli går ned for det gamle år.
So er for alltid det enda.
Me undrast so smått på det nye me får,
kva som i det mon vil henda.

Soli går ned for eit mål av tid,
det hev for godt frå oss flytta,
med sorger og gleder og kvile og strid.
Kor hev den tidi me nytta?

Soli går ned for eit nådeår.
Gud gav so mykje i gåva,
sumar og vinter og haust og vår.
Han vil me evig høglova.

Soli gjeng ned, men me veit ei sol
som aldri ifrå oss vil fara.
Ho rann over verdi den fyrste jol.
Guds nådesol evig skal vara.

DET OLLAR EI KJELDA

*Mitt bankande hjarta –
å, skjelv ikkje so!*

Mitt hjarta, det er som ein skjelvande fugl,
eit bivrande, sitrande strå.
Då er det so godt, medan haust-vinden syng,
til Golgata-fjellet å gå.

I hausten eg er som ein bleiknande blom;
snart kan eg mitt solefall sjå.
Då er det so godt, medan kvelds-vinden syng,
til Golgata-fjellet å gå.

Der ser eg eit kors – det er tomt – og ei grav,
der soli ein fredagskveld seig.
Men påskedags-morgen gjekk ho or hav,
til livet ho sigrande steig.

Mitt bankande hjarta, å, skjelv ikkje so!
Og stilna, du sitrande strå!
For syndi vart sona; det sigra ei sol.
Eg glad vil til Golgata gå.

Eg høyrer i hausten at vårvinden syng,
for underet, det hende då.
Ein grunnvoll då lagdest som æveleg held.
På Golgata glad vil eg stå.

Ver ikkje redd!

Ver ikkje redd! – du har ein Frelsar,
som kjøpte deg til Gud med blodet sitt.
Kvar ein som kjem, han varmt velkommen helsar.
Guds barn du vert; eit evig liv er ditt.

Ver ikkje redd! – di synd er sona,
di gjeld betalt, og Jesus leid din død.
For Kristi skuld du kvila kan, og vona.
Han sjølv di rettferd er, og livsens brød.

Ver ikkje redd, for faderhandi
deg verna vil, – den armen fast deg held.
Han skal deg losa, til du stend på strandi.
For Kristi verk i tid og æva gjeld.

Ver ikkje redd for framtidens dager,
for solefallet og di siste stund!
Din Frelsar fører deg til livsens-hagen.
Der du for evig stend på sikker grunn.

Du kom, Herre Krist

Du kom, Herre Krist, i vår sorg og nød,
gikk inn i vår kval og vår kvide.
Du sonet vår synd, og du døde vår død
da du for vår skyld måtte lide.
Vi takker deg, Jesus, vår Frelser.

Du kom, Herre Krist, gjorde allting vel,
og livet ble nytt ved din nåde.
Med håp og med kjærlighet fyltes vår sjel,
og du for vår framtid vil ráde.
Vi priser deg, Jesus, vår Frelser.

Du kom, Herre Krist, kommer snart igjen,
oss henter til høytid ogære.
Så skal du i evighet være vår venn.
Og alltid hos deg skal vi være.
Vi tilber deg, Jesus, vår Frelser.

Korsets tre ble livets kilde

Korsets tre ble livets kilde.
Der ble verdens skyld betalt.
Fra Jesu hjerte blodet fløt så stille.
Det fullført var, da Jesus sonet alt.

Korsets tre ble troens hvile.
Å, hvor godt dit opp få se!
Der slipper sjelen sørge mer og tvile.
Der finner hjertet frihet, fryd og fred.

Korsets tre ble håpets anker;
det er trygt og godt og fast.
Der hvile er for mine trette tanker.
Den ankergrunnen aldri, aldri brast.

Jeg ved korsets tre vil knele.
Livets kilde veller der.
I liv og død jeg vil ved korset dvele.
Der kvitere enn snø er mine klær.

Allting vart ordna på Golgata

Jesus deg frelste på Golgata.
Verket vart fullført der.
No kan du koma og ta imot,
koma slik som du er.

Frelsa vart vunnen på Golgata,
vunnen for deg og meg.
Jesus betalte di store skuld.
Han gjekk din soningsveg.

Allting vart ordna på Golgata.
Gud vart forsona der.
No kan du koma og finna fred,
kledast i kvite klær.

Golgata-verket er fjellgrunn god.
Trygt kan du kvila her.
Kom då til korset, til liv og fred!
Kom berre slik du er!

Vårt liv er løynt med Kristus i Gud

Den frelsa Gud tilbyr, er utanom oss;
i Jesus Krist er ho gøymd.
Han syndi vår sona på Golgata kross.
For Kristi skuld vert ho gløymd.

Han fullførde frelsa på Golgata.
Den gongen var me ikkje med.
Han skuldi vår tok då han gjekk i vår stad.
No fritt byd han liv og fred.

Vårt liv, der er løynt med Kristus i Gud.
Og når han kjem att eingong,
då stend me med honom i skinande skrud.
Då tonar den sære song.

Rekna med Gud!

Rekna med Gud!
Då skal du fjellstødt standa,
frimodig, fritt i all di livstid anda,
i dødsens drag-søg vert ei dregen ned.
I verdsens ville uro eig du fred.

Rekna med Gud!
Frå korset Kristi hender
mot deg er strekte.
Soning han deg sender,
kvar dag deg byd eit ubrukt rulleblad,
so kvitt og reint, – so kan du ganga glad.

Rekna med Gud!
Han styrer livsens lagnad.
Og vert det natt, omsider skal det dagna.
Han heimsens herre er, som døden driv.
For Kristi skuld han gjev deg evig liv!

Du aldri kan rekna for mykje med Gud

Du aldri kan rekna for mykje med Gud.
Ingen ting er umogleg for han.
Du maktar so lite, men han maktar alt.
Og gløyma deg ikkje han kan.

Du aldri kan rekna for mykje med Gud.
Han deg elskar langt meir enn du trur.
Han er rik nok for alle som kallar på han.
Han ser deg, og veit kvar du bur.

So rekna med Herren, hans kjærleik og makt!
Han for deg skal fullføra sitt verk,
til salig du står på den himmelske strand,
med handi si kjærleg og sterk.

Vi fikk et navn til evig eie

Vi fikk et navn til evig eie,
det himlens rikdom i seg har.
Vi takker Herren i det høye
som denne arven til oss bar.
Og dette dyre navn er Jesus.

Hver en som tar sitt hjertes tilflukt
til dette kjære Jesu navn,
i evighet skal ei fortapes,
men nå den trygge himmelhavn.
Ha takk, o Gud, for navnet Jesus!

Hva her vi vant, vi engang mister,
men ingen arven fra oss tar.
Når øynene i døden brister,
et evig liv hos Gud vi har,
i kraft av frelsernavnet Jesus.

Han i livet og døden vil gjelda for deg

Du kan rekna med Jesus, din Frelsar og bror,
for i himlen dei reknar med han.
Han er din med si soning, sin siger, sin fred,
din med alt han på korset oss vann.

No ser Gud deg i Jesus fullkommen og rein,
og han reknar med han, ei med deg.
For han gjekk i din stad, og han stridde din strid.
For di skuld han for Gud syner seg.

Set di lit til din Frelsar, og frihuga ver!
Du får rekna med han, einast han.
Han i livet og døden vil gjelda for deg,
vera din med den siger han vann.

Då vert sjeli stø og sterk

Jesus gjorde opp for meg,
all mi gjeld har han betalt.
Synd og skam, han sona alt,
då han sjølv heilt ofra seg.

Jesus gjorde opp for meg;
so er eg i sanning fri,
løyst og sæl til evig tid.
Jesus Krist, eg lovar deg.

Hjelp meg, Gud, å kvila der,
i eit fullført frelsesverk!
Då vert sjeli stø og sterk,
Golgata og himlen kjær.

Frelsas ligg ferdig

Frelsas ligg ferdig i Jesus,
vunnen for deg og meg,
som om me sjølve hadde gått
Frelsarens lidingsveg.

Frelsa ligg ferdig i Jesus.
Fullført det er! han sa.
Det var for deg han døden leid
den gong på Golgata.

Frelsa ligg ferdig i Jesus, –
alt han for deg har gjort.
Skuldi betalte han med blod,
opna deg himlens port.

Frelsa ligg ferdig i Jesus, –
ho er med rette di.
Retta då ut di tome hand!
Då vert du frelst og fri!

Rik nok for alle

Vi er fattige, vi; intet godt i oss bor,
og vi kan ikke elske vår Gud og vår bror.
Da det lyder et ord i vår nød og vår skam:
Han er rik nok for alle som kaller på ham.

For vår Frelser og bror var uendelig rik,
hadde himmelens herlighet; Gud var han lik.
Men så fattig han ble, var Guds sonoffer-lam.
Han er rik nok for alle som kaller på ham.

Så vi kaller på ham, og hans rikdom er vår,
i hans renhet for Gud vi rettferdige står.
I hans navn vi med frimod for tronen går fram.
Han er rik nok for alle som kaller på ham.

Endelaust rik

Han veit om di trengsla, din fattigdom,
han ser det, men rik du er.
For du gav Jesus i hjarta rom,
hans namn på di panna ber.
Din rikdom har du i Jesus.

Og då er du endelaust rik, mi sjel.
Hans nåde er nok for deg.
Når du har Kristus, då alt er vel,
om fattig du gjeng din veg.
Din rikdom har du i Jesus.

Kor stort at han veit om din fattigdom,
di trengsla, men rik du er.
For du gav Kristus i hjarta rom,
hans namn på di panna ber.
Din rikdom har du i Jesus.

Det er ein som har omsorg for oss

Me tyr inn til vår Frelsar, – han lever i dag.
Me finn kvila og livd ved hans kross.
Kor stort, medan hjarta vårt slær sine slag:
Det er ein som har omsorg for oss!

Han har plass for kvar einskild i omsorgi si,
for kvar ein er hans hjarta i brann.
Han har tilsyn med oss medan dagane lid.
Me er alltid i omsorg hos han.

Det er opna til nåden si truna ei dør,
dit med frimod kvar dag me kan gå.
Der vår trøng og vår lengsla me fritt nemna tør,
og me miskunn til hjelp der skal få.

Vegen til livet

Jesus er vegen til livet;
er du i samfunn med han,
gjeng det kvar dag imot målet,
heim til det herlege land.

Sanningi sjølv, det er Jesus,
lyset som leider deg fram.
Fylgjer du honom på ferdi,
skal du 'kje koma på skam.

Jesus er livet si kjelda;
drikk du av henne kvar dag,
skal du i æva få leva
med livet sin hovding i lag.

Han går ikkje ein forbi

Når her me får samlast om Herrens ord,
til kvile frå strev og strid,
då æve-livet i hjarta gror.
Han går ikkje ein forbi.

Når Jesus oss bed til sitt nattverd-bord,
er gāva hans full og fri.
Han gjev oss ein rikdom so raust og stor.
Han går ikkje ein forbi.

Vår Frelsar er rik nok for ein og kvar,
den same til evig tid.
Ein fullnad av nåde han enno har.
Han går ikkje ein forbi.

Den gode hyrding

Salme 23

Me er so trygge hos Jesus;
den gode hyrding han er.
Og omsorg han har for flokken;
ved barmen han lammi ber.

Me er so sæle hos Jesus.
Til kjelda der kvild me får,
han leida oss vil, til engjer
der graset det grøne står.

Og sjølv om me skulle vandra
i dalen døkk som ei grav,
me ottast ei; du er med oss.
Oss trøystar din kjepp og stav.

På augo åt fiendflokk
du dukar for oss ditt bord.
Du salvar vårt hovud med olje.
Di signing er rik og stor.

Og bare godhet og miskunn
skal fylgja oss dag for dag.
So skal i hans hus i æva
med Herren me bu i lag.

Det gjelder et navn

Det gjelder et navn i himlen i dag.

Det gjelder for deg og meg.

Han seiret for oss i et skjebne-slag,
for oss gikk så tung en vei.

Det gjelder i lyst, det gjelder i nød.

Det gjelder i liv og død.

Vi elsker det navnet, Jesus.

Det gjelder et navn i himlen just nå.

Det gjelder i storm og strid.

Det gjelder når himlen er klar og blå.

Det gjelder til evig tid.

Selv gjelder jeg intet, – så arm er jeg.

Men Jesus gjelder for meg.

I dette navn skal jeg seire.

Han tok ein røvar heim til paradiset

Han tok ein røvar heim til paradiset.

All von var sløkt, det ute var med han;

men Frelsaren si miskunn ville vise

og tok han med til livsens lyse land.

Den fyrste som hans frelse-frukt fekk smaka,
ein stakkars røvar var, med livet spilt.

Den naglemerkte handi der på korset
til paradiset tok han, trygt og mildt.

Eg treng den same miskunn når det kveldar,
eg treng den same sterke frelsar-hand.

Lat meg få sjå dei same kjærleiks-eldar,
og lyft meg varleg inn i livsens land!

Lyset si kjelda og livet sin brunn

Ei morgonsol inn ifrå høgheimen glitrar;

ho vermer vår jord frå det blåaste blå.

Dei signande strålar i morgenluft sitrar;
dei kysser kvar blom, kvart eit bær og kvart står.

Kor ljuvleg er jordi i morgonsol-klåren;
for lyset og livet frå himlen ho har.

Det mognar om hausten, det vaknar i våren,
når dagen vår demrar, når kveldsoli glar.

Kor ljuvleg det er, – me hev lyset si kjelda!

Kor herleg det er, – me hev livet sin brunn!

Kvar morgen om vår ser me knuppane svella,
og kornåkrar glima ei mogning-still stund.

Og himmelen kvelver seg høgt over jordi,
og tallause stjernor han hev i sin famn.

Gud Herren er evig, – eg kviskrar dei ordi.
Eg nemner med age det heilage namn.

Du tok meg med i livsens straum

Du tok meg med i livsens straum,
meir fager enn den beste draum.

For det eg varmt deg takkar.

Ja, takk at eg fekk vera med!

Det nderleg mitt hjarta gled
når no mot kveld det lakkar.

Litt sorgmod fyller vel mi skål
når no eg nærmar meg mitt mål
og aftan-klokkor kallar.

Men det er von i hjartans slag:
Det ventar meg ein evig dag
i ljose himmelhallar.

Det stundom klårnar imot kveld,
det stilnar innmed fjord og fjell
og i dei djupe dalar.
Forklåra ligg då livsens land,
med purpur i mi himmelrand,
og mange minne talar.

So gjeng eg trygg dei siste mil,
og sig det mot meg skodd og tvil,
eg meg til Kristus vender.
Han seier: Den som trur på meg,
skal ikkje døy, men finna veg
til ljose himmelstrender.

GYLLEN HAUST

Mot haust

Dagen hev stutna, og sol-gangen med.
Tidleg ho no gjeng til ro.
Alltid den same er kvelden sin fred.
Stilla er ljuvleg og god.

Slik hev det vore frå år og til år:
Høgsumar gjeng imot haust.
Men etter jol gjeng det atter mot vår.
Tidleg renn soli i aust.

Slik hev det vore i livet mitt òg.
Våren eit minne er no.
Lenge det er sidan jonsok eg såg.
Voni er ljuvleg og god.

For ho ser fram mot ein æveleg dag.
Han imot solfall ei går.
Der får me vera med himlen i lag
i ein uendeleg vår.

Atter høst

Umerkelig går tiden:
Vinter, vår og sommer.
Så kommer
høsten siden.

Et korn ble lagt
i vårens muld;
det døde.

Men livet seiret,
se – det står
med gyllen grøde!
I solen glimer det
som gull.

Et under, ja,
et livsens under.
Vi ser det nu
i høstens stunder.

Krist lot seg føde,
gikk inn i tiden.
Han gikk omkring
og gjorde vel,
og siden
på korset døde.
Men livet seiret,
graven brast.
Nå lyser livsens grøde:
Guds menighet utover jord.
Det ble en høst
så rik og stor.

Ein haustdag still og glitre-klår

Kor skal eg kunna lova Deg
for alle under på vår veg?
Ein haustdag still og glitre-klår
tilbeding til di truna går.

Dei gylne åkrar mogne stend;
i graset doggi glør og brenn.
Og soli glim frå kvelven blå,
og skogen er so ven å sjå.

I lidi raudnar lyng og bær,
i hagen frukti mogen er.
Ho heng so skir på greini si.
Å, for ei gild og ljuvleg tid!

Kor skal me kunna lova Deg
for alle under på vår veg?
Det er vår von: Deg eingong sjå.
Å, kor skal me Deg tilbe då!

Kor det er stort å vera til! –
Ein haustdag, solvarm, ven og still
eg minnast må den nye jord.
Der skal me lova Kongen stor.

Å, gylne haust!

So fekk eg etter ein morgen sjå
med glitre-sol under kvelven blå,
og gylne åkrar som mognar nå.

So fekk eg sjå denne skire kvelv.
So stilt at sjølv ikkje ospi skjelv!
Meir lognt mot haust fløymer livsens elv.

Ja, det er haust over Noreg no.
Snart glimtar skogen i lauvfalls-glod.
Og lyngen lyser på myr og mo.

Eg ser dei saft-fulle, mogne bær
og apal-greini som bognar her.
Du fagre haust-tid, du vart meg kjær.

Å, gylne haust, du er skir og klår.
Og sjølv om hugen er sorgmod-sår,
eg ser med von fram mot neste vår.

No hev soli sitt lågmål nått

Sjå, no hev soli sitt lågmål nått, –
so stutt, men kjær, er den glimen.
Ho seint ris opp, og gjeng snart til ro;
eg ser ho stend over åsen no.
Og ven er den solfalls-timen.

Men berre venta, ho snart skal snu!
Då lengjest dei statte dagar.
No fort det lider ut imot jol;
då vender ho, den velsigna sol.
Takk, Gud, som so fint det lagar!

So stend ho still, med so ljós ein smil,
frå rømdi ho varmt oss helsar.
Det logar opp der ho gjeng til ro.
Mot jol det lid, med det sæle bod:
”I dag er det fødd dykk ein Frelsar.”

No gjeng ho stilt til ro

Sjå, der gjeng soli stilt til ro,
i gull og glod.
So stutt var dagen no før jol;
dess meir hav takk, desembersol!

Den korte – nokre timars – ferd
alt enda er.
Men berre fåe dagar att,
so vender den velsigna skatt.

Ja, no gjekk soli stilt til ro,
i glim og glod.
Min livsdag òg mot kvelden går.
Men soli vender – ut mot vår.

Flyttfuglane

Når sommaren sist på tek ende,
då samlar seg flyttfuglars här.
Ein lengsel i barmen dei kjende
til landi der solvarmen er.

Ein dag lyftest tusentals vengjer,
tek til på den ovlange ferd.
Og flyttfugle-trekket seg trengjer
mot sud, mot ei varmare verd.

Dei veit at med svalare kveldar,
so nærmar seg skilnadens stund.
Når liene logar som eldar,
då ventar ein varmare lund.

Guds folk er som flyttfuglars skare,
som ventar på ferdi mot sud.
Dei lengtar til himlen å fare.
Dei stundar til kvila hjå Gud.

Ein dag flyttfugl-skaren seg svingar,
tek til på den fagraste ferd,
forbi alle stjerneheims-ringar,
mot himlen, Guds evige verd.

Dei ventar ein sommar der borte,
eit varmare, vakrare land.
Å, tenk, nokre vengje-slag korte –
so ser me den sollyse strand!

Etter Lydia Lithell: ”Flytt-fåglarna”

Noko veit eg som ikkje fell

Det er ikkje bare lauvet som fell
ein seinhaust-kveld.
Menneskelivet er sommar-kort.
So fell me bort.

Det er ikkje bare bladi som dett,
so lognt og lett.
Menneskelivet som lauvet er, –
vår haust er nær.

Men noko veit eg som ei fell bort
etter dagen kort.
Livsfriske knuppar på greini står, –
ei von om vår.

Det klårnar mot kveld

Stundom det klårnar fyrst ut mot kvelden.
Dagen var skytung og trist.
Vent er det då skoda solfalls-elden
loga og lysa til sist.

Slik er det stundom i livsens-dagen.
Mangt vart i myrker mist.
Lell er det stort: stå i solfalls-hagen,
sjå kor det klårnar til sist.

Skyene splittast i solfalls-timen;
kvelven er klår og rein.
Fagert det er skoda gullglans-glimen
i haustkvelden still og sein.

Gull-bladi glid

Gull-bladi dett,
lognt, lett,
ned i den stille hage,
utan ein sukk,
utan klage.

Å du, for gull!
Skogen er full.
Minkar det no med malmen.
Nakne snart står –
budde til vår –
ospi og bjørki og almen.

Gull-bladi glid,
lydlaust skrid;
men på dei spede tuppar
ferdig står –
ventar på vår –
livsfriske, skjold-kledde knuppar.

Stilla og gullet

To ting tek meg ein seinhaust-dag,
gjerne eg nemna dei skulle:
Stilla det er – og gullet.

Ikkje eit ospelauv lear seg.
Seinhaust-soli meg varmar,
signar med stråle-armar.

Still stend skogen i helgedags-fred,
prydd i den gylne bunad.
Å, for ei fager kruna!

Bjørkene brenn nokre dagar enn
med famnane sine fulle,
i stilla, av skiraste gullet.

To ting tek meg ei seinhaust-stund;
gjerne eg takka skulle
for stilla og so for gullet.

Oktober-kveld ved skogen

Freden er til å ta på
inne ved skogen i kveld.
Ikkje ein fugl som piptar.
Bladi til bakken fell.

Ospi og raunen og silja
lyser som glødande gull.
Bjørki, den vene bruri,
er av den malmen full.

Freden er til å ta på
ut imot året sin kveld.
Liene logar og lyser.
Dagen gjeng fort på hell.

Dobbelt gull

Ved solfall ein oktoberkveld
kvar li er fargefull.
Og når frå vest so glimen fell,
då er det dobbelt gull.

Då fagert er mitt fredreland,
og hugen sorgmodsfull,

men gled seg at eg skoda kan
eit tvifelt farge-gull.

So takkar eg for våren varm,
med livsens brudedrakt,
men òg for hausten, ven, men arm,
med gyllen fargeprakt.

Når enda er mitt jord-livs tid –
farvel eg seia skal –
å, at det då litt gull må bli
i livsens solefall!

Bjørk i snø

Eg såg ei bjørk som var vend mot vest;
ho tøygde seg som ho kunne best.
I solefallet ho stod og skein;
ho åtte endå ei lauv-drakt rein.

Den drakti lyste og gleim som gull,
i seinhaust-morgenon underfull.
Dei andre bjørker stod ribba att, –
ho åtte endå den gylne skatt.

Men dagen etter den bjørki står
med nysnø skir i sitt gylne hår.
Ein haust er enda, ein vinter kald
tek bjørk og lauv i sitt kvite vald.

Eg liknar bjørki, – med sylv i hår
eg også bøygd mot mitt solfall står.
Og når so vinteren kjem til sist,
so stend det knuppar på livsens kvist.

Hausten er kviletid

Hausten er kviletid;
svevnen er söt og blid,
mogning og vekst forbi.

Sorgmod-sukk tung og sår
gjennom all skapning går,
ventar på neste vår.

Skogar i haustleg skrud,
solglim so skir frå sud.
Glöym oss ei, store Gud!

Sjølv eg i hausten står,
sorgmod i sjeli rår.
Gud, gjev den gode vår!

Våren ligg alt i hausten göynd

Lauvfall i lund og li;
sumaren er forbi.
Mot sør dreg grågås-plogar
høgt over sjø og skogar.
Endt er den ljose tid.

Ribba stend kvart eit tre.
Nei, dei er ikkje det!
Friske og ferdige knuppar
kvilar på alle tuppar.
Det kan ein vandrar gle.

Det er den nye vår, –
gøynd alt i hausten står.
Og på dei spede tuppar
livstreet mitt hev knuppar.
Glad eg mot æva går.

Eg elskar hausten – og ser fram mot våren

Det susar tungt og sterkt i store tre,
som opp mot haustens himmel høgt seg tøyer.
Men apal-greini, ho seg lutar ned;
med mogi frukt ho seg mot bakken bøyer.

Og åkrane, med havre, bygg og rug,
i solgangs-brisen voggar mjukt og bårar.
Og kringom stend den djupe, døkke skog.
all skapning stundar imot nye vårar.

September-soli er so god i dag,
frå himmel-blået blenkjer ho og varmar.
Og vinden gjeng i blide båredrag,
og kinni smeikte vert av stråle-armar.

Ja, det er haust, so rik på glim og gull.
Og vakker er han med september-klåren.
Og midt i alt so er han vemodfull.
Eg elskar deg – og lell ser fram mot våren.

GYLNE HØVE

Gylne høve

Gylne høve til å gi,
til å nyitta dag og tid,
gjeva kjærleiks ord og smil,
til å gå ”den andre mil”.
Slik det var av himlen meint.
Må det ikkje bli for seint!

Gylne høve til å så,
ut på Herrens åker gå,
høve til å sokja Gud,
vinna rettferds reine skrud,
livet på den nye jord,
der ei evig lilja gror.
Slik det var av himlen meint.
Må det ikkje bli for seint!

Tungt det ein gong verta må
alle gylne høve sjå
som du lét ifrå deg gå.
Å, det var ein fager skatt, –
no du stend so fattig att.
Dagen kvarv – no er det natt.

I dag

I dag har du høve,
i dag kan du gi.
I morgen kan henda
endar di tid.

I dag kan du seja
om Jesus eit ord.
I morgen for seint!
Di tid frå deg för.

I dag kan du ærend
for Frelsaren gå.
I morgen for seint.
For natti fall på.

I dag kan du sokja
ein æveleg arv.
I morgen for seint.
Din nådedag kvarv.

Hjelp oss å gi!

Hjelp oss å gi
og brukar vår tid!
Timane flyr,
og dagen er dyr.
Å, må me nyitta dei høve du byr!

Frelsaren sa:
Sælare er det
å gi enn å ta.
Mens enn du har høve,
so gi og ver glad!

Gud, høyr vår bøn!
Sjølv gjev du løn.
No skal me så, –
då får me sjå
glimande åkrar.
Kor jublar me då!

Det korn du i moldi kastar

Haldt ikkje noko unnan
av det du til Gud skal gi:
Ditt hjarta, di helg, din kvardag,
ditt offer, di dyre tid!

Haldt ikkje noko unnan,
men legg det i Herrens hand!
Med rentor du att det møter
ein gong i det gode land.

Haldt ikkje noko unnan!
Då visna og døy det vil.
Det korn du i moldi kastar,
sjå, det høyrer æva til.

Haldt ikkje noko unnan
av det som din Gud deg gav!
Då skal du alltid få ausa
av endelaust rikdoms-hav.

Misjonen – ei glede-bylgja

Misjonen tok til i himlen:
Gud sende sin eigen Son.
Han livet sitt gav for verdi,
vart ætti si trøyst og von.

Misjonen heldt fram den dagen
då Jesus på berget stod
der oppe i Galilea,
gav sine eit heilagt bod.

Misjonen held fram til stundi
vår Frelsar kjem att til jord

og frelse frå alle ætter
skal benkast ved himlens bord.

Misjonen – ei glede-bylgja
som ut over jordi går
og ikkje stansar før verdi
hev fenge den fulle vår.

Det er nokon som ropar

Det er nokon som ropar –
nettopp på deg,
som ventar på lys
på den dødsmyrke veg.
Det er nokon her heime,
i heidningland.
So hører dette ropet,
og svar mens du kan!

Det er nokon som ropar, –
naudi er stor,
Og ropet i natt,
det kjem frå din bror.
Å, du som fekk livet,
og lys på din veg,
seg, kva vil du svara?
Dei ropar på deg. –

Jesu kjærleik gjeld kvart folk

Jesu kjærleik gjeld kvart folk,
kvar ei ætt på denne jord.
Ver då Kristi kjærleiks tolk!
Gjev deim livsens dyre ord!

Jesu kjærleik gjeld kvart land.
Han hev døytt for kvar og ein.
Lat då kvar ei møy, kvar mann
møta denne kjærleik rein!

Jesu kjærleik enno brenn
mot kvar stamme og kvart folk.
Mange av deim lengtar enn.
Ver då Kristi kjærleiks tolk!

Misjonen – en utstrakt hånd

Misjonen er en utstrakt hånd
til alle tungemål og folk,
vår Herre Jesu Kristi tolk,
med livsens ord og sannhets Ånd.

Misjonen er et håndslag varmt.
Hver én vi møter, er vår bror,
som trenger livets skaper-ord,
til frelse for et hjerte armt.

Misjonen – Jesu hjertesak.
Det banker for hver sjel på jord.
Så gi det gode glede-ord
til alle under himlens tak!

Eg ser på to ovstore auge

Til biletet av eit barn i ”Das Wort in der Welt”

Eg ser på to ovstore auge;
men dei ser ikkje på meg;
dei ser ut i den lause lufti:
Skal tru om hjelp er på veg?

So store dei vart av å stira,
i andletet magert og tunt.
Kor sårt å sjå desse auge
som lite gleda vart unt!

Det auge er som ein oldings,
ja, endå større dei er.
Dei store vart av å stira
ut i ei vonlaus verd.

Å, kunne eg berre fara,
ganga dei tusund mil,
møta deg – i ditt auga
tendra ein gledesmil!

For gamal eg er å ganga,
men endå so veit eg råd:
Eg hjelpa vil med mi gåva
so andre for meg kan gå.

Gi det du har!

Gi det du har, til din Frelsar!
Sjølv gav han alt til deg
då han på Golgata blødde,
døydde for deg og meg.

Gi det du har, til din Frelsar!
Legg det i Herrens hand!
Eingong du atter det møter
glad i det gode land.

Gi det du har, til din Frelsar!
Rik du for alvor blir.
Sjølv vil kvart tomrom han fylla,
signa den skatt du gir.

Sælare er det å gjeva,
Frelsaren sa, enn få.
Det skal me glade få sanna
når me Guds haust fær sjå.

Er det få?

Er det få
som har lært den høge kunst
å gi?
Seg, kor skal det då
deg eingong gå?
Korleis skal hausten bli?

Er det få
som vil gi
si dyre tid
for Han
som eingong på korset
alt oss vann?

Er det få
som vil gå
til det gode land,
som vil himlen nå?
Korleis skal kvelden bli?

Å, lat oss gi
medan enn
det er tid!
Kom, lat oss gå
so me himlen kan nå!

Du gjorde det du kunne

Å, kor stort om det eingong ved himmelens port
kunne seiast om deg og om meg:
”Det du kunne, for meg vart i dagen din gjort,
mens du vandra mot målet din veg.”

Herre, hjelp meg å gjera di gjerning med trott,
med eit u-kloyvt og heilhjarta sinn,
so at eingong, når livet sitt kvelds-land er nått,
til di gleda eg sæl kan gå inn!

Vi vil dele vår arv

Så gir vi med glede
fordi vi får gi,
i innhøstningens
korte tid.

Vi som selv fikk
Guds rikdom,
den evige trøst,
vi vil berge
den store høst.

Vi vil dele vår arv
med vår fattige bror,
vi vil sende ham
livsens ord.

Vi med glede og takk
av vår rikdom vil gi,
mens det ennå
er dag og tid!

Ja, vi såkornet sår
mens det ennå er vår.
Vi skal høste engang
med sang.

Du fikk en fakkel i din hånd

Har du for alvor tenkt på det,
du som fikk alt i eie:
Så mange vet ei om Guds fred
og kan ei livet greie?
Foruten lys sin vei de går,
foruten von og uten vår.
De ber om broderhender.

Du eier alt i overflod,
Guds råd så rikt fikk kjenne.
Men denne arven stor og god
skal nå til jordens ende.
Du fikk en fakkel i din hånd,
å, la den gå fra mann til mann,
til alle bor i lyset!

Du må ei ha det for deg selv,
du som har fått det hele!
Det grenseløse rikdoms vell
du må med bror din dele!
Og når du rikt ditt såkorn strør,
du selv blir rikere enn før, –
og andre evig glade.

Livets risiko

Vet du: to veier er det
som går gjennom livets land.
Enten mot mørket bær' det,
eller til lysets strand.
Si – hvilken vei vil du vandre?

Vet du: to porter leder
til veien du vandre skal, –
enten til himlens glede
eller til dødens hall.
Si – hvilken port vil du velge?

Risiko-fylt er ferden.
Husk det i livets vår!
Velg da Guds vei i verden!
Inn den til livet går.
Aldri det valget du angrer.

Stort å få sjå

Stort å få sjå,
borni og blomane,
himmelen blå.
Synet kan langt
ut til stjernene nå.

Størst er det då
himmelens rike
i trui få sjå,
og so til sist
inn til livet få gå.

Det kvite papir

Det kvite papir
er 'kje tenkt til å liggja
og berre lysa so bjart.
Det danast, og ventar at varlege hender
skal koma snart, –
ventar at hender skal forma i fargar
eller i kvitt og svart.

Det kvite papir, –
det vart sulka og sverta;
skrifti var stygg so tidt.
Så fekk eg koma kvar morgen og henta
eit som var nytt og kvitt.
Det som var mislukka,
ut vart det stroke,
Herre, ved blodet ditt.

Eingong, når æva bryt inn,
fær eg henta
kvitaste rulleblad.
Der skal eg skriva med fullkomne fingrar
fagraste hyllings-kvad.
Aldri, nei, aldri det bladet vert sulka.
Å, kor den von gjer meg glad!

KVAR DAG — EIT EVENTYR

Kvar dag — eit eventyr

Kvar dag er som eit eventyr;
so mykje nytt eg ser.
Og det som eg frå før hev sett,
som nytt det òg seg ter.

Eg lever i ei under-verd;
alt fekk so fint eit skrud.
Og attom alt stend Skaparen,
den evig gode Gud.

Eg veit at mangt av synd er skjempt.
I vondt mangt godt vart bytt.
Men han hev lova: Eingong alt
skal verta ungt og nytt.

So vandrar eg min pilgrimsveg.
Min Frelsar, tak mi hand
og leid meg varleg steg for steg
heim til det gode land!

Enn gjør han vann til vin

Jesus velsigner vår hverdag.
Han er vår beste venn.
Andre ifra oss må vandre.
Jesus er hos oss enn.

Jesus velsigner vår glede.
Enn gjør han vann til vin,

kler oss i frelsens klede,
lysende rettferds-lin.

Jesus velsigner vår smerte,
læger det sår som svir,
signer vår hvile, vårt virke,
framtid og von oss gir.

Jesus velsigner vår vandring,
hjelper i sorg og nød,
signer vår lengsel og liding,
lyser i liv og død.

Jesus er alltid den samme.
Han kan vi stole på.
Og når det kvelder, da får vi
inn til hans glede gå.

Gud, ta min dag i dine hender!

Etter ei bøn i ”Jeg synger din lov dagen lang”

Gud, ta min dag i dine hender;
den er så dyr en perleskatt!
Velsign hver time solen teller,
til etter det er kveld og natt!

Gud, ta min dag i dine hender!
Sett om de kjære englevakt!
La våre henders gjerning lykkes,
og vern oss imot mørkets makt!

Gud, ta min dag i dine hender!
Velsign mitt folk og fedreland,
hver slekt og stamme i vår verden,
så langt som bølge slår mot strand!

Gud, ta min dag i dine hender!
La meg få vandre tett ved deg!
Så vil jeg gå med sang i sinnet
det nye lille stykke vei.

Han lever i vår kvardag

Han levde i vår kvardag,
og delte våre kår.
Han enno er den same,
i alle våre år.
Han signar ungdoms-våren,
vår sumar og vår haust.
Han doggar hjartejordi,
gjev frukt, rikt og raust.

Kvar dag so er han med oss,
om den er grå og tung.
Den tru som vinn på verdi,
er enno frisk og ung.
I bratte motgangs-bakkar,
på solrik kjeldevang,
han ogso der er med oss,
oss vernar på vår gang.

Han lever i vår kvardag
og deler våre kår.
Han alltid er den same,
i alle våre år.
Når det omsider kveldar,
ved enden av vår veg,
då kjem den trugne venen
og tek oss heim til seg.

Ta med deg inn i din kvardag –!

Ta med deg inn i din kvardag
at Jesus er alt for deg!
Hans rettferd skal evig gjelda.
Han vara deg vil på din veg.

Ta med deg inn i din kvardag
at han deg på korset vann!
Alt har du i Jesus Kristus.
So rosa deg bare i han!

Ta med deg inn i din kvardag
at omsorg for deg han har!
Han ber deg på ørnevenger,
din Frelsar, din ven og Far.

Ta med deg inn i din kvardag:
du går mot det gode land.
Der gleda er utan ende.
Og der får du møta Han.

Ta med deg inn i din kvardag
at Herren gjer allting vel,
deg fører på rettferds stigar
til eingong du sovnar sæl!

Mitt livskall

Du har en gjerning til meg, Gud,
en vei som jeg skal gå.
Men jeg er rådvill; hjelp du meg,
at klarhet jeg kan få!
La meg få se det åkerland
der jeg skal sæden så!

Jeg bare denne ene gang
igjennom verden går.
Du vet min vei; så før meg fram
mens jeg er ung av år!
Ja, led meg med din sterke hånd,
så jeg mitt livsmål når!

Jeg vet ei hva som ligger gjemt
i framtids-landet mitt.
Og veiene så mange er;
jeg derfor famler tidt.
Du har en plan, å, vis meg den!
Jeg venter kallet ditt.

Lik laksen

Me må gå mot den straumen
som nedetter dreg!
Me må gå på Guds gode veg.

Me må gå mot den straumen
som tyner vårt folk.
Me må vera Guds sannings tolk.

Me må standa lik laksen
i fossen strid,
tena Gud og vårt folk i vår tid.

Me må standa lik laksen
i fossen klår.
Me må gå mot den gode vår.

Me må trassa eit krevjande,
nytings-sjukt sinn.
Me må gå mot den kvite tind.

Opne heimar

Opne heimar ber Jesus om,
opne dører og opne sinn.
Gleda er det i himmelen
når slike heimar vår Frelsar finn.

Opne dører for kvar og ein,
ven og uven, og rik og arm.
Lat dei finna når inn dei kjem,
at hjarte-elden brenn klår og varm!

Ver då gjestmild! – og heimen din
får til signing so rik ein skatt.
Somme har, – dei det visste ei,
høge englar til gjester hatt.

Opne heimar ber Jesus om,
der det tonar til Herrens pris.
Sjølv han har, ved sin lidings-eld,
opna døri til paradis.

Søndagen tapt?

Å halda helg,
det var so fin ein skikk.
No er det traktor-dur og biltrafikk.

Før var det helge-stilt
kring land og strand.
No er det bråk og ståk og bråtebrand.

Før var det fred – på tun, ved sjø, i skog.
No driv dei på
med øks og horv og plog.

Før var det høgtid,
kyrkjeklokke-låt.
No høyrest det frå skytebanen skot.

Før var det ”helgefred
med tempel i”.
Det synest som den tidi er forbi.

Den gamle skikken
kjem nok aldri att.
Men, Noreg, du hev mist ein fager skatt.

Med levestandard
av det høgste slag
du fattig er forutan helgedag.

Må aldri koma
til vårt land ein gong
ei tid forutan kyrkjeklokke-klang, –
ei tid forutan folk på kyrkleveg.
Og over ingen himmel
kvelver seg.

Sæl kvar ein som ved solefall

Ein og annan so stilt gjeng bort;
me færre vert att her nede.
Sæl kvar ein som ved solefall
gjeng inn til sin Herres glede!

Dagen lakkar, so snøgt han lid,
og klokkor til kvile kallar.
Sæl kvar ein som ved solefall
stig inn i Guds ljose hallar!

Kjære, kjende so stilt gjeng bort;
me færre stend att her nede.
Sælt å tru: me skal samlast att
eingong i Guds glødde glede!

Seg ifrå til din Frelsar!

Seg ifrå til din Frelsar når noko stend på!
Kor stort at til han du frimodig kan gå.
Han veit om din vanske, han alltid har råd.

Ver bare frimodig, for han har deg kjær!
I solskin og skodd vil han vera deg nær.
Han dag etter dag imot himlen deg ber.

Seg ifrå til din Frelsar når hjarta er glad!
So godt å få takka og synga eit kvad!
Og sjeli vart utløyst so tidt når ho bad.

Seg ifrå til din Frelsar, gjev børni til han!
So slepp du å syta; då kvila du kan.
Med Jesus ved roren skal båten nå land.

Seg ifrå til din Frelsar; då gjeng det deg vel!
Han vernar, velsignar og styrkjer di sjel.
Når soli so glader, då sovnar du sæl.

Den beste plass i all vår verd

Den beste plass i all vår verd,
det plassen under korset er.
Der døydde Jesus Krist min død,
og der han byd meg livsens brød.

Der vil eg vera all min dag,
til hjartans aller siste slag.
Ja, der ved korset vil eg stå
til eg skal fara her ifrå.

Der er eg trygg, der er eg fri,
der er eg sæl til evig tid.
Frå korset flyt ei signings-flod
som gjer meg rein og heil og god.

Det demrar mot den nye dag

Det demrar mot den nye dag.
Sjå, rosenraude skyer i aust, i lette lag.
Og morgonvinden veiftar i blide båre-drag.

Ein nådedag igjen er vår.
Tolv nye dyre timer frå himmelen me får.
Den myrke natt må dvina, og ljoset atter rår.

Og enno hjarta slær sitt slag,
dei underfulle augo fær sjå den nye dag.
Sjå, rosenraude skyer i aust, i lette lag!

Eg ser imot soloppgangen

Eg ser imot soloppgangen, –
ventar at ho skal renna,
syna seg skir over åsen i aust,
sitt ljós over verdi senda.

Eg ventar på soloppgangen.
Ljoset skal atter koma.
Kvelven skal skinna som skiraste sylv,
lovsongen endelaust ljoma.

Eg ventar på soloppgangen.
Snart skal det store henda:
Verdi si vinternatt rømer sin veg.
Guds livssol skal fagert renna.

Mot soloppgangen – imot aust

No fell kvart lauvsblad lint til jord,
so lett som snø ein vinterkveld.
Det brenn ein vakker farge-eld
i li og lund, på fly og fjell,
og i den fagre fjord.

Det finst ’kje blad som ikkje fell.
For nye skal dei gjeva rom.
Slik er det òg med gras og blom.
So fin er haustens herlegdom.
Men våren er nok kjærast lell.

Slik er det òg i livsens haust.
Det visnar, det som voks om vår.
Og som eit ribba tre me står.
I Kristi tru me glade går
mot soloppgangen – imot vår.



“NÅR JEG SER DIN HIMMEL ... ”

1980

BAK SOLER OG STJERNETÅKER

Bak soler og stjernetåker

Bak soler og stjernenes fåker, –
Så lysår-langt, fjernt fra vår jord, –
Faderens øye, det våker.
Hans arm er så sterk og så stor.

Han styrer den verden han skapte, –
så underfullt dannet han den. –
Sønnen, – vår Frelser, – det tapte
han vant seg for evig igjen.

Han bor bak den ytterste stjerne,
han står på den eldgamle jord.
Så er han ikke den fjerne.
Han er på det sted hvor vi bor.

Morgen ut mot våren

Ei morgonstund med himmel klår
ut mot den nye vaknings-vår,
med påskesol på snølin-skrud, –
alt minner om vår store Gud.

Kor vakkert han vår verd har skapt!
Om mykje vart ved vondskap tapt,
so vitnar enno all vår jord:
Der er ein Skapar, sterk og stor!

Han dana eingong solers hær,
den djupe, dryge stjerneverd,

den jord som kringom soli sviv
og eig det underfulle liv.

Og om han i det høge bur,
han er meir nær oss enn me trur.
Han er vår Frelsar og vår Far,
velsignar oss til soli glar.

Me glade vil høglova han
som skapte himmel, hav og land.
Vår von er sael: Me eingong skal
tilbeda han i æva all.

Då sorg og synd og død må fly.
Og verdi strålar, ung og ny.
Og me får sjå han som han er,
i æva vera honom nær.

I ei underfull verd

Tenk å få leva sitt liv i ei verd
som full ut av under er, –
under i nord, i aust og i sud;
det største underet – Gud!

Tenk å få skoda eit underfullt liv, –
og soler i rymdi sviv, –
under i born, i blad og i blom,
og under i små atom!

Tenk – kvar ein dag opp mot stjernene sjå,
mot himmelen høg og blå,
minnast Guds Son, som livet oss vann,
oss ventar i livsens land!

Tenk å få gå mot ei underfull verd,
som evig og salig er, –
herleggjord himmel og herleggjord jord,
der lukke-liljone gror!

Storstilt

Storstilt i alle måtar
er Meisterens skaparverk.
Trillionar av stjernesoler
dana den handi sterk.
Galaxar i milliardar, –
milliardar stjernor i kvar,
millionar lysår unna.
For styrke den handi har!

Og so denne jord, vår eigi, –
so vakker, med hav og land,
og livet, det løyndomsfulle, –
var til ved ei allmaktshand.
Og kruna på meisterverket –
som Herrens bilet ber –
er mennesket, mann og kvinne.
Kor høg denne adel er!

Me ser ut mot makrokosmos,
ein tindrande stjernekvelv.
Då tikkar vår puls i undring.
Vår sjel i tilbeding skjelv.
Ufatteleg drygt det byggverk!
Kor må ikkje han vera stor
som skape dei trillionar
ved ein vink av sitt allmaksord!

Og minnest me mikrokosmos:
atomar si dulde verd, –
eit solsystem i miniatyr, –
ho ogso ufatteleg er,
utrulege kjernekrefter
i kvart eit usynleg atom.
Dei ogso med velde vitnar
om Meisterens herlegdom.

So bøy deg i age og undring,
tilbeding og takk og tru,
for Faderen, Sonen og Anden.
Han bygde ei paradis-bru.
Kor sælt at når dagen endar
og soli i vest gjeng ned,
skal englane heim oss henta
til himmelens fryd og fred!

Vel veit me at denne verdi
på Skaparens ord skal forgå.
Men so – på det same ordet –
ei ny atter fram skal stå.
I æva ho då forklåra
skal tindra i herlegdom.
Og himmel og jord skal tilbe Gud,
med endelaus hyllings-ljom. –

— — —
Billion = ein million millionar.
Trillion = ein million billionar.
Eit lysår = 9,5 billionar km. (9 460 000 000 000)
Dei reknar med at den fjernaste galaxe (stjerneverd) er
10 milliardar lysår borte, og at det i alt finst om lag 100
trillionar stjernesoler.

Meir enn støv

Eit ørlite fjom
i eit endelaust rom.
Men støvkornet arva
Guds herlegdom.

Eit støvkorn – javel!
Men det eig ei sjel,
i Guds bilete skapt
til å verta sæl.

I ei underfull verd
eit Guds barn eg er.
På den nye jord
eg hans bilete ber.

I undring eg skjelv
under stjernestrødd kvelv.
Gud, leid meg til livet
si klåre elv!

Eg vaknar i ei verd –

Eg vaknar i ei verd
som er fylt av sol.
Inn frå nordaust ho no glimar
i tidlege morgontimar.

Eg vaknar i ei verd
som er underfull.
Doggperlor gløder og glitrar.
Lerka mot djup-blået kvitrap.

Eg vaknar i ei verd
som er fylt av liv, –
blomar i vollar og vangar.
Søtt dei i morgenon angar.

Eg vaknar i ei verd
som er fylt av Gud.
Han vil mot målet meg bera.
Han vere æveleg æra!

No skin det ei stjerna i verdi si natt

Han or gravi stod opp, og han lever i dag.
I all æva han levande er.
Og me alltid skal leva med Kristus i lag.
Til det evige liv han oss ber.

Difor skin det ei stjerna i verdi si natt.
Det er lys, det er von på vår veg.
For vår Frelsar hev vunne oss paradis att.
No med song me mot livslandet dreg.

Å, kor sælt å få minnast kvar morgen som renn:
Jesus lever! Og han er oss nær!
Og ein gong me med honom i himmelen stend,
i den fullkomne, livsfylte verd.

Det svimlar for vesle vitet

Lyset, som gjeng kring jordi,
det nyttar so stutt ei stund.
Sju gonger kring kloden gjeng det
i ein sekund.

Nokre minuttar frå soli,
endå so fjern ho er.
Millionar av lysår treng det
frå fjernaste stjerneverd.

Det svimlar for vesle vitet,
og svimlar for oss det skal.
Dess større vert Majesteten,
som skapte verdi all.

Han dana òg mikrokosmos,
usynlege, små atom.
All skapning forkynner hans æra,
hans allmakt og herlegdom.

Me òg vil hans stordom prisa.
Til det treng me æva all.
Han oss i sitt bilet' dana,
og gav oss so høgt eit kall.

Himmelduken

Vakker er vel himmeldorfen.
Bjart og djupblå han seg böyer
kring ein vid og veldig kuppel,
som me jordi, Tellus, kallar.

Himmelblået, denne skire
tempelduken som seg tøyer
stjernestrødd, med ljose skyer,
meir og meir mitt hjarta fangar.

Blåne millom tid og æva
grense millom jord og himmel,
endeløysa let meg ana.
Herren Gud den teltduk dana.

Under denne himmeldorfene
vandrar eg som i eit tempel.
Fager er den heim eg bur i.
Herleg er den høge himmel.

Å, kor underfullt må ikkje
han då vera som hev vove
denne djupblå tempelduken,
jordi med dei tusund under!

Og kor rik er eg som andar
i den underfulle verdi,
vandrar millom jord og himmel
og ein gong skal Kongen møta!

Smeikjande kjærteikn

Ein sol-skimt, – eit smeikjande kjærteikn
varmt på mor Noreg si kinn.
Ja, han når lenger, den ljosken,
like i hjarta inn.

Han stundom 'kje varer so lenge, –
kverv straks han kinni hev nått.
Varmen, han signar og varer.
Du kor han gjorde godt!

Ein smil er eit smeikjande kjærteikn,
like til hjarta sin grunn.
Lenge varer den varmen
frå smilen som leikar om munn.

På månen

Der er dei – på månen!
Han sylvblank og fin,
som ein ny-slegen toskilling
blenkjer og skin.
Han gjester hev fenge, –
mon difor det er
at ”mannen i månen”
so blid no seg té?

Kven kunne vel tenkt det –
den gong me var små –
at menneske-fot
på månen skal stå,
langt ute i rømdi!
At dit dei kan nå!

So mykje me maktar,
men eitt me ’kje kan:
med eigne ressursar
nå himmelens land.
Men Meisteren maktar.
So dyrt han oss vann.

Og Herre han er
over himmel og jord
og verdi so veldig,
so endelaust stor.
No er han vår frelsar,
vår førar, vår bror.

No stig vår sol mot nye høgder

No stig vår sol mot nye høgder,
og seint om kvelden gjeng til ro.

Ho i eit hav av lys legg landet
og helsar oss med glimen god.
Men i ei tidleg morgondemring
i auster-ætti vaknar ho.

No vil kvar dag eg henne fylgia
på hennar høge sigersveg,
og sjå kor i kvar aftan-time
mot vest ho lenger tøyer seg.
Og når ho sig bak topp og tindar,
ho atter imot Noreg dreg.

Når soli tek den store svingen
og signar oss frå kvelven klår,
når høgare ho stend på himlen
og seinare bak skogen går, –
då ollar det ei gledekjelda.
For då det atter lir mot vår.

Lovsang til livets Gud

Livets skaper og oppholder,
du gir vår og høst og sommer,
lyset over landet flommer.
Vi med lovesang til deg kommer.

Livets store seierherre,
for oss alle led du døden,
angst og kval og smertesgloden,
fridde oss fra natten, nøden.

Livets Gud, du være lovet!
Jord og himmel deg skalprise,
og deg evig ære vise,
her – og sist i paradiset.

Soli Deo gloria!

Det tonar gjennom alle tider
eit kvad til Kristus Kyrios,
som valde seg ei klungerkruna
og sistpå døydde på ein kross.

Når enda er det store drama,
vår jord si sabbatshelg skal ha.
Då vert det siste, sterke ordet
eit æve-langt viktoria.*

Då tonar gjennom alle himlar
eit soli Deo gloria,**
for han som vandra lidingsvegen, –
Getsemane og Golgata.

Det vert ein jubel utan ende.
Me kastar våre krunor ned
for han som valde lidingsvegen
og vann oss evig liv og fred.

Det tonar gjennom alle ævor
ein lovsong frå den frelseste hær,
til han som skapte universet,
og løyste ut den falne verd.
Gloria – gloria – gloria
in excelsis Deo!
Halleluja – halleluja!
Amen!

Hører du englenes sang i kveld?

Hører du englenes sang i kveld,
et bud fra det evige rike?
For lyset og livets salige vell
må natten og nøden vike.

Herlig det lød over hyrders vang,
og ennå det jubelkvad lyder.
ENN UT OVER JORD TONER ENGLERS SANG,
OG ENN DET VÅRT HJERTE FRYDER.

Hører du englenes kvad i kveld:
En Frelser er født til verden!
I ham har vi fredens og frydens vell.
Og så har vi håp på ferden.

UT OVER JORD LYDER KLOKKERS KLANG,
SÅ GJØR VI TIL HØYTID OSS REDE.
VI LYTTER TIL SALIGE ENGLERS SANG
OG HOLDER VÅR JUL MED GLEDE.

Det skal tona ei takk

Det skal tona ei takk
for kvar gåva du får
frå ein hug som vert varmare
år etter år.

Det skal tona ei takk
kvar ein gong du får gje,
for at du i den livsæle
straumen vart med.

* = siger ** = Gud åleine æra!

Det skal tona ei takk
for den lagnad du fær,
for den sollyse dag,
og når skyut han er.

Det skal tona ei takk,
til ei harpa av gull
i all æve av levande
lovsong er full.

Ja, du er konge

Ja, du er konge, Jesus Krist,
og evig skal du råde.
Ditt rike rekk frå hav til hav,
med rettferd, fred og nåde.
Du frelser folk av alle slag,
og på ditt veldes store dag
er kvar ein fiend' fallen.

Ditt kongespir du vann med blod
og med ei klungerkrona.
Og difor skal til evig tid
vår kongehylling tona.
Di første truna var ein kross.
Der leid og døydde du for oss,
men oppatt stod med siger.

So er du konge, Jesus Krist.
Du vann, og me skal vinna.
Imedan år og dagar går,
du vil til deg oss binda.
Og når den klåre morgen renn,
me for di kongetruna stend,
med livsens jubeltonar.

Kor stort at makti, ho er di,
og riket i all æva!
I tru på deg me skal ei døy,
men sæle evig leva.
Du kom til oss i fattigdom,
no råder du i herlegdom.
Deg være lov og æra!

Stjernor og soler syng hyllingssong

Den himmel som blånar i æva inn,
mot djupet der aldri me botnen finn,
vart dana av himmelens Gud eingong.
No stjernor og soler syng hyllings-song.

Den himmel som kvelver seg bjart og blå –
so høgt at me ikkje kan honom nå –
so vidt han seg kuplar frå nord til sud,
eit kunstverk av Skaparen, allheims Gud.

Eg ogso vil syngja ein hyllings-song.
Kor selt det skal bli skoda han eingong!
So ser eg mot himmelens skire skrud.
Og hjarta mitt tilbed vår store Gud.

Det tonande tilbedings-kor

Eingong skal alle himlar,
og heile den nye jord
vera i alle ævor
eit tonande tilbedings-kor.

Ussel vart ofte æra
som mannsens born honom gav,
sjølv om han ødsla under
i himlar, på land og på hav.

Eingong skal universet
i æva so ljuv og god
syngja ein song til honom
som vann oss til Gud med sitt blod.

Eingong det vert vår sæla
i æva so ljuv og lang:
tilbe vår Gud og skapar
og syngja den salige song.

Takk for himmel-skyene!

Takk for himmel-skyene,
som glør og brenn i kvelden!
Stundom heile kringen rundt
han leikar seg, den elden.

Tidt det same syn eg ser
i dag- og demrings-timen.
Når soli er på veg til oss,
eg ser den glødde glimen.

Takk for kvar ei sky som kjem
med dogg til turre enger!
Det blenkjer opp att, lerka stig
mot sky på lette venger.

Takk for tore-skyi òg!
Det blenkjer, brår og skrallar.
Om Herrens velde minner det,
og oss til alvor kallar.

Takk for dei som ligg i ro
høgt oppe godvêrs-dagen!
Dei sviv som blomar til og frå,
og fuglar kved i hagen.

Takk for himmel-skyene!
Dei signar og dei svalar,
legg festglans over kvardagen,
og om din stordom talar.

Nå det synger i vår sjel

Tung var vår vandring.
Natt, og svart nød.
Frelseren fant oss,
fred oss bød.

Nå det synger i vår sjel.
Jesus har gjort allting vel.
Store Gud, vi lover deg.
Led oss frem på livets vei!

Alt ble forandret;
ja, alt ble nytt.
Uro og angst har
fra oss flytt.

I dag vil eg gjerne syngja

I dag vil eg gjerne syngja
so vakkert eg berre kan.
For våren og lyset og livet
stort over vinteren vann.
Det brydder og blømer og angar
vent over Noregs land.

I dag vil eg gjerne syngja,
for symrone mot meg ler,
og alle små fuglar i skogen
so fjåge og glade er.
Høgt opp imot kvelven den blåe
lerka si trille slær.

I dag vil eg gjerne syngja,
for lauv-trea lyser nå.
Når soli i kruna spelar,
då er det eit syn å sjå.
Når paradis-likt er landet,
kven lyt ikkje kveda då?

I dag vil eg gjerne syngja, –
no signar den skire sol.
I skogen der aust nyst høyrd
eg gauken, den fyrste, gol.
I vollen som vakkert grønkar,
snart lyser den fyrste fiol.

I dag vil eg gjerne syngja
so vakkert eg berre kan,
fordi eg fær leva og onna
i fridomens fagre land, –
eit æveleg liv, for Jesus
stort over døden vann.

I dag vil eg gjerne syngja;
for Jesus or gravi stod.
Fyrst hadde han verdens synder
sont med sitt hjarteblod.
I livsens og ljøsens rike
for vår skuld han lever no.

Takk at eg fekk planta!

Takk at eg fekk planta
då det var vår!
Stort det er når sjølv
eg i hausten står.
Takk at eg fekk leggja
mitt korn i mold!
No det glør og glimar
med fleire foll.

Takk at du i lysglansen
inn meg tok,
skreiv mitt namn so tidleg
i livsens bok!
Ewig skal det lysa,
og eg ein gong
skal for truna syngja
den sæle song.

Sæle vismenn frå farne tid

Dei fylgde stjerna som viste veg,
den store konge vil finna,
igjenom audn og oase dreg,
vil svar på livsgåta vinna.
Om dette vil dei oss minna.

Dei var dei første av heidning-ætt
som Kongen, Kristus, vil æra.
Dei gull og røykjelse, myrra med,
til Jesus-barnet vil bera,
til han som skal frelsa verda.

Dei var dei første som drog av stad
og kom frå verdi den store.
Dei kongen fann, og dei han tilbad.
Å, sæle dei som so gjorde!
Den skire stjerna er Ordet.

Og sidan kom dei frå aust og vest,
frå alle jordheimens gredner.
Dei bedne vart til den store fest,
den beste verdi vår kjenner,
til sol og signande hender.

Ja, sæle vismenn frå farne tid,
som vandra dei dryge vegar,
dei fylgte stjerna so skir og blid.
Den ferdi dei ikkje tregar.
No gjeng dei i livsens hagar.

Å, det vert so sael ei stund
når det lyder frå kvar munn,
langt i nord og lengst i sud:
Lova vere Herren Gud! –

Synd og død si makt hev mist.
Kristus sigra stort til sist.
Gjennom æva syng me glad:
Viktoria! Viktoria!

Viktoria!

Jesus får det siste ord
som skal seiast på vår jord.
Han det siste ord skal ha:
Viktoria! Viktoria!

Ja, til sist det tona skal
i ein mektig himmelhall.
Millionar svarar glad:
Viktoria! Viktoria!

Vondskaps hærar skal til sist
bøya kna for Jesus Krist.
Over verdi lyder da:
Viktoria, Viktoria!

EG SER EIT LAND

Eg ser eit land

Eg ser eit land, eit draumvent land,
i vest, der soli nyst gjekk ned.
Der skin ein fager fargebrand.
Kvar grend vert fylt av kveldens fred.

Den skire syni minner meg:
Om dagen endar her i nord,
gjeng soli vidare sin veg
til andre kyster kring vår jord.

Ein tanke til gjer hugen glad:
Om dagen min ifrå meg går,
so held han fram ein betre stad:
Ein evig dag i livsens vår.

Dette landet er mitt!

Takk for fred i vårt land!
Takk for fridomens kår!
Takk at enno i Noreg
er vokster og vår!
Herre, takk at kvar morgen
me anda kan fritt
og få minnast med fryd:
dette landet er mitt!

Takk for lyset me fekk
i det polnære nord!
Herre, takk for det evige
livet sitt ord!

Takk for voni si stjerna,
som helsar oss blidt!
Herre, takk at det evige
heimland er mitt!

Det flaug ei svane mot det høge nord

Det flaug ei svane mot det høge nord.
Ho kom frå sud, med livsens dyre ord.
Velsigna vere denne fuglen kvit
at han med heilagt himmelbod kom hit.

Det drog ei demring over Noregs land,
frå skogane i aust til havsens strand.
Då skuggen veik for ljoses milde drag,
og Noreg fekk ein tusenårig dag.

Ei stjernesol vart tend i norderland.
I hennar strålar verdest moy og mann.
Eit islag tina i den elden klår,
og Noreg fekk ein tusenårig vår.

Vårt heimland fekk den skire ljoses skatt.
For midnattsoli veik den djupe natt.
Å, sæle me at heidendomen kvarv,
for tusenårig, fager kristen arv!

På Noregs fjell det planta vart ein kross, –
bar bod om han som døydde der for oss.
Då æve-voni braut i folket fram.
Velsigna bod om Kvite Krist, Guds Lam!

Ei evig hand ein lysestake held,
og set han stilt på Noregs høge fjell.
I tusen år den staken skein og brann.
I dette ljoset enn ligg Noregs land.

Du folk som byggjer i det høge nord,
du må ’kje vanda livsens dyre ord!
Men lova han som for vår framtid rår,
for herleg kristen arv i tusen år!

Eit land under polen

Når du nærmar det polen, då stig det or hav
dette landet som himlen til heimstamn oss gav.
Det er Noreg, det kjæraste landet på jord,
med ein venleik som aldri kan målast med ord.

Her er skogar som breider seg mil etter mil.
Under flogbratte fjell lyser villblomars smil.
Her er fossar som sturtar i djupet seg ned.
Her er blikstille tjørner med u-broten fred.

Her er fjordar som tøyer seg milelangt inn
imot Noreg sitt hjarta, til kvitkrona tind.
Her er vidsveimde flyer med lyseraud lyng.
Her er lider med lauvskog der måltrosten syng.

Her hev fedrane rydja og odla sin gard.
Her ligg heimane våre, med mor og med far.
Her er vonfulle unge, og leikande born.
Her er engjer og åkrar med mognande korn.

Her ligg kvitmåla kyrkjar, med klokkor i tårn.
Her hev gudsordet tona for gamle og born.
Og ein stige var stilt mellom himmel og jord.
Det vart vårliv og von ved Guds levande ord.

Her me andar i fridom og fagnad og fred,
ifrå morgonen renn og til soli gjeng ned.
Herre, takk då for Noreg! Å, signe vårt land
i den komande tid, med di mektige hand!

Noreg

Noreg – eit land med ufattelag ynde,
blånande høgfjell og blenkjande tjørn,
susande skogar og lauvrike lier,
sprettande aure og flygande ørn.

Storfelt og mektig og mjukt er det landet.
Urfjell og fossar syng Skaparens pris.
Villblomar blide ved snø-skavlen tirer,
epleblom angar ved æveleg is.

Vinteren sveiper sitt skinande teppe
varleg om Noreg, – det tiner mot vår.
Symrone vaknar, og nattsoli spelar.
So ut mot hausten sitt gull-land det går.

Noreg, vår moder, snart arm du oss møter, –
moar og myrer her heiloen syng, –
stundom med mjukaste alde og ynde,
mognande molte og lysande lyng.

Klokkeone kimar, til høgtid oss kallar.
Korsprydd stend kyrkja, med spir og med tårn.
Ordet om Kvite-Krist, Noreg det nådde.
Livs-voni lyset for gamle og born.

Herre, hav takk for den heimen du gav oss:
Noreg, det allfagre landet i nord!
Her får me leva, og voni oss vinkar:
Æveleg liv på den nyskapte jord. –

Slik dana allmaks Gud vårt land

So vent og vidt er Noregs land,
mest utan ende havsens strand,
med fjord i fjord frå nord til sud.
Slik dana Noreg allmaks Gud.

Her er det tusund bygdelag,
og alle hev sitt eige drag.
Her er det skogar, sjøar, fjell
og blomar i kvart bakkehell.

Å, for ein sterk og stolt natur
me hev, som i vårt Noreg bur!
Her er det storlagt, mildt og blidt,
og nordlys logar milevidt!

Mot himmelen seg tøyter tårn.
Her tilbed Herren Noregs born.
Han signa oss frå tid til tid,
han hjelpte oss i fred og strid.

Den same himmel kvelver seg,
frå sud til nord seg mektig dreg.
Vel skifter det frå stad til stad,
men me hev same soleglad.

So takk, o Gud, for Noregs land!
Du signe det med allmaks hand,
til tidarmålet ende tar,
vår Skapar, Frelsar, Gud og Far!

Austlands-bygd

Her er det vide utsyn,
til ytste himmelrand.
Og bakkane, dei bårar
so langt eg skimta kan.

Her susar store skogar.
Om våren lerkor syng.
Om hausten gulnar åkrar.
Då lyser li og lyng.

Ein mektig himmel kvelver
seg høg, frå bryn til bryn.
I age auga kviler
ved dette store syn.

Det er ein lut av landet,
vårt heimland høgt i nord.
Me elskar gamle Noreg,
vår dyre fedrejord.

Ved Hardangervidda

Her lyfter seg høgfjell i hundretal
mot himmelens blå.
Og alle stend prydde i snøkvitt skrud,
med fjellsol på.
Den skinande drakti dei fekk av Gud.

Kring synsrandi tøyter seg tindars rad,
i fjell-lufti klår.
Her er det so høgtidsamt, reint og stilt,
om haust og vår.
Og snøen gjer fjell-riket mjukt og mildt.

Og himmeldorf, han spanar seg,
so høgt og fritt.
Dei ljose skyer er prydnad-saum,
dei skin so vidt.
Kvar snøfjell kviler i ljoses flaum.

To rader med fjell

To rader med fjell
gjeng mot fjorden ut.
Tidt sveipest i skodde
den smekre nut.
So dredst det til sides,
det lette skrud.
Då ser me eit storvelde,
skapt av Gud.

To rader med fjell, –
millom deim ein dal,
der bre-elvi glitrar
so skir og sval.
Høgt over seg tøyser
ein telt-duk blå.
Kor fint dette storverk
av Gud å sjå!

Ei livsens verd bryt i Noreg fram

No bjartnar dei brune buskene,
no lysnar dei svarte trea.
Klare knuppar vågar seg fram, –
ein dag so brest dei i gleda,
og fjåge vårfuglar kveda.

No fyllest dei lauvtre-krunone.
Snart bjarte blomane angar.
Lerkor lær i si yre fryd,
og tirlar høgt over vangar.
Å, høyr desse klåre klangar!

Ei livsens verd bryt i Noreg fram,
som før i dei tusund åra.
Og dag og natt i eit hav av ljós
vårt heimland ligg då forklåra.
Velkommen, du livsens båra!

Det vårast i Noreg nå

Kva er det for velkjende klangar
eg undrande høyrer i kveld?
Det lyder frå vollar og vangar
det mjukaste tonevell.

Det dryp ifrå knuppar og greiner,
og kvelven er døkk og grå.
Og doggvåt stend silju og einer.
Det vårast i Noreg nå.

Eg møter med undring og age
den tidi so ljuv og gild.
Det tonar i hug og i hage.
Kor stort å få vera til!

Velkommen – de velsedde gjester!

Velkommen til vårlandet Noreg!
Om jordi ligg kald og kvit, –
når mjukt det i tretoppar tonar,
kjem våren og varmen hit.

Velkomen, de velsedde gjester
frå strendene langt i sud!
Når sylvklangen lèt oppi lia,
fær landet eit livsens skrud!

Velkomen! – De atter skal skoda
at bjørki igjen stend brud.
Me saman med dykk vil frydast,
og lova vår store Gud.

Midsommar-kveld

Prestekrangen lyser
i doggvåt eng.
Soli hev 'kje enno
gjenge i seng.
Ei og onnor bjølla
i kvelden læt.
Eit og anna hjarta
i sorgmod græt.

Ljuvleg ange strøymer
frå kvit jasmin.
Han hev teke over
etter raud syrin.
Tiriltunga, kløver
nyst gjekk til ro.
Sumarkveldens kvila
er sot og god.

Siste solskins-glim,
inn frå vest han fell.
Ljuv og gild er sumarens
ljose kveld.

Gjerne må du dryga!
Du er so blid,
angefelt og fager,
du sumars-tid.

Å, kor vent det er
denne kveldsol sjå
langt der ute lågt
over åsen gå!
Djupt i barmen bårar
ei lengsla sår.
Gjev at eg fær skoda
Guds sæle vår!

Jonsok-morgen

Soli alt no hev nått høgt på sin kvelv
endå det gry-tidleg er.
Sylvskyer sigler, og doggdropar skjelv.
Å, for ei underfull verd!

Gauken, han gjel i ei lid langt i vest,
småfuglen kvitrap og kved.
Ku-bjøllor kling, det er fryd, det er fest.
Gamle og småborn seg gled.

Bjørkene blenkjer i solglimen god,
smørblomen lyser som gull.
Dagen er fylt av uendeleg ro.
Verdi av under er full.

Å, for ein sol-kvelv, so blank og so blå!
Du for eit vermande vell!
Her eg Guds vakraste verk skal få sjå
like til solfall og kveld.

Jonsok-natt

Seint over åsen slentrar
nattsoli før ho gjeng ned,
langt inni jonsok-kvelden.
Still er den store fred.

Bjøllone læt i lidi,
doggvåt er engi no.
Ullkvite skodde-dottar.
Djup er den store ro.

Blomar og blad hev somna.
Stilna er vindens drag.
Berre ei liti nattstund –
so er det atter dag. –

Villblomen vitnar

I morgonsol-glimen so bjart-øygd du tirer,
og barneblidt, stillsleg imot meg du stirrer.
Du liknar ein loge – so snart ned du brenn,
men smiler imot meg: Eg kjem nok igjen!

Ja, det er vår von når vårt auga vil tårast:
Det vert nok ein vinter, men atter det vårust.
Og då du, min villblom, på tuva di stend.
Det vert som du sagde: "Eg kjem nok igjen!"

Sjølv er eg ein blom, – ut mot hausten eg folnar.
Det blod som no brusar, det stilnar og kolnar,
Men voni sin loge, so fagert han brenn:
I ævelivs-våren eg blømer igjen.

Når ville rosor blømer

Når juni-soli blenkjer
i unge bjørkeblad
og fjåge fuglar fløytar
sitt mjuke elskhugs-kvad,
når ville rosor blømer, –
dei venaste på jord, –
då sumaren er komen
hit til det høge nord.

Når solskins-bylgjar bårar
frå ein asur-blå kveld
og tiriltunga lyser
og morgondoggi skjelyv,
når soli langt om lenge
gjeng ned ein stad i vest,
då sumaren er komen.
Då held naturi fest.

Kva vil du meg seia – du blide blom?

Du stirer imot meg i sommarkvelden sein,
du kvite jasmin, so skir og so rein.
Du angar imot meg, – den duft er fin, –
i julikvelden som snø du skin.

Kva vil du meg seia, du blide, bjarte blom?
Eit bod eg deg ber om Guds herlegdom.
Eit minne eg er ifrå paradis,
der alle og alt syng sin Skapars pris.

Og so vil eg minna: det kjem so visst ein gong
då skapningen, løyst ifrå naud og trong,
skal jubla om kapp med det store kor
som lovsyng vår Gud på den nye jord.

Alle med lengt i si lys-drakt står

Kvar blom hev si tid.
Fyrst fær me kvitsymra,
blyg og blid.
Snart andre blomar
i engi skin:
raudkløver, kvitkløver,
prestekraken fin,
tiriltunga, blåklokka, engsolei,
og gløyym-meg-ei.

Alle stend og stirer
i sumarsol.
So imot oss blånar
ein blyg fiol.

Alle saman høglavar
Herren god.
Alle so stutt ei stund
i villmarki stod.
Alle med lengt
i si lysdrakt står,
angar i von om
ein evig vår.

Himmel og jord spelar saman

Ein høghimmel kvelver seg over
ei verd som hev vakna til vår.
Soli legg lys over denne duken,
useieleg skir og klår.

Og himmel og jord spelar saman,
ein festleg og fin symfoni.
Stort å få vakna i denne verdi,
og anda til æveleg tid!

Kor stort å få vakna kvar morgen
og sjå ei vedunderleg verd!
Sælt å få vona: ein gong å vakna
der Herren og himmelen er!

Guds ord legger lys over landet

Guds ord legger lys over landet,
fra midnattsol-Norge i nord
og alt ned til Sørlandets strender,
fra grensen til fjære og fjord.

Guds ord legger lys over landet,
og nå har det skint tusen år.
Og ennå det signer vårt Norge, –
det varmer frå vår og til vår.

Din ungdom kjem

Din ungdom kjem
i heilagt skrud,
som dogg or
morgonrødens fang.
Dei tena vil
sin store Gud
ein livsdag lang.

Din ungdom kjem, –
det er vår von.
Ein heilag arv
dei lyfta vil.
Dei Jesus fylgjer glad,
Guds Son,
i lydnad still.

Din ungdom kjem,
vil slå eit slag.
Dei møter fram
i heilagt skrud,
på Herrens veldes
store dag, –
vil tena Gud.

Du ungdom, kom,
mens det er dag!
I Kristi fylking
glad gå inn!
Med Herrens kvite hær
slå lag!
Og siger vinn!

Skjønar me kor godt me har det?

Skjønar me kor godt me har det,
me som i vårt Noreg bur
Her vår Herre Gud har ødsla
med ein stor og stolt natur.
Han frå år til år har krona
fedrars harde strev og strid.
Etter myrke vinternetter
kom ein vårdag ven og blid.

Han i tusund år lét skina
livsens lys på Noregs fjell.
Enno ligg det over landet,
dette skire signings-vell.
Som ei ødsel livsens kjelde
strøymer over Noregs land
æve-ordet frå det høge
kring kvart fjell, kvar skog, kvar strand.

Ordet basta er, og bunde
i so mange folk på jord.
Og so mykje blod hev runne.
Dyrt det er å tru Guds ord.
Me i fred og fridom andar,
høgt i nord og langt i sud.
Skjønar me kor godt me har det?
Lovar me vår store Gud?

Lys-englar over vårt land!

Herre, lat lysenglar lægra seg
kringom vårt fedreland,
heimande vakta i nord og sud!
Signe du Noreg, vår store Gud,
frå grensa til havsens strand!

Herre, hald auga med myrkars makt!
Verdi ho herja vil.
Send du oss angerens mjuke ånd
over vårt folk og fedreland, –
ein livs-ande mjuk og mild.

Du fagre, frie land!

Du fagre, frie land
i det polnære, høge nord,
med tusenårs kristen arv, –
du må ikkje gløyma Guds ord!

Du gamle, gode land,
med nordlys og midnattsol,
du må ikkje gløyma han
som føddest den første jol!

Du inderleg elska land,
som glad eg får kalla mitt,
Gud gjev at i framtid-år
du lysa kan frelst og fritt!

Men, Noreg – vårt fedreland –
du må ikkje gløyma Gud!
Hans evige livsens ord
lat lysa frå nord til sud!

DAGEN SOM ALDRI DØYR

Ver helsa, dag!

Ver helsa, dag!
Om paradis du minner
når soli glitrar frå det fjerne aust
og spelar i dei unge bjørke-krunor
og livet leikar ødselt, endelaust.

Ver helsa, dag!
Eg stend her overvelda
av all den fagerdom eg no kan sjå:
den blåe himmelkvelv, dei fjerne fjelli,
dei tusund blomar og dei grøne strå.

Ver helsa, dag!
Kor underfullt å leva
i slik ei verd, som dana vart av Gud!
Kor herleg å få møte morgenklåren
og sjå ei jord i nyfødt fargeskrud!

Ver helsa, dag!
Eg høyrer fuglesongen,
og all naturi syng sin Skapars pris.
Ei sol i glitring og ei bygd i bløming
meg minna vil om livsens paradis.

Velsigna sol!

Velsigna sol, som inn frå rømdi glimar,
med stille glød, eit veldig vitne er –
der klårt du skin i unge morgen-timar –
om han som skapte all den vide verd.

Velsigna sol, med ljós du verdi fyller,
ein straum so skir, so bjart og rein og klår.
Ved gry og kveld du fagert kvelven gyller,
i vinterlandet skaper livsens vår.

Velsigna sol, – i endelause tider
du fylte verdi med eit ljoses hav.
Og medan du mot nye aldrar skrider,
me lovar han som denne kjelda gav.

Velsigna sol, – ein avglans er du berre
av ljoses Far, han sjølv er livsens sol.
I æva er du universets Herre.
Du kom med dag og von den fyrste jol.

Velsigna sol, som over verdi strøymer,
me frydar oss i dette varme vell.
Og eingong rettferds-soli fagert fløymer.
Då i Guds ljós me evig høgtid held.

Kor stort at det demra!

I midtvinters-mørket
då vender vår sol.
Det lysnar so smått,
og so vert det jol, –
den gildaste høgtid,
den ljuvaste skatt,
med himmelens helsing
i midvinters natt.

Kor stort at det demra,
kor stort det vart dag!
Kor sælt at Guds englar
med oss no held lag!

Kor sælt at Guds Son
kom til jordi vår ned,
med fridom og fagnad,
med frelsa og fred!

So gjeng me vår veg
ifrå vogga til grav
med takk i vårt hjarta
for gava Gud gav.
Trass alt hev me framtid,
ei strålande von, –
ein æveleg livsdag
i tru på Guds Son. –

Takk for ein paradis-dag!

Herre, hav takk for ein paradis-dag!
Ljuvleg han var å kjenna.
Solvinden leika i lette drag.
Snart er den dagen enda.

Herre, hav takk for ein paradis-vår,
som me om verdi ser vella.
Lyset so langt over landet går.
Takk, Gud, for livsens kjelda.

Takk for kvart minne om paradis,
alt som forkynner di æra!
Eingong skal tona i takk og pris
heile den nyskapte verda.

Middags-ro

Asur-blå er sommar-kvelven,
solvarmen mild og god.
Kvite ullskyer kviler
i middags-ro.

Ljuvleg er sommardagen,
minne om paradis.
Skapningen held siesta
i varme-dis.
Forsmak på dagen då me
syng Herrens pris.

Solrik er dagen – paradishagen

Bjørkene brusar,
solvinden susar,
vermande båror
stryk ifrå sud.
Mai-soli glitrar,
lerkonen kvitrar.
Hagar i frukt-bløming
høglovar Gud.

Biene summar,
humlene brummar,
fruktblomen kvitnar
som skiraste snø.
Solvarmen steikjer,
sol-båror smeikjer,
gulblomen gløder
på grønkande bø.

Mai-soli glimar,
klokcone kimar,
Høgtid og helg, –
det er kvitsunn på jord.
Solrik er dagen,
paradis-hagen.
Framtid og von
gjev Guds levande ord.

Vend di åsyn mot soli mens enn det er dag!

Vend di åsyn mot soli mens enn det er dag,
før ho løyner si åsyn i vest!
Lat den himmelske nådesol signa di sjel!
Då vert livet ditt høgtid og fest.

Vend di åsyn mot soli mens enno ho skin!
Du må nytta dei timane vel!
Du må vandra mot målet mens lys-kjelda vell!
Då for evig du bergar di sjel.

Vend di åsyn mot soli mens enno ho skin!
lat 'kje verdi få fanga ditt sinn!
Du må opna ditt hjarta for Jesus, Guds Son.
Då skal himmelen strøyma dit inn!

Sov ikkje bort di soltid!

Sov ikkje bort di soltid,
ungdomens vakre vår!
Sårt du eingong det tregar
når du i hausten står.

Sov ikkje bort di soltid!
Vakna, og lovsyng Gud!
So skal du han få tena,
kledd i eit heilag skrud.

Sov ikkje bort di soltid!
Ut i Guds morgen gå!
Då deg det største ventar.
Du får hans rike sjå.

Sov ikkje bort di soltid!
Berga di unge sjel!
Då går du inn til livet.
Då vert du evig sæl.

Mot kveld

Stundom det stilnar og klårnar mot kveld,
og solglim og -gull inn frå vester fell.
Gud gjev at eg ogso den syn fær sjå
når livssoli mi skal i havet gå!

Stundom var livsdagen stormfull og strid, –
motbør og bakkar frå tid til tid.
Herre, når livskvelden so kjem på,
lat meg då inn til di kvila gå!

Brått det blenkte opp i vest

Dagen var so skytung, –
det draup frå kvar ein kvist.
Vinden kom i kalde kast,
det var so surt og trist.
Men brått det blenkte opp i vest.
So fekk me sol til sist.

Slik er stundom livet, –
so mykje gildt vert mist.
Hugen min er vonfull lell
ved tru på Jesus Krist.
Og so omsider demrar det
ein evig dag til sist.

Lenge er det no sidan første solnedgang

Lenge er det no sidan første solnedgang.
Dagen Gud meg gav, var so gild og lang.
Då eg var i livet sin vakre vår.
No eg stend i hausten, med sylv i hår.

No eg ser kor soli mot hav og skogar fell.
Sjølv so er eg komen i livsens kveld.
Og mitt hjarta bankar i sorgmods-lag:
Herre, leid meg fram til ein evig dag! –

Du dag som døyr i solefallet

Du dag som døyr i solefallet, –
som dei hev gjort deg, dagar alle, –
du aldri, aldri kjem igjen.
So vil eg nytta dine timar,
til kveldens klokkor etter kimar
og aftanskyer glør og brenn.

Du dag som døyr i purpur-eldar,
som du hev gjort det alle kveldar,
eg aldri, aldri ser deg att.
So vil eg gjerne vel deg nytta,
til eg frå denne jord skal flytta.
Gud, signe dagens dyre skatt!

Over åsane kveld-skyi brenn

Ein dag er til ende!
Kor nytta du han?
Ein dag hev du mindre
i livet sitt land.

Ein dag er til ende,
kjem aldri igjen.
I vest over åsane
kveld-skyi brenn.

Ein dag er til ende.
Kor mange er att?
Min Gud må eg nytta
den kostbare skatt!

Min Gud, må eg vandra
med englar i lag,
og sistpå få skoda
din evige dag!

Ho er ikkje borte

Me seier at soli er borte
når ned attom skogen ho sig.
Ho er ikkje det, – berre venta!
Snart etter i aust ho stig.

Me synest Gud Herren er borte
når naudi og natti sig på.
Han er ikkje det, – berre venta!
Ver viss at vår Gud veit råd!

Me tenkjer at voni er ute
når skyer for soli seg dreg.

Ho er ikkje det, – berre venta!
Vår Gud vil miskunna seg.

Vel lutrar i kjærleik han gullet,
men auga hans vaker so vel.
Han hev berre dette for auga,
å berge di dyre sjel.

Natt-sol

Underleg er det nattsoli sjå
langt der i vest over åsane gå.
No hev ho skine so lyst og so lenge.
Å, for eit land me av Herren hev fenge!

Stilt over skogen ho logar og brenn.
Om ikkje lenge me ser ho igjen.
Stutt er den stund ho bak åsen seg gøymer,
til ho på nytt over vårlandet fløymer.

Langt inni vårnatti er me alt no,
enno ho logar i høgtidsam ro.
Ute ved synsrandi glar ho og gyller.
Undring og age og vyrdnad meg fyller.

Ja, det er underleg nattsoli sjå
langt der i vest over åsane gå.
Tidleg tek kvelven i aust til å roda.
So får ei sumarsol etter me skoda.

Godt å gå på kjørkegarden

Det er godt å gange på kjørkegarden
en sommårs-lurdag i solskinns-vellet.

Det er så stilt der de døde lagdes
til siste hvile mens klokker kalte.

Det dufter blomster ved minnesteiner,
syring og roser, forglemmegei.
Og en og annen går stilt og steller
der kjære lagdes til siste hvile.

Ja, her dom ligger i rad og rekke
frå hver en him i den breie bygda.
Je kjenner navna – og somme itte.
Je leser navna – og minna vakner.

Her hviler en som var mett av dager.
Han kjente vel til de tronge tider.
Og mange fekk seg så stutt en livsdag.
Je leser navna, – det vekker vemoed.

Ei mor ved sida tå veslegutten, –
og der ei små-jente, – blomsten visna.
Tidt står det at de var ”elsket”, ”savnet”.
”Guds fred!” – står over så mang ei støtte.
Så underlig stå ved far sin gravstein.
Og mor ved sida av hannom hviler.
Litt lenger borte jeg har ei søster,
litt lenger oppe den vesle broren.

Der står et ord av den store Mester:
”Jeg er oppstandelsen, veien, livet.”
Det lyser von over kristne graver.
En herlig vårdag de har i vente.

Hver en som hviler her under tørva,
har hatt sin livsdag, – je ånder ennå.
Å, må je ødsle med smil og solskinn,
med mildhet, godhet og varme tanker,
hver dag, før klokka til hvile kaller!

Det store vemoed, det store alvor,
den store stillhet her inne råder.
Godt å gange på kjørkegarden
en sommårs-lurdag i solskinnsvellet.

Så går je ut frå de dødes have,
med takk for livet je fikk te gave.
Med song i sinnet min vei je går.
Gud, hjelp meg fram te en evig vår!

Ein ting veit eg du ikkje tregar

Ein ting veit eg du ikkje tregar
når dagen din er til ende:
at du valde Guds gode vegar
og skattar til himmelen sende.

No er tid til å så ditt sæde,
ein åker som sidan mognar.
Syngja skal du i evig glede
når greini av livsfrukt bognar.

Ja, eg veit at du ikkje tregar
når fram du til målet nådde,
at du gjekk på Guds gode vegar
og rikleg ditt såkorn sådde.

Det gror i deira fotefar

Det gror i deira fotefar
som sådde det gode sæde.
Kjærleiks-liljone brest i blom.
Dei angar med fryd og glede.

Det gror i deira fotefar
som gjekk på Guds veg her nede,
la sitt såkorn i vårens mold
og song sine takke-kvede.

Men soli, ho til sist gjekk ned,
for enda var arbeidsdagen.
Men – det glim i eit åkerfull.
Og frukti, ho glør i hagen.

Han gav oss den nye dag

Dagen din, Herre, aldri døyr.
Vara han skal i all æva.
Må eg, min Gud, i ditt ljose gry
alltid og evig få leva!

Jesus oss gav den nye dag,
mørket til avgrunnen dømde.
Tusenårs skuggar for ljuset kvarv.
Natti for livsdagen rømde.

Sælaste von mens her me bur, –
våren mot hausten må venda:
Dagen som ventar hos Gud eingong,
aldri, nei, aldri skal enda!

Ein endelaus dag hev runne

Vår gleda er stor:
Det er påske på jord,
det største som verdi vår hende.

Vår fiendehær,
han slegen no er,
og døden sitt velde tok ende.
Å, for eit vedunderleg vende!

Vår sæla er stor:
Det er påske på jord,
ein endelaus dag no hev runne.
Ved sonande blod
vår sak er gjord god,
utløysning og liv hev med funne.
Å, du for ein arv me hev vunne!

Vår lukka er stor:
Det er påske på jord,
med Jesus for godt hev det dagna.
Hans vinning er vår,
til livet me går,
til æveleg fullnad og fagnad.
Å, for eit vedunderleg lagnad!

Dagen som aldri i æva døyr

Om dagen er full av sol og song,
so tek han då slutt ein gong.

Den ljuve og gilde barndomstid
so snøgt mot sin ende skrid.

Og ungdomens blide, bjarte vår
han òg mot sin ende går.

Og so kjem manndomens summarstid.
Omsider er ho forbi.

Og haustdagen solklår, han er so stutt;
han ogso gjeng mot sin slutt.

Men dagen hos Gud, å, mitt hjarta, høyr:
han aldri i æva døyr.

Å, du for ein dag!

Å, du for ein dag
når me med vår Frelsar
får leva i lag,
ein morgen forutan
ei einaste sky,
der gleda og voni
er æveleg ny
og vindane veiftar
med livsfylte drag.
Å, du for ein dag!

Å, du for ei stund
når jubelen stig
frå kvar einaste munn,
når enda er syndi
og døden si natt
og livet og ljuset
og himlen er att,
og lovsongen tonar
i lid og i lund!
Å, du for ei stund!

Å, du for ein vår,
når fylte av fred
for Guds truna me står,
der livstreet blømer
og livselvi flyt,

der dagen ei endar
og tidi ei tryt!
Der ingen til gravi
og vinteren går.
Å, du for ein vår!

Å, du for eit land,
der ikkje me eldast
og mismodast kan!
Kvar morgen oss levande
livs-straumar byd,
og åndi til randi
er fylt av Guds fryd.
Og evig er kjærleikens
ljuvlege brand.
Å, du for eit land!

Det siste skal verta ein påskedag

Det ligg langfredags-mørke over vår jord.
Natti er djup, og naudi er stor.
Men solvending vart det den fyrste jol.
Det siste skal verta ei påskesol!

Det alt demrar av dag i den djupe natt.
Kristus gav verdi den fagre skatt.
På Golgata vann han det store slag.
Det siste skal verta ein påskedag. –

Må eg nå fram til det evige liv!

Må eg nå fram til det evige liv
eingong når livssoli glader!
Lat meg få skoda deg sjølv og din dag,
himmelske frelsar og Fader!

Dagen på jordi so fort går på hell,
og eg frå heimen lyt fara.
Må eg då møta, i endelaus fryd,
dagen som evig skal vara!

Her råder syndi og døden si lov,
men, Jesus, du er min frelsar.
Då når eg fram til den evige vår,
der du velkommen meg helsar.

Vi møtes når morgenen gryr

Vår livsdag på jorden går hastig på hell,
for årene fort fra oss flyr.
Og så må vi skilles, – da er det vårt håp:
Vi møtes når morgenen gryr.

Vi eldes omsider, – og sier farvel,
men da til det håpet vi tyr:
Vår Frelser har lovet at tror vi på ham,
vi møtes når morgenen gryr.

Det stråler en stjerne i livet sin kveld,
den trøst er så salig og dyr:
Om vemodet smerter i avskjedens stund,
vi møtes når morgenen gryr.

DET ER VÅREN

Han ligg på lur der framme

Våren ligg på lur der framme,
løynd bak lette skoddelag.
Båra rullar, og omsider
våren kjem ein vakker dag.

Enno snoar det og snoar,
jordi kviler, kald og kvit.
Båra rullar, og omsider
kjem ein draum-ven livs-vår hit.

Våren ligg på lur der framme.
Ver velkommen, ljose tid!
Å, kor stort at endå eingong,
eg fær sjå deg, bjart og blid!

Men det lysnar

Tenk at det etter lider mot vår!
Endå ein gong me mot lys-tidi går.
Dagane lengjest, frå kveld til kveld.
Seinare skin denne avdags-eld.

Enno er vinteren bister og kald.
Enno er landet i kulden sitt vald.
Ja, men det lysnar frå dag til dag.
Snart får me merka mildare drag.

Bare ta det litt med ro!

No treng du ikkje skunda på!
No kan litt seinare du gå,
du sol som tøyer deg mot vest.
For det gjeng fort mot vårens fest.

Og når me hev vår jonsok-kveld –
kvar skapning livsens høgtid held –
då stutnar dagen, og det lid
mot haustens vedmodsfulle tid.

So berre ta det litt med ro,
du sol som sender glimen god!
No treng du ikkje skunda på.
No kan litt saktare du gå.

Men takk fordi du tøyer deg
og gjeng den lange ljoses veg!
Kor det er gildt og ljuvt og stort!
Me stend med song ved vårens port.

Kalde vindar – blide båror

Stundom blæs det kalde vindar,
og det snoar kringom tindar,
gufsar frå det høge nord.
Men det mildnar då omsider
når det ut mot våren lider.
Atter blide blomar gror.

Tidt det ut mot kvelden stilnar;
blide båror kulden mildnar,
og det klårnar opp frå vest. –

Gjev ditt liv i Herrens hender,
til det gode alt han vender,
hentar deg til livsens fest.

Når vinterstormen hev frå seg rasa

Når vinterstormen hev frå seg rasa,
det vert med eingong so lognt og mildt,
og nysnø-teppet hev jordi stasa,
og sunnavinden stryk mjukt og mildt.
Det kvein om novi, det knast og knasa, –
no er det atter so ljuvt og gildt.

Frå himmel-høgkvelven soli glimar,
om landet legg ho eit ljoses vell.
Med tål ho tek det dei lange timar,
til dess ho glader bak fagre fjell,
og påskeklokkekone, snart dei kimar.
Då livsens høgtid me glade held.

Når vinterstormande syng og sjogar,
og snøen dansar og dett og driv,
sitt laken legg over djupe skogar
og norda-snoen i kinni riv, –
då minnast: snart ser me grågås-plogar.
Me gjeng mot våren, men ljos og liv!

Knuppen vågar seg varleg fram

Knuppen vågar seg varleg fram
frå det vesle romet sitt,
når soli smeikjer han mjukt og blidt.
Han kjenner: No hev eg ein vinter stridt.
So bryt han den harde ham.

Knuppen vågar seg varleg ut,
etter natti lang og kald,
mens landet låg i ein vinters vald.
Men kulden spakna, og knuppen svall.
Då vakna den vesle gut.

Då brest ein skjodd, og han møta fær
ein underfull livsens vår.
Eit vell av lys over landet går,
høgt oppe blånar ein himmel klår.
Og lerkone glade ler.

Vårbekken

Du vårbekk som brusar og klukkar og ler,
i fanget du vinteren med deg ber.
Du fossar og fyk,
det renn og det ryk,
med hastverk du ut imot havet stryk,
og so – so er våren her!

Eg tenkjer med undring på snø-teppet kvitt,
no soli hev tina det, stilt og blidt.
Det vart ikkje vekk,
den brusande bekk
dei klåre krystallar som bråna, fekk.
Og so er det vår – om litt!

Vår-løysing

I

I tusundtals år
det vakna i Noreg
ein vedunders vår.

Når soli steig høgare
dag etter dag,
då kom det i lufti
eit mildare drag.
Og himlen vart blå,
klinkande klår.
Det leid ut mot vår.

Og isane brast,
og fossane losna, –
i kåtaste kast
dei sturta seg utover
flogbratte fjell,
med dunder og brak
dei i brå-djupet fell.
Og snøteppet tinar
i sunnavinds drag.
Å du, for ein dag!

Då knuppane svell
mens livsbylgja varm
over vålandet vell.
Sjå ”gåsunigar” gule
på silje-grein grann,
og leir-fivlen lyser
ved vegen si rand.
Og humla, ho brummar, –
ein bjørn gjeng or hi.
Å du, for ei tid!

Sjå grågås i plog,
høgt over den vaknande,
kveldstille skog!
Og der – der er starene,
i ospi sin topp!
Ja, no er han komen –
no spelar han opp.

Og måltosten fløytar, –
me høyrer mot kveld
eit sylvtone-vell.

Det er som ein draum. –
Høyr bekkene brusar!
Kvar elv gjeng i flaum.
No spelar seg smålamb
på voll og på eng,
og langt inn i natti
gjeng soli i seng.
Og borni seg unar,
kvart hjarta er glad.
Høyr lerka sitt kvad!

II

Ei vårbylgja varm,
ho bårar og bryt
i dei unge sin barm.
Der ogso det livnar
og brusar og brest,
og lengsla, ho logar
i kvardag og fest.
Ho kjennest so underleg,
dragande, sår,
helst ut imot vår.

”Kva skal eg vel bli?”
so spør du deg sjølv
i den rådville tid.
Og krefter seg ovrar
du kjende ’kje før.
So rådvill du stend der,
du speidar og spør.
Dei løynlege lengslor
i barmen du ber.
Det vårløysing er.

III

Når lengslone brenn,
då minnast: ein ven
attmed sida di stend.
Han hugen vil lyfta
mot høgaste tind,
og kursen vil stilla
mot himmelen inn.
Han klårt vil deg visa
kvar vegen din går
til framtid og vår.

Guds Ande og ord
kan skapa den venaste
vårtid på jord.
Han kler deg i frelsa
sitt fagraste skrud,
og lekamen din
vert eit tempel for Gud.
Han hugen din fyller
med himmelens fred.
Du lovsongar kved.

Å, herlege lut!
Han stiller di lengsla
og sløkkjer di sut.
Han fyller ditt hjarta
med vårliv og von,
og løyser deg ut
ifrå tap og frå tjon.
I tru på vår Frelsar
frimodig me går
mot ævelivs vår.

Eg våren vil fylgja

Eg våren vil fylgja der fram han dreg,
fylgja dei varlege, stille steg,
sjå kor han andar på knupp som svell, –
soli gjeng lenger for kvar ein kveld.

Eg våren vil fylgja der fram han fer,
sjå kor han skaper ei livsens verd,
høyra kor vårfuglar fjåge kved,
lammi seg leikar, og born seg gled.

Eg våren vil fylgja frå dag til dag,
kjenna dei smeikjande vindars drag.
Våren eg fylgjer, – han vart meg kjær, –
lidene livnar, og lerkor ler.

Eg våren vil fylgja der fram han finn
til djupaste dalar og øvste tind,
sigrande skrid ifrå nord til sud.
So vil eg lova vår store Gud.

Det ollar ei kjelda der inne

Sjå, enno ligg lyset derute, –
enn skin det i rosa og eld.
Kor ljuvleg når dagane lengjest
og lenger det dryger til kveld!

Det ollar ei kjelda der inne,
i hjarta sin djupaste grunn.
Når dagane lysnar og lengjest,
det lider mot vårvakningsstund.

Tenk, atter ein gong fekk eg sjå det:
at vinteren veiknar og vik.
Då ollar ei kjelda der inne.
Eg kjenner meg takksam og rik.

Meir ven enn den fagraste draum

Takk for våren som vender attende
med smil og med solskin og song!
Det er eit vedunderleg hende,
no ser me det atter ein gong.

Takk for våren som vender tilbake
med himmel so høg-kvelvd og klår!
Me etter får livsgleda smake.
Ja, tenk at det atter er vår!

Takk for våren den ljose og gilde, –
meir ven enn den fagraste draum, –
for dagane lange og milde,
for lyset og livet sin flaum!

Hengebjørki

Sjå, hengebjørki naki står!
No svangar hennar brune hår.
Men sevjene i stomnen går,
og berre vent: snart er det vår!

Då får ho att sitt fine skrud,
og knuppar brest i sol frå sud.
Snart stend ho prydd som venast brud,
eit underverk av allmakts Gud.

Eg høyrd staren i kveld

Ja, det er våren eg andar no!
Den milde lufti er sval og god.
Om snøen enno ligg kald og kvit,
det våren er som er komen hit.

Eg staren høyrd no nyst i kveld.
Kor gildt å høyra det tonevell!
Han sit i ospi og fløytar glad.
Kor mjukt det er, dette elskhugs-kvad.

Ja, Herre, takk for den milde dag
og for dei smeikjande vindars drag,
for liv som vaknar i lund og lid.
Takk, Herre, takk for den ljuve tid.

Høyrer du sylvtone-vellet?

Høyrer du sylvtone-vellet
i våren sin fyrste kveld, –
frå hagen, frå heidi, frå fjellet, –
eit tirlande, klokkeklårt vell?

Høyrer du sylvtone-klangen,
i våren so ung og ny, –
frå ospi, frå viddi og vangen,
frå parken i kveld-still by?

Høyrer du sylvtone-låten
når soli gjeng langt mot vest?
Av gleda du mest kjem på gråten.
Og knuppane svell og brest.

Å ja, eg kan sylvtonen høyra,
so mjuk og so rein og klår.
Når clangane no når mitt øyra,
då veit eg det atter er vår.

Ja, Noreg er nådd av ei båra
med ljoses og livesens vell.
Og kanskje du turkar ei tåra
når sylvtonen lyder om kveld.

Og kanskje du minnest med gleda,
når sylvtone-vellet deg når:
Ein gong skal eg jublende kveda
Guds pris i den evige vår.

Takk for den fine fønvind!

Takk for den fine fønvind,
som smeikjer so lett mi kinn!
Midt i den barskaste vintertidi
so syp eg ei vårluft inn.

Midt i den myrke vinter
so kjem det ein pust frå sud,
helsar frå våren somsov der framme,
og ventar ein vink frå Gud.

Takk for den fine fønvind,
og sol over kvite fjell!
Takk for den evige vår som ventar
når lives-året gjeng på hell!

Det var brus over vår-verket

No er vårdagen enda,
og soli hev tenkt å gå ned.
Over skogar der knuppane svall,
er det stilla og fred.

Månesylvet stend skinande,
blankt, høgt på aust-kvelven klår.
Ifrå sør kjem ein svalande vind.
Det er mai, det er vår.

Å, kor jordi er underfull
no når mot jonsok det lid!
Eg vil høglova Gud for
den festlege livsvaknings-tid.

Det var brus over vår-verket, –
trekrunor fyltest i dag.
Det er stort å få sjå,
og med livsbylgja vera i lag.

No jordi oss minner om paradis

So skulle eg møta på nytt ein vår,
med lysande, lauv-fylte kroner,
få høyra den sylv-låten mjuk og klår
og kjenna dei varmaste voner!
Med gleda eg ut i kvar morgon går.

So skulle eg kjenna den milde bris
som stryk kringom kinn, kringom knuppar,
få sjå denne dirrande varme-dis,
dei vaknande, grønkande tuppar.
No jordi oss minner om paradis.

Tidleg vår

No er på nyo det vår!
Bakkane etter er berre.
Lyset er landet sin herre
høgt over grender det går.

Kvelden er kjøleg og klår.
Smått det då lysnar i lider.
So kjem det ljuvlege tider.
Då vert for alvor det vår.

Endå ein gong ser eg lønnen lysa

Endå ein gong ser eg vårens under;
skogane stend i so skirt eit skrud.
I desse solrike, sæle stunder
høglovar skapningen livsens Gud.

Endå ein gong ser eg lønnen lysa,
bjørki seg pryder som venaste brud.
Djupt i min barm vil eg voni hysa:
æveleg vår hos all skapnings Gud.

Endå ein gong ser eg livsens båra
bylgja om landet, frå nord til sud.
Det blenkjer i auga ei gledetåra:
vonni om våren hjå livsens Gud.

No bryt det fram for fullt

Sjå, no bryt vår-vellet fram for fullt,
og lauvet løyner dei svarte greiner.
No lysnar lønnen og osp og or,
so grønkar furu og gran og einer.

Og morgonsoli, ho sildrar inn,
då er ho vakker, den lønne-kruna,
ei openberring av liv og lys.
Og bjørki stend i sin brure-bunad.

Ja, no bryt livs-vellet fram for fullt,
og fyller skogar og lid og lundar.
No landet ligg i eit hav av lys.
Høyr – klåre kvad ifrå fuglemunnar!

Ei livs-bylgja bårar

Det er våren som vaknar
med lys over land.
Ei livs-bylgja bårar
mot Noreg si strand.
Ein blånande himmelduk
høgt over fjell
og sol over snøen
sitt skinande vell.

Det er våren som vaknar,
med liv i kvar lund.
Og sylvtonar strøymer
frå måltrostens munn.
Eg vårlufti syp
djupt i barmen min inn,
Og soli, ho vermer
ei vinterbleik kinn.

Velsigna er våren!

Velsigna er våren,
so ljuv og so gild.
Eg sollufti andar

i maidagen mild.
Og kvelden er fager
og fredfull og still.

Velsigna er våren.
Det sprett og det gror.
Frå gry og til kveld
tonar flyttfuglars kor.
I livs-skrud ho kler seg,
den eldgamle jord.

Velsigna er våren
og voni eg har:
Min dag er ’kje enda
om kveldsoli glar.
Ein æveleg livs-vår
er himmelens svar.

Mairegn i tide

Alle dei nysådde åkrar
mairegn hev fenge i tide,
breider seg, von-fulle, vide.
Fuglane alle er blide.

Dogg ifrå svalande skurer
fekk alle grønkande enger.
Graset no tøyer seg lenger,
som på usynlege venger.

Ti tusund symror i skogen,
lysaste laken dei lagar,
kvitnar i holt og i hagar,
gror-rike, doggfriske dagar.

Menneske-hjarta treng vår-regn.
Ungdom, du vonfulle, blide,
vegane falla so vide.
Sjå å få mairegn i tide!

Kastanje-lysi brenn

Varleg og vakkert vågar seg fram
den vårnupp på treet mitt.
Sakte og seint han syner seg, –
so ut han seg faldar fritt.

Solstrålar smeikjer den kalde kinn,
men natti er kjøleg enn.
So ei sol-stund dei skjoldar brest.
Kastanje-lysi, dei brenn.

Overvelda

Overvelda av våren
når tusund-tal knuppar brest,
når mai-soli glim ifrå høgheimen blå,
og alt som hev liv, held fest.

Overvelda av våren
kvar gongen han vell her nord.
Eg ser dette storlagde vakningsverket
av Skaparen vis og stor.

Overvelda av våren,
eit storhav av liv og ljós,
uteljande under i blad og i blom.
Deg, Gud, vere lov og ros!

Overvelda av våren, –
kor stort at eg òg er til!
Om hausten sig på, – i ein æveleg vår
eg frydast og fagnast vil.

Ungt og lyst er lauvet no

No er fylt kvar bjørkekruna.
Ungt og lyst er lauvet no,
der det skin i morgonglansen
og i kveldens glim og glod.

No er fylt kvar lønne-kruna,
du, kor det er vent å sjå.
Livsens vår, no hev han sigra.
Fagert er vårt heimland då!

No kvar symra ut seg faldar,
stend og skin so blyg og bjart.
Å, kor fint at me kan møta
slik ein blom, so skir og sart!

Symra i skog-brynet

No stend ho der etter
i kanten av skogen,
den blomen so blyg
og so bjart og so blid,
den første som gjestar meg
her i min hage
i våren si gilde og ljuvlege tid.

Det kvitsymra er
som so vår-tidleg vaknar.
So sart og so skir
ho i skogbrynet stend.
Og stillsleg ho skjelv
medan lerkone tirlar,
seg vender mot aust
medan mai-soli renn.

Or moldi den myrke
du renn når det vårast.
Lell fekk du eit fagert
og skinande skrud.
Eg ser på ditt reine,
uskyldige andlet.
Eit under du er
av ein all-veldig Gud.

Ei bygd brast i bløming

No syp dei tusund bior
av kvar si blome-skål.
Då skjer eit livsens under.
No er det nådd eit mål.

Den gamle apal kvitnar
av tusund blomars smil.
So ber det ut mot mogning,
om det vert mange mil.

Det syng og læt og summar
i kruna klår og kvit.
Dei tusund honning-kalkar
dreg travle bior dit.

Og morgonsoli vermer
i kruna kvit og klår.
Kwart alde-tre som blømer,
hev nådd den fulle vår.

Dei åkrar som vart sådde,
dei stend med livsens gror.
No løyner stråi unge
den mjuke, varme jord.

Frå lidi aust i åsen
det lyder gaukekavad.
Og lit i lerka tirlar,
ho er so yr og glad.

Ved skogen skin det symror,
snart seier dei farvel.
Den blomen var den første
i vårens fargespel.

Dei varme vindar veiftar
i bylgjedrag frå sud.
Ei bygd som brest i bløming,
høglovar livsens Gud.

I tunet trippar ninil.*
Den fuglen stillsleg er.
So svint og kjapt flyg svola,
ho mat til reiret ber.

So kimar kyrkjeklokkor.
Det kvitsunn er på jord.
Hav takk for livsens Ande,
du Herre sterke og stor!

* ninil = linerle.

Livet vert fødd i den unge vår

Epleblom-bladi til bakken dett,
eit etter eit, so mjukt og so lett.
So er alt enda den blømings-tid!
Før me veit av det, ho er forbi. –

Livet sitt mål, det er frukt, – ei blom.
Difor so stutt er den herlegdom.
Livet vert født i den unge vår.
So gjeng det ut imot hausten klår.

Fagert er våren sitt fargeskrud.
Blomane høglovar livsens Gud.
Herleg er hausten, med gyllent korn.
Høglova Herren, de mannsens born!

No er det juni!

Lyset og livet – dei vende attende,
sigrande over vårt Noreg dei går.
Aldri ei ljuvare årstid me kjende.
No er det juni, – ja, no er det vår!

Himmelen også vårt heimland hev gjesta.
Trui på Kristus gjev livsvoni klår.
Kjærleikens knuppar i blom ser me bresta.
Takk, Herre, takk då for Guds-rikets vår!

Vakker er våren som nordlandi gjestar, –
djupt blånar himlen, og blomane brest.
Liljekonvallen til barmen me festar.
So held me lyset og livet sin fest.

Det var mektig å sjå slik ein vår

Våren, han kom med velde i år,
ingenting stogga han kunne.
Å, for eit under, du for ein vår!
Livet og lyset hev vunne.

Sjå kor kvar trekrona fekk sitt skrud,
skin i dei tidelege timar,
voggar i solbris i nord og i sud.
Doggfriskt no nylauvet glimar.

Ja, det var mektig å sjå slik ein vår
sigrande over oss skylja.
Takk for kvar gongen i undring eg står,
ser denne signande bylgja!

Overjordisk vakker

Overjordisk vakker er våren,
useieleg ven å sjå,
når bjørki i lid og lundar
hev teke ny-trøya på,
og kvelven er djup og blå.

Ja, eventyr-vakker er våren,
ei minning om paradis.
Det blømer og skin og angar,
og vårfuglar kved Guds pris.

Overjordisk vakker er våren
når allting vert nytt eingong,
i landet der livet råder.
Då tonar den sæle song.

Sankthans

Soli hev tøygt seg so langt som ho kan, –
og langt ho vann. –
Frå gry og til kveld er so drygt eit spenn.

No om eit bel ho attende seg dreg,
so lang ein veg.
I barmen min brenn det vedkjømleig.

Langt inni natti ho gjeng til ro,
med glim og glod.
Tidt eg i solefallet teken stod.

Ven er vel året si lysaste tid,
men svint ho skrid.
Atter det ut imot hausten lid.

Slik er det ogso i livsens vår, –
so svint han går.
Hos Gud eg den evige sommar når.

PERLESTRAUMEN

Eg fekk til gåva eit löyndomsfullt liv

I ei verd der stjernor i rømdi sviv,
fekk eg til gåva eit löyndomsfullt liv.

I ei verd der blomane angar og gror,
fekk eg eit liv på ei underfull jord.

I ei verd der dagen min går imot kveld,
drikk eg av livet sitt evige vell.

I ei verd der evig er livsens blom,
skal eg få skoda Guds herlegdom.

Perlestraumen

Tidi er ein skatt so dyr,
men so fort ho frå oss flyr.
Tidi er ein perlestraum,
men ho flyktar som ein draum.

Tidi må me nytta vel,
vakta oss at ingen stel
denne dyre perleskatt,
som me aldri meir fær att.

Herre, takk for kvar ein dag,
og for kvart eit andedrag!
Takk at nådetidi går
ut imot ein evig vår!

Ein fugl som frå oss flyr

Ta vare på di dyre tid!
 So fort ho gjeng, so snøgt ho skrid.
 Ho er ei perla, å, so dyr.
 Ho er ein fugl som frå oss flyr.

Ta vare på din dyre dag!
 So lev med livsens Gud i lag!
 Han fylla vil din djupe lengt.
 Då vert ditt liv det Gud har tenkt.

Ta vare på dei dyre år,
 alt frå din fyrste ungdomsvår!
 Fylg tett i Jesu fotefar,
 frå morgenon til soli glar!

So opna deg for livsens flaum,
 og lev i dag i denne straum!
 Når tidar-elvi havet når,
 då säl du inn i æva går.

Takk for din glede!

Herre, ha takk for den freden du gir!
 Takk for din glede!
 I sjelens dyp den evig forblir.

Herre, ha takk for det lys du meg gav!
 Takk for din nåde,
 for synds-tilgivelsens dype hav!

Herre, ha takk for din kjærlighets vell!
 Takk for din frelse,
 for håpets stjerne i livets kveld!

Ikkje eit einaste gras-strå er gløymt

I stille netter fell doggi,
 slik ho i aldrar hev strøynt.
 Ikkje eit einaste gras-strå, –
 ikkje det minste, – vert gløynt.

I alle stråi ho glimar,
 ho glitrar i engi sitt hår.
 Ogso dei ør-småe stråi
 fekk seg ein doggdrope klår.

I armaste menneskehjarta
 doggi frå himlen fell
 når stilt det for Gud seg opnar, –
 eit signande livsens vell.

Ein smil

Ein smil kan eit isberg smelta
 i hjarta sin djupe grunn.
 Og varme som sommar-solskin
 er venlege ord frå din munn.

Me sårt etter solskin stundar
 og hjarto som mot oss slår.
 Og hugs at i vinterdagen
 kjem kjærleikens smil med vår!

So varm deg ved kjærleiks-logen
 som lyser på Golgata,
 og ødsla med hjartans solskin!
 Då gjer du andre glad.

Gleda gror i dei gode heimar

Gledar gror i dei gode heimar,
smilen leikar om barnemunn.
Bjarte andlet og blanke augo,
fred og fagnad i hjartans grunn.

Soli skin i dei gode heimar.
Svartnar stundom ei uvêrs-sky,
gjeng ho framom, og kvelven klårnar.
Gleda atter glim ung og ny.

Kjærleik rår i dei gode heimar;
alle vil dei kvarandre vel.
Motgang møter, men dei veit vegen.
Sorg og sakn ikkje lukka stel.

Vond er verdi, og farleg ferdi;
sårt treng borni den gode heim.
Småe hender i bøn vert falda.
Noregs heimar – Gud signe deim!

Gud signe kvar ein heim på jord!

Gud signe kvart eit barn på jord!
Gud signe far, Gud signe mor
og syskena, dei kjære!
So stutt han er, vårt jordlivs dag,
må me i kjærleik bu i lag
og leva Gud til ære!

Gud signe kvar ein heim på jord!
Å, må dei lyda livsens ord,
dei gode vegar ganga!

So skal ved enden av vår veg
me sistpå sæle skoda deg,
der livsens liljor anga!

Den unge vitnehær

Mogne åkrar fekk dei sjå.
Dei fekk kallet, dei vil gå.
Me deim trugne hjelpa må.

Dei i livsens unge vår
til den store hausten går.
Herre, fylg deim år for år!

Me vår takk for truna ber
for den unge vitnehær.
Fylg deim, Herre, ver deim nær!

Vakre minne

Eit vakkert minne
frå farne år
er perla lik.
Om mange slike
du sistpå får,
då er du rik.
Men mørke minne
gjev hjartesår.

Dei vakre minne
som stjernor skin
i kvelden klår.

Gud gjev at eg,
når min livsdag dvin,
i glansen står
av fagre minne
frå farne år!

Ingen i verdi hev edlare glans

Ingen i verdi hev edlare glans, –
av malmar som kjem ifrå fjellet, –
enn sylvet som skin i dei titusen år
og glimar i solskins-vellet.

Ingen av stjernor hev skirare glans
enn Orion høgt oppå kvelven.
Frå djupet langt ute ho bliktar og brenn.
So ven er den skiftings-skjelven.

Perlene trillar

I går var det søndag,
og måndag i dag, –
i morgen er tirsdag, so onsdag.
Og slik gjeng det slag i slag.
Dagane hastar, og timane renn.
So vert det torsdag
og fredag og laurdag,
og då er det søndag igjen!

Vekene hastar,
og dagane flyr.
Dei perlone trillar.
Vår tid er so dyr.

So må du då nytta
minuttane vel.
”Kjøp tidi, den laglege!”
Då er du sael. –

Dei strøynde mot havet

Å, må eg nytta mi dyre tid!
Dei solfylte timane, snøgt dei skrid.
Den skytunge dagen mot kvelden lid.

Eit tidsmål av dagar av Gud eg fekk.
Det haustar, – dei fleste ifrå meg gjekk.
Dei strøynde mot havet, som brusande bekk.

Hjelp meg å nytta dei dagar vel,
so ingen dei perlor ifrå meg stel!
Min Gud, må eg berga mi dyre sjel!

Hill deg, kors!

Hill deg, kors! – du er vårt håp,
vårt eneste, i sorg og nød,
vår ankergrunn i liv og død.

Hill deg, kors! – velsignet du
som hang på korsets hårde tre,
for oss led dødens bitre ve!

Hill deg, kors! – jeg favner deg
og ham som døde i mitt sted.
Så er jeg fri, så har jeg fred.

Hill deg, kors, i evighet,
og du som elsket verden slik
at du meg gjorde evig rik!

Du må 'kje forspilla ditt einaste liv

Du må 'kje forspilla ditt einaste liv
og tapa di dyrt kjøpte sjel!
Ditt hjarta i livsvåren Frelsaren giv!
Då gjeng det for evig deg vel.

Du går gjenom verdi ein einaste gong,
frå morgen til solfall og kveld.
Lat Kristus få fylla din djupaste trøng,
med frelsa og freden sitt vell!

Ein einaste gong gjenom verdi du går.
Den vegen du aldri kjem att.
So tenk på din skapar i livet sin vår!
Då fær du den fagraste skatt.

Du må ikkje tankelaust ganga din veg;
for då kan du ganga fortapt!
Din Gud og din Frelsar no spør etter deg.
Til herlegdom hev han deg skapt.

Då slokna den skiraste stjerna

Å, dersom eg ikkje trudde
at soli på nytt skal renna
når dagen her nede er enda, –
då slokna den skiraste stjerna
eg her på jordi ser brenna.

Å, dersom eg ikkje visste
det atter eingong skal dagna, –
då u-blid og låk var min lagnad.
Med Kristus er døden ei vinning.
No syng eg i fryd og i fagnad.

Himmel-smil på jordi

Ein himmel-smil på jordi
er kvar ein bjart-øygd blom.
So fin ein lut han med seg fekk
av livsens herlegdom

Ein himmel-smil på jordi, –
so syng han Herrens pris,
eit mjukt og vakkert minne er
om første paradis.

Det fyller meg med fagnad
at ogso eg eingong
i lag med alt som Gud hev skapt,
skal syngja livsens song.

En arv med himlens egen glans

I Jesus jeg eier Guds velbehag,
hans vennskap og fadersmil.
Hans signing vil fylle hvert åndedrag,
i livsdagens mange mil.

I Jesus jeg eier en rettferds-drakt,
som selv han på korset vant,
og ingen kan rokke hans nådepakt.
Hans blod meg til himlen bandt.

I Jesus jeg eier en evig arv,
med himmelens egen glans.
Og daglig han fyller min trang, min tarv.
Til sist får jeg livsens krans.

I Jesus jeg eier en framtdagsdag
som aldri skal gå mot kveld.
Der skal jeg få leve med ham i lag,
ved livskildens rike vell.

Takk for brevet!

Då eg fekk ditt brev,
vart eg glødd og glad,
og eg høyrdie i hugen
ei lerka som kvad.
Det var ange av liljor,
og varme av vår.
Det seg kvelvde ein himmel
so høg og klår.

Det var fryd, det var fest
då den brevdova kom
og ho stilt dala ned
i mitt kvardags-rom.
Eg ho sende attende
med takkekjad.
Ja, takk at du skreiv –
og meg gjorde glad.

Mons –fons

Mons tyder fjell;
fons er eit kjeldevell.
Ad montes tyder: til fjelli!
Ad fontes: til kjelde-velli!
Bygg då på fjellet,
drikk av kjelde-vellet
når høgtid de held,
og like til livsens kveld!

Når jeg min adel minnes –

Jeg med Jesus er satt i himlen.
Jeg lever og ånder der.
En fremmed jeg er i verden.
Mitt borgerskap er ikke her.

Jeg med Jesus er satt i himlen.
Der har jeg min arverett.
Og når jeg min adel minnes,
da vandrer jeg glad og lett.

Jeg med Jesus er satt i himlen,
og evig jeg der skal bo,
i lyset og livets rike,
i kjærlighet, håp og tro.

Takk for hvert et hjerteslag!

Takk, o Gud, for hver en dag!
Takk for hvert et hjerteslag!
Takk for øyet, takk for øret!
Takk at jeg kan se og høre!

Takk for himlen høg og blå,
med de stille skyer på!
Takk for regnet, takk for snøen!
Takk for blomstene på bøen!

Takk for landet, fint og godt!
Takk for heimen jeg har fått!
Takk, o Gud, for mine kjære!
Hjelp meg du å takksam være!

Aller mest ha takk, o Gud,
for et salig himmelbud!
Takk at du, når høsten kommer,
tar meg til en evig sommer!

STERKARE ENN STORMEN

Sterkare enn stormen

Sterkare enn stormen
er den Herre Krist.
Bylgjone som brusar,
legg seg då til sist.

Båten går ’kje under
når han er om bord.
Sterkast storm han stiller
ved sitt veldes ord.

Tunge båror brusar,
hardt mot båten slår.
Stormane han trugar,
trygt me hamni når.

Hugs det når din livsbåt
dregen vert i kav:
Jesus stiller stormen.
Blikstilt vert ditt hav.

Hugs det når det stormar
i den svarte natt:
Jesus stend ved roren.
Snart det stilnar att.

Eingong skal du undrast,
lova Gud til sist.
Sterkare enn stormen
er den Herre Krist.

Guds herlighets avglangs

Det glimter i stjernenes talløse hær.
De stilt om Guds herlighet taler.
Det glitrer i vinterens rimfylte trær.
Og liljene lyser i daler.
Men Skaparens ansikt vi ser ikke der.
I Frelseren, Kristus, er han kommet nær.
Guds herlighets avglangs er Jesus.

I Frelserens ansikt vi Faderens ser.
I ham vi Guds kjærlighet skuer.
Hans hellighet lyser – som solen den er.
Hans rettferd som lyn-ilden luer.
En fylde av nåde og sannhet han har.
I ham er jeg salig, og Gud er min Far.
Guds herlighets avglangs er Jesus.

Ja, Jesus Guds herlighet klart speiler av.
Der ser jeg min Gud og min Fader.
Jeg møter et miskunns og kjærlighets hav,
der sjelen seg fryder og bader.
Han veien og livet og sannheten er.
I liv og i død vil han være meg nær.
Guds herlighets avglangs er Jesus.

Gud gav det beste

Gud gav det beste
da han gav Jesus.
Han gav det største
han kunne gi.
Når denne gaven
i tro du favner,
da er du salig
til evig tid.

Gud gav det beste,
en evig rikdom
Så tro på Jesus,
og den blir din!
Da får du leve
i Kristi samfunn,
til sist får gå
i Guds himmel inn.

Vi må begynne med korset!

Vi må begynne med korset!
Der er det sonende vell.
Der virker frelsende allmakt.
Der er det grunnfaste fjell.

Er du avmekting, et intet,
uren, uverdig og arm,
kom kun til korset, der luer
kjærlighet evig og varm!

Vi må begynne med korset, –
der er den fulltrygge grunn.
Der får vi frydes ved livet,
hvile i avskjedens stund.

Vi må begynne med korset, –
det er Guds visdom til fred.
Takk, Herre Jesus, vår Frelser,
for dette salige sted!

Du tok våre byrder

Du tok våre byrder, Jesus,
og la deim på deg den gong
då opp du på korset bar deim.
Den vegen var bratt og trøng.

Du tok våre byrder, Jesus,
vår synd og vår skuld og dom
Du vann oss Guds fred og hugnad,
i himlen eit evig rom.

Du tok våre byrder, Jesus,
hav takk då for Golgata!
No kan me i fridom ferdast,
og sjeli er trygg og glad.

Eg på Golgata vil bu

Å, kor stort at Jesus Krist
reiv mitt skuldbrev sunder
då han leid på Golgata!
For eit nådeunder!

Gjeldi vart betalt med blod
frå dei djupe vunder,
då han døydde i min stad.
For eit nådeunder!

Eg på Golgata vil bu
alle livsens stunder,
sjå meg løyst og frelst og fri.
For eit nådeunder!

Jesus gjelder helt og fullt

Jesus gjelder helt og fullt
i ditt sted for Gud.
Hans fullkomne rettferdsdrakt
er ditt bryllups-skrud.

Jesus gjelder fullt og helt.
Du i ham er gjemt.
Ved hans verk på Golgata
all din synd er glemt.

Jesus gjelder, å hvor stort!
Nå alt hans er ditt.
Liv og fred og salighet
tilbyr han deg fritt.

Jesus gjelder, ikke du.
Stol da helt på ham!
I hans drakt du engang skal
gå for tronen fram.

Jesus gjelder, og vi skal
møte ham engang,
takke ham for Golgata
evigheten lang.

Du hyrding for Israel

Du hyrding for Israel, hjelp oss, hjelp oss,
du som har ein arm so sterk og stor!
Du hyrding for Israel, å berg oss, berg oss,
Herre Sebaot, du allhærs drott!

Du hyrding for Israel, trøyst oss, trøyst oss,
som ei mor gjev veslebarnet trøyst!
Du hyrding for Israel, fryd oss, fryd oss!
Lat oss drikka av din gledebrunn!

Du hyrding for Israel, leid oss, leid oss,
gjennom audni til det gode land!
Du hyrding for Israel, å ber oss, ber oss
på din faderarm til Kana'an!

Han har alt gjort vel

Jesus har sona det alt,
mi syndeskuld han har betalt.
So er eg då fri
til æveleg tid.
Jesus betalte det alt.

Jesus har allting gjort vel.
Han lækjedom vann for mi sjel.
Kvar morgen på ny
til han vil eg ty.
Jesus har allting gjort vel.

Jesus er rik nok for meg,
han rik nok er også for deg.
Han gong etter gong
vil fylla all trøng
Jesus er rik nok for meg.

Gløym ikkje Golgata-verket!

Gløym ikkje Golgata-verket,
voni på livet sin veg!

Jesus, den heilage, sterke,
døydde på korset for deg.

Mangt vil seg leggja på tverke,
syndi mot døden oss driv.
Gløym ikkje Golgata-verket,
soning og æveleg liv!

Gløym ikkje Golgata-verket!
Frelsaren der vann sitt slag.
Under det einfelde merket
sigrar me også i dag.

Der er det trygt

Å, kor det er trygt hos Jesus!
Han har kjøpt so dyrt mi sjel.
Han med evig kjærleik elskar,
og har omsorg for mitt vel.
Ingen ting meg riva kan
ut av denne hyrdings hand.

Ja, det er so trygt hos Jesus.
Ingen der kan skada meg.
Som sin augnestein han vaktar
skatten som han vann åt seg.
Ottast ikkje! sagde han,
for eg over verdi vann!

I ei verd der bårar brusar,
vonde makter herjar stygt,
døden trugar, folki fælar,
det hos Jesus Krist er trygt.
Ottast ikkje, berre tru!
Ewig skal hos han du bu!

Livets kilde

Du er min hyrde, Jesus,
leder meg ved din hånd.
Og du er livets kilde,
gir meg din gode Ånd.
Trygghet – hvem kan oss by den?
Gleden – hvem kan oss gi den?
Jesus, bare Jesus!
Herre, takk!

Du er min fremtid, Jesus,
håpet om herlighet.
Du er mitt alt på jorden,
og i all evighet.

Hvem kan min tomhet fylle?
Hvem kan min livsdag gylle?
Jesus, bare Jesus!
Herre, takk!
Du er min fremtid,
håpet om herlighet.
Du er mitt alt på jorden,
og i all evighet.

Det namnet eg kviskrar

Det namnet eg kviskrar
når morgenon renn
og tek det på tunga
igjen og igjen,
er *Jesus*. –

Det namnet som tonar
når morgenon gryr
og lever i hugen
mens timane flyr,
er *Jesus*. –

Det namnet eg nemner
når natti er nær,
er namnet på han
som mitt hjarta hev kjær:
Jesus. –

Det namnet skal vera
mitt siste på jord,
det fyrste eg kviskrar
i himmelens kor:
Jesus. –

Folkeslag venta i tusund år

Folkeslag venta i tusund år.
Ordet om frelsa deim ikkje når.
Ogso dei folk døydde Jesus for.

Gå til kvar ætt kring den vide jord!
So lydde Meisterens siste ord.
Enno i myrket bur mang ein bror.

No må me skunda oss, gå med bod,
gjeva dei arme den tidend god:
Livet er vunne ved Jesu blod!

Eg er med dykk på vegen til himlen

Eg er med dykk på vegen til himlen.
Eg sa ja til min Frelsars kall.
Inn i lyset sitt rike kom eg,
og vart fridd ifrå myrkars vald.

Eg er med dykk på vegen til himlen.
Eg vil fylgja den pilgrims-ferd
som mot lyset og livet stemner,
mot den evige sæle verd.

Eg er med dykk på vegen til himlen.
Kom du ogso, med oss slå lag!
So me vandrar med song til Sion,
til den evige, lyse dag!

Ja, vert med oss på vegen til himlen!
I all æva du syngja skal
Herrens pris, at den veg du valde
og fekk fylgia det høge kall.

Nei til Gud?

”70–80 % av norsk ungdom mellom 14 og 18 år sier nei til Gud.”
– Åpen post, TV, 6. mai 1971.

Nei til Gud, –
kor kan du finna på det?
Kor kan du makta seja nei til han
som gav deg livsens store under-gåva
og med sitt blod til seg deg etter vann?

Nei til Gud, –
seg, ser du ei hans stordom,
hans herlegdom som skapte himmel, jord?
Kor kan du gå din veg ifrå din Frelsar,
den einaste som enn hev livsens ord?

Nei til Gud, –
då ut i audni gjeng du,
med turre brunnar, sårt du tyrsta lyt.
Seg ja til Gud, – han som ein hyrding leider
deg til den vang der livsens kjelda flyt.

Trygt er håpets anker

Freden, fryden som vi eier,
den ble kjøpt ved Jesu seier.
Lyset, livet i vårt hjerte,
de er født i Jesu smerte.

Og den frihet vi har funnet,
for så dyr en pris er vunnet.
Jesu hjerteblod er runnet.
På hans kors mitt håp er grunnet.

Derfor trygt er håpets anker,
og i tillit hjertet banker.
Liv og legedom vi eier,
evig arv ved Jesu seier.

Ta imot meg, Herre Jesus!

Herre Jesus, ta imot meg!
Nå jeg kommer på ditt bud.
Før meg fram til nådetronen,
til et møte med min Gud!

Du Guds sønn, hør min bønn!
La meg bli din smertes lønn!

Du har sagt at den som kommer,
vil du ikke støte bort.
Å, så ta meg, Herre, tilgi
hver en synd som jeg har gjort!

Ta imot meg, Herre Jesus!
Du er alt mitt håp på jord.
I den hele vide verden
bare du har livsens ord.

Ja, jeg kommer, Herre Jesus.
Takk at du imot meg tar!
Takk for freden, barnekåret!
Himlens Gud er nå min Far!

Då lyder eit ord som gjer hugen min varm:
Min rikdom har eg i Jesus.

Eg held ikkje mål, og eg strekk ikkje til,
og hugen min leider meg dit eg 'kje vil.
Då lyder ein tone so varm og so mild:
Min rikdom har eg i Jesus.

Han sjølv er mi rettferd, mitt liv og min fred,
og alltid for meg ved Guds truna han bed.
Den sanning mitt hjarta useieleleg gled:
Min rikdom har eg i Jesus.

So er du min rikdom, mitt alt, Jesus Krist.
I deg finn eg att kvar ein skatt eg har mist.
Uendeleg lukkeleg vert eg til sist.
Min rikdom har eg i Jesus.

Gud er stor i si tilgjeving

Gud er stor i si tilgjeving.
Rikleg han forlata vil.
Endelaust er nådehavet.
Alt ved tru deg hører til.

Nådehavet aldri tømest.
Endelaust og djupt det er.
Gud er stor i si tilgjeving.
Alt du treng, hos han du fær.

Min rikdom

Eg kjenner meg fattig og ussel og arm,
og stundom det hulkar og græt i min barm.

Inn i det nedbrotne tempel

”Eg er elendig og fattig,
Herren vil tenkja på meg.”
Takk, Herre, takk at du minnest
også ein arming som eg!
Ukjend ligg framtid for meg,
du vil meg syna min veg.

Nedbøygde, sundbrotne hjarto
vil du, min Gud, ei forsmå.
Inn i det nedbrotne tempel
vil du med nåden din gå.
Åndi til liv vil du vekkja.
Kor eg er lukkeleg då!

Syndarar kom du å kalla,
dei som har vondt, – so du sa.
Dei som var arme, fortapte,
dei som til gjestebod bad.
Difor me glade vil syngja
frelsa sitt jublande kvad.

Pilgrim i verden

Pilgrim i verden
er jeg, og ferden
engang skal ende
i himlen hos Gud.
Lengselen luer;
målet jeg skuer;
der skal jeg stå
i det snøkvite skrud.
Jeg er en fremmed,
bare en gjest;
livssolen synker
sakte mot vest.
Salige tanke, salige tanke
at jeg er buden
til himmelens fest!

Det er min glede
daglig her nede:
Tenk at en himmel
meg venter til sist!
Jesus har vunnet,
solen er runnet,
lys ble den dagen
som før var så trist.
Fryd deg, mitt hjerte,
syng på din gang!

Trengselens time
blir ikke lang.
Salige tanke! Salige tanke:
Evig hos Gud
toner seierens sang!

Ein grov-hoggen kross

På Golgata-haugen den gamle,
der ser me ein grov-hoggen kross.
Enn vitnar han utover verdi
at Jesus gjekk vegen for oss.

Der gjorde du opp for oss alle.
Du verdi si synd tok på deg.
So takk, Jesus, takk at du vandra
den blodige Golgata-veg!

Alt gjorde du fullkome, ferdig.
I dette me kviler oss no.
Med frimod til Gud fær me koma,
i kraft av det sonande blod.

Når livsdagen sistpå tek ende, –
det lider mot solfall og kveld, –
kor sælt at me då skal få kjenna
at Golgata-verket, det held!

Han vitnar om siger i dødens dal

Det lyser imot oss frå land til land
ein gamal og einfeld kross.
Han vitnar for møy, og han melder til mann
om ein som døydde for oss.

Han stend der på graver i tusund-tal
utover den vide verd.
Han vitnar om siger i dødsens dal,
om lys på den siste ferd.

So heil deg, du kross, du vår von, vår trøyst,
og du som det treet tok!
Ved det skal eg verta frå døden løyst,
med namnet i livsens bok.



KONGEVEGEN

1981

HØGTID OG HELG

I dag snur soli – det snart er jol!

I dag snur soli! Kor stort det er!
No lysnar det smått omsider.
Det ut mot bjartare dagar ber,
dei vonfulle ventings-tider.
So myrk ho er, denne vinternatt.
Men ljoset sigrar, den skire skatt.

I dag snur soli! Det snart er jol!
Me minnest Guds gode gåva.
Den Herre Jesus er livsens sol.
Han vil me av hjarta lova.
Frå ljos til ljos no vår vandring går,
ut mot den evige gode vår.

God jul!

God jul!
ynskjer snøen so rein og kvit.
Kor stort at den høgtid no snart kjem hit!

God jul!
ynskjer snøen so kvit og rein.
God jul! vil òg eg ynskja kvar og ein.

God jul!
ynskjer veslegut blid og bjart.
Han ynskjer at klokkene kimar snart.

God jul!
ynskjer veslemøy bjart og blid.
Vår julehelg er ei velsigna tid!

Nettenes natt

Nettenes natt – det var ingen som du,
då vår Frelsar til verdi kom ned.
Då bygdest frå himlen til jordi ei bru;
no fritt får me anda og vona og tru,
og eiga den evige fred.

Nettenes natt – englar kvad då i kor,
medan stjernene blikta og brann.
Dei forkynte: ein frelsar er fødd til vår jord,
og dei song om ei gleda so rik og so stor,
om Guds hugnad med møy og med mann.

Nettenes natt – no hev årtusund gått;
englesongen er enn like ny.
Å, kor stort at han hit til vårt heimland hev nått!
Me ein æveleg rikdom i Jesus har fått,
og ser fram mot det evige gry. –

Eit barn er født

Det tonar over nattstill eng,
ut over berg og dalar.
Eit gledebod til verdi gjeng
frå høge himmelsalar:
Ein frelsar er dykk fødd i dag.
Slik englesongen talar.

Ver ikkje redd, me kjem med bod
om heilag himmelglede,
om fred på jord, Guds hugnad god, –
slik lydde englekvedet.
Og barnet er den Herre Krist.
Han evig konge er for visst.
No vil me han tilbede.

So er det no på jordi dag,
og sæle nådetimar.
Med von slær hjarta sine slag,
og morgenstjerna glimtar.
Me gjeng imot ein evig vår,
der liv og lys og lukka rår.
Snart himmel-klokkor kimar.

Året døyr

Det siste skimt av solgull svann.
So skumrar det i Noregs land.
Men brått det logar opp ein eld
som glør og brenn ein nyttårs-kveld.

Den siste rest av året svinn,
i æve-havet strøymer inn.
Det gamle året gjeng i grav.
Ei nyfødd sol stig opp or hav.

Det gamle året gjeng til ro,
mens kvelden skin, med glim og glod.
Men snart det renn ein morgen ny.
Kva vil det nye år oss by?

Ei sol, eit år i hav gjeng ned. –
Gud lova sjølv å ganga med.
So gå frimodig vegen din! –
Det nye året ringjest inn.

Nyttårs-morgen

Soli renn opp i det nye år.
Strålande, still over skogen ho står.
Kvelven er djup og klår.
Natti hev flytt, året er ung og nytt.

Rim-snøen glitrar i stjerneglans,
knyter kring bjørki sin klåre krans,
sitrar forutan stans.
Du for ei drakt! Å, for ei himmelsk prakt!

Jordisov stilt i den nye dag.
Nysnøen la seg i lette lag.
Ikke eit vindpust-drag.
Signe vårt år, du som for tidi rår!

Slik er det ved påsketide

Snøflekker, solskimt,
ein starefløyt mjuk,
ein og annan hugen
av lengting sjuk.
Slik er det ved påsketide.

Soli renn so tidleg
bak åsen i aust,
byrjar sin bane
so trygt og traust, –

sist på sig bak skogen
i vest mot kveld,
legg over landet
so ljost eit vell.
Slik er det ved påsketide.

Gjeng det gjennom kvelden
eit sorgmod-s-drag.
Jubelklokkor ljomar
om påskedag.
Sky og solskin skifter,
og vinst og tjon.
Jesus Kristus sigra,
Guds einborne Son.
Det gler oss ved påsketide. –

Ta meg med til Golgata!

Ta meg med til Golgata,
der det store hende,
der Guds son i striden stod,
sona syndi med sitt blod
og vår livs-von tende.

Ta meg med til Golgata!
Der er frelsegrunnen.
Der den fulle fridom er.
Livsens kjelda fløder der.
Livsens urt er funnen.

Ta meg med til Golgata!
Der er godt å vera.
Der eg les mitt fridomsbrev.
Der det lyser: "Sjå og lev!"
Gud skje evig æra!

Ta meg med til Golgata
når på jord det kveldar!
Lat meg stå ved korset då!
Lat meg offerlammet sjå, –
himlens kjærleiks-eldar!

Men røvaren, han fekk svar

Han stod framfor falske vitne,
og skuldingi deira var hard.
Men Meisteren stod der tagal.
Han gav deim ikkje eit svar.

Han stod framfor øvstepresten,
hin gong i Pilatus sin gard.
Over han skuldingar hagla.
Han gav deim ikkje eit svar.

Han stod der for kong Herodes.
Forvitnen den fyrsten var.
Men Meisteren atter tagal stod.
Han gav honom ikkje eit svar.

Han hang der i blod på krossen.
Med tålmod han pinsla bar.
Hærmenn og rådsherrar håna han.
Men – ikkje eit ord til svar.

Men då ein røvar i dødsens naud,
i sjelekval heit og hard,
bad: "Herre Jesus, kom meg i hug!"
då fekk han eit herleg svar. –

Det stungne hjarta

Ifrå det stungne hjarta
det flyt ein helseflaum.
I æva skal me lova
Guds Lam for denne straum.

Ifrå det stungne hjarta
det strøymde vatn og blod.
Og verdens skade læktest
ved denne doble flod.

Eit hjarta brast for verdi.
Det brast for deg og meg.
No vil Guds Lam me lova
for krossens tunge veg.

Guds Son for alle døydde.
So har me døytt i han.
I tru på den krossfeste
me går til livsens land.

Den dagen det store hende

Den dagen det store hende:
Vår Frelsar braut dødsens band.
Vår lagnad til von han vende
og vann oss eit livsens land.

I år-tusund ætti stunda
i lengt etter livsens urt,
imens dei mot gravi skunda,
og sistpå dei bleikna burt.

Ein Stein framom gravi stengde,
og sterke var dødsens band.
Men Frelsaren lekkja sprengde
og vann oss eit livsens land.

Sitt livsblod han ville gjeva.
Men livet sitt tok han att.
Me skal ikkje døy, men leva.
Den von er vår fagre skatt.

No kan du drukna sorgi!

Om Jesus bare døydde,
då stod me att i gråt og gru.
Men han stod opp, og bygde
til himmelen ei bru.

Han lever! Ja, han lever!
Å, hugsa det, mi redde sjel!
So kan du drukna sorgi.
For no er allting vel.

Han lever! Ja, han lever!
Han sit ved Herrens høgre hand.
Han lever i mitt hjarta.
Eg bur i livsens land.

So går me inn til livet

Påskesalme. Melodi: Jeg vil meg Herren love
I solstill påskemorgon
me høglydt lovar deg
som gjekk igjennom døden
og opna livsens veg.

No lyser von i verdi;
me glade vitna kan:
om tornar sting på fjerdi,
me gjeng til livsens land!

Å sæle trøyst: han lever!
Han sigra sterkt og stort.
Ein solfylt påskemorgon
han opna livsens port.
Han lever i all æva.
Kvar dag han er oss nær.
Kvar morgen kan me jubla:
Den Herre Krist er her!

Me skal 'kje døy, men leva.
Ein påskemorgon renn
då me i lys og lukka
ved sprengde graver stend.
So går me inn til livet,
og bak litt dødsens svelg.
Då skal me i all æva
i himlen halda helg. –

Gammel polsk påskehymne

La oss gle oss, gamle, unge!
Halleluja!
prise Gud med sjel og tunge!
Halleluja!

Fjernt og nær skal Jesus prises.
Ewig ære skal ham vises.

Jesus Krist stod opp av døde!
Hjertene i lovsang gløde!

Dødens gru er nå forsvunnet;
mørkets makt er overvunnet.

Han sitt folk kan nå forsvere,
fri oss ut fra dødens fare.

Jesus, dag skje takk og ære,
at vår synd du ville bære!

Deg vi vil for evig love,
evig gledes ved din gave.

Frå svensk

Ja, han lever!

Jesus lever, ja, han lever!
Sannelig er han oppstanden!
Jubelropet høyt seg hever.
Gledens kalk er fylt til randen.
Halleluja!

Jesus lever, ja, han lever!
Dødens makt er overvunnet.
Hør det, du hvis hjerte bever!
Nå en evig dag er runnet.
Halleluja!

Jesus lever, ja, han lever!
Gled deg, fryd deg, Sions datter!
Jubelropet høyt seg hever.
Større rikdom enn vi fatter.
Halleluja!

Herren gav Noreg ein livsdag ny

Herren gav Noreg ein livsdag ny,
vårliv i kaldaste vetter.
Sidan gjekk kallet til bygd og by,
frå ætt og til nye ætter.

Herren gav Noreg ein livsens vår.
Kulden og isen laut røma.
Himmelen kvelvde seg høg og klår
Han kjærleikens blom lét bløma.

Herren gav Noreg eit nådeår,
bygde sitt rike i landet.
Folket fekk leva i gode kår,
og foll gav Guds gode Ande.

Rikt hev han signa vårt fedreland,
gav oss so herleg ei gåva.
Takki skal stiga frå møy og mann.
Ewig me Gud vil hoglova.

Eit banner i blått, raudt og kvitt

Det lyser eit banner mot sol-kvelven klår,
eit banner i blått, raudt og kvitt.
Det bylgjer blant bjørker i vagnande vår.
Det tek oss om hjarta so blidt.

Det blakrar i solskin og bårar i bris,
ved skogar, ved fjell og ved fjord,
i blømande hagar, mot brear av is,
det bjartaste banner på jord.

So tidt hev det sett våre hjarto i brand,
ved nordhav og langt imot sud.

Det vitnar om fridom og fred i vårt land,
det Noreg me fekk av vår Gud.

Og klårt i vårt merke seg teiknar ein kross.
Han er oss eit livsens symbol.
Han minner om honom som døydde for oss
og no er all verdi si sol.

So båra, du banner, i solskin og bris,
og blåna i nord og i sud!
So syng me vårt draumfagre heimland sin pris,
og hoglovar himmelens Gud.

Pilegrimar møtest

Det er heilag høgtid,
gleda djup og stor
når me kviledagen
samlast om Guds ord.

Herrens vener møta, –
sæle saman bu, –
då Guds Ande kveikjer
kjærleik, von og tru.

Kan vel større tenkjast
her på denne jord:
himmelklokkor høyra,
Herrens eige ord?

Hermons dogg då dalar,
svalar hjartans grunn.
Herre, me deg lovar
for kvar samværs-stund.

Pilegrimar møtest
kledd i vandrings-skrud, –
forsmak på vår kvila
æveleg hos Gud.

Mi fryd

Eg frydar meg over soli
som strålar i dagen klår.
Ein fargerik haust meg fagnar,
den vaknande, vene vår.

Eg frydar meg over kvelven,
der tallause stjernor skin, –
den glitrande, reine doggi
og snøen sitt kvite lin.

Eg frydar meg over blomen, –
den kvite, den raude, blå, –
og når eg den mogne frukti
og kornet sitt gull fær sjå.

Eg frydar meg over fjelli
og fjorden og havet vidt,
dei stille og store skogar
og fjellvatnet blankt og blidt.

Eg frydar meg over folket
som byggjer i sud og nord, –
dei blide og bjarte borni,
dei gamle, og far og mor.

Eg frydar meg over landet,
det landet som òg vart mitt.
Det ligg her oppunder polen,
so fagert og sterkt og blidt.

Eg frydar meg kvar ein morgen,
når lys over Noreg vell,
når dagen omsider dalar
mot solfall og fager kveld.

Eg frydar meg i mitt yrke,
og gled meg at eg vart med
å odla mitt land, i lag med
det folk som forkynner fred.

Eg frydar meg over voni:
ein evig og herleg dag,
då eg med den frelseste fylking
hos Herren skal bu i lag.

Eg frydar meg over voni,
ein herlegdom rik og stor,
då eg i Guds samfunn evig
skal bu på den nye jord.

Tiden og håpet

Tiden, den rinner som elva mot havet,
og dagene kommer og går.
Vi takker deg, Gud, for den glitrende gave,
for håp om en evighets-vår.

Barndommen modnes mot manndommens
sommer,
og så følger livs-tidens høst.
Men siden den evige vårtiden kommer.
Det er en vidunderlig trøst.

Gud, vi deg lover for perlen og skatten!
Ditt billede har du oss gitt.

Vi takker for stjerner som lyser i natten
og hilser fra himmelen blidt.

Gud, vi deg lover for Sønnen du sendte.
Han leger de dypeste sår.

Vår lagnad fra døden til livet han vendte.
Nå går vi mot morgen og vår.

Ogso min død er i Herrens hand

Du som meg fylgjer kvar livsens dag, –
meg fyller med heilag fred, –
du kjenner òg hjarta sitt siste slag,
og når so i dødsdalен eg stig ned,
min hyrding, då gjeng du med.

Eg er 'kje einsam på livsens veg;
meg trøystar din kjøpp, din stav.
Og dagleg du dukar ditt bord for meg;
til sist, når mi livssol skal gå i hav, –
då gyller di von mi grav.

Ogso vår død er i Herrens hand,
og då han ei vinning er, –
ein ferjemann over til livsens land.
På ørnevenger meg englar ber
til himmelens sæle verd.

So vil eg leva for Jesus Krist
kvar dag eg på jordi går.
Og når so eit reisebod kjem til sist,
for Frelsaren då ogso døy eg får,
og gjeng til ein evig vår.

Ævelivs vår er min ljose draum

Seinhaustes-dagen, han er so stutt;
soli sitt skeid, det so snart tek slutt.
Ståket, det stilnar mot tidleg kveld;
so hev me solfall og avdags-eld.

Fager er dagen – og merkt av ro.
Seinhaustes-stundi er ljuv og god.
Soli er gild, der ho glim og skin.
Seinhaustes-timen er skir og fin.

Endå ein gong er eit livsmål nått,
moge det korn som i vår vart sått.
Vemodet ligg som ein understraum.
Ævelivs vår er min ljose draum.

Men en stjerne står i østen

Mørket faller fort om høsten;
men en stjerne står i østen.
Så blir to – og mange – tent,
himmel-lys, fra rommet sendt.

Mørket faller fort, men gløden,
glansen, glimen, aftenrøden
om ny morgen bringer bud.
Lovet være livets Gud!

Mørket faller fort om høsten.
Det er håpet, troen, trøsten,
som til sjelens dybder går:
håpet om en evig vår.

Mørket faller, høsten kommer.
Håpet om en evig sommer
skinner som en soloppgang,
fyller sjelens dyp med sang.

VARME FRÅ NORD

Varme ord

Varme ord til hjarta går.
Og når først dit ned dei når,
vert dei til ein venleg vår.

Blomar tirer, fuglar kved,
og ei liti sjel seg gled.
Inn det fløymer fryd og fred.

Ved dei vakre vene-ord
lyse glede-liljor gror
i ei takksam hjartejord.

Varme frå nord

Dei vermde meg om hjarta,
dei vakre vene-ord.
I snøvårs-dagen kom dei hit
frå høge nord.
Dei kom ifrå eit hjarta
som hyser sjølv ein eld
som Herren Jesus tende,
so varmt eit kjærleiks-vell.

So sender eg ei duva
med takk mot nord igjen.
No er det myrkt der oppe,
men so ei nattsol brenn. –

So lyser det der framme
ei von for deg og meg.
Og difor me med frimod
mot livsens vår-land dreg.

Det brenn som ein eld i barmen

Eg kjenner: eg treng ei æva
skal namnet ditt eg høglova,
slik som eg bør og vil.
Men Gud vere pris og æra
at alt her i denne verda
på lovsongen eg tok til.

Det brenn som ein eld i barmen;
Gud sjølv skapte denne varmen:
å høglova namnet hans.
Eingong, i den nye verda,
hans namn skal få pris og æra,
og stråla i evig glans.

I lyset er det legedom

I lyset er det legedom.
Så kom i lyset inn!
I klarheten fra Kristi kors,
der heles sjel og sinn.

I lyset er det legedom.
Du trenger det så vel.
I klarheten fra Kristi kors,
der heles sinn og sjel.

I lyset er det legedom.
Hver dag du der får bo.
I klarheten fra Kristi kors
det hvile er, og ro.

I lyset er det legedom.
Gud så at det var godt.
Der får du bo i evighet,
i himlens lyse slott.

Eit av dei minste i målet til mor

Eit ørlite ord, –
eit av dei minste
i målet til mor,
det motsette er det
av klagande ”akk”:
Det ordet er *takk*.

Om lite det er,
som rømer det i seg
so veldig ei verd.
Frå hjarta det rakk,
ein signande *takk*.

Ein doggdrope rein,
ei tindrande stjerna,
ein glimande stein,
eit solskin som vermer, –
det er ikkje ”akk”,
men hjartevarm *takk*.

Å, var eg då slik, –
ei tonande harpa, –
Ja, då var eg rik!

Og var eg so sael
at eg himmelen rakk,
i æva skal tona
ein jublante *takk*.

Han har ødsla med gåvor frå år og til år;
tidt har glede i hjarta ditt blenkt.
Han har kalla deg kjærleg, og lokka so lint;
sjølv det beiske til signing var tenkt.
Du har vel sagt takk for det?

Takk!

Takk for livsens Ande!
Takk for von om vår!
Takk for fred i landet!
Takk for frie kår!

Takk for morgonglimen!
Takk for nyfødd dag!
Takk for vårlivs-kimen!
Takk for hjartans slag!

Takk for von som ventar!
Takk for solrik kveld!
Takk at du meg hentar!
Takk for livsens vell!

Du har såra han djupt, du hans hjarta har krenkt;
du har synda i tankar og ord.
Men han sende til soning sin einborne Son,
til å vera din Frelsar og bror.
Du har vel sagt takk for det?

Han har sett deg i himlen eit æveleg mål,
hos seg sjølv når di sol sig i hav.
Han vil vekkja deg opp på den ytterste dag;
då han løyser ditt liv or di grav.
Du har vel sagt takk for det?

Du har vel sagt takk for det?

Du av himmelens Gud fekk eit underfullt liv;
han deg dana i likning med seg.
Og uteljande under i lekam og sjel
la han ned då han skapte deg.
Du har vel sagt takk for det?

Han har gitt deg ein heim på ei underfull jord;
alt du ser, om hans allmakt ber bod.
Og han over deg kvelvde ei stjernestrødd verd,
som deg helsar i æveleg ro.
Du har vel sagt takk for det?

Gud gav deg to vengjer

Ditt hjarta skal tona i takk og i bøn!
Gud gav deg to vengjer å bruka.
So lyfta deim både kvar einaste dag!
Då kan mot det høge du fjuka.

Di harpa skal tona i moll og i dur,
i sorg og i lengt og i gleda!
Kvar dag lyt du taka di harpa i hand,
ein lovsong til Skaparen kveda!

Gud gav det to vengjer, ei harpa av gull.
So lat då dei strenge klinga!
Lyft vengjene dine i takk og i bøn!
Då skal du mot himlen deg svinga.

Eit barn peikar opp

Haust i hagen.

Solrik er dagen.

Kvelven er klår.

Det vesle barnet

er – *vår*.

Lauvet dalar,

om haust-tid talar,

men greini

ber livsens knopp.

Det vesle barnet

peikar – *opp*.

Lukkeleg du

som lærer eit barn

å – *tru!*

Glad kan det då

– imot *Livet* gå.

Eit tempel er din lekam

Far varleg med din lekam!

Eit tempel for Gud han er,

ein underfull Andens bustad.

Kor stort han vil vera der!

Ja, minnast at eit tempel

for Anden din lekam er!

Han dag for dag vil deg helga.

Kor stort han vil verka der!

Eit tempel er din lekam.

Når døden i liv er bytt,

av Gud vert det fylt til randi.

Då allting er ungt og nytt.

I dag må du så!

Sjå å få leggja so mykje du kan,

i moldi mens høve du hev!

For bare dei korn som i vår-moldi rann,

si grøda i haustdagen gjev.

Du må ’kje spara på såkornet ditt,

nei, strø du det rikleg og raust!

Då eingong ditt åkerland tøyser seg vidt,

med korngull som glim i din haust.

No hev du høve, i dag må du så,

og sidan kvar time du fær!

Når soli du ser ned bak livslandet gå,

di såtid for godt enda er.

Kolportøren

Han drog dei dryge dalar,

langs fjordar og ved fjell.

Han gjekk dei bratte bakkar,

ved gry og ut mot kveld,

når vårens vindar veifta,

når sumarsoli skein,

når vinterstormen sjoga;

det gjekk til merg og bein.

Han bar dei tunge bører;
dei tyngde honom tidt.
Og etter mange miler
det kjendest hardt og stridt.
Men lell han trugen traska
med taska dag for dag,
til alltid nye grender
og nye bygdelag.

Han gjesta tusund heimar,
og døri banka på.
Og tidt dei tykte gildt om
den ferdamannen sjå.
Men andre stader morske
og mutte ord han fekk.
Lell smilte kolportøren,
og vidare han gjekk.

So mykje edelt såkorn
han la i Noregs jord,
på sine lange ferdar
ved hei og fjell og fjord.
Det grodde i dei gardar
der livsens ord vart lagt.
Det mogna fagre frukter
ved Heilag-Andens makt.

Han var 'kje alltid velsedd,
men mange fekk han kjær.
Og so omsider enda
den dryge såmanns-ferd. –
Men når i mange bygder
so fagre blomar gror,
me minnest kolportøren
som sådde livsens ord.

Herren har bruk for deg og meg

Herren har bruk for deg og meg;
han har so mykje å gjera.
For han vil senda sitt fagnadbod
ut i den fredlause verda.

Herren har bruk for deg og meg;
han kan den ringaste nyitta.
Nek på hans åker du sanka fær,
til du frå jordi får flytta.

Herren har bruk for deg og meg;
sjølv vil han dugleik oss gjeva.
Å, det er stort at me dag for dag
skal for vår Frelsar få leva.

Herren har bruk for deg og meg.
Å, for ein skatt og ei gåva!
Når me so når til det gode land,
skal me han æveleg lova.

Om én du vant –

Om én du vant for Gud,
og han vant én igjen,
og denne så vant atter én,
hva tror du ville skje, min venn?

La det ditt livsmål bli:
for Gud å vinne én!
Da legges i hans tempelbygg
så kostelig en edelsten.

Ja, prøv å vinne én
for himmelrikets fest!
Hvor stort om du ham engang ser
som Lammets bryllups glade gjest!

Gud vere takk for hjartans jord,
og for den gode grøda!
Han vil ein dag deg hausta heim
og berga i si løa. –

Åkerlandet

Eg såg so stort eit åkerland,
med rette fører mange.
Det breidde seg so vent og vidt,
og førene var lange.

Den syni meg om hjarta tok:
So mykje kan det gjeva
av gylne nek og mogi frukt
til dei som her skal streva.

Det båra skal i bris frå sud,
og syngja mogningskvadet.
Og songen stig med takk mot Gud
frå onnefolki glade.

Til hjarte-jordi tanken gjekk:
Ho òg er åkerlandet.
Her himmelgrøda mognast kan
ved livsens gode Ande.

Men får 'kje Gud i hjarta så
det livsens gode sæde,
vert åkeren av ugras full,
til sorg, og ei til glede.

Me takkar Gud for Noregs jord,
den djupe åker-moldi.
Der korn og strå og blomar gror.
Ho ber dei fagre folli.

Dei gamle, dei unge, dei små

Gud signe dei unge, Gud signe dei små,
at stødt dei på vegen til livet må gå!
Når freustingi lokkar og därar og dreg,
so hjelp dei i faren å ty inn til deg!
Ja, lei våre unge til von og til tru!
Å, signe deim, du!

Gud, signe dei gamle med grånande hår,
som stillsleg iblant oss i livskvelden går!
Det minkar med tidi, og æva er nær.
Å, Herre, med miskunn og ljós ver deim nær!
Og fyll deira hjarta med Frelsarens fred
når soli gjeng ned!

Det lyser langt frå dei kristne heimar

Det lyser langt frå dei kristne heimar;
ein straum av signing ifrå dei går.
Ein rikdom var dei for gamle Noreg,
frå ætt til ætt, og frå år til år.

Dei kristne heimar, ei lysning er dei;
for borni der høyrer bøn og song.
Og hugen vendest imot det høge,
til han som stiller den djupe trøng.

Det lyser langt frå dei kristne heimar;
ei signing frå dei for Noregs land.
Og ofte sender dei sine søner
med gledebod til ei framand strand.

Me takkar Gud for dei kristne heimar.
Gud gjev me aldri må sakna deim!
Men må dei signa dei nye slekter!
Det lyser langt frå ein kristen heim!

Eit andlet

Eg ser på eit ope andlet,
med augo som speglar ei sjel.
Det vart i Guds biletane;
det fekk i hans likning del.

Eg ser på eit sjelffullt andlet;
so mykje vart der lagt ned.
Det andar useieleg lengsel,
er merkt av Guds sæle fred.

Eg ser på so reint eit andlet;
det danast av allmakts Gud.
Og eingong det han skal møta, –
ei fullenda Jesu brud.

Og eingong, i alle ævor
skal songen stiga mot han
som oss i si likning skapte,
og dyrt oss for himlen vann.

Eg såg ein katt i vinterkvelden

Eg såg ein katt i vinterkvelden.
Opp bakken gjekk han sin veg.
Kvit, med store, svarte stripa,
rolege, stille steg.

Snøstormen sjoga derute,
snø-fjom i kåtaste dans.
Katten vandra sin veg i kulden.
Rett ut stod den kvite svans.

Han fraus vel ’kje nettopp, stakkar,
men kulsa nok litt på poten.
Ikkje ein heim han kan kalla sin,
der han kvila kan våt-kalde foten.

Ikkje ein mat-kopp å ganga til,
den svoltne magen å metta.
Kvar skal han vel gå i ein snødriv-kveld
den harde hungeren stetta?

”Ein villkatt berre!” so seier dei.
”Dei er ikkje verde å leva!”
Eg får meg ’kje til å vera so hard, –
litt kjærleik deim ogso vil gjeva.

I kveld vil eg finna ein kopp, og so
med mat han på troppi setta.
Og hender det då katten framom fer,
so kan han sin hunger stetta.

Eg ser denne katten for meg,
der snø-bakken opp han travar.
Han gjeng so stilt mot eit uvisst mål,
mens snøen mot jordi lavar.

Å, me som hev lune heimar
og nøgdi av mat og klede,
skal me 'kje minnast dei arme dyra,
og gje deim litt livd og glede?

Gud signe dei gamle!

Gud signe dei gamle
som millom oss går
og minnest med vemod
sin sumar og vår!
No hausten er komen,
og bladi fell ned.
Å, lat dei i kvelden
få eiga din fred!

Gud signe dei gamle!
No trøytte dei er
av møda og motgang
på livet si ferd.
Å, gjev deim i miskunn
ein alderdom god,
med hugnad og kvila,
med tillitsfull ro!

Gud signe dei gamle
som stilt kring oss gjeng
mens blomane folnar
i visnande eng!
Vend auga mot landet
der soli ei glar,
vår trufaste Frelsar,
vår Gud og vår Far!

Gud signe dei gamle
får dag og til dag!
Og lat deim, lik Enok,
få vandra i lag
meg deg, som er med
til dei gränande hår,
vil berga og bera!
Gud, gjev deim din vår!

Gud signe dei gamle
frå stund og til stund,
og gjev deim di gleda
i hjarta sin grunn!
Og lat deim, lik Simon,
når soli gjeng ned,
med Jesus i hjarta
gå herfrå i fred!

MITT HJARTA, KVI SYRGJER DU DÅ?

Gud kommer så godt og så stille

Den store salmedikteren Magnus Brostrup Landstad så realistisk på døden. Vel sang han: ”Jeg vet meg en søvn i Jesu navn,” men han vek tilbake for selve dødsprosessen. Men da han lå på dødsleiet, sa han: ”Gud kommer så godt og så stille.”

Gud kommer så godt og så stille, –
for godheten selv han er, –
ei i den mektige brusen,
men helst i den sakte susen.
Han har deg så hjertens kjær.

Gud kommer så godt og så stille.
Han kaller i livsens vår,
lokker så lint i ditt indre.
Du himlens stjerner ser tindre.
Han læger ditt dype sår.

Gud kommer så godt og så stille;
han vil deg jo bare vel.
Og må han enn motgang sende,
så tar den med signing ende,
og morgen følger på kveld.

Gud kommer så godt og så stille;
og helst vil han komme slik,
med toner milde og mjuke.
Stundom han strenghet må bruke
for sjelen å gjøre rik.

Gud kommer så godt og så stille,
i livsdagens gry og kveld.
Til sist han så stille kommer,
og tar deg til evig sommer,
til livets og lysets vell. –

Evige Gud, kor du er stor!

Evige Gud, kor du er stor,
som allting ber ved ditt veldes ord,
den digre soli og stjernors hær,
den djupe rymdi, ja, all vår verd!

Evige Gud, kor du er god!
Du ofra Sonen sitt hjarteblo.
Du fram oss fører på livsens veg.
Og eingong sæle me skodar deg.

Kor stor må 'kje Gud då vera!

Sjølv soli vert liti, liti
imot det mektige rom.
Og jordi, so vid og veldig,
ho vert som eit vesalt fjom.

So ovstort er universet,
ei æva frå nord til sud.
Kor stor må då ikkje vera
vår skapar, vår drott, vår Gud!

Og ser me so mikrokosmos, –
usynlege, små atom, –
då òg me i undring anar
Guds evige herlegdom.

Og so ser me *livet*, livet,
so løyndoms-rikt, underfullt.
I tusentals år dei granska,
men enno er mykje dult.

I tallause fagre former
og fargar det ovrar seg.
Og alle dei spelar saman,
og alle dei saman dreg.

Det bankar eit livsens under
i blod og i bær og blom.
Sjølv strået som skjelv i vinden,
ber bod om Guds herlegdom.

So ropar då allting: ”Ære!”
i himmelens høge hall.
Og lovsongen sterkt skal stiga
i tid og i æva all. –

Frå høg og heilag himmel

Frå høg og heilag himmel
kom Jesus ned til oss.
Han lagdes i ei krybbe,
og døydde på ein kross.
Men då hans livsblod flødde, –
hans hjarta brast til sist, –
då vann han oss attende
den arv me hadde mist.

Til høg og heilag himmel
frå korset gjekk hans veg.
Og der, i heilagdomen,
for oss han syner seg.

Han ber oss på sitt hjarta
og gjev oss alt me tarv,
kvar dag eit vell av nåde,
til sist ein evig arv.

Frå høg og heilag himmel
han kjem ein dag igjen.
Ein solklår påskemorgon
for verdi arm då renn.
Ei nyskapt jord skal stråla
i reint og heilagt skrud.
Hans frelse folk i æva
då lovar livsens Gud.

Gud lover oss ankerfeste

Gud lover oss ankerfeste
i berggrunnen fast og trygg.
Kor godt å få kasta anker der
når stormen er strid og stygg!

Og Kristus er ankergrunnen,
den berggrunn som evig held.
Det veldige sonings-verket hans
i tid og æva gjeld.

Gud lover oss ankerfeste.
I himmelens hamn det er,
der Jesus for oss no syner seg
og alltid for sine ber.

Og då skal vår livsferd lukkast,
når Jesus er ankergrunn.
Han vil med si rettferd dekka oss
i dødens og domens stund.

Jesus har gjort opp for alt

Jesus har gjort opp for alt
då for meg han blødde.
Syndeskuld i vart betalt
då hans livsblod flødde.
Å, kor stort: på fullgod grunn
mine brot er sona!
No i hjartans djupe grunn
skal min lovsong tona.

Jesus verdsens synder bar,
difor ogso mine.
Lidings-elden då var hard,
angest, kors og pine.
Men no er, mi sjel, du fri.
Ingen kan deg saka.
No du skal til evig tid
Kristi kjærleik smaka.

Skuldi mi er ovleg stor.
Eg so vond har vore.
Då meg trøystar Jesu ord:
Eg di synd har bore.
So eg vil ved korset stå,
Jesu soning minnast.
Ved det offer får eg nå
til Guds hjarta bindast.

Gud ser meg i Jesus

Gud ser meg i Jesus; då ser han meg slik
som Frelsaren er, so rein og so rik.
Han ser 'kje mi synd, han ser Jesu blod;
han ser meg i Sonen, rettferdig og god.

Gud ser meg i Jesus, og reknar med han,
den siger som Kristus på korset vann.
So skal eg få rekna med han, eg òg.
Kor salig eg vart då den løyndom eg såg!

Gud ser meg i Jesus, fullkommen i han,
meir heilag og rein enn eg tenkja kan.
So øver eg meg i å tenkja slik.
Og eingong, i æva, eg vert honom lik.

No evig det gjeld, det du gjorde

Det verk som vart fullført på Golgata kross,
det nok er for alle i verdi.
Då Frelsaren døydde, då var det for oss.
Og difor me von hev på ferdi.

Kor godt å få minnast at verket er gjort,
for tid og for æva skal gjelda!
Til livet no leier ein vidopen port,
der levande straumar skal vella.

Me takkar deg, Jesus, fordi du var tru,
og fullførde verket, det store.
Til blodet du stridde, i angst og gru.
No evig det gjeld, det du gjorde.

Gud ser meg gjennom Jesu hjarta

Gud ser meg gjennom Jesu hjarta,
so heilag, rein og god som han.
For når eg trur på Herren Jesus,
eg eig den rettferd han meg vann.

Å, kunne eg om dagen minnast
at Jesus gjorde alt for meg!
Gud ser meg gjennom Jesu hjarta.
For himlen ferdig då er eg.

Alt er gløymt hos Gud

For Jesu skuld eg tilgitt er,
og kledd i heilagt skrud.
Kor sælt det er å minnast då
at alt er gløymt hos Gud!

Det er mi trøyst i liv og død,
i angst for Herrens bud:
at Jesus har mi skuld betalt
og alt er gløymt hos Gud.

Han ved sitt blod har vunne seg
ei dyrtkjøpt, heilag brud.
For Jesu skuld er all mi synd
for evig gløymt hos Gud. –

Levende vann

Er hjertet ditt vendt imot Jesus,
da gir han deg levende vann.
Da aldri du mer trenger tørste.
Du bor i de levendes land.

Da har du en kilde i barmen.
Den veller ustanselig frem.
Det evige livet du eier,
og himmelens land er ditt hjem.

Så fest da ditt øye på Jesus!
Da evighets-håpet er ditt.
Da går du hver dag imot livet.
Du ånder frimodig og fritt.

Som solen skal vi skinne

Med Jesus er vi trygge
hver dag på livsens ferd.
I solskinn og i skygge
han ved vår side er.

Med Jesus ved vår side
vi møter dagen ny.
Skal vi mot mørket stride,
må fiendene fly.

Med Jesus skal vi seire,
og vinne frem en dag.
Vi livets fest skal feire
med alt Guds folk i lag.

Med Jesus skal vi vinne, –
for oss han vant en gang.
Som solen skal vi skinne,
og synge Lammets sang.

Tenk – Jesus er her!

Tenk, Jesus er her!
Vår Herre og Frelsar,
han sjølv er oss nær.
Han levande enno
imillom oss står,

frå hjarta til hjarta
velsignande går.
Hans hjarta, i kjærleik
imot oss det slær.
Tenk, Jesus er her!

Ja, Jesus er her!
Kvar gong me får møtast,
so kjem han oss nær.
Han gjev oss sin rikdom,
han fyller vår trong,
han stemmer vårt hjarta
til bøn og til song.
Å, måtte me minnast,
når saman me er:
Tenk, Jesus er her.

Gud ynskjer å gi

Gud ynskjer å gi.
Det er kjærleikens gleda i æva og tid.
Han gjev deg den løysing som tener deg best,
den stundi som du her på jordi er gjest.

Å, kjærleikens hav!
Han til liding og krossdød sin eigen Son gav.
No alle ting vil han deg gjeva med han,
den soning og sæla han eingong deg vann.

Frimodig då ver!
For i Kristus har Gud deg no inderleg kjær.
Han veit om di framtid, han kjenner din trong,
han hjelpa deg vil til du ser han ein gong.

Den store byrdeberar

Den store byrdeberar,
det er den Herre Krist.
På krossen verdsens synd han bar –
den børni var vel tung og hard –
han sigra då til sist.

Den store byrdeberar
all verdsens synd bar bort.
No er eg frelst, no er eg fri,
no er eg løyst til evig tid, –
og gjeng mot himlens port.

Den store byrdeberar,
han meg og børni ber,
på faderarm og ørneveng,
og gjev meg alt det hjarta treng
kvar dag på livsens ferd.

Kristus er Gud over alle ting

Kristus er Gud over alle ting,
hoglova i æva all.
Den sælaste lukka, den fagraste skatt,
det er å ha fylgt hans kall.

Kristus er Gud over alle ting,
og alt vart ved honom skapt.
Då ætti so fall, med sitt evige blod
han løyste det liv som vart tapt.

Kristus er Gud over alle ting.
Oss menneske vart han lik.
So lyftest han atter til herlegdom,
Eg trur – og er evig rik.

Utakk er verdi si løn

Den beste som jordi har gjesta, –
han levde og døydde for oss, –
til løn for hans tenande kjærleik
ein tornekrans fekk han, ein kross.

Den første som kom til Europa,
med bod om den vonfulle tid,
til sist han i Roma vart halshogd,
til takk for sin livslange strid.

Ein bondegut kom ifrå Tune;
han gav av eit rikdomens hav.
Ti år i det fuktige fengsel
var løni som Hauge dei gav.

Dei beste som vandra på jordi, –
so vidt med sitt signings-vell rakk, –
so tida gjekk dei trongaste stigar,
fekk tornar og tistlar til takk.

Gud, fri oss i miskunn og milde
frå hjarta sin kulde og is!
Og gjev oss ei harpa som tonar
i takksemd, tilbeding og pris!

Han ogso deg vil ha

Når Jesus vil ha alle,
då vil han òg ha deg.
Det jublar i mitt hjarta:
då vil han òg ha meg!

Du gjekk deg vill på vegen,
du fekk det ikkje til.
Vil Jesus bry seg om deg?
Han seier at han vil.

Han leitar etter sauен
til dess han honom finn, –
på sine skuldrar ber deg
heilt i Guds rike inn.

Den uslaste av alle, –
du tida deg kjenner slik.
Men Frelsaren vil ha deg.
Då er trass alt du rik.

Sjå djupt i Jesu hjarta!
Han ogso deg vil ha.
Han inderleg deg elskar.
So syng eit takkekval!

Ei høgtidsstund med Jesus

Ei høgtidsstund med Jesus
og med hans folk på jord
me får kvar gong med samlast
kring Herrens nattverdbord.
Då kjem han sjølv, vår Frelsar,
nett som hin påskekveld,
med himmelsk fred oss helsar
og nattverd med oss held.

Ei himmelstund med Jesus, –
kvar dag han med oss er.
Når to og tri er samla,
då kjem han oss so nær.

Å, må me alltid minnast
at Herren dukar bord
kvar gong hans vener samlast
om livsens dyre ord! –

Du eig eit rom i Jesu hjarta

Du eig eit rom i Jesu Kristi hjarta.
Han elskar deg om du uverdig er.
Om ingen her i verdi bryr seg om deg,
so vit at Jesus har deg hjartans kjær.

Du eig eit rom i Jesu Kristi hjarta;
han har deg skapt, og med sitt blod deg løyst.
Om du er ussel, held han endå av deg.
Lat dette vera hjartans djupe trøyst!

Du eig eit rom i Jesu Kristi hjarta,
og i hans kjærleik får du alltid bu.
Han er so stor at han har rom å alle,
ja, verdi vid, det er vår ljose tru.

Du har eit rom i Jesu Kristi kjærleik.
Når dagen dør, han tek deg heim til seg.
Der skal du evig i hans kjærleik frydast.
Hav takk, vår Frelsar, at du elskar meg!

Gå aldri bort!

Gå aldri bort frå Jesus!
Tak han i handi fast!
So skal du stødt få standa
om alt ikring deg brast.

Gå aldri bort frå Jesus!
Gå ei i natt ut!
Der er det angst og kulde,
der er det sorg og sut.

Gå aldri bort frå Jesus!
Han fram vil føra deg
igjenom alle fårar,
på livsens gode veg.

Gå aldri bort frå Jesus!
Han livsens kjelda er.
På sine sterke herder
han deg til himlen ber.

Godt å koma heim!

Godt det er å koma heim,
opna døri stilt.
Heime-hygga mot meg slær.
Du kor det er gildt!

Godt det er å koma heim,
mødd av dagsens strev.
”Ver velkommen, kjære du!”
hjartans glede gjev.

Godt det er å koma heim,
trøytt seg setja ned.
Stova er so lys og lun.
Fylt ho er av fred.

Gildt det vert å koma heim
når det kveldar her.
Å, kor ljuvt og godt det vert
i Guds sæle verd!

Kvi græt du, barnet mitt?

”Små born hev småe sorger,”
men tadt ei tåra renn
nedover runde kinni.
Og barne-tåra brenn.
Men etter klårnar kvelven,
og etter soli skin.
Og etter leikar smilen
kring barnemunnen fin.

So bjart ein blom er barnet;
Guds bilete det ber.
Det danast til å erva
ei evig livsens verd.
Om syndi hev det såra,
ein Frelsar hev det fått.
Han fører deg til landet
der alt er ung og godt.

Kva græt du for, du little?
Turk berre tåra av!
Og lovsyng livsens Herre
som himmelarv deg gav!
Lat Jesus få ditt hjarta!
Då vert det vår og jol.
Og eingong i Guds himmel
du strålar som ei sol.

Mitt hjarta, kvi syrgjer du då?

Eg går mot eit evig heimland,
der Skaparen sjølv eg fær sjå,
og verdi sin store Frelsar.
Mitt hjarta, kvi syrgjer du då?

Eg går mot ei evig framtid;
kor godt denne vegen å gå!
Der skal ei mi livssol siga.
Mitt hjarta, kvi syrgjer du då?

Vel myrknar ei grav der framme;
men han som hev gitt meg mi tru,
han oppstoda er, og livet.
Hjå han skal i lys eg få bu.

So lyfta din hug mot himlen,
og hugs kva som ventar deg der,
når jordlivet her er til ende:
ei säl og useieleg verd!

KONGEVEGEN

Kongevegen til livet

Kongevegen til livet, –
finst det vel slik ein veg?
Eg vil so gjerne høyra.
Seg det då òg til meg!

Kongevegen til livet, –
Jesus den vegen er!
Og når du trur på honom,
byrjar di himmelferd.

Kongevegen til livet, –
å, det er meir enn stort!
alt det du treng til frelsa,
det er av *Jesus* gjort.

Kongevegen til livet, –
eg vil den vegen gå.
Når det på jordi kveldar,
skal eg Guds himmel nå.

Mens du er underveis

Mens du er underveis
til det evige land,
grip i tillit din Frelsers
utstrakte hand!

Mens du er underveis,
før din sol går i hav,
ta med glede den livsdrikk
som oss himlen gav!

Mens du er underveis,
tenn et lys, eller fler'!
Du må ødsle med lys, –
du får mer og mer!

Mens du er underveis,
vær med himlen i pakt!
Så skal engang du stå
i den hvite drakt. –

Me vandrar vår veg

Me vandrar vår veg gjennom verdi:
me gjeng her ein einaste gong.
Det stundom skin sol over fjerdi,
og stundom er stigen vår trøng.

Det skifter med solskin og stormar,
med sumar og vinter og vår.
Men Meisteren leirkaret formar
i alt, når han eiga det får.

Og Kristus vår førar vil vera,
frå livet sin morgon til kveld.
Du treng han, for farleg er fjerdi.
Han trufast i handi deg held.

Så må me vårt hjarta han gjeva;
då gjev han oss allting meg seg.
Først då kan for alvor me leva.
Då endar i himlen vår veg.

Framtid og von

Me har framtid og von;
det skin lys på vår veg.
Dag for dag Herren hjelpa oss vil.
For vår framtid, vår lagnad i liv og i død,
høyrer Jesus og himmelen til.

Me frimodige er, for me lit på Guds Son;
han har vunne, – me sigrar ved han.
Me er bundne til Jesus i liv og i død,
med dei sterke, uslitande band.

Me har framtid og von;
mot ein endelaus dag
ser me fram; – der ei soli går ned.
Der me alltid får vera med Jesus i lag,
i unemneleg fagnad og fred.

Til kven skal eg gå?

Eg hev ingen andre å gå til, –
til kven skulle eg då vel gå?
Eg hev ingen andre å sjå til, –
å, Herre, til meg må du sjå!

Eg hev ingen andre å tru på;
men du er det grunnfaste fjell,
som eg skal få byggja og bu på.
I æva den fjellgrunnen held.

Dei såg eit lysskjær i nattemørket

– Ofte er de trøtte og forkomne etter mange timers marsj.
Hvorfor trasker de slik time etter time for å komme inn til misjonsstasjonen?

De har sett et lysskjær i nattemørket, – lyset fra Golgata,
med syndstilgivelse og frihet fra Satan. – Utsyn nr. 3, 1972.

Dei såg eit lysskjær i nattemørket,
og mot det lyset dei tok av stad.
Ein dag og to – kanskje meir – dei vandra,
til soloppgangen frå Golgata.

So mørkt det er i dei heidne landi,
og natti rugar utover jord.
Dei vonde ånder, so hardt dei herjar,
men soli renn ved Guds gode ord.

Kor stort at me skal det lyset tenna
som skaper dag på den døkke stad!
Dei ser eit lysskjær i nattemørket,
og gjeng mot glansen frå Golgata.

Han vil med deg halda lag

Jesus er meg deg frå dag til dag.
Hugs det når dagen gryr!
Hugs det når tidi mot kvelden flyr:
Han vil med deg halda lag.

Jesus er med deg frå stund til stund.
Kvi vil du ottast då?
Inn i hans åsyn du skal få sjå,
gle deg i hjarta sin grunn.

Jesus er med når du treng han mest.
Då vil han sjå til deg.
Sistpå so tek han deg heim til seg, –
heim til den himmelske fest.

Lyset i mitt sinn

Takk for lyset i mitt sinn,
at det skein i sjeli inn!
Natt og kulde måtte fly;
vegen, vandringi vart ny.

Takk for lyset skirt og klårt
som skin inn i hjarta vårt
frå Guds gode sannings-ord,
æve-lyset på vår jord!

Takk for lyset i min barm,
denne sol-straum ljuv og varm,
lampa på min livsens veg,
som meg leier heim til deg!

Lyset ifrå Golgata,
denne kjære, sæle stad,
det skal lyse meg i land
til den ljuve himmelstrand.

Pottemakerens sang

Sviv, sviv, mitt hjul! – snu rundt og rundt
foruten stand, foruten lyd!
Slik sviver den flyktende verden vekk!
og leiret, blandet med mold og sand,
følger rørslene av mi hand.

For noen må lyde, og noen byde,
skjønt alle er dannet av leir!

Sviv, sviv, mitt hjul! – Hver ting må skifte
til noe nytt, til noe sært;
intet som er, vil stanse og stå.
Månen i ny blir til månen i ne;
tåken og skyen forvandles til regn,
regnet til tåke og sky igjen,
i morgen og i dag.

Sviv, sviv, mitt hjul! – Alt liv er kort;
hva nå er knopp, vil snart bli blad;
hva nå er blad, vil snart forgå.
Og vinden blåser øst, snart vest,
og eggene, de blå, i rødstrupens rede,
vil snart få vinger og nebb og bryst,
og flagre og fly sin vei.

Sviv, sviv, mitt hjul! – Dette kar av jord
kan en berøring danne, en berøring skjemme.
Og skal det si til ham som lager det:
Hva gjør du vel? Du har jo ikke handlag! –
lik folk som tror at de forstår
en verden planlagt av den Skaper
som visere er enn dem selv.

Sviv, sviv, mitt hjul! – Det er naturens plan:
et barn skal vokse og bli mann, –
en mann bli rynket, gammel, grå.
De unge fryder seg og synger,
og pulsen hamrer, føttene har vinger.
I alders høst grashoppen gnirker, og bringer
dagens høst i hus.

Sviv, sviv mitt hjul! – Hver sjel på jord,
i hvert et språk, på hvert et sted –
kaukasisk, koptisk, urdu, gresk –
alt som bebor den vide jord,
at ulik rang og byrd og verd,
ved fødsel er av samme slekt,
og gjort av samme leir.

Sviv, sviv, mitt hjul! – Det som tok til
ved daggry, ferdig stå ved kveld!
I morgen er en annen dag;
i morgen smelteovnens ild
søker ditt hjerte og prøver dets form,
og stempler med ære eller med skam
de kar som er gjort av leir.

Stopp, stopp, mitt hjul! – For snart, for snart
vil middag være aftentid,
for snart ”i dag” vil bli ”i går”;
vi kaster bak oss i vårt spor
vår fortids brutte potteskår.
De alle blir til støv til sist,
og trådt i leiren ned! –

Etter H.W. Longfellow. Fra ”Keramos”.

Når tvilen stormer mot min tro

Når tvilen stormer mot min tro
med mange ville tanker,
i Kristus finner hjertet ro;
der tillitsfullt det banker.
Hvor godt å ty tilbake dit
når hvileløs jeg vanker!

Ja, Jesus er min ankergrunn
når hjertet rådløst tviler.
Dit tyr jeg inn i stormens stund;
dit når ei Satans piler.
Han er min rettferd og min fred.
Der trygt og godt jeg hviler.

Og sannhets-makten i hans ord,
den tar meg helt til fange.
Tross tvilens tanker hjertet tror,
om enn jeg tidi er bange.
Så går fra lys til lys min sti
på troens vei den trange.

Den eneste vei

Korset er veien – den eneste vei
til frlse og frihet og fred.
Kristus på korset – vårt eneste håp!
Han døde i synderes sted.

Korset er veien – den eneste vei,
et fristed, – der finner vi ly.
Hvile vi finner; dit får vi hver dag
i striden og stormene fly.

Korset er veien; vår Frelser det bar.
Der sonte han slektenes synd.
Golgata kors er vår eneste ros.
Det bær’ oss i himmelen inn.

Du bur i det sundbrotne hjarta

Du bur i det sundbrotne hjarta,
du sjølv so hev sagt i ditt ord,
dei sorgfulle sjeler vil gjesta.
Din kjærleik og miskunn er stor.

Du bur i det lengtande hjarta,
som hungrar og tyrstar so sårt.
Du gjev det den himmelske manna
og livsvatnet kjeldefriskt, klårt.

Du bur i det sundknuste hjarta;
du levande gjera det vil.
So skal eg få vera ditt tempel,
og alltid få høyra deg til.

Lys over livet gir Bibelens ord

Lys over livet gir Bibelens ord.
Eit år-tusen har det no lyst her i nord.
Me lovar vår Gud som den stjerna har tent
og ævelivs-ordet til Noreg har sendt.

Himlen i miskunn eit fyrlys oss gav.
Det syner oss leidi på livet sitt hav.
Og målet – forklåra det ligg i Guds ljos.
Den eldgamle bok er vår fulltrygge los.

Fedrane våre i handi ho tok,
og enn eig me skatten, har Bøkenes Bok.
Om ubrukt, med støv, i di hylla ho stend,
so tak ho i handi når morgenon renn!

Mange har enno den skatten ei fått;
for lyset frå himlen har ikkje deim nått.

Min ven, som fekk arven, å, del med din bror,
og gjev han ein bibel, – Guds levande ord!

Lys over livet, og lys over land!
Ja, natti laut vika, og morgenon rann.
So sælt er det folket som ærar Guds ord.
Må alltid den stjerna få skina her nord!

Lys over livet, og lys over grav,
ja, lys over æva vår bibel oss gav.
Vår framtid, ho ligg i eit strålande ljos.
Lat Bibelen vera ditt vern og din los!

Sistpå me stend på den evige strand.
Då lovar me Herren for lyset som brann, –
vårt dyraste ervegull, Bøkenes Bok,
som fedrane våre i handi si tok.

Det er heilage stunder når himlen er nær

Det er medvind for dei som vil himmelen nå.
Når Jesus vil gjesta di sjel,
den heilage dragnaden fylgja du må
og akta på kallet hans vel!

Men det er ikkje alltid at vårvinden varm
stryk inn over livslandet ditt.
So fylg då det heilage drag i din barm
når himmelen kallar deg blidt!

Det er heilage stunder når himlen er nær
og vårvinden stryk ifrå sud.
Då Jesus det kallar, for han har deg kjær.
Ja, då er du kalla av Gud.

Det er vårliv i landet når livs-anden rår.
So nytta den kostbare tid!
Då himmelen inn i ditt hjarta du får,
og æva vert ljuvleg og blid.

Når vår-vinden stryk mot ditt hjarta og sinn,
då døri di opna du må!
Det himmelen er som vil strøyma dit inn.
Guds rike du klårt skal få sjå.

Stålet minkar

Stålet minkar sterkt og fort
i livsens haust og kveld.
Men han som signe livsens vår,
han vernar haustens eld.

Stålet minkar, dagen dvin;*
det er 'kje mykje att.
Når aftan-stjerna brenn og skin,
eg hev det beste att.

Stålet minkar, modet med.
Og snart hev åri flytt.
Då er mi von: i livsens land
vert allting ungt og nytt.

Når bandi skal løysast

Hjelp meg når bandi skal løysast!
Dei ofte vart bundne so fast.
Mangt eit hjarta hev broste
når bandi omsider brast.

* Dvina; minka, ta av.

Å, må dei fastare bindast
til himmelens evige verd!
Ja, må alt meir Guds vårdag
verta mitt hjarta kjær!

Hjelp meg når bandi skal løysast,
når kvelds-klokka slær sine slag!
Må eg då løyst få letta,
og skoda Guds sæle dag!

Over sky-teppet

1. Det var gildt å sjå soli att!

Det var so gildt å sjå soli att.
Ho hadde gøynt seg so lenge.
Men gjennom skylaget flyet før;
no hev me solskinet atter fenge.

Der nede var det so grått og tungt,
i skodd, i snøslapset svarte.
Her soli skin frå eit øve-blå,
på dette skyhav, det snøkvitt-bjarte.

Ja, det var gildt å sjå soli att.
Kor godt: om skyene henne gøymer,
eg veit ho er der, – frå rømdi djup
støtt hennar strålar mot jordi strøymer.

2. Stort å ha lys over livet

Kor stort å ha lys over livet,
Guds lys over hjarta sin grunn!
Då trygge me vegen vår vandrar,
hev von sjølv i døden si stund.

Kor godt å ha lys over livet,
Guds lys over æva og tid,
hans lys over fallet og frelsa,
ja, òg over stormar og strid!

Me takkar for ævelivs-lyset.
Heilt heim vil det visa oss veg.
Når der det om sjeli vår strålar,
skal evig me lovsyngja deg.

3. Godt å tenkja på Gud

Gud, det er godt å tenkja på deg,
kvar so i livet eg legg min veg.
Er eg på havet, høgt over sky,
aldri eg frå di omsorg kan fly.

Ja, det er godt å tenkja på deg;
større då enn: du tenkjer på meg.
Alt ifrå æva, Gud, er du til,
allveldig, allvis, miskunnsam, mild.

Stjernone, soli, himmel og hav, –
alt hev du dana, livet oss gav.
Alt held du oppe, styrer so vel
fram imot målet, signar vår sjel.

Gud, det er godt å tenkja på deg.
Takk at du også tenkjer på meg!
Takk for din kjærleik, takk at eingong
skal eg få syngja den sälaste song!

4. Over skyene

Flyet för som ein fugl
opp over skyhavet grått.
Over er blått i blått.

Under var skyene svarte;
her er dei skinande bjarte.
Å, det er gildt og godt.

Nede på jordi me tidt
gjeng i det tronge og små,
ser opp mot skyene grå,
gløymer at over deim strøymer
skinande sollys, og floymen.
Du, det er gildt å sjå!

Misjonens vårtid

Det var ei misjonens vårtid
i Noregs vonfulle land.
Trugne hjarto vart glødde
av Kristi kjærleik sin brand.
Ogso der ute mot havet,
ved Noreg si øy-kransa strand.

Det var ei misjonens vårtid;
dei høyrd eit rop frå aust:
Kom over og hjelp oss! og berge
den veldige, fullmogne haust!
Og kvinner og menn lydde kallet,
dei arbeidde trottig og traust.

Det var ei misjonens vårtid.
Kor stort at de tidleg kom med,
og stod i den ljose fylking
frå dag-gry til soli gjekk ned!
Misjonens Herre dykk kalla,
og baud dykk forkynna fred.

Dei første som høyrd ropet,
hev heim til sin Frelsar flytt.
Dei krossen og arbeids-drakti
i kruna og krans hev bytt.
Her trugne dei stod i striden;
no alt er blitt ungt og nytt.

No fleire ti-år er farne, –
so mykje vatn rann i hav.
Me takkar misjonens Herre
for nåden han rikleg gav.
So vil på Guds åker me onna
til livsstraumen vår stilnar av.

Ja til kallet!

Eit himmelsk syn,
eit heilagt kall!
Det går ut over jordi all.
Kor sæl er du som synet fekk,
i lydnad imot kallet gjekk.

Eit heilagt kall –
eit rikdoms vell,
ein smerte-dåp, ein glede-eld.
Det vidgar ut vårt hjarterom;
det fyllest av Guds herlegdom.

Eit heilagt kall, –
ei tiltru stor:
Å gjeva vidare Guds ord.
So svarar me på kallet ja.
Det er vår takk for Golgata.

Treet – åkeren – arven

Det lagdest eit frökorn i vårvarm mold,
for nitti år sidan, der vest.
Det spirde, det mogna mot mange foll,
i sol-vêr og regn og blæst.

Eit ør-lite tre vart i jordi sett
ein vårdag ved havsens strand.
Det voks, og har greinene sine breidt
ut over alt Noregs land.

Ja, ut ifrå Noreg dei tøygde seg,
mot framande folk og land.
Og fruktene mogna frå ætt til ætt,
til signing for møy og mann.

So stend me i undring og audmjuk takk
her attmed eit signings-hav.
Me dreg oss til minnes eit gammalt ord:
Det Gud er som vokster gav.

Me minnest dei fedrar som sådde før,
og ut på Guds åker gjekk.
Dei odla og onna frå år til år.
So fager ein arv me fekk.

Om verket skal lukkast i nye år,
den arven me lyfta lyst,
og leggja vår livsdag i Herrens hand,
og onna til tidi tryt.

Gud signe i miskunn den unge ætt,
å lyfta ein fager arv!
So lovar me Herren som heldt oss tru,
for signing i år som kvarv. –

Eg er fri!

Takk at du tok mine byrder,
eit høgfjell av skuld og av skam!
Du bar det på skuldrene dine,
du skuldlause sonofferlam.

Takk at du bar mine synder,
betalte mi skyhøge skuld,
med blod frå ditt fullkomne hjarta,
og ikkje med sylv eller gull!

So vil ved korset eg standa;
med undring eg er: Eg er fri!
Eg skal ikkje døy, eg skal leva,
med Jesus til æveleg tid!

SOL OG DAG

Du sette ei sol i rømdi

Du sette ei sol i rømdi.
Ho glitrar frå kvelven klår.
Ho vell over kvite vidder
og vermer so godt mot vår.

I aust renn ho opp kvar morgen,
og glimar all dagen lang.
Men so gjeng ho ned i havet,
til kvelds-klokkors klåre klang.

So kjært er det solskins-vellet
som bårar frå kvelven blå.
Me saknar den skire glimen
når dagen er døkk og grå.

Det dirrar ein streng i sorgmod
mot solfall og kveld og natt.
Men det kan for visst me vona:
Eit bel – og det demrar att.

Det dirrar ein streng i sorgmod
når livsdagen gjeng på hell.
Men Herren hev visst oss lova
eit æveleg signings-vell.

Kor sælt og kor stort å minnast
i hausten sitt vemods-drag:
Vår Frelsar til oss hev vunne
ein æveleg påskedag!

Mot solsnu igjen!

Takk at det går imot solsnu no!
Snart ho i vest gjeng til kvild og ro.
Seint ho i aust opp bak skogane renn.
Ja, men det går imot solsnu igjen.

Alltid det lever ei von i barm:
Hausten er audsleg og myrk og arm.
Ja, men mot solsnu og jul no det går.
So ber det ut mot den nye vår!

Du for ein morgen!

Du for ein morgen, med spelande sol,
og lyslette, skinande skyer!
Nyst høyrdé eg hanen, – i gryet han gol.
Og stille ligg høgfjell og flyer.
So stend eg her tagal og lyer.

Du for ein morgen! Det bårar eit hav
av lys og av liv over landet.
Det Skaparen er som no svingar sin stav.
Då brått losnar isvinter-bandet.
Og vår gjev oss livet sin Ande.

Hvor blir mørket av?

Si meg, hvor blir mørket av
når lyset kommer, –
og vinteren når det blir vår
og sollys sommer?
De synker i en bunnløs grav.

Og si meg, hvor blir synden av
når nåden kommer
og hjertets kalde vintertid
blir vendt til sommer?
Den senkes ned i glemsels hav.

Gud være lov at lyset kommer,
fordriver mørket, veller, flommer!
Til sist vi får en evig sommer.

Kva skal eg seia i dag, du sol?

Kva skal eg seia i dag, du sol?
No gjeng du ned, og det snart er jol.
No hev ditt lågmål du nått, og du
om nokre dagar vil etter snu.

Kor fint det er at ei sol me fekk!
I år og aldrar ho trugen gjekk
frå gry i aust og til gull i vest.
Og alltid kom ho med fryd og fest.

Du tidleg no ned bak skogen går;
men snart du snur mot den nye vår.
Du trugen gjestar oss dag for dag,
og gjev åt jordi so lyst eit lag.

Di siste helsing nett no eg får,
mens stilt du ned bak di synsrand går. –
Om kvelden kjem, lell er lys mi tru:
at evig eg i Guds dag skal bu.

No tek den lange ferdi til

No tek den lange ferdi til,
frå sud til langt mot nord.
Den sol-snu er vel ljuv og gild, –
mi gleda djup og stor.

Det var ein sorgmod-skimt i vår,
ved solar-snuen då.
Mot nye lys-drag no det går.
Det er so gildt å sjå.

So tek den lange ferdi til.
Gud hev det laga slik.
Det siste vert ei lys-tid gild.
Kor eg er sael og rik!

I dag fekk eg fylgja soli

I dag fekk eg fylgja soli,
frå skir langt i aust ho steig,
og fram gjennom stille timar,
alt inntil i vest ho seig.

Ho glitra frå himmelblået,
og lang var den lyse ferd.
Eg fylgde ho heile dagen.
Ho lauga vårt land, vår verd.

Ho gry-tidleg renn om våren.
Og seint kjem den kläre kveld.
Då lang er den lyse dagen.
Ho gjeng over høge fjell.

Og skyene framom siglde, –
so stilt, medan tidi rann. –
Som blomar dei var å skoda.
Om kvelden dei kom i brand.

I dag fekk eg fylgja soli,
til sistpå ho seig i ro.
Eg ventar ei evig lystid.
Den voni er ljuv og god.

Eg elskar den lyse dagen

Eg elskar den lyse dagen
med himmelen høg og blå.
Han festglans legg over livet,
og ljuvleg han er å sjå.

Eg likar den skire soli,
og syrgjer når ned ho går,
især i den seine hausten,
og gler meg til neste vår.

Kor stort at det atter demrar
ny dag i det fjerne aust!
Kor gildt at det atter vaknar
ny vår etter vinter og haust!

Eg ser deg, sol-auga

Eg ser deg, sol-auga skirt og stort.
No skeidet ditt er snart unnagjort.
Men enno fyller du landet vårt
med ljosens strålevell reint og klårt.

Eg ser deg, sol-auga sylvblankt, bjart.
Men no du dalar ifrå oss snart.
Men før du sig i det store hav,
ha hjartans takk for alt godt du gav!

Eg ser deg sol-auga, no mot natt.
Ei liti stund, og du let deg att.
For siste gong eg deg ser ein kveld,
men vaknar opp i Guds solskinns-vell.

I vår hverdag

Vi regner for lite med Gud
i vår hverdag,
hans nærvær, hans nåde, hans hellige bud.
Å, kunne vi regne med ham hver en dag,
da kom det et mildere, lysere drag
i vår hverdag. –

Vi regner for lite med Gud
i vår hverdag,
at han har oss kledd i sitt skinnende skrud.
Å, kunne vi minnes hva Jesus oss gav,
da stod vi i undring ved livs-lykkens hav
i vår hverdag. –

Vi regner for lite med Gud
i vår hverdag,
at han har oss utvalgt til Frelserens brud.
Så løft da ditt åsyn mot himlen, og se!
Da lettere blir det å takke og be,
i din hverdag. –

Han står ved en sol-sjø i Norge

Et minne om Kenzo Aibara

Han kom fra det fjerne Nippon, –
langt borte han er fra sitt land.
Nå står han ved sjøen i Norge,
og bølgene leker mot strand.

De glitrer i solen, og spiller
i sølvglans nå ut imot kveld.
Og kringom står storskogen stille,
og ånder i soldagens vell.

Han elsker sitt heimland, Nippon,
men Norge han også har kjær.
Mest elsker han skapningens Herre,
som omsorg for alle ting bær.

En soldag han står her ved sjøen,
og tenker: hvor Gud dog er stor!
Med visdom og allmakt og velde
han skapte en underfull jord.

Han tenker på folket som sendte
fra Norge forsoningens bud.
Han står ved en sol-sjø og minnes,
og høylover skapningens Gud. –

Seinhaust-dagen

Overjordisk vakker er seinhaust-dagen.
Spelande sol over osp som glimar
og gløder og brenn i lauvfalls-timar.
Skir er septemberdagen.

Frukti skin mogen i hagen.
Ingi lerka høyrer eg trilla;
berre eit kråkemål bryt denne stilla.

Ja, ljuv er den haustdagen klåre,
no når det lakkar med året.
Båror av sol mot meg strøymer;
skapningi dormar og drøymer.
Tru ho til våren alt stundar, –
lovsong i lid og i lundar?

Timane skrid ut mot kvelden;
so sloknar seinhaustes-elden.
Enno ei stund kan eg lauga
i dette lysvell, og auga
skoda dei brennande lider
ut imot solefalls-tider.

Eg må ikkje mista ein solnedgang!

Eg må ikkje mista ein solnedgang,
ikkje ein einaste ein,
anten han endar ein sommardag lang
inne i kvelden sein,
eller han logar med glim og glo
når midtvinters-dagen gjeng snart til ro.

Ein dag av dei dyre hev frå oss flytt;
aldri han meire kjem att.
Lyset sitt vell vert i skumringi bytt.
So er det etter natt.
Hjarta i sorgmodet slær sitt slag.
Kor hev du vel nytta den dyre dag?

Eg må ikkje mista ein solnedgang!
Takande vakker han er.
Strålande leikar på vidde og vang,
før dei ifrå oss fer.
Meir og meir eg av undring er full
ved solnedgangstundi sitt skire gull.

Kom snart igjen – du sol som sig!

Kom snart igjen, du sol som no
bak skogen sig i avdags-ro!
Med sorgmod ser eg at du fer.
I skumrings-skugge ligg vår verd.

Eg saknar deg, – det var so gildt
då skirt du skein, so bjart og stilt.
Det vart med eitt so audt og døkt.
Det klåre lys med eitt vart sløkt.

Men då du seig og det vart kveld,
det loga opp so ven ein eld.
Han sloknar snart, – so vert det natt.
Du klåre lys, velkommen att!

Før dagslyset dvin

Før enn dagslyset dvin, –
siste sol-skimten skin, –
vil eg vandra den gode veg.
For når natti fell på,
auga ikkje kan sjå
på vegen å gå
og målet nå,
som leider til livsens land.

Før enn skuggane fell
over skog, over fjell,
vil eg gå i den lyse dag.
Når so natti fell på
og eg ikkje kan sjå,
då eg ferdig skal stå
og glad kan gå
til livsens og ljoses land.

En dag ad gangen er hellig livskunst,
mens her du går under himlens hvelv.
Vår Frelser sa oss at morgendagen,
den skal bekymre seg for seg selv.

Og når han lovet å være med oss,
hver dag oss føre mot målet frem,
hvorfor da sørge for morgendagen?
Han selv vil lede oss sikkert hjem.

Det lyser ein loge der langt i vest

Det lyser ein loge der langt i vest,
der soli no nyst gjekk ned.
Det er som naturi held aftan-fest,
vårt vinterland fyller med von og fred.
Den lysande logen mitt hjarta gled.

Det lyser ein loge no inn mot jol,
men sloknar omsider stilt, –
ei siste helsing frå faren sol,
men du kor det eld-hav er lyst og gildt,
eit kvelds-land so ljuvleg og bjart og mildt.

Det lyser ein loge ein vinterkveld.
Du vart meg so hjartans kjær.
Du minna meg vil at eit solskins-vell
når morgenon gryr langt i aust, kjem nær.
Til sist skal eg vakna i ljoses verd.

Hver dag har nok med sin egen plage

Hver dag har nok med sin egen plage.
To dagers byrde for meget blir.
Så sørg da ikke for morgendagen!
Kraft til å møte den Herren gir.

Då hev du livsens ljós

Når du i dagen ferdast
og Jesus er din los,
då gjeng du ei i myrkret.
Då hev du livsens ljós!

So mange tungt må trega,
i kvelden sukkar sårt.
Dei øydde bort dei dagar
då soli skein so klårt.

Når natti løyner vegen,
det er for seint å sjå.
So vandra før det myrknar,
so du kan målet nå!

Når dagen hev gjenge til ro

Og det er dei ljose kveldar,
ved vår- og vintertide.
Eg likar dei purpur-eldar,
som skin over verdi vide,
når dagen hev gjenge til ro.

Eg likar dei skumrings-timar
når aftan-elden gyller.
Til kvile kveldsklokkor kimar,
og freden allheimen fyller,
når dagen hev gjenge til ro.

Omsider den elden minkar
mot myrke nattetider.
Men då ei kveldstjerna blinkar,
og so det demrar omsider.
Og atter ein morgen gryr.

So fekk eg atter sjå solnedgangen

So fekk eg atter sjå solnedgangen!
I vinterdagen han kjem so snart.
Han legg sitt ljos over viddi, vangen.
Den gylne glimen er varm og bjart.

Og kvar ein gong eg fær honom skoda,
eg kjenner vekjømd, og eg vert glad.
Når avdags-kvelven tek til å roda,
i hugen tonar eit høgtids-kvad.

Ein dag er slokna, kjem ei attende.
Eit solfall mindre eg no hev att.
Til sist eg møter mitt solar-vende.
Då æve-voni er hjartans skatt.

Glødande gullrand

Ei glødande gullrand langt ute i vest, –
so fager ei helsing ho er
frå dagen som døydde, – han bare var gjest.
Den helsing er ljuv og kjær.

Snart sit eg attende i myrker og natt,
for gullrandi døyr smått om senn.
Då voni om dag er ein skinande skatt:
Omsider ein ny morgen renn!

Her sloknar kvar dag, og her endar kvar vår,
her døyr kvar ei gullrand i vest.
Men ut mot ei æveleg lystid det går,
mot himmelens frydfulle fest.

Ei gullrand som døyr til sist

Og det var kveldens himmel,
han lòga so vent og varmt,
lagde sin ljoske på bygd og by,
eit vinterland audt og armt.

Og det var kveldens himmel,
han var vel so skirt eit syn,
skin no so raud det ei sol seig ned, –
so bjart ved det ytste bryn.

Og det var kveldens himmel,
ei gullrand som døyr til sist.
Ein ting veit eg som aldri dvin:
Det er lyset frå Jesus Krist.

Etter solfall

Etter solfall kjem ei skumringstid.
Ogso henne du so vel må nytta!
Du ei det angrar etter livsens strid,
når dagen din her nede er forbi
og du ei kveldstund skal frå verdi flytta.

Etter solfall kjem eit skumrings-bel.
Då me lyset meir og meir ser dvina.
Du ogso denne stund må nyttा vel,
alt til den siste skuggen fram seg stel
og du dei fyrste stjernone ser skina!

I gamle dagar var det skikk og vis
at ung og gamal tida sat skymt i stova.
Og stundom song dei heilagt lov og pris,
og tanken gjekk til livsens paradis.
Kvar solfalls-stund me òg vil Herren lova.

Voni lyser som aftan-elden

So gjeng soli ifrå meg!
Ingen kan halda ho att.
Ingen kan stogga den gylne skiva.
So vert det kveld og natt.

So er dagen til ende.
Ingen kan halda på han.
Dagen gjeng inn i ei ukjend æva, –
soli til andre land.

Sol og dag gjeng ifrå meg.
So er det etter natt.
Voni ho lyser som aftan-elden:
Soli og dagen kjem att!

Hos oss skin soli enno

Hos oss skin soli enno;
i andre land ho glar,
å, må me lova Herren
for lyset som me har!

Hos oss skin soli enno;
me har Guds klåre ord.
Må ei den lampa slokna
her i det høge nord!

Hos oss skin soli enno.
So gå mens det er dag!
Då skal du evig leva
med ljøsens Gud i lag!

No er det ei einaste stjerna som skin

No er det ei einaste stjerna som skin.
Ho strålar i natti med lysglans so fin.
Om berre ei einaste stjerna er att,
eg endå hev nok, ho er hjarta sin skatt.

No er det av perlor ei einaste ei.
Eg fann ho ved vegen på skodde-tett hei.
Og hev eg ei einaste perla på jord,
so hev eg då alt, – for den perla er stor.

Den stjerna som blinkar og bliktar i sud,
ho synte meg vegen til livet, til Gud.
Og perla, den einaste hjarta hev att,
gjer æveleg rik, – ho er hjarta sin skatt.

VINTER OG VÅR

På andre sida av vinter-åsen

No hev me vunne over det verste!
Eg merkar dei milde drag.
Mørkret minkar, og frosten spaknar.
Han lysnar og lengjest, min dag.

På andre sida av vinter-åsen, –
kor godt det er der å stå,
høyra den første fuglefløyten,
dei første leir-fivlane sjå!

Ja, me hev vunne over det verste, –
og etter det gjeng mot vår.
Snart ligg landet i livsens lyshav.
Og songen og solskinet rår.

Soli på oppveg

Er det verkeleg sant at på oppveg ho er,
den signande soli, som er oss so kjær?
I midtvinters-timen
den skinande glimen
han smiler imot meg og ler.

Ja, so visst er det sant at det oppover går;
litt lenger kvar dag imot vest soli når.
Ho glim og ho glitrar,
og gråsporven kvitrap.
No gjeng det so smått ut mot vår.

Å, so godt han meg gjer, denne glimen frå sud!
Denne ljós-kjelda djup, ho meg minner om Gud.
Ho minner om dagen
i paradis-hagen.
Då stend eg i skinande skrud.

Ikkje ein haust – men ein endelaus vår

Herre, ha takk at det lider mot vår, –
dagane lysnar og lengjest.
Soli no seint til sin kvilestad når;
mildvêr med kulde-drag mengjest.

Herre, hav takk at det siste me får,
me som på Frelsaren vonar,
er ikkje haust, men ein endelaus vår.
Æveleg lovsong då tonar.

Livsvegen gjeng mot ei solefalls-stund;
hjarta den voni då hyser:
endelaus vår i ein paradis-lund.
Livssoli æveleg lyser.

Tulipanar

Himmel-smil på jordi,
helsing frå paradis
er dei bjarte blomar
som syng Herrens pris.
Berre allmakts-handi
og ein visdom stor
dana desse under,
blomane på jord.

No dei skin i stova
i eit skarlak-skrud.
Dei vil Herren lova,
livsens gode Gud.
Ute er det frost-røyk,
og ein himmel klår.
Denne himmel-helsing
varsler livsens vår.

Snart skal det store henda

No stend kvart tre i venting,
med snø kring berre leggen,
bjørki bjart, med greini brun,
den grøne osp, og heggen.

For kveldane, dei lysnar
og vinterlufti mildnar.
Trei stend i spaning der,
mens dagsens uro stilnar.

So stend dei der og ventar.
Ein vinter snart er enda.
Sevjene frå roti stig.
Snart skal det store henda.

I dag du anda mot mi kinn

I dag du anda mot mi kinn,
og strauk igjennom sylvblankt hår.
Du var so mild og mjuk og linn,
og smaug deg inn i barmen min.
Velkommen, vår!

I dag du kom, – det skifta brått;
det var so surt og kaldt i går,
eit skoddehav so tett og grått.
I dag det er so bjart og blått.
Velkommen, vår!

Du kom i dag, med sol og song,
med stare-fløyet so mjuk og klår.
So fekk eg skoda enn ein gong
din bjarte smil på voll og vang.
Velkommen, vår!

No vaknar mor Noreg

I dei signande strålar av vårsoli varm
no det skinande snø-teppet dvin.
Og eg takkar for tenesta, tenkjer som so:
Eg må sjå på deg vel; det er lenge til no
over vangar og vidder du skin.

Ja, du låg over landet og livde det vel,
og detsov i det solreine skrud.
Men no vankar mor Noreg – det lider mot vår, –
i dei vermande strålar frå himmelen klår
kverv det snø-linet, vove av Gud.

Eg vil vel på det sjå, der det lyser so kvitt,
dette skire og solreine lin.
Og so takkar eg etter, – du livde so godt,
og når fram til den komande haust me hev nått,
då du etter i nordlandet skin.

No er det atter lyse kveldar!

No er det atter lyse kveldar.
Seint soli sig til ro i vest.
Der rodar enno avdags-eldar,
og aftan-stjerna skin til fest.

I hjartans djup det syn eg fagnar,
og gledebylgjar kjem og går.
So tidleg no i aust det dagnar.
So lider det igjen mot vår.

Det er vel hjartans-gilde stunder.
Å, tenk at eg endå ein gong
fær skode livsens store under
og høyra denne vårfugl-song!

Eg trur det er vår!

Kva er det eg ser?
Kva er det som ute i dagen seg térl
Kvelven, han er då so lys og so klår.
Eg trur det er vår!

Kva høyrer eg vel?
Eit sylvklårt og fløytande, smektande spel.
Mjukaste tonar no øyra mitt nå.
Eg trur det er vår!

Det syn gjer meg glad.
Eg høyrer i kvelden det klåraste kvad.
Til djupet av hjarta den sylvklangen går.
Å, tenk – det er vår!

Mi bjørk, du er so fin i dag

Mi bjørk, du er so fin i dag,
i den skire solluft.
Stomnen rak, so lett han ber
den brune, breide kruna.

Mi bjørk, du er so rein i dag,
kvit er den lange leggen.
Sno og regn og skodd deg tvetta.
No du stend der skirsla, tvegen,
budd til våren som no vaknar,
til den nye, bjarte bunad.

So stryk sevja, stilt og seint
attom bork- og never-drakti.
Opp ho stig frå løynde røter,
frå den dulde livsens kjelda.
Høgare den drykken siv,
ut til ytste bjørketuppar,
inn i alle blanke knuppar,
med det løyndomsfulle liv.

Bjørkefrøet

”Gud har lagt ned en livslov i bjørkefrøet.”
Einar Lundby

Gud har i bjørkefrøet
ei løyndomsfull livslov lagt:
Eit tre i kim skal faldast ut
med veldig skaparmakt.

Det little bjørkefrøet, –
so vesalt det er, og armt, –
det døyr i moldi myrk og mjuk.
Og soli skin so varmt.

Men opp det renn ein teinung.
Eit barn av ei bjørk han er.
Umerkande han tøyer seg,
og grøne greiner fær.

Det sistpå syng og susar
i kruna so stor og sterk.
Og sevja stig i stomnen kvit, –
eit livsens underverk.

Og kvar ein vår stend bjørki,
ho prydar seg som ei brud.
Når hausten kjem, då glimar det
lik gull i hennar skrud.

Gud har i bjørkefrøet
ei løyndomsfull livslov lagt.
Det difor vert so stort eit tre,
ved Herrens skaparmakt.

Og difor bjørkefrøet,
og treet i vårfriskt skrud,
er som ei tempel-klokka klår,
som lovar livsens Gud.

Den gode vår

Gud, takk for voni om nye vårar!
Og om meg tanken på solfall sårar,
den ljose tru i mitt hjarta rår
at eg skal møta den gode vår.

So mang ei vårtid eg fekk til glede,
og høyrdé fagraste fuglekvede.
Om no eg tagal i hausten står,
so vinkar voni: den gode vår.

Å du, kor stort at den våren ventar,
at kvite englar dit inn meg hentar
når her er enda min jordlivs-strid!
Gud vere lova til evig tid!

Ei underleg gledetid

Det er ei underleg gledetid
når alle bjørker i venting står,
fordi det lysnar, det lir mot vår.

Dei kvite stomnane sleikjer sol;
dei brune knuppane svell so smått.
Snart har dei livet sitt vårland nått.

Det er ei underleg gledestund
når soli tøyer seg langt mot vest.
Då vert i hjarta det fryd og fest.

Det siste vert ein evig vår

Den fagre purpur-aftaneld
som logar ein novemberkveld,
han er eit herleg himmelbod,
han ber ei helsing ljuv og god:
Det siste er 'kje solefall
med vinternatti myrk og kald.
Nei, solfalls-elden skin, og spår:
Det siste vert ein livsens vår!

Den fine, bjarte purpur-brand
som lyser opp vårt vinter-land,
han er so ljuv, han er so gild.
Eg takksam stend, i andakt still.

Han minner oss, imens han skin;
Han helsar, før til sist han dvin:
Om vinter-natti enno rår,
det siste vert ein evig vår!

Potteblomen

Ein potteblom opnar sitt auga mot meg,
eit auga so bjart og so blidt.
Ein roseraud farge so mildt på meg dreg,
og auga hans mjukt møter mitt.

Ein himmelens smil er den bjart-øygde blom,
eit vitne om Skaparens makt.
Her ser eg ein skimt av den livs-herlegdom
som Gud i den blomen hev lagt.

Eg minnest at blomen er runnen av jord,
or moldi so myrk og so svart.
Og lell eig den skapning ein herlegdom stor,
ein sol-smil so blyg og so bjart.

So fint er sett saman dei ov-fagre blad,
ein støvdragar-flokk sett i krans.
Eit livs-under er det, eit Skaparens kvad.
Han la over blomen sin glans.

Han skapte den kimen der ned han har lagt
ei livs-lov so underfull, vis.
So vitnar min blom om Guds veldige makt,
der farge og form syng hans pris.

Eg skodar eit skapar-under

Det er mest i heilag age
eg frukti frå treet tek ned, –
ein fargerik, fullmogen alde, –
i solfylt september-fred.
So stilt det er i min hage.

Eg minnest ein knupp, ein blome;
eg minnest ein liten kart.
Men sumaren kvarv, og det hausta;
ei solmogna frukt det vart.
Eg hører ein lovsong ljome.

Ei meisterhand attom eg anar,
og difor i age eg stend.
Eg skodar eit skapar-under
i alden som glør og brenn.
I vyrdnad på vegen eg stanar.

Sjå gullet i skogen!

Sjå gullet i skogen!
Det glør og det brenn;
med logande eld
kvart eit ospetre stend.
Det skin som det edlaste,
skiraste gull.
Av lysande malmar
er lauvskogen full.

Sjå gullet i skogen!
No lyser vårt land
frå sud og til nord
av den skiraste brand.

Han logar kvar morgen,
og gløder kvar kveld.
So sloknar omsider
den ov-fagre eld.

Farvel, de ljose tider!

Og so er dagen enda,
for soli sig der ute.
Eg ser det siste sylvet
igjennom stove-rute.

Og so er hausten enda.
Til jordi dala bladi.
Det er so stilt i skogen;
dei stilna, fugle-kvadi.

Og vollane er vende;
i haustens ro dei kviler.
Men eg ser fram til våren,
då juni-soli smiler.

Farvel då, fagre sumar,
du haust med gull i lider!
Hav takk for det du bar i fang.
Farvel, de ljose tider!

Kvil dykk!

No kvil dykk, de vende åkrar!
So rikt og raust hev de bore.
No lir det mot enden av året.

No kvil dykk, de folna enger!
I sumar de anga og blømde;
men lys-tidi fort frå oss rømde.

No kvil dykk, de trøtte greiner,
som djupt imot jordi digna!
So rikt hev Herren dykk signa.

Og kvil dykk, de gylne lider!
No gull-lauvet glim før det dalar.
Om visning – og ny vår – det talar.

Ja, kvil dykk, kvart liv som har bore,
i hausten, den sol-gylte, klåre!
No lir det mot enden av året.

Lell syng det ein songfugl i barmen

Eg ser mitt heimland i vinter-ham,
so skinande reint og kvitt.
Snø-linet ligg over høgfjell og hei.
Lunt liver det landet mitt.

So vent er mitt heimland i vinter-skrud.
Det synet til hjarta går.
Lell syng det ein songfugl i barmen min:
Kor godt at det gjeng mot vår!

Noreg – vårt allfagre land

Noreg, vårt Noreg, du allfagre land,
eg ser deg med snøkledde tindar.
Du stig frå den sundrivne, stormherja strand,
der havet vert vogga av vindar.

Eg ser dine sjør og skogar og fjell.
Du lysnar mot daggry og myrknar mot kveld.

Noreg, vårt Noreg, vårt heimland i nord,
her fedrane bygde og rudde.
Her høyrdie dei himmelens heilage ord,
og sæle på Kvitekrist trudde.
Dei onna og yrka til soli gjekk ned.
I tru og i von gjekk dei herfrå i fred.

Noreg, vårt Noreg, du allfagre land,
me takkar vår Gud for den gáva.
Den skatten er større enn ana me kan.
Me difor vil Skaparen lova.
I Noreg, vårt land, vil me byggja og bu,
og sistpå gå herfrå i sigrande tru.

Noregs kyst

Eit u-tal av øyar og holmar og skjer,
av viker og vågar i Noreg der er,
av kilar og eide og bukter og sund.
Det skifter på ferdi frå stund og til stund.

Og so ser eg fjordar i rekkje og rad,
og ferjene fartar frå stad og til stad.
Og sjøfuglar flakser, og måkene skrik.
Og havet gjeng inn i kvart sund, i kvar vik.

Når dagsljoset dvin medan skuggane fell,
då sveiper seg natti kring fjordar og fjell.
Men stjernone bliktar, frå djupet dei brenn,
til atter det demrar og morgenon renn.

Då kanskje du ser: i den djupaste natt
tok nutane på seg ein silkekvit hatt, –
eit takande syn i den fjellheimen vid,
og under brenn bladi i lund og i lid.

So hender det stundom: det brått tjuknar til,
og båra på fjorden gjeng veldig og vill.
Og skodda heng tung attved fjellveggen bratt.
Men storstormen stilnar, – so klårnar det att.

Mot Noreg sitt hjarta gjeng fjordane inn,
der høgfjelli tøyer seg, tind attved tind.
Og over seg kvelver, so bjart og so blå,
ein ævedjup himmel, so fager å sjå.

Og heimar eg ser ved kvar einaste strand,
so langt som det tøyer seg Noreg vårt land.
Det lyser frå glasi når myrkret fell på.
Dei tusundtals heimar er kjære å sjå.

Ein haustdag eg drog langs den øy-kransa strand.
Å du for eit rike, å du for eit land!
Her himmelen ødsla eit rikdomens vell,
med tusundtals øyar og fjordar og fjell.

Snølandet Noreg

Spelande sol over hei og hav,
over det landet som Gud oss gav.
Glimande sol over snøens lin, –
tusund krystallar som glør og skin.

Glitrande sol over vidd og vang,
dagen til endes, so ljós og lang.
Strålende sol over snølin-skrud,
vove i skyi av allmakts Gud.

Landet vårt ligg i det lyse lin,
skirt i den spelande fjellsol skin,
reint som ei kvitkledd og ny-prydd brud.
Drakti er vovi av allhårs Gud.

Snølandet Noreg er vent å sjå:
Kvitkrona fjell stig mot kvelven blå.
Sovande skogar i kjøleg skrud.
Kledi er vovne av Herren Gud.

Milevidt ligg dette kvite lin;
vintersol vermer, og snart det dvin.
Auga vårt frydar den fagre drakt,
vitne om Skaparens store makt.

Snølandet Noreg er vent mot vår.
Lufti er æter-frisk, kald og klår.
Lysande land i det høge nord!
Gud signe Noreg, vår heim, vår mor!

Gud kleder vårt heimland i lysande lin

Gud kleder vårt heimland i lysande lin;
det ligg over skogar og dalar,
i soldagen ven over viddene skin,
og inne i høgheimens salar.
Den drakti er gullrein og fager og fin.

Gud kleder vårt heimland i kvitaste kvitt.
So stilt det ei midnattstund hende.
Det lyser so langt, og det vitnar so vidt
om visdom og makt utan ende.
Kor stort at mitt heimland er fredfullt og fritt!

Eg ser dette riket i reinleikens skrud,
og tilbed min himmelske Fader.
Hans herlegdom lyser i nord og i sud.
Sjå, snøfjell i rekkjer og rader!
Ver høglova, himmelens Herre og Gud.

Gud kleder mi sjel i det skiraste skrud,
ei drakt som min Frelsar hev vunne.
I den skal eg skina som sælaste brud
når ævelivs-dagen hev runne.
Då evig eg høglovar kjærleikens Gud.

Når siste flytt-fugl er faren

Ein sundag sist i oktober, –
kvite små skyer, lik ull.
Bladi hev falle frå trea,
lyser på bakken som gull.
Og kvar ein flytt-fugl er faren.

Men soli skin over skogen,
smeikjer kvart tre og kvar stuv.
Aldri meir kjær ho meg syntest,
aldri so gild og så ljuv.
Men kvar ein flytt-fugl er faren.

Og klokkor frå tånet kimar,
ber bod om ei gleda stor.
I voni eg ventar våren
ven på den nye jord, –
når siste flytt-fugl er faren.



DEN ANDRE MIL

1982

GUD ER IKKJE DØD!

Du gav meg ei harpa

Du gav meg ei harpa å leggja til barmen.
Helst song eg om våren og voni og varmen.
Men også ho tonar i vinteren kvit, –
og stundom i sorgmod, når hausten kom hit.

Du gav meg ei harpa, og det var mi gleda
at eg om Guds veldige vårverk fekk kveda
og hugen fekk snu mot den nyskapte jord,
der livs-lilja æveleg angar og gror.

Det må vera ein som har gjort det

Det må vera ein som har gjort det,
den verdi som auga mitt ser, –
dei tallause livsens under
som her for mitt auga seg térf.

Eg høyrer dei fløytande fuglar,
ser skogar og fjell vidt ikring.
Og har ikkje nokon gjort dei,
då skjønar eg slett ingen ting.

Eg ser mot ei kveldsol som glimar,
uteljande stjernor sin hær.
Det lyst vera ein som laga
den vide og veldige verd.

Her tirer dei blidaste blomar.
Der solmognar skinande korn.

Dei venaste blomar av alle
er nyskapte menneskeborn.

Det må vera ein som har gjort det,
som dana vår lekam og sjel
og verdi, den veldige, vide.
Kven er det? – No veit eg det vel.

Veldige verk vitnar

Herre, ditt veldige skaparverk
viser at du er stor og sterkt,
syner at du er ovleg vis.
Stjernor og soler syng din pris.

Herre, den skire ljoses flod
syner at du er mild og god.
Livs-bylgja løyndomsfull, fager, fri
vitnar i velde om makti di.

Glitrande sol på ein djupblå kvelv,
doggi som glimmar og strå som skjelv,
frukti som mognar, og åker-gull
seier: vår skapar er underfull.

Verdi er vakker og ovleg stor.
Fager han dana den vide jord.
Eingong ho strålar i glim og glans.
Æra og makti er evig hans.

Då alt det vonde sin veg har flytt.
Då alt er skirsla og ungt og nytt. –
Herre, vår Gud, må dit fram me nå,
og i all æva di åsyn sjå!

Ein flik av Herrens herlegdom

Det er ei veldig allmaktshand
som skaper vår i Noregs land,
i skogar og i dalar.

Det lyse, reine nylauv-skrud
ber bod om ein allmektig Gud,
og om hans visdom talar.

Ein flik av Herrens herlegdom
er kvart eit blad og kvar ein blom,
og ikkje to er like.

Alt vitnar om at Gud er stor,
so ventar me den nye jord,
eit evig livsens rike.

Gud er ikke død!

Gud er ikke død!
Han lever!
Han styrer jord og himler,
galaksenes stjernevrimer.
Han altet bær'
Han var – han er
fra evighet og til evighet.
Hans grunnhått er kjærlighet.

Gud er ikke død!
Han lever!
Han i det høye troner
og i de lave soner,
og i hvert sinn
som byr ham inn.
Han mennesket sitt billede gav, –
av adel et bunnløst hav.

Gud er ikke død!

Han lever!
Hans fottrinn du ser om høsten,
når dagen gryr i østen,
og hver en vår
når livet rår
og løvet lyser i festlig skrud.
Det vitner om allmakts Gud.

Gud er ikke død!

Han lever!
Han er oss nær i Sønnen,
i Ånden, Ordet, bønnen.
Han har oss kjær,
vår Far han er.
Vi skal ham se, vi skal bli ham lik.
Min sjel, du er evig rik!

Du evige Gud

Du evige Gud,
lat namnet ditt helgast
i nord og i sud!
Lat riket ditt koma
i aust og i vest,
med frelsa og fridom,
med fryd og med fest!
Du evige Gud!

Vår himmelske Far,
som alltid har vore,
som er og som var,
lat viljen din råda
her nede på jord

som høgt i det heilage
himmelske kor!
Vår himmelske Far!

Lat dagen snart gry
då døden og natti
og naudi må fly,
då jordi skal stråla
i æveleg prakt
og himmelen råda
med miskunn og makt!
Må dagen snart gry!

Ja, evige Gud,
du jordi må gje
uforgjengeleg skrud!
Me stundar mot dagen
då deg me fær sjå
og fram for di truna
med fagnad-rop gå.
Du evige Gud!

Omgitt av Gud

Å, kor godt å få minnast når morgenon renn
og eg vaknar til endå ein dag:
Det er ein som so trufast ved sida mi stend.
Han vil alltid med meg halda lag.

Eg er omgitt av Gud, han er inderleg nær.
Han som skuggen meg fylgjer kvar dag.
Å, kor godt å få minnast at Jesus er her!
Han vil trufast med meg halda lag.

Når eg vaknar på nytt kvar ein morgen som gryr,
å, kor stort å få minnast igjen:
Han vil vera meg nær medan timane flyr,
til Guds evige solmorgen renn!

Nei, eg er ikkje einsam i verdi so vid.
Kvar ei stund er eg omgitt av Gud.
Og til sist vil han krona med siger min strid
og meg kle i det skinande skrud.

Det store verdensbyggverk

Det store verdensbyggverk
fortel at Gud er vis.
Det djupe makrokosmos
syng æveleg hans pris.

Det store verdensbyggverk
fortel at Gud er sterk.
Den djupe stjerneverdi,
ho er vår skapars verk.

Eg ser den skire soli
og månen sylvblank, klår,
dei milliardar stjernor
som stilt i rømdi går.

Det store verdensbyggverk,
som strålar i si prakt,
det vesle mikrokosmos –
alt vitnar om hans makt.

Og liv i alle former,
i luft, på land og hav,
alt vitnar om den handi
som livsens løyndom gav.

Og kruna på det storverk,
eit menneske det er.
Det eig ein evig adel.
Guds bilete det ber.

Hvert lite barn
skal speile av
Guds herlighet,
dette dype hav.

Gud leser lengsler

Gud leser lengsler, – det nytter å be.
Herre, din hellige vilje skje!

Gud leser lengsler, så bring dem til ham!
Kom kun frimodig for tronen fram!

Gud leser lengsler, han vet om din trang.
Engang din sorg skal bli seiers-sang!

Kun i Jesus Krist
berges barnet hjem,
til en evig vår
i Guds Jerusalem.

Gud, du må vera stor!

Gud, du må vera stor,
som dana denne vide jord,
med høge himlar over,
og denne skire, klåre sol
som glitrar ifrå pol til pol
og fylgjer dine lover.

Gud, du må vera vis!
Den verd du skapte, syng din pris.
Eg gjerne med vil vera.
Vel lite æra her du får;
so gled eg meg til livsens vår.
Der skal eg lovsong læra.

Gud, du må vera god!
Du gav ditt eige hjarteblokk
for oss igjen å vinna.
Når eingong eg skal skoda deg,
då vert eg hjartans lukkeleg,
skal livsens kruna finna.

En verden i miniatyr

Et barn – en blomst,
en skatt så dyr,
en verden hel
i miniatyr.

Guds billede
et småbarn bær'.
Så stort, så rikt,
så vakkert det er.

Gud har lagt ned
et rikdoms vell
i hvert et barn,
har lagt ned seg selv.

Då Gud skapte skogane

Då Gud skapte skogane utover jord,
han synte ein visdom useieleg stor.
Fram trylla han seder og silju og eik,
den svagande bambus og vinstokken veik.

Han sypresser skapte, akasie-tre
og ospi, og grani med angande ved,
og asken og heggen og ore-tre, lerk,
dei eldgamle raud-tre og fjellfuru sterk.

Og tallause andre han dana hin dag,
av svagande stomnar uteljande slag.
Dei susar og syng over heile vår jord.
Å Herre, din visdom er veldig og stor.

Men endå eit tre hev me ikkje nemnt her.
Det venaste er det i heile vår verd.
”Det vakraste treet no skapa eg vil!”
sa Herren, og *bjørki*, den kvite, vart til. –

Den sylvblanke skinande måne

Den sylvblanke skinande måne,
han vandra i tusund år,
la lys i dei døkkaste netter,
og enno på kvelven han står.

Den sylvblanke skinande måne,
sjå no er han heil og full.
For lyset som fell over jordi,
til soli me stend i skuld.

Den sylvblanke skinande måne
den djupaste natt gjer ljós.
For lyset frå månesylvet
skal soli ha takk og ros.

Dei evige armane skapte
dei lys-kjeldor som oss gled.
Og difor til ljoses Fader
ein lovsong vårt hjarta kved.

Den venaste glansen i verdi

Den venaste glansen i verdi
er den eg i sylvet såg.
Han blenkte so bjart for mitt auga,
den glans som i malmen låg.

Den glimande glansen vart dana
i fjellet dei tusund år.
Og enno han skin og han strålar,
useieleg skir og klår.

Du sylvglans som skin so forklåra,
kven gav deg så reint eit skrud?
Kven dana deg djupt inni berget?
Eg anar det, kviskrar det: Gud.

So fint er skaparverket

Å, so fint er skaparverket:
himmel, hav og fjord og fjell,
sol og stjernor, måne-sylvet,
dogg som dalar, snø som fell!

Du, kor vent er skaparverket:
blom som tirer, fugl som kved,
lauv som gløder seint om hausten,
purpur-eld når sol går ned.

Å, so stort er skaparverket,
stjerne-verder utan tal.
Underfullt er mikrokosmos, –
kvart atom ein høgtids-sal.

Vår og sommar, haust og vinter, –
alle har sin herlegdom:
blide blomar, frukt som mognar,
snøkrystallars fine fjom.

Alt i dette store tempel
ropar: Ære vere Gud!
Han i visdom og i velde
skapte dette fagre skrud.

Kruna på det store verket
nemnast skal til aller sist:
mennesket med ånd og lekam,
atterløyst ved Jesus Krist.

Du, so vent er skaparverket!
Eingong jordi nyskapt står.
Då til evig tid det tonar
lovsongs-kvad til Fader vår.

Du velsigna sol

Ufatteleg stor,
og endelaust langt
frå vår eigi jord,
du skein og du stråla
i tusentals år,
og enno ditt lys
ned til jordi når,
du velsigna sol.

Ei skaparhand sterk
har gjort dette storfelte,
veldige verk.
Eg stend her i undring,
eg tilbeda må
kvar gong eg ein flik
av di allmakt fær sjå, –
du vår store Gud.

Eg ville so gjerne sjå meir av Guds verd

Eg ville so gjerne sjå meir av Guds verd,
dei ulike folk og land.
Eg synest at alt so forvitneleg er,
men akk, eg so lite vann!

Men takksam eg er for kvar gong eg fær sjå
litt meir av Guds fagre jord.
Og kunne eg endå litt vidare nå,
med fagnad og fryd eg för.

Men jordi ho er so uhorveleg stor,
og sjølv eg på åri dreg.
Men kan eg få møta litt meir av Guds verd,
då takksam og glad eg er.

Fagert er firmamentet

Fagert er firmamentet,
fager den jord der me bur.
Skaparens allvelde dana
ein storfelt og stolt natur.

Mektig er firmamentet,
det ovdjupe himmelrom.
Underfullt er mikrokosmos,
det mystiske grunn-atom.

Prektig er firmamentet,
der soler og stjernor sviv, –
venast av alt i verdi
eit løyndomsfullt fagert *liv!*

Storfelt er firmamentet,
eit endelaust æve-blå.
Størst då av alt i verdi
er åndi Gud let oss få.

Festleg er firmamentet,
med sollyse skyer på.
Sælast av alt i verdi
vert livet sin Gud å sjå.

I dag eg kløyvde ei liti nòt

I dag eg kløyvde ei liti nòt.
Eg visste ho var ikkje mogen,
men tok ho varleg frå treet ned.
Det stod her i hagen ved skogen.

Eg løyste noti frå hamsen hard
og karva eit hol i henne.
So sette eg kniven i holet inn,
og varleg eg honom bende.

So fint var sauma den vesle sak;
usynleg so var den saumen.
So gav meg ogso ei liti nòt
ein glytt inn i skapar-draumen.

Der inne låg noko kvitt og mjukt, –
ei underfull livsens grøde.
Den skulle noti, den little kim,
nok hava til dagleg føde.

Det mjuke minkar, det vesle veks,
snart noti sitt husrom fyller.
No er ho vorti so fast og brun,
og haustsoli henne gyller.

Ho slepper hamsen ein vakker dag,
og dett; for ho no er mogen.
So ligg ho der, millom gulna lauv.
og det er haustgull i skogen.

Omsider losnar usynleg saum,
og skog-moldi kjernen gøymer.
So spirer han – til eit lite tre,
når vårsol om landet fløymer.

Eit under er ho, den little nòt.
Ho stilt om Guds stordom talar.
Og under ser me i tusundtal,
i skogar og fjell og dalar.

Bare ei nòt

So fint er ho forma,
so vent er ho bygd.
Ho kjernen der inne gjev trygd.
So vel er ho pakka;
so mykje fekk rom.
Det finst 'kje ein einaste plass
som er tom.

Du, sjå desse former,
dei liner, det spel,
der alt om ei skaparhand
fint oss fortel!
Eit meisterverk er ho;
å, sjå dette skrud!
Kvar nòt som vert dana –
eit under av Gud!

Om skalet er underfullt,
kva er vel då
dei ting som me innanfor
veggen fær sjå?
Der møter me livet,
so löyndomsfullt, stort.
I undring me står
ved ein heilagdoms port.

Ertebelgen

So fint er han sydd og sauma,
og fagert han forma er.
Det verket gjer ingen etter.
Det Skaparens merke ber.

Først lagdest ei ert i moldi, –
det hende i tidleg vår.
Ho spirer – ein liten teinung
som opp imot høgdi trår.

So brest det ein dag ein blome
på stylken – kvar kjem han frå?
Han stand der med ljuvleg ange,
so skir og so ven å sjå.

Og når so den blomen bleiknar,
det danast ein liten båt.
Han veks, og so fint vert forma.
Skal tru kor han ber seg åt?

Og inne i ”båten” byggjest
to rader med småe fjom.
Dei millom kvarandre smøyest;
dei deler det vesle rom.

So veks dei, og fyller belgen,
og mognar mens tidi gjeng.
So er han ein dag fullenda;
han mogen på stylken heng.

Eit frø i den myrke moldi –
ein stylk – og ein tander blom –
ein båt med fullkomne frukter
fortel om Guds herlegdom.

So ber ogso ertebelgen –
so stilrein, i sommar-skrud –
eit bod om ein veldig visdom,
om allmakt og under – Gud.

Æva lagde du der

Bregna, kor fint ho er forma!
og lyngen, kor lys han er!
Herre, so vent har du dana
den veldige, vide verd.
Venast er menneske-blomen.
Æva lagde du der.

Herleg og høg er vår himmel:
Til dine du dana oss, Gud.
Vakker er verdi du skapte, –
med under i nord og sud.
Eingong stend jordi vår nyskapt.
Ewig er livsens skrud.

DEN GODE DAGEN

Dagen tok til med so lys ein smil

Dagen tok til i eit tidleg gry,
utan ei einaste morgonsky.
Dagen tok til med eit solskins-vell.
Det vara og rakk til den seine kveld.

Dagen tok til med ein himmel blå.
So kom det snøkvite skyer på.
Dagen tok til med so lys ein smil.
So drog han vidare tusund mil.

Tenk å få sjå slik ein skinande dag!

Tenk å få sjå slik ein skinande dag!
Soli, ho glitrar og glør.
Vindane veiftar i draumlette drag,
skyene sigler frå sør.

Tenk å få sjå mot so mektig ein kvelv,
skir og useieleg blå!
Doggdropen sitrar på strået, og skjelv.
Tenk desse perlor få sjå!

Tenk å få sjå dette skinande gull,
åkrar som solmogne står,
er av den edlaste livsmalmen full!
Tenk å få vona på vår!

Tenk å få anda og byggja og bu
i slik ei underfull verd!
Tenk, på min Skapar og Frelsar få tru,
sist få han sjå som han er!

For ein himmelsk morgen!

Min Gud, for ein himmelsk morgen,
med solglitr på land og hav!
Me lovar deg, Herre, allhærs drott,
for morgenon du oss gav.

Eg andar den friske lufti
og ser mot den skire kvelv.
Eg gjeng i det mjuke graset,
der doggdopen skin og skjelv.

Eg ser på dei stille skogar,
det fullmogne åker-gull
og frukti som glør på greini.
Kor verdi er underfull!

Min Gud, for ein himmelsk morgen,
med solglitr frå kvelven blå!
Å Herre, i miskunn unn meg
din paradis-morgen sjå!

Morgen utan skyer

Tidleg morgen.
Stavstill morgen.
Blank kvelv, og blå.
Ikkje ei sky å sjå.
Sol over alle skogar,
over kvart stilreint strå.

Sol over alle hagar.
Greini, so smått ho svagar.
Å, desse haustklære dagar!
Vakker er verdi då.

Lyng på dei turre tuver.
Tretoppen, mjukt han duver,
i denne milde bris.
Lint som ei moderhand smeikjer
vinden, og soli steikjer.
Skapningi syng Guds pris.
Frukti på greini glimar
i desse fagre timar.
Det minner om paradis.

Tenk å få fylgja soli!

Tenk å få fylgja soli
alt frå i aust ho renn
til ho i sommarkvelden
stilt over skogen brenn!

Tenk å få fylgja soli
alt frå i aust ho stig
til ho i julikvelden
stilt attom åsen sig!

Tenk å få fylgja soli
dagen so lys og lang,
sjå denne skire flaumen
vella om voll og vang!

Tenk å få fylgja soli,
vita: om det vert natt,
er det då ikkje lenge
før ho i aust kjem att.

Tenk å få fylgja soli,
Frelsaren Jesus Krist.
Og når min livsdag endar,
tek han meg heim til sist.

Den gode dagen

Eg sit og lèt solvarmen strøyma,
verma min barm og mi kinn!
Kor godt slik å sitja og drøyma,
og sjå i Guds blå-himmel inn!

Eg sit og lèt solflaumen vella,
kjerner kor godt han meg gjer.
Eg sit innved ljoset si kjelda
og ser ei vidunderleg verd.

Eg sit i den solfylte dagen,
ser opp imot teltduken blå,
ser blomane lysa i hagen.
Å du, det er vakkert å sjå.

Og er det so vent alt her nede,
når livs-bylgja bårar og vell,
kva vert det i himmelens glede,
der sommaren ei går på hell?

So sit eg, lèt solvarmen strøyma,
ein sommardag ljuvleg og blid.
Kor godt om Guds livs-vår å drøyma,
med sæla til æveleg tid!

Du må bruka din dag!

Du må bruka din dag, for han er so dyr!
Sjå, timane hastar, og åri, dei flyr.
Og før du det veit, du i kvelden står.
Du må bruka din dag, for so fort han går!

Du må bruka di tid, for so dyr ho er!
Du kan vinna Guds evige, vakre verd.
Du kan tapa di sjelsov du dagen bort.
Du må bruka di tid, – hugs: ho gjeng so fort!

No er min dag overjordisk vakker

No er min dag overjordisk vakker.
Sjå, soli skin frå ein haust-kvelv blå.
Han er so fin, denne himmeldorfene,
med kvite siglande skyer på.

Det varme solvellet om meg floymen,
so godt det vermer mi kalde kinn.
Det kysser lauvet som glim og gløder
og voggar varleg i haustens vind.

Eg ser det gullet mot himmelblået,
ein teltduk vakker og rein og blå.
Og tanken sviv til den store Meister
som let oss verdi den vakre sjå.

Vel er det haust, og i vinden voggar
kvar gullprydd kruna med malmen klår.
Men om det lider mot vinternatti,
so gjeng det ogso mot neste vår. –

Enno er soli oppe!

Enno er soli oppe,
er ikkje gått til ro,
logar so stilt i kvelden;
no må du sjå vel på henne;
for snart er ho borte no!

So er ein dag til ende;
eg hev *ein* mindre att.
Bare litt gull derute,
og det er etter natt.
So eg i solfallet lovar Gud
for ljoset sin skire skatt.

So stend eg still i kveldens fred

No enda er eit solefall.
I kveldens fred ligg no vårt land.
Det logar opp ein purpur-brand.
Til hjarta mitt på nytt eit kall.

No enda er den dagen dyr,
og aldri han til oss kjem att.
Kor nytta du den fagre skatt?
Sjå, tidi fort ifrå oss flyr!

So stend eg still i kveldens fred.
I hjartans djup ei bøn no brenn.
Gud, gjev at eingong sael eg stend
der soli aldri meir gjeng ned! –

Dagen var vonfull og god

Haustdagen, no er han enda.
Soli, no gjeng ho til ro.
Berre på austlege åsar
legg ho ein vermande glod.

Fager har haustdagen vore,
fargerik, fredfull og klår.
Ljuset om landet vårt fløynde,
som det hev fløynt frå i vår.

Men, no er haustdagen enda.
Soli, nyst gjekk ho til ro.
Herre, av hjarta eg takkar.
Dagen var vonfull og god.

Det som ein pilegrim gleder mest

Det som ein pilegrim gleder mest
når dagen hallar alt meir mot vest
og livsens lampa skal snart gå ut:
at her han valde den gode lut.

Med gleda tenkjer han også på
at han Guds ærend fekk viljug gå,
at han fekk gjeva med gavmild hand
og visa veg til det gode land.

So mangt han tregar, men ikkje det
når dagen hallar og sol gjeng ned.
Med takk i hjarta han syng sitt kvad
og ser so fram mot sitt soleglad.

Før kveldsklokka ringjer til ro

Hjelp meg, min Gud, verta ferdig
til kveldsklokka ringjer til ro!
Eg enn hev so mykje å gjera.
Må kvelden bli rik og god!

Dagen min lakkar og lider,
og haustsoli glimar og glør.
Åkrane alle er vende.
Og lauv-bladi brenn og blør.

Sjølv er i hausten eg komen,
og sumaren enda er no.
Hjelp meg, min Gud, verta ferdig,
til kveldsklokka ringjer til ro!

No det stilnar imot kveld

Du, Gud, som for vår lagnad rår,
eg lovar deg for alle år.
Dei kom med stormar og med strid,
og mang ein soldag, ljuv og blid.

Eg var so lenge sprek og ung,
og lett eg tok ein bakke tung.
Men no eg etter pusten hiv.
Det gjeng den veg i dette liv.

Gud gavør gjev, so rikt og raust.
No stend eg i ein solvarm haust.
Han er so gyllen, rein og klår.
So lenge sidan det var vår!

Eit barn eg var, og vart ein mann,
i livet mangt og mykje fann.
Og no det stilnar imot kveld,
og skuggar over engi fell.

Vårt jordlivs dag er sytti år,
og om ein mykje styrke får,
so vert det åtti – so er sagt.
Då minkar brått vårt mod, vår makt.

Og elvi imot osen flyt.
Eg ikkje lell fortvila lyt.
Guds Son so dyrt hev lova meg
hos seg ein bustad æveleg.

Men, Jesus, du som aldri sveik,
må hjelpa meg den siste kneik,
og los meg over dødsens å,
der eg din herlegdom fær sjå!

Det underfulle liv eg fekk,
og over livsens vidder gjekk.
Eg undren stend so mang ei stund,
og lovar Gud av hjartans grunn.

Eit hav av glas i himlen er.
og når eg eingong skal stå der,
då skal eg alt til botnen sjå,
og kvar ei gåta løysest då.

So stend eg under himlens kvelv,
og stundom hjarta i meg skjelv.
Å, må eg alltid finnast tru,
og evig i ditt rike bu!

Eg soli vil skoda til siste skimt

Eg soli vil skoda til siste skimt,
når gyllen ho ned i havet går.
Og gjerne ser eg den fyrste glimt
når opp bak skogen i aust ho står.

Eg stend her teken kvart soleglad,
når dagen endar og døyr for godt.
Eg møter soli med gledekvad
når mild ho endar den myrke nott.

Endå ein dag er til ende

Endå ein dag er til ende.
Soli nett no gjeng ned.
Over eit land i skumring
andar den djupe fred.

Endå ein dag er til ende.
So er det atter natt.
Gud gav meg mange dagar.
Mon eg hev mange att?

Dagen gjekk stilt til ro

No er snart soli nede,
still ho i synsrandi stend.
Millom dei døkke grانer
eg ser kor ho brår og brenn.

No ho lik gullet glimar,
lutar den raude kinn
ned mot den mjuke synsrand.
Natti no lognt sig inn.

So er ein dag til ende.
No gjekk han stilt til ro.
Alt ifrå morgongryet
ljuvleg han var, og god.

Gud, når min livsdag endar,
soli til sist gjeng ned,
må eg då sæl få somna, –
vakna i Herrens fred!

Eit kall i kvart eit solefall

Det ligg eit høgt og heilagt kall
i kvart eit kveldens solefall.
Du nytta må den dagen dyr,
for tidi fort ifrå deg flyr!

Når soli sig bak fjell og skog,
so stilt ein dag ifrå deg drog.
Det var so rik og raus ein skatt;
men no ein mindre har du att.

Æva til meg talar

Dagen var so lys og lang.
Tidleig morgonsoli rann,
skein i mange timer.
Enno glim den bjarte brand.
Kveldens klokkor kimar.

Dagen var so ljuv og god,
fylt av sol til siste stund.
ENN ho glør og glimar.
Tek meg djupt i hjartans grunn
kveldens klåre timer.

No i vårens fagre tid
ødslar Gud med lys og liv.
Sistpå soli dalar.
Svola, svint ho enno sviv. –
Æva til meg talar.

Sistpå somna, trøytt og sæl

So mang ein dag, so mangt eit år,
so mang ein sumar, vinter, vår,
so mangt eit solsprett, solefall,
so mangt eit høgt og heilagt kall.

Ja, mange år ifrå meg fór.
Kor vel eg minnest far og mor!
Og ein og annan borte er
av syskenflokken stor og kjær.

So lenge sidan det var vår!
Og no eg still i hausten står.
Det meste av min dag er gått.
Eg synest: lite har eg nått.

No dyr for meg er kvar ein dag,
og kvart eit stille hjarteslag.
Gud, må eg nyitta tidi vel,
og sistpå somna, trøytt og sæl!

EIT UNDERFULLT LAND

Her ser eg mitt heimland

Her ser eg mitt heimland, med flyer og fjell,
med sjørar og sletter og fossande vell.
Og dalane dreg seg mot fjellheimen inn,
der æveleg snø ligg kring sky-kransa tind.

Og kornåkrar glimar i haustdagen klår.
Det synet til innerste hjarterot går.
Det skifter med grønt og med brunt og med blått.
Å du, for eit land me av himlen hev fått!

Kor fint ifrå lufti mitt heimland å sjå,
der roleg det ligg under haustkvelven blå!
Og der ser eg heimane, Noreg sin skatt.
Å ja, det var gildt å sjå landet mitt att!

Det blånar og blenkjer til fjernaste bryn.
Å du, for eit rike, å du, for eit syn!
Det stundom er barskt, stundom mjukt,
stundom blidt.
Frå nord og til sud er du heimlandet mitt.

Der strever dei vaksne, der leikar det born.
Der kimar det klokkor frå kyrkja sitt tårn.
Her lyder det lovsong, i nord og i sud.
Å, tilbe, mitt folk, Noregs evige Gud!

Mektige utsyn

Mektige utsyn
møter her mitt auga.
Himmel og hav
i kveldsol ser eg lauga.
Åsar seg tøyser
milelangt, seg bøyer
kringom ei synsrand so vid.

Lell er det lite
mot den digre jordi,
berre ein bite.
Fattige vert ordi.
Brått må dei bleikna
når dei prøver teikna
Skaparens veldige verk.

At landet kan verta so paradis-lik!

Når landet ligg lenka i snø og is
og stormane sjogar frå nord,
kven skulle då tru: om ei stund vår jord
meir liknar eit paradis?

At landet der kulde og vinter rår,
kan verta so paradis-lik!
Det finst bare ein som kan makta slikt,
fram trylla ein livsens vår.

At vinter og sommar, vår og haust
kan rommast i same år,
det valdar ei allmaktshand rikt og raust.
Me nemner han Fader vår.

So minnest me sommaren ljuvleg og gild,
og våren, når snøen driv.
Og frys me her nede, me minnast vil
det evige, sæle liv.

No brest Noreg i blom

No brest Noreg i blom,
i ein maidag som speglar
Guds all-herlegdom.
Mot ein blånande kvelv
flagget sitrar og skjelv.
Då vårt land er ein tonande
hög-heilagdom.

I eit ny-vove skrud,
som er virka av himmelens
veldigje Gud,
lyser bjørk, hegg og or,
og det grønkar og gror
i eit midnattsol-nord
og til lengst ned mot sud.

Eit vedunderleg land

Eit vedunderleg land har av Herren me fått,
med eit banner som bårar i kvitt, raudt og blått.
Her er vakanande vår, her er hausthimmel klår.
Etter vinteren kald sol og sommar me får.

Me fekk heiari og hav, me fekk fjordar og fjell,
me fekk fossar som skumar, i brå-djupet fell.
Me fekk breer som skin som eit skirt hermelin.
Attmed æveleg is blømer fjellblomen fin.

Me fekk sjørar og skog; elvi syng mot sin os,
gjennom dalar der bjørki stend fager og ljós.
Her er vang, her er voll, her er grøderik mold.
Kornet mognar so vent mot dei solgylte foll.

I ein storfelt natur folket byggjer og bur.
Korset peikar mot himlen – på Kristus me trur.
Det fell ljós på vår veg mens mot målet me dreg.
Herren leier vår gang, han vil signa kvart steg.

Me fekk levande ord, som gjev trøyst, som gjev von,
og ei æveleg framtid i tru på Guds Son.
Me fekk kall til å gå livsens såkorn å så,
so dei fjernaste kyster Guds dag kan få sjå.

So me takkar vår Gud for det land han oss gav,
so forunderleg fagert frå hei og til hav.
Herre, signe oss du – må i fred me få bu,
og i storm og i stilla på Frelsaren tru!

Høgt ifrå flyet eg landet mitt såg

Takk for den 17. mai sytti-to!
Eg aldri, nei, aldri han gløymer.
Solvarmen signa, so ljuvleg og god.
Liene lysna i livsvårens ro.
Minnet i barmen eg gøymer.

Høgt ifrå flyet eg landet mitt såg,
nysådde åkrar og bør.
Høgfjelli kvitkledde under meg låg;
og eg såg fruktblomen, fager og fjåg,
fjordar og skinande sjørar.

Maisoli gleim ifrå himmelen blå,
vent ifrå høgheimen glitra,
smeikte kvar kinn, kysste blomane små,
helsa dei mjuke og svagande strå.
Fuglane fløyta og kvitra.

Tusentals born i sitt venaste skrud
jubla i frygd og i fagnad.
Nysprotne bjørker i skogen stod brud.
Skapningi lova vår veldige Gud.
Han styrde Noreg sin lagnad.

Aldri eg minnest slik maidag her nord.
Aldri den dagen eg gløymer.
Paradis-lik låg den lysande jord.
Herre, vår Gud, du er veldig og stor.
Livs-elvi endelaust strøymer.

Nissedal

Her er det fagert, høgt og fritt;
her er det mektig, vent og vidt.
Her susar dag og natt ei elv.
Og over blånar klårast kvelv.

Her veks det furu, gran og or.
Ho likar best den gode jord.
Og bregna stend der, dronning-lik.
Kor Skaparen er raus og rik!

Her lyser lyng i tusundtal,
og stråi skjelv i vinden sval.
Og eineren, so rett og rak,
syp sol, og veks i ro og mak.

Og rundt ikring stend fjelli vakt.
Kven rikkar denne urtids-makta?
Og sjøen, som ei perla fin,
i solskins-vellet ligg og skin.

Eit utsnitt av Guds vakre verd.
Kor det var godt å kvila her!
Her er det stilt, her er det ro,
på sjø, i skog, på myrull-mo.

Tårnet på Nidarosdomen

De må 'kje tenkja på det,
å taka dette tårnet
som tøyser seg mot himlen!
So stilt, men sterkt det talar.

De må 'kje finna på det,
å fjerna dette spiret
som peikar mot det høge
og tøyser seg mot himlen!

Det vert so tomt og traurigt, –
de kjennest ikkje ved det
om dette tårn vert teke,
den kjende silhuettan.

Det vert 'kje same Dómen
som streber mot det høge,
om dette smekre spiret
for alltid no vert borte.
De må 'kje finna på det!

Gud sådde so rikt i det norske folk

Gud sådde so rikt i det norske folk,
so raust i ein tusenårs tidarbolk.
Mens ættende skifta, han strødde sitt ord
i byar og bygder her oppe i nord.
Kor stort at hans rike til landet vårt rakk!
So seier me takk.

Og enno han Ordet i landet vårt sår.
Hans Ande so stilt millom folket vårt går.
Om sumt millom tornar og tistlar nok fell,
og noko på sandgrunn, og noko på fjell,
so finn ogso noko den laglege jord.
Ha takk for Guds ord!

Å berga eit barn

Tenk – å berga eit barn
som svelt og som frys,
i dei vonlause augo
få tendra eit lys,
kalla sol-smilen fram
frå ein stivna munn, –
for ei fryd, for ei stund!

Tenk – å berga eit barn
ifrå naud og frå natt,
gi det farge i kinni,
gi det livsgleda att,
gi det varme i kroppen,
gi blodet ny kveik,
gi det ny merg i beini
til barneglads leik!

Tenk – å bærga eit barn,
me som har det so godt,
inn i solskinet ta det,
frå tilværet grått!
Om me såg deira fryd,
kor dei då kan seg gle, –
er eg viss at me heilhjarta,
glade vart med!

Tyn ikkje barnet!

Livet er heilagt – ei gāva frå Gud –
du må ikkje røra det, du!
Du barnet skal bera i livslyset ut,
det verna mot vondskap og gru!

Livet er heilagt, den dyraste skatt,
med evig, uendeleig verd.
Du handi di må ikkje leggja på det!
Guds augnestein barnet ditt er.

Barnet i mors liv eit menneske er!
Guds bilete ber det alt då.
Du må ikkje tyna det spirande liv!
Lat dagslyset klårt det få sjå!

Livet er heilagt, ei gāva so dyr.
Eit barn er so kostbar ein skatt.
So hjelp det då fram til det evige liv!
Hos Gud skal du møta det att.

Bedehuset

Her slektene samlast og høyrd Guds ord.
Det lydde frå år og til år.
I sol-vêr dei kom, og i snødrev frå nord,
om haust og i vaknande vår. –
Dei vitnar om Jesus, dei syng og dei bed,
i solefalls-fred.

Hit kom våre gamle, med sylv i sitt hår,
Guds fred djupt i hjarta sin grunn.
Og hit kom dei unge i livet sin vår,
og born, i si solrennings-stund.
Som dogg ifrå Libanon signingi fell,
so ljuvleg eit vell.

Her lydde det lovsong og heilage ord.
Frå Sinai tordna det tadt.
Men nåden vert større der syndi vert stor,
og Golgota trøysta deim blidt.
Kor sælt å få møtast med andre som er
på pilegrimsferd!

Gud, gjev at den morgonen aldri må gry
då folket ei høyrer ditt ord!
Må aldri di signing frå landet vårt fly,
di nådesol glada her nord!
Då vert det i Noreg den djupaste natt.
Gud, vare vår skatt!

Lærar!

Lærar – ditt kall er so fagert.
Leiret det mjuke du formar,
danar til finaste kunstverk,
vekkjer den hugen som dormar.

Lærar – du hugen skal lyfta
opp mot dei evige høgder,
hjelpa dei unge å finna
fram til dei finaste dygder.

Lærar – du borni skal leida
inn i det sanne og rette.
Kanskje du stundom lyt undrast:
Kor skal eg vel makta dette?

Lærar – på honom du peike
som ville livet sitt gjeva!
Lat barne-augo få møta
han som oss hjelper å leva!

Lysa skal landet i livsens fest

Mai-soli høgt på himmelen brenn.
Kvitsymra klår i skogbrynet stend,
vender si kinn mot den varme flaum, –
ven som den vandraste sommar-draum.

Linerla trippar so stilt på tun;
flyttfuglar sankar på strå og dun,
byggjer seg reir på so løynd ein stad,
piptar og fløytar og er so glad.

Lauv-trea grønkar i lund og lid;
leirfivel'n blenkjer so tyd og blid.
Bårer av sol over landet vell;
høgt ho no gjeng over hav og fjell.

Tusundtals knuppar no svell og brest;
lysa skal landet i livsens fest.
Vitna skal landet i fagert skrud,
minna om våren eingong hos Gud.

EIN VÅR MED MJUKE TONAR

Ein vår med mjuke tonar

Ein vår med mjuke tonar
frå fjåge fuglars kvad!
På nytta vårt hjarta vonar,
og hugen vår vert glad.

Ein vår med liv som vaknar,
med lauv som krunor kled,
eit kor som ikkje spaknar,
eit lys som hjarta gled.

Ein vår som vil oss minna
om livet endelaust.
Der skal ein vår me finna
som ikkje går mot haust.

Då går ein ljoses engel

Det er når Noreg vender
si vinterbleike kinn
mot ljoses klåre kjelda,
at våren strøymer inn.

Det er når Noreg vender
den kvite kinni si –
vert kysst av varme vindar –
at me fær vårens tid.

Då gjeng ein ljoses engel,
i skirt og solreint skrud,

igjennom vinter-Noreg,
i nord og lengst i sud.

Då tek det til å tona
i ven og vonfull kveld.
Eg høyrer lerkekavadet,
eit måltrost-tonevell.

Då tek det til å livna,
i skog, i lid og lund.
Snart brest ein hær av knuppar
i vårens vaknings-stund.

Då tek det til å lysna
i osp og bjørk og or.
I bakken vend mot soli
det grønkar og det gror.

I grøftekanten gulnar
ein ung leirfivel-blom.
Og snart den skire symra
skin i sin herlegdom.

Då brest det djupt i barmen
ei gledekjelda klår.
Gud, takk at etter eingong
eg møtte Noregs vår!

No er det mai!

Ja, no er det mai, og no er det vår,
og sol-bylgjer lett over landet vårt går.
Det grønkar på vangar og vollar.
Kvart tre og kvar teinung so stilt skyt knupp.
I skogkanten kvitsymra lognt let seg upp,
og leirfivel'n lyser i kollar.

Ja, no er det mai, og no er det vår,
og himmelen kvelver seg klinkande klår,
og lufti i varme-dis sitrar.

So mild og so god er den maidagen ny,
og lerkone jublende stig imot sky,
og tusundtals vårfuglar kvitrap.

Ja, no er det mai, og no er det vår,
og livet og lyset i landet vårt rår,
og alt som kan tona, vil kveda.
Eg ogso vil høglova himmelens Gud,
som kleder all jordi i fagraste skrud. –
I voni eg varmt vil meg gleda.

Ho voggar i von om vår

No voggar mi bjørk mot kvelden,
den brune kruna mot himlen held,
i von om eit vårens vaknings-vell.

Og never-stomnane kvitnar.
Eg veit at innanfor sevja går.
Ho difor voggar i von om vår.

Langt ute, bak Holmenkollen,
ei gyllen solskiva gjeng til ro.
Og bjørki ventar på våren no.

Å du, der grønkar bjørki!

Å du, der grønkar bjørki,
med blad som muse-øyre!
Det gjeng so lognt, den minste lyd
det uråd er å høyre.

Ho stod der naki, kvit og kald,
med tusund brune knuppar.
No grønkar kvar ei liti grein,
ut til dei ytste tuppar.

Det tek seg opp att år for år,
det store livesens under.
So fekk eg etter sjå ein vår!
Å du, for fagre stunder!

Då seier eg at ho stend brud

Og so stend bjørki budd til dette store,
eit underverk av allmaks vise Gud.
Alt sevja stig opp gjennom løynde gangar;
so vert ho kledd i vårens vakre skrud.

I solfalls-vinden stilt ho stend og svagar.
Mot himmel-blået treet teiknar seg.
Det stend so vent imot den klåre kvelven,
og soli har nådd enden av sin veg.

Og tusund brune knuppar ser eg svella,
og snart stend treet prydd i livesens skrud.
Og soli sitrar i det unge lauvet.
Då seier eg at bjørki mi stend brud.

Dronning millom mange tre

Eit eventyr i grønt og kvitt
er bjørketreet mitt,
no når det nyst hev sprunge.
Det stend her som ei nyprydd brud.
Det fekk av Gud so vent eit skrud,
det fagre, friske, unge.

Meir kjær du vert frå år til år,
og meir for kvar ein vår.
So stort eit skapnings-under!
Du dronning millom mange tre,
kor varmt du kan mitt hjarta gle,
i vårens sære stunder!

I vår kvitrap ingi lerka

I vår kvitrap ingi lerka
i skoglandet der eg bur.
Eg saknar dei lyse klangar
høgt over vollar og vangar,
og sit her tagal og stor.

So stussleg det vart då ho tagna.
Eg hugsar frå farne år:
Ho kom før enn snøen var faren,
omlag samstundes med starene, –
so kjært eit vitne om vår.

Ho hadde sin heim på bakken,
og der fekk ho sine små.
Der steig ho med klåre klangar
høgt over vollar og vangar,
mot himmelens djupe blå.

Ho var som ei rein-stemd harpa,
av tonar og fagnad full.
Ved gry og i solefallet
ho tirla i timane alle,
med klang som av edelt gull.

Slik song ho i livesens vårtid,
til sommaren gjekk på hell.

Då vart ho mot sudlandet dregen
tok til på den ov-lange vegen,
med nordlandet tok farvel.

I vår kvitrap ingi lerka.
Ho kom 'kje til meg i år.
Ho møter so mange fårar
i notidas vaknande vårar. –
Eg sit her tagal og sår.

Den gildaste lell

Sjå, der stend soli, glo-raud og stor,
tek no farvel med landet i nord,
hallar si kinn mot åsen i vest,
lagar ein fargerik avskils-fest.

No er det atter vår i vårt land!
Bjørkene blussar i bjartaste brand.
Tidleg kjem morgenon, seint kvar kveld.
Landet vårt ligg i eit livsens vell.

Vakkert det skifter med haust og vår,
alt medan soli sin bane går.
Ven er vel hausten sin farge-eld;
våren, han er då den gildaste lell.

Han har lyse kveldar

Våren har lyse kveldar,
ei åsyn bjart og blid.
Sistpå logar aftan-eldar.
Du, det er ei ljuvleg tid.

Dagen so lenge dryger,
når våren kjem her nord.
Skuggane so stilt seg smyger.
So det mørknar på vår jord.

Våren har klåre kveldar.
Dei fulle er av fred,
rike og på vemods-eldar,
medan soli stilt gjeng ned.

Våren er full av fagnad,
og meir for kvart eit år.
Og det er min lyse lagnad:
Gud meg gjev ein evig vår.

Og so har han vunne!

Og so har våren vunne!
No rår han heilt og fullt her nord, –
eit livs- og lysvell utan like
i Noregs gamle, trauste rike.
Sjå, knuppar sprett og graset gror!

Ja, no har våren vunne!
Eg atter fekk den syni sjå:
eit land som ligg i lyset lauga.
Dei skire syner når mitt auga.
I hjartans djup eg fegnast må.

So har då våren vunne!
Eg elskar denne gilde tid.
Dei varme vindar om meg strøymer,
og solskins-båror mot meg fløymer.
Gud, takk for våren ljuv og blid!

No spelar han for full musikk

No spelar våren for full musikk
Kastanje-lysi er alle tende.
Og blyge symror med barneblikk
har kvite kinn imot soli vende.

Og bjørki brikjer mot kvelven blå,
den bjarte kruna i brisen brusar.
Den lyse leggen er ven å sjå.
Og livsens bylgja, so lognt ho susar.

Sjå, alde-treet har snøkvitt skrud,
med tusund blomar i solvind svagar.
Den drakt vart virka og vevd av Gud.
Ho skin imot meg i vårens hagar.

Men blome-elden, han brått brenn ned,
kastanje-lysi, dei sloknar alle.
På veg til frukt er då kvart eit tre,
når blome-bladi til jord hev falle.

So minner våren om paradis.
Han vitnar stort om Guds skapartankar.
Med blome-bladi eg syng hans pris,
og hjarta stilt i tilbeding bankar.

Vipa og lerka si tid

Våren er vipa og lerka si tid.
Gaukane gjel i den nyvakna lid.
Symra ved skogkanten lyser so blid.

Våren er lyset og livet si tid,
vakning og von etter vinteren strid,
lauvsprett og bløming i lund og i lid.

Våren er soli og songen si tid,
medan ho ut imot sumaren skrid.
Ævelivs-voni er ljuvleg og blid.

Du for ein morgen!

Du for ein morgen som Skaparen gav!
Soli, ho spelar frå himmelens hav.
Snøkvite skyer på blå-kvelven driv
over det nyvakna, lysande liv.

Kvitsymra vender si kinn imot sud;
bjørki stend pryydd i sitt skiraste skrud.
Vårfuglar floytar, og lerka ho ler.
Du for ei fager, ei underfull verd!

Tenk å få vakna ein morgen om vår,
sjå opp mot soli, mot himmelen klår!
Hagane blømer, og bione sviv.
Du for ein morgen! Å, du for eit liv!

So vert det sumar, og hausten til sist.
Blomen må bleikna, – mi von er ’kje mist.
Han som for livet, for lagnaden rår,
han hev oss lova ein æveleg vår.

Ei helsing frå paradiset

Av blomar det finst so mange,
og kvar har sin farge fått.
Og kvar har sin eigen ange;
dei duftar so søtt og godt.

Og tallause former skifter;
ein meister deim dana slik.
Av alle i heile verdi
er ingen ein annan lik.

Ei helsing frå paradiset
er blomen i solskirt skrud.
Vel visna han må, men vitnar:
Meg skapte den store Gud.

So lengtar me til den dagen
då Gud har gjort allting nytt,
då visning i vemods-timar
i æveleg vår er bytt.

Det ventar ein evig soloppgang

Det ventar ein evig soloppgang
i Guds og vår Frelsars rike.
Der skal me oss fryda i æva lang,
få sjå han og verta han like.

Det ventar hos Gud ein evig dag;
den dagen skal aldri dala.
Der skal me få bu med han i lag,
og evig med Frelsaren tala.

Det ventar ein evig vår hos Gud,
ei lukka forutan like.
Der sveipte me er i livsens skrud.
Og aldri den våren skal vike.

SOMMAREN SYNG OG KORN-KLOKKOR KIMAR

Om Paradis minner du meg

Høgsommardagen hev vore so lang,
tok til i eit tidleg gry.
Snart lyste soli på vidd og vang;
kvar skugge so brått måtte fly.
Timane gjekk, og det enn er dag.
Soli so lenge med oss held lag.

Natti var bare so stutt, so stutt,
og so vart det dag igjen.
Timane skreid, og han tok 'kje slutt.
Soli, ho strålar enn,
langt inn i natti, med glim og glod,
seint attom åsane sig til ro.

Sommar, å, sommar, so ljuv du er;
om Paradis minner du meg.
Soli si lysande, lange ferd, –
kor gild er den ljose veg!
Bare ei ørliti nattestund,
so vaknar dagen or blidan blund.

Sommar, å, sommar, du ljuve tid,
kor stort at eg deg fekk sjå!
Kor sælt at til sist, etter livsens strid,
eg evig sommar skal nå!
Der endar aldri den ljose dag.
Der skal eg leva med Gud i lag.

Då må du sommaren minnast

Når vintervindane slit og riv,
og under snøen ligg løynt kvart liv,
når stormen sjogar kring nut og nov,
med rennefoket i gufs og gov, –
då må du sommaren minnast!

Då må du minnast ein kvit jasmin,
ei tiriltunga, ein blå syrin,
dei varme vindar som stryk frå sud,
eit land som lyser i livsens skrud!
Ja, du må sommaren minnast!

Då må du minnast den blåe kvelv,
ein klokkeblom som i vinden skjelv,
dei ljose skyer som makleg driv,
ei sol som signar det fagre liv!
Ja, du må sommaren minnast!

Og vert det vinter på ferdi di,
og vegen synest deg vand og strid,
so hugs: det etter sprett blom på kvist.
Ein evig sommar det vert til sist.
Ja, du *den* sommar må minnast!

Tenk å få leva ein sommardag lang!

Tenk å få leva ein sommardag lang,
soli få fylgja på all hennar gang,
i lysfylle timar
få sjå kor ho glimar,
glitrar og gløder på blomefylt vang,
alt frå ho renn,
til sistpå i nord ho i synsrandi stend!

Hjarta mitt bankar, –
vonfulle tankar:
eg i Guds vår møter livet igjen,
bare forklåra.
Alt det som såra, –
visning og vondt, –
måtte røma og fly.

Morgonen renn utan skugge og sky.
Ævelivs-dagen er doggfrisk og ny.
Aldri han hallar, klokkene kallar
til fagnad og fest i ein endelaus vår.
Livet og freden og fullnaden rår!

Det er ved dei tider pionane brest

Det er ved dei tider pionane brest
og spelar for fullt orkester.
Lenge held soli seg langt i nordvest.
Av natt er det bare rester.

Det er ved dei tider jasminane skin,
som nysnø i lyse netter.
Drivkvit er blomen, og angen er fin
når morgenon fylgjer etter.

Og då er det högsommar her oppi nord,
med lange og lyse kveldar.
Aldri so ljuvleg som då er vår jord.
Eg elskar dei jonsok-eldar.

Det blømer og angar i voll og vang,
og humlene annsamt brummar.
Av nektaren söt får dei fulle fang.
Eg elskar den ljuve sommar.

Og lell – mens eg her syng ein sommars pris
og gled med ved alt som blømer
eg lengtar til livet i paradis,
der sommaren aldri rømer.

Den siste skimt er bare gull

So er du oppe enno,
du sol som endar ferdi di.
Ein sommardag er no forbi.
Han var so lys, han var so lang,
med lerkor over voll og vang.
Å, for ei gild og ljuvleg tid!

So er du enno oppe!
Den siste skimt er bare gull.
Ei solfallstund er underfull.
So er det slutt, so er det stilt.
Ein kveldsvind bårar mjukt og mildt.
Og fuglensov i sengi duld.

Mi livssol enn er oppe.
Men no ho strålar langt i vest.
Eg sanna lyt: eg her er gjest.
Om nokre dagar, nokre år, –
og soli ned i havet går.
So gjeng eg inn til livsens fest.

Livet held høgsommarfest

Soli so langt på sin himmelkvelv går.
No det er høgsommartid.
Og hennar glim er useieleg klår
medan mot kvelden ho skrid.

Dagen tek til i eit ovtidleg gry,
endar so langt der i vest.
Nattskuggen fort ifrå landet må fly.
Livet held høgsommarfest.

Rosene angar i solvind frå sud.
Du for ein dag me har fått!
Skapningi lovar den evige Gud
her i hans herlege slott.

Ljuvleg er sommaren, venleg og varm,
lysflyt og livsflyt han er.
Endå so ber eg ei von i min barm:
vår i Guds evige verd.

No er det sommar!

No er det sommar!
Varme vindar veiftar.
Skyer som seilskip
sigler høgt der oppe.
Kvite syrinar
angar søtt i kvelden.
Symra hev somna,
kjem 'kje att på lenge.
Apalen blømde,
alden no skal auka.
Liljekonvallen
lyser på det siste.
Skogstjerna vakna,
ven og veik linnea,
skin no i skogen.
Snart vil jasminen
opna augo sine,
kløveren anga,

blåe klokkor bjarte
svaga i solbris,
tiriltunga smørblid
bløma ned i bakken.

No er det sommar.
Livskjelda ollar,
blomevell i vollar.
Varmedis dirrar,
smekre insekt svirrar.
Lerkone tirlar,
hev 'kje enno fare.
Harpa i skyi,
lenge må du dryga!
Ljuvt er det kvadet.
Seint kjem solegladet.
Natti er daglys og stutt.
Ja, det er sommar!
Takk for denne tidi,
Herre, vår skapar!
Når ho so er lidi,
hev me den solgylte haust.

Du blom som so lenge lyser
og stillsleg i solbris svagar,
meir kjær du vert meg frå år til år,
i solfylte sommardagar.

Sommernatt

Natten seg senker
ned over jorden,
stillheten, freden,
tussmørket, tåkene.
Kra-kra skriker kråkene.
Doggfall i engene
og blomstersengene,
dråper i kalkene,
perler på stråene,
småfugl i reirene.
Skumringen breder seg,
vindene hviler seg,
tause er løvtrærne.
Stjernene gjemmer seg.
Så er det natt.
Sommernatt.

Kva er det som skin i natti?

Kva er det som skin i natti,
som nysnø i sommar-hagen, –
litt gull i den kvite kruna?
Å du, det er ”prestekragen”.

Kva er det som skin som snøen
og lyser i julidagen?
Ein kjenning frå farne tider,
den kvitkrona ”prestekragen”.

Hausten er herleg

Haustdagen fort
mot solefall hallar.
Klokka i skogen,
vemodsfyllt ho kallar.
Ospelauv gløder,
bjørkebladi bløder,
fuglane flyg imot sud.

Fager er hausten
i dei klåre dagar.
Fruktene skin
so fint i stille hagar.
So glader soli,
langt i vest ho dalar.
Kveld-stilla talar.

Herre, min Gud,
kor hausten vel er herleg,
vitnar at du
er vis og god og kjærleg.
Når so mi livssol
i ein haustdag hallar,
heim du meg kallar.

Det er so godt i Guds vakre verd

Det er so godt i Guds vakre verd
septemberdagen når soli glimar.
Å du, kor gild denne glimen er!
Å du, kor vene dei ljose timer!

Eg fekk ein heim på Guds grøne jord,
der nye under eg alltid skodar.
Om livet visnar, det etter gror;
om dagen dør, snart ny morgen rodar.

Vel er det vemoð når det vert kveld,
vel er det sorgmod i lauvfalls-tider.
Men dagen etter om landet vell,
og livet vaknar i lund og lider.

Vel er det vemoð i alders år,
men i min barm eg ei livsvon hyser,
ei vakker von om so sael ein vår,
der dagen alltid og evig lyser.

Den little ungbjørk har gull i hår

Den little ungbjørk har gull i hår,
dei lokkar som lyste so vent i vår.
Den little ungbjørk er vakker no
når gullet glimar i haustens ro.

Den little ungbjørk – so rik på gull!
Kvar grein og kvartein av den malm er full.
Eg ser, og hugen er sorgmod-sår:
ei liti stund, og du ribba står.

Men ei for alt, – du har knuppar att.
Dei er vel ein løyndomsfull livsens skatt.
Det kjem ei vinternatt kald, javisst,
men og ein vår, med nytt lauv på kvist.

Du little ungbjørk stend gullbrud no,
i haustdagen solvarm og still og god.
Kven gav deg vel dette vakre skrud?
Den store kunstnaren sjølv, vår Gud! –

Tusundtals korn-klokkor kimar

Å, sjå kor det korngullet glimar
mot himmelen fager og blå,
i solfylte haust-middagstimar.
Det synet er vakkert å sjå.

Det tek meg i djupaste grunnar,
og meir for kvart einaste år.
Då sjeli mi lengtar og stundar
mot ævleg mogning og vår.

Eg ser dette gullet som glimar.
Min åker er mogen og skjær.
Og tusundtals korn-klokkor kimar.
Kor rikt Gud hev dana vår verd!

Sjølv er eg i haustdagens timer,
so rikleg Gud gav meg av tid.
Eg ser dette korn-gull som glimar.
Kor er det med mogningi mi?

Eg ser dette gullet ved skogen,
og teken i hugen eg står.
Når åkeren sistpå er mogen,
sjå, då går det atter mot vår! –

Kornet mognar i solfylt vind

Det er i den solfylte sunnanvind
at kornet mognar.
Han stryk so varleg i åker'n inn,
og smeikjer venleg kvar gyllen kinn.
Og aksi mot bakken bognar.

Slik er det tadt ogso på livsens veg:
i motgangs-tider,
når storm og brotsjørar møter deg,
det hugen opp mot det høge dreg.
Du mognar imens du lider.

Ein fullmogen åker er fin å sjå.
Lik gull han glimar.
Det er i solvind han mognar best.
Det er i trengsla du lærer mest,
i motgangs-timar.

Kornet – det solmognar

Tidi ho går.
Sommaren fylgjer på vinter og vår.
Kornet, det solmognar år etter år.

Guten vert stor.
Sistpå fell frå honom far hans, og mor.
Sjølv skal han venda attende til jord.

Åri dei går
so det omsider skin sylv i vårt hår.
Kornet det solmognar, – hausten er klår.

Timane går.
Soli sitt høgmål på himmelen når,
sig so mot synsrandi, – kvelden er klår.

Dagane går.
So me ved enden av livstidi står.
Gjev at den evige morgen eg når!

Først då er åkeren mogen

Nei, aldri såg eg ein åker
so gyllenbrun, fin som nå.
Når soli i aksi glimar,
då er han vel ven å sjå.

Når byggen i brisen bårar
og voggar i vindens drag,
då er han eit syn å skoda,
ein signande solvers-dag.

Mot høgdi seg aksi tøyer, –
stolt strået si kruna ber. –
Men først når det bikkar, seg bøyer,
då åkeren mogen er.

Slik er det ogso i livet.
Gud gi eg var åkeren lik:
so audmjuk eg hjarta mitt bøyer!
Først då er eg mogen – og rik!

DEN ANDRE MIL

Den andre mil

Ei mil er lang, – det skal du sjå
når heilt til endes du lyt gå.
Men Jesus sa: Når ein deg bed
den andre mil å ganga med,
i kjærleik og i tål du må
to miler gå!

Me møter stundom på vår veg
ein ven som ikkje sparer seg.
Han går ei mil, ja, to han går,
med tål til han til endes når.
Gud signe deg som går med smil –
den andre mil!

Kvífor fekk du ditt liv på ei underfull jord?

Kvífor fekk du ditt liv på ei underfull jord?
For å æra din Skapar og tena din bror.
Ditt liv har med Gud å gjera,
og deim som er med deg på ferda.
Difor er du i denne verda.

Kvífor fekk du ditt liv i ei underfull verd?
Du skal vitna om Jesus i ord og i ferd.
Du skal lysa for andre på nattsvart veg.
Guds rike skal koma til andre ved deg.

Du i kvardag og helg skal til Jesus deim visa,
so dei i all æva skal Frelsaren prisa.
I deg vil han virka og leva,
og bruaka di hand til å gjeva.
Må det verta sagt når du endar din veg,
at andre såg Jesus i deg!

Gud har kalt oss – vi vil gå!

Gud har kalt oss – vi vil gå,
og det gode såkorn så,
medan våren om oss strøymer,
fagert sollys om oss fløymer.

Gud har kalt oss – vi vil gå,
på hans murar trugne stå,
og hans tempel saman byggja.
Sjølv han vil sitt storverk tryggja.

Gud har kalt oss – vi vil gå,
so kvart folkeferd kan få
høyra om vår store Frelsar,
so dei honom hyller, helsar.

Gud har kalt oss – vi vil gå.
Eingong får vi glade sjå
fagre frukter mot oss glima,
høyra glede-klokkor kima.

Det er stort å visa vegen
og ganga han sjølv kvar dag,
fylgja den brauti som fører
til Landet, med Jesus i lag.

Det er sælt å visa vegen.
Sjølv ei liti barnehand
kan ein vegvill vandrar syna
leidi til det gode land.

No gjeld det bare for meg å så

No gjeld det bare for meg å så,
dei år og dagar eg enn kan få.
Kan henda er det ‘kje mange att.
Når dagen endar, då vert det natt.
Og ingen såmann kan onna då.

Det enn er mykje eg vil få gjort
før eg frå åkeren lyt gå bort.
Kor gildt å kasta sitt korn i mold,
so det kan mogna til mange foll.
Då gjeng eg glad gjennom livsens port.

Eg fekk ein livsdag å onna i.
Det er so kostbar ei såmanns-tid.
So må eg nytta den dyre dag,
til livsens kvelds-klokka slær sitt slag
og heim meg kallar til kvila blid.

Gildt å visa vegen

Det er gildt å visa vegen
for vandrar som vegvill er,
syna han stigen som leier
til lyset og livet si verd.

Bøn

Hjelp meg å nyitta
mi dyre tid,
før natti sig på,
min dag er forbi!

No har eg dagen,
men fort han går.
Aldri dei timane
att eg får.

Hjelp meg å brukta
min livsdag vel,
leva for himlen
og somna sael!

Jeg nevner det alt for Jesus

Jeg nevner det alt for Jesus,
i takk og i stille bønn.
Han bad oss frimodig komme,
vår Frelser, vår bror, Guds Sønn

Jeg nevner det att for Jesus,
og legger det stille ned.
Han sier: "Vær ei bekymret!"
og fyller mitt sinn med fred.

Jeg nevner det alt for Jesus.
Han bad oss å gjøre det.
Ved dag og ved natt han hører,
Hvor stort i hans navn få be!

Kjærligheten underfull

Alle vårens fugler små
bygger sine reder
under himlen høg og blå,
og de godt seg gleder.
Vi vil gjerne likne dem,
bygge oss vårt eget hjem,
og i spenning ser vi frem.
Gud vår fremtid frede!

Kjærligheten underfull
er Guds beste gave,
mere verd enn alt det gull
som vi her kan grave.
To som har hinannen kjær,
hjertens lykkelige er.
Vi hverandres byrder bær',
deler våre gleder.

Hjem som er på klippen bygt,
står i storm og stille.
I den borg vi ånder trygt,
selv i uvær ville.
Og i håpet ser vi frem
mot vårt mål, vårt himmelhjem.
Må vi der få møte dem
som vi her har elsket!

Takk da, kjærlighetens Gud,
for den fagre lilje!
Takk fra brudgom, takk fra brud
for din gode vilje.
Du i miskunnhet er stor,
signe du vårt hjem på jord!
La til sist hvor selv du bor,
glade vi få møtes!

Slik kjærleiken er

Kjærleiken krev ikkje,
kjærleiken gir,
elskar og ofrar
og tener og stirr.

Allting han gjer
for den han har kjær.
Sjølv han seg gløymer, –
slik kjærleiken er.

Kjærleiken toler
og tilgjev sin bror,
veit ikkje om
eit usømeleg ord.
Fin i si ferd,
ovund ei ber,
briskar seg ikkje, –
slik kjærleiken er.

Alt vonar kjærleiken,
alt toler han.
Alltid skal loga
kjærleikens brand.
Aller mest kjær,
størst i vår verd,
størst i all æva.
Slik kjærleiken er.

Der du vandrar din kvardag

Der du vandrar i din kvardag,
skal du vera sendebod,
vitna om den store kjærleik
som for verdi gav sitt blod.

Der du vandrar i din kvardag,
skal du vera lys og salt
og ein avglangs av den kjærleik
som gav livet sitt, gav alt.

Der du vandrar i din kvardag,
tenar-drakti glad ta på!
Då du skal når dagen sloknar,
inn til Herrens gleda gå. –

Den opne handi

Open er kjærleiks-handi,
vert ikkje knytt til slag.
Ho tilbyr å tena dei andre,
gjev av sitt hjartelag.

Open er kjærleiks-handi,
held ikkje fast på sitt.
Ho seia 'kje vil om sitt eige:
Dette er bare mitt!

Open er kjærleiks-handi.
Gjev ho, so er ho glad.
Meir sælt enn å få er å gjeva,
Jesus, vår Frelsar, sa.

Sæl er den opne handi,
wend mot det Gud vil gi.
Og sidan til bøn vert ho falda,
takkar til evig tid.

Svikta eit kall

Svikta eit kall ifrå Gud er svært,
kallet til frelsa og fred.
Sværast vert det når sol gjeng ned.

Svikta eit kall ifrå Gud er svært,
kall til å tena og gi.
Tregast skal det til evig tid.

Klokcone kling i det klåre gry,
tonar i avdags-eld.
Fylg då kallet frå himmelhøgd
før det mørknar mot natt og kveld!

Bare ein av dei ti

Ein kom tilbake og takka,
bare ein einaste ein, –
endå dei alle var lækte
frå sværaste sjukdoms-mein.

Frelsarens såre spørsmål
lyder frå tid til tid:
”Vart ikkje alle lækte?
Kvar er dei ni?”

Seg, eig du takketonen
djupt i din eigen barm?
Har du ‘kje trøng til å takka,
då er du meir enn arm.

To kvite hender

To trugne hender er falda.
Ho somna i døden inn.
No kviler dei der på båra,
på kvitaste silkelin.
Imillom dei knepte hender
to djupraude rosor skin.

Dei hender so trottig onna,
frå tidlege ungdomsår.
So mykje dei hadde å vyrdsla
om vinter og haust og vår.
No kviler dei kvite på båra,
og freden i romet rår.

Dei hender so kjærleg smeikte
dei mjukaste barnekinn
og peika på vegen som leider
til lyset og livet inn.
Gud signe den moderhanda,
so kjærleg og varm og linn!

Ein dag eg på båra kviler.
Då enda mitt dagsverk er.
Gud hjelpe meg vel å nytta
dei dagar eg enno fær!
Gud, signe du mine hender, –
og livet sin veg meg lær!

Lat lyset skina klårt!

Av dei du møter på din veg,
so mange lengtar sårt.
Ver du eit sendebod frå Gud!
Lat lyset skina klårt!

So mange gjeng i verdi vilt,
og mørkret blindar deim.
Lat lyset ditt då brenna klårt,
so dei finn vegen heim!

Frå lys til lys då gjeng din veg
til du ved målet står.
Lat lyset skina bjart for deim
som enn i mørkret går.

Tenk om det var din bror!

Tenk, min ven, om det var din bror
som strider i storm på ein nattsvart fjord!
Då trong du ‘kje mange påminnings-ord.
Då gjekk du i bergings-båten.

Ja, min ven, det er nett din bror!
So mange det finst ut over vår jord
som ikkje har hørt om ”ei gleda stor”.
Ver med då i bergings-båten!

Sjølv ferdast du kan på so trygg ei strand,
for andre deg rette ei hjelpende hand.
No ropar vår Frelsar til møy og mann:
”Kom, skund dykk, i bergings-båten!”

Misjon er å dela arven

Misjon er å dela arven,
ein arv ifrå tusund år.
So tidleg fekk Noreg lyset!
Det gav oss dei gode kår.

Misjon er å dela arven,
den rike, me eingong fekk.
Det vakna ein vår i landet.
Han vent over Noreg gjekk.

Misjon er å dela arven
med deim som i mørkret bur.
Der skin ingen ljosesens strime.
På tome gudar dei trur.

Misjon er å dela arven.
Han minkar ikkje ved det.
Du rikare vert med åri
når du i Guds haust vert med.

Misjon er å dela arven.
Vår Frelsar det bodet gav.
So gjeng me med gledekvadet
langt, langt over land og hav.

Hjartebøn

Hjelp meg å vera rettferdig og sann,
kjærleg, miskunnsam og mild,
alltid å leva det liv du meg vann,
alltid å høyra deg til.

Hjelp meg å gjeva det du har meg gitt,
tena til livssoli glar!
Lat dine englar då henta meg blidt
heim til min Frelsar og Far!

VONI I BARMEN BIVRAR

Me lever i so sael ei tid

Me lever i so sael ei tid, –
trass naud og natt, trass storm og strid, –
ei tid so vonfull og so stor,
for me hev livsens dyre ord.

Me lever millom gry og kveld.
Først soli stig, og so ho fell.
So ventar oss til sist ei grav,
men livsens ord oss voni gav.

Me slit med sorg, med sott og død,
men Jesus Krist er livsens brød.
I han vår dag er ljuv og blid.
Me lever i so sael ei tid.

Det siste vert 'kje kveld og natt.
Nei, dagen gryr, – det demrar att.
Då enda er den store strid.
Me lever i so sael ei tid.

Det finst ei evig verd

Når dagen går på hell
og soli sig bak fjell,
det er mi lyse tru:
I himlen skal eg bu.
Der får eg evig vera.
Det er mi fryd og æra.

Mot haust min sommar går.
Det ventar meg ein vår
i livsens lyse land,
den sæle himmelstrand.
Å, gjev eg hadde vunne,
min krans, mi kruna funne!

Å du, kor sælt det er:
Det finst ei evig verd!
Der skal i heilagt skrud
eg lova livsens Gud.
Der får eg evig vera.
Det er mi fryd og æra.

Tenk å få bu i so vakker ei verd!

Tenk å få bu i so vakker ei verd!
Himmelen over meg blånar.
Stjernor og skyer på kvelven eg ser,
der han mot synsrandi skrånar.
Under på under omkring meg seg té.
Herre, du heilag og allveldig er.

Tenk å få vakna ein morgen, og sjå
himmelen høg-kvelvd og prektig!
Havet og skogane, høgfjelli blå
vitnar at Gud er allmektig.
Å, må eg eingong ditt paradis nå!
Kor skal eg fryda og fagna meg då!

Tenk å få vakna, og minnast den hand
som desse underi gjorde! –
Livskjelda ollar i alle land,
skaparverk sterke og store.
So eig eg voni om evig vår.
No er min framtidsgdag rik og klår.

Kor sælt å få vakna og minnast Gud!

Kor sælt å få vakna og minnast Gud,
som skapte himmel og jord,
som alt ifrå æva til æva er,
allveldig, allvis og stor!

Kor sælt å få vakna og minnast han
som vann oss til Gud med sitt blod!
Han lagdest i gravi, men påskedag
han sigrande oppatt stod.

Kor sælt å få vakna i denne verd,
so underfull, ven og rik!
Men størst då av alt vert: min Gud å sjå,
og verta min Frelsar lik!

Eg retter to tome hender

Eg retter to tome hender,
eg står som ein tiggjar for Gud.
No er det bare Jesus,
hans rikdom og rettferds-skrud.

Eg retter to tome hender,
nei, ingen ting i dei eg har.
No er det bare Jesus.
For hans skuld er Gud min far.

Eg kjem med to tome hender,
men du har eit rikdoms vell.
No er det bare Jesus.
Den fjellgrunnen evig held.

Kor rik eg no er i Jesus!
For alt det han vann, er mitt.
Ævelivs-våren stroymer.
No kan eg anda fritt.

Å be

Å be – det er å gå til Gud,
som til eit duka bord.
Han veit frå før om alt du treng.
Du tarv 'kje brukha mange ord.

Å be – det er å banka på.
Og døri opnar seg.
Til nåde-truna fær du gå.
Det er so trygg og god ein veg.

Å be – det er å opna seg
for livsens kjeldevell.
Kor godt det er, frå dag til dag,
i tidleg gry, i seine kveld!

Å be – det er å anda ut
sin lengt, si naud, si sut og sorg.
Å be – det er å latast inn
og bu i Herrens trygge borg.

Menneskesonen

I verdi si soga det finst berre ein
som heilt opp var heilag, fullkommen og rein.
Kvar tanke var fin, og kvar gjerning var god.
For ætti han ofra sitt hjarteblo.
Men påskedagsmorgen or gravi han stod.

Det namnet han helst ville nemna seg med,
var *Menneskesonen*, - det hjarta vårt gled.
Han stod i vår stad, retta opp att vårt fall,
oss fridde frå syndi og døden sitt vald.
Han gjev oss eit heilagt og himmelsk kall.

Mens livet vårt går imot kveld og haust,
me stirer mot stjerna som brenn i aust.
Me ventar ein soloppgang ven og klår.
Me ventar ein evig og salig vår,
der han som er kjærleik, med milde rår.

I tid og i æva me tilbed han
som livet og lyset og voni vann.
Kor stort at han kom, vart vår ven og bror,
vår frelsar og førar på livsens fjord!
Med han skal me bu på den nye jord.

Tindrende barneøyne

Julen kommer til barna
med hjertens fryd.
Fra tusener unge toner
det jubel-lyd.

Tindrende barneøyne
ser mot det tente tre.
Julens gave er Jesus.
Å, glem ei det!

Julen kommer til alle,
i gard og gren.
Må vi som ei lenger er unge,
bli barn igjen!

Bring Kristus tilbake til julen

Bring Kristus tilbake til julen!
Kron Jesus til julens drott!
Han kom til så lavt et leie, –
nå bor han i himmelens slott.

Bring Kristus tilbake til julen!
La ham være hedersgjest!
Først da blir det jul på jorden.
først da blir den festenes fest.

Bring Kristus tilbake til julen,
du folk i det høge nord!
Først da blir det jul i hjertet.
Først da blir det fred på vår jord

Det er påskekveld

Skumring og svarte skuggar
innover landet fell.
Enno ligg lyset på himmelkvelven.
I vest skin ein logande eld.
Det er påskekveld.

So døyr ogso lyset der oppe,
og elden i synsrandi dvin.
Då – fram or den djupe rømdi –
kveldstjerna skin.

Mørkret ligg over landet, –
døkt over hei og hav.
Sistpå renn påskesoli
Von over død og grav!

Eg er skuldfri – eg er løyst!

Jesus har betalt mi skuld
med si soning underfull,
med sitt blod og ei med gull.

Jesus stridde sjølv min strid,
so er du, mi sjel, no fri,
løyst og sæl til evig tid.

Eg til Golgata vil gå,
fridomsbrevet mitt vil sjå.
Jesus, deg eg elskar må.

Hør den sæle bodskaps røyst
Eg er skuldfri, eg er løyst!
Ewig gjeld den dyre trøyst.

Englar om morgonen melder

Den frelsar som kom til jordi
den sælaste julenatt,
vart krossfest, og lagdest i gravi.
Men snart det mot påske dagna.
Då vendest verdi sin lagnad, –
han reistest or gravi att.

Den første julekveld englar
forkynte det glade bod:
I dag er det fødd dykk ein frelsar!
No stend dei i morgenstundi
og melder at soli er runni.
Krist opp frå dei døde stod!

Jesus legg vegen om deg

Jesus legg vegen om deg.
Han kjenner di naud og din trong,
og difor om deg legg sin veg,
vil venda din saknad til song.

Frelsaren veit kva du tarv,
og gjerne han miskunnar seg,
vil gi deg ein æveleg arv.
Han difor legg vegen om deg.

Frelsaren veit kvar du bur,
og inderleg elskar han deg,
langt meir enn du anar og trur.
Han difor om deg legg sin veg.

Når du velkomen han byd,
då vil han til deg stiga inn,
og hugen din fylla med fryd
Det evige livet du finn.

Jesus legg vegen om deg.
Å, seg meg, kva svarar då du?
Når inn i ditt hjarta han dreg,
då evig hos deg vil han bu.

"For han var mykje rik"

Til eit maleri av G.F. Watts, i The National Gallery of British Art.

Det var sjåande til at han sturde,
då bort ifrå Jesus han gjekk.
Han tykte han kunne 'kje makta
det råd han av Frelsaren fekk.

Han var då so rik at det ruvde. –
No skulle han selja det alt!
Ein skugge for over hans andlet.
Med eitt vart det audsleg og kaldt

Kor vandt er det vel for dei rike
gå inn gjennom Guds rikes dør!
Men sael er kvar ein som vil bryta
igjenom, som vågar, som tør!

Det kostar nok og for dei andre,
som ei går i skinande skrud.
Men det som me sjølve ei maktar,
er mogleg for himmelens Gud.

Eg elskar Jesu Kristi kors

Eg elskar Jesu Kristi kors.
Velsigna vere det!
Der fann eg liv og lækjedom.
Der fann eg fryd og fred.

Eg tok det i mitt hjarta inn.
Det er min dyre skatt,
mi von, mi trøyst i liv og død,
mitt lys i djupast natt.

Der flødde Jesu hjarteblood,
so dyr ein sonings-straum.
No er eg løyst, no er eg fri
ved denne reine flaum.

Ver lova, du som fridde oss
ifrå det djupe fall!
Velsigna vere Jesu kors,
i tid og æva all!

Jeg trenger deg, Jesus

Jeg trenger deg, Jesus. Så fattig jeg er,
i meg bor det ingenting godt.
Jeg trenger deg, Jesus. Når du er meg nær,
da rikdommens vell har jeg nått.

Jeg trenger deg, Jesus, hver morgen som gryr
for du er det levende brød.
For lyset fra livssolen skyggene flyr.
Du frir meg fra mørke og død.

Jeg trenger deg, Jesus. Du alt er for meg,
min rettferd, mitt liv og min fred.
Jeg trenger deg, Jesus, hver stund på min vei,
og engang når solen går ned. –

Det hende på Oljeberget

I
Det hende på Oljeberget,
ein vårdag so ven og klår.
Jesus med sine apostlar
no i farvel-stundi står.

Fullført er verket det store,
det største som nokon har gjort
Jesus bar syndene våre,
og opna til livet ein port.

Alt var no fullenda, ferdig.
So skulle han taka farvel.
No stend dei på Oljeberget.
Vår Frelsar er takksam og sael

So lyfter han signande hender,
og opp imot himlen han fór.
Dei signande hender, – det siste
dei såg han lyftest frå jord.

II

Dei tilbad sin Herre og Meister,
to englar brått hos deim stend,
fortel at om Jesus forlet deim,
han eingong skal koma igjen.

So vende dei glade tilbake
til templet, og lovsongar kvad.
Den flokken som Meisteren ”miste”,
kvi kan han vel vera so glad?

Dei visste at Jesus var hos deim,
om enn han usynleg var no.
Kvar dag ville med deim han vera.
Den lovnad var ljuvleg og god.

Og no var han verdi sin Herre,
med allmakt i himmel og jord.
Han bad deim gå ut i alt verdi.
forkynna hans levande ord.

So vil han med oss ogso vera
kvar dag på sitt hjarta oss ber.
Til sist han oss heim til seg hentar,
til evig å bu der han er. –

Kvitsunn-kveld

Kvitsunn-kveld, –
malmtunge klokketonar
ut over skogane vell.
Døyvd er den klåre klangen.

Det er vår.
Livselvi vell og strøymer,
vidt over landet vårt går.
Tallause skapnings-under!

Anden god
sender frå høge himlar
ei signande livsens flod
Von om ei evig vårtid.

Kvitsunn-kveld. –
Anden forklårar Kristus
tender den evige eld.
Einaste von i verdi.

Pinse på jord

Mai-regnet fell,
kvar apalknupp svell
Frå åsane fløymer
gaukemål-vell.

Doggfriske blad,
sylvklåre kvad.
Kvitsymra laugar
i regndrope-bad.

Vårtid her nord.
Levande ord!
Gud vere lova!
Pinse på jord!

Livs-Anden spår:
æveleg vår.
Kristus i herlegdom
rikjer og rår.

Jeg er ung

Jeg er ung, –
er bare kommet
et lite stykke
ut på fjorden.
De kaller det livets fjord.

Hva vet vel jeg om livet?
Hva vet jeg
om framtidia mi?
Hva vet jeg om de krefter
som virker omkring meg,
og i meg?

Noe jeg vet.
Litt har jeg lært,
bruddstykker hørt.
Endel har jeg spurt,
og noe erfart.
Og det tikker en klokke
i barmen.
Samvittighet kaller de den,
”Vår Herres lille venn.”

Og så har jeg lest
et og annet om Ham
som kalte seg Vegen,
Sannheten, Livet,
og elsket å kalle seg
Menneskesønnen.

Det reistes et kors
på en naken knaus,
snart to tusen år
tilbake i tiden.
Så høyt har han elsket, –
han døde for oss.
Han døde for meg.

Jeg tror jeg vil følge ham, –
livsdagen lang,
også i unge år.
Da er jeg trygg.
Da er jeg vernet
mot mørkets makter,
mot angst og tomhet,
mot vondskapens vetter
som martrer og myrder,
som river og sliter
vår sjel i stykker,
seiler min skute på grunn,
fører til livs forlis.

Da får jeg fred.
Da får jeg fylde.
Da får jeg framtid.
Da får jeg håp.
Da skal hver knopp
på mitt livstre briste
i evig blomstring.
Hos Gud.

Aldri er jeg alene!

Aldri er jeg alene!

Der hvor jeg går, er Han.

Dag etter dag han til meg kommer,
i skodd og sludd, når solen flommer, –
i smertens brann.

Aldri er jeg alene;

selv er hver dag Han med.

Salige sannhet, stort å minnes:
hver stund han i min nærhet finnes.
Han er min fred.

Aldri er jeg alene,

selv om det synes så.

Han styrer storm og hav og bølger,
og dag for dag meg trofast følger.

Jeg hjem skal nå.

Då kviskrar det djupt i mitt hjarta

Når Meisteren avsides tek meg,
og seier: Seg, elskar du meg?

Då kviskrar det djupt i mitt hjarta:
Eg kan ikkje unnvera deg!

Når åndi er utmødd og modlaus; –
det vil ikkje lukkast for meg, –
då kviskrar det djupt i mitt hjarta:

Eg kan ikkje unnvera deg!

Når hausten er komen i livet
og skuggane fell på min veg,
då kviskrar det atter i hjarta:
Eg kan ikkje unnvera deg!

Og når eg ein kveld stend ved Jordan,
ved enden av livet sin veg,
då kviskrar det djupt i mitt hjarta:
Eg kan ikkje unnvera deg!

Det er so gildt med dei lange dagar

Det er so gildt med dei lange dagar;
eg fylgjer soli frå gry til kveld,
og lovar Gud, som so fint det lagar
at denne kjelda frå rømdi vell.

Det er so gildt med dei ljose dagar.

Langt inn i kveldane dag det er.

Og skogen susar, og trea svagar,
og kveldsol kysser kvar blom, kvart bær.

Det er so gildt med dei sumars-dagar.

So seint gjeng soli i vest til ro.

I von eg ventar dei livsens hagar,
ein æve-sumar so ljuv og god.

Skapningi syng med sordin

Tenk å få sjå mot ein blänande kvelv
og soli som glitrar og glør,
graset der doggdropar sitrar og skjelv,
og lauvet som bleiknar og blør!

Tenk å få sjå dette korngullet skjært
og frukter som fullmognede skin!

Synet gjev sorgmod, – men lell er det kjært,
og skapningi syng med sordin.

Tenk i ei underfull verd å få bu,
sjå livet i herlegdoms-skrud!
Tenk å få elska og vona og tru
og tilbeda skapningens Gud!

So er det von i den glimande glod

Du lysande kveldsland langt ute i vest
ei helsing til vandraren ber.
Der soli gjekk ned, er det fargerik fest, –
å du, for ei underfull verd!

Du helsar at sjølv om vår sol nyst gjekk ned,
ho lyser i landi der vest.
Og kvelds-glimen hjarta mitt inderleg gled.
Han skapar ein etterdags-fest.

Og so er det von i den glimande glod,
før natti sig inn over jord.
Han varslar ein morgon, ei demring-stund god.
Det atter vert dag her i nord.

Og so denne lysning, smaragd-grøn og fin, –
der stjernone syner seg snart, –
ho minner om landet der dagen ei dvin.
Den voni er ljuvleg og bjart.

Kva vert det då ikkje i Paradis?

Når dagen er overjordisk vakker, –
eit kor av fuglar syng Herrens pris, –
då lyt eg stundom i undring tenkja:
Kva vert det då ikkje i Paradis?

Når soli blenkjer frå himmel-blået
og lufti dirrar i varme-dis
og gylne åkrar og alde mognar, –
kva vert det då ikkje i Paradis?

Når skogen syng mot ein djup-blå himmel,
dei fagre fjelli mot høgdi ris,
og freden fyller mitt hjartans tempel, –
kva vert det då ikkje i Paradis?

Eg ventar på dagen

Eg ventar på dagen då Gud skal få æra,
kvart kne skal seg bøya i den vidande verda,
og tilbeda honom som skapte vår jord,
med herlege under i sud og i nord.

Eg ventar på dagen då allting vert nytt,
då visning og vondt ifrå jordi hev flytt,
då dagen mot kvelden og hausten ei går,
men gleda er evig, for himmelen rår.

Eg ventar på dagen då blomen til sist
skal falda seg ut på ein paradis-kvist.
Der skal eg ‘kje stunda og lengta som her,
men syngja min song i Guds evige verd.

Det vert mi sæla i œva all

Å, eg skal eingong få lova deg,
meir rikt enn her i dei døkke dalar.
Kor sælt når eingong på englars vis
eg om ditt velde, din stordom talar!

Du verdi dana so underfullt,
ein livsens løyndom, ein tallaus vrimmel,
med skogar, blomar og hav og hei,
og over alt denne høge himmel.

Og størst av alt er då mannsens born,
på skaparverket den fagre kruna.
Ditt eige bilet du deim gav,
og berre dei fekk so dyr ein bunad.

Ja, eg skal eingong få lova deg,
og mest for Sonen du verdi sende.
Han sona syndi, gav evig liv,
vår vonde lagnad til lukke vende.

Det vert mi sæla i æva all
å tilbe Skaparen, vår forsonar.
Når jord og himmel då nyskapt stend
ein evig lovsong i altet tonar. –

So renn Guds morgen

Soli stend eldraud i synsrandi no.
Sjeldan eg skoda so fager ein glod.

Soli no endar sin dag-lange veg;
vidare ut ho i vesterland dreg.

Soli gjeng frå oss, og so vert det natt,
men i eit morgongry kjem ho nok att.

Dagar og netter, so lang ei rad.
Solrenning – sidan eit soleglad.

Dagar og netter – eit livsens spel.
So renn Guds morgen. – Å, kor eg er sael!

Eg ser fram mot Guds morgen og vår

Under himmelen høg-kvelvd og æve-djup, blå,
med ei glitrande, glimande sol,
der eg opp mot uteljande stjernor fær sjå,
i eit land under Norden sin pol, –
fekk eg leva min livsdag frå gry og til kveld,
i eit ljoset og livet sitt vell.

Stundom gråna min himmel og svartna mi sky,
men det alltid har bjartna igjen.
Og om natti er mørk, vert det morgen på ny,
og mi sol, ho seg nærmar, og renn.
Og eg enno i undring og vyrdnad fær sjå
mot det evige, solreine blå.

No eg takkar min Gud for den livsdag eg fekk,
på ei underfull, løyndomsfull jord,
for kvar dag under himmelens høg-kvelv eg gjekk,
i det herlege landet her nord.
Medan no eg i livet sin kveldstime står,
ser eg fram mot Guds morgen og vår.

Gud signe mine siste år!

Gud signe mine siste år!
Eg no i solefallet står,
ser fram imot den nye vår.

Gud, signe du mi siste tid!
Å, må ho verta ljuv og blid,
med siger i min siste strid!

Voni i barmen bivrar

Eg tenkjer på farne tider.

Åri, so fort dei fór.

Borte er mange av mine,
sysken og far og mor.

Og skogar av sorgmod susar.

Sjølv eg i hausten stend,

tenkjer på tidene farne.

Vemod i barmen brenn.

Men påskekveld-soli glimar.

Atter det gjeng mot vår.

Voni i barmen min bivrar.

Snart renn det gode år.

Eg tenkjer på farne tider.

Borte vart mang ein skatt.

Voni i barmen min bivrar:

Eg skal deim møta att.



BAK SOLNEDGANGEN

1986

*Det flyg ein fugl mot solnedgangen,
med store, stille vengjeslag.
So fagert lyser aftan-elden.
Og enda er den dyre dag.*

*Eg er ein fugl i solefallet.
Eg flyr mot glimen der i vest.
Dess meir mi syns-rand eg meg nærmar,
eg sannar: Her er eg ein gjest.*

*Det flyg ein fugl mot solnedgangen.
Snart trøytte vengjer kvila får.
Han sovnar blidt, omsider vaknar
ein œvemorgen ljuv og klår.*

EVIG ADEL

Tempus fugit – tida flyktar

*Åri kjem – og åri skrid.
Kor nyttar du di dyre tid?
Åri kjem – og åri går.
Kor nyttar du den tid du får?*

*Takk, min Gud, for kvar ein dag!
Takk for kvart eit hjarteslag!
Takk, – ved tru på Jesus Krist
når eg himmelen til sist.*

Den store sannhet om livets mening

Den store sannhet om livets mening
den gav oss Jesus, da han gikk her.
Selv er han sannheten, veien, livet,
Til evig tid han det navnet bær’.

Han gav til verden det fulle dagslys,
fra sannhets-solen et strålevell.
Det lyser for oss i livets morgen.
Det skinner klarest i livets kveld.

Hvor stort å eie den fulle sannhet!
Den stråler for oss som solens glød.
I Jesus har vi en evig frelse.
Så er vi trygge, i liv og død.

I Guds bilete skapt

I Guds bilete skapt!
Ikkje underleg då
at han evne deg gav
til å høyra og sjå,
til å standa og gå,
at eit hjarta du fekk
som kan tikka og slå.
Og kvar einaste dag
dreg du andedrag,
medan alle organ
spelar lydlaust i lag.
Som eit tempelbygg fagert
er lekamen din.

Men den venaste kransen
og kruna di er:
Du Guds biletet ber, –
ei ånd som kan tenkja
og tala og tru
og koma i samfunn
med livsens Gud,
og bera hans skinande rettferda-skrud,
skal leva hos honom i æva all,
i himmelens herlege hall.

Det største som har hendt på jord

Det største som har hendt på jord,
og ikkje tolkast kan med ord,
det er at Jesus Krist, vår bror,
på dødens ve og velde vann
og lever no i livets land.
Halleluja!

Først gav han oss sitt hjarteblo
Det er ei gåva kjær og god.
Og påskemorgon opp han stod.
No talar han vår sak hos Gud
og kler oss i sitt rettferda-skrud.
Halleluja!

Å, sæle trøyst for mann og møy,
som bur på denne jordlivs-øy:
Me leva skal, og ikkje døy,
for Kristus, dødens overmann,
han lever no i livets land.
Halleluja!

Kristus – vår salighet

Kristus er vår salighet.
Han den dyrt har vunnet,
For hans eget hjerteblo
har til soning runnet.

Så er all vår skyld betalt.
Å, hvor godt å minnes!
Så skal vi, i frelsens drakt,
for Guds åsyn finnes.

Ja, han er vår salighet.
I vårt sted han gjelder.
Han, og hans rettferdighet,
er det da som teller.

Så skal vi i evighet
salige få være,
fylt til randen av Guds liv,
leve til hans ære.

Høg himmel over livet

Høg er den himmel
du over livet vårt kvelver.
Attom dei tallause solsystem
sitrar og skjelver.
Gud, du er stor.
Mektige er dine spor, –
herleg den aldrande jord.

Høg er den adel
du menneskeborni har gjeve.
Sælt er det fridomsbrev
som du i Kristus har skrive.
Glade me går
fram mot ein paradis-vår,
kjærleikens evige år.

Gud vil så gjerne tilgi

Gud vil så gjerne tilgi.
Det er hans store gleda.
Og difor du frimodig kan
om hans tiljeving beda.

Gud vil så gjerne tilgi,
for Jesu skuld aleine.
Han vann oss denne perleskatt,
med blodet sitt, det reine.

Gud vil så gjerne tilgi.
Det er ei nådens gåva.
Heilt ufortent og fri ho er.
Me difor vil han lova.

Ei full og heil forlating
hos Kristus får me finna.
Og difor me i Paradis
skal livsens kruna vinna.

Fint å eiga eit fedreland

So fint å eiga eit fedreland!
Og er det enn barskt og stridt,
so vaknar ein vår frå sud til nord.

Og då er det bjart og blidt.
Kor fint å få kviskra i hjartans fryd:
Det landet her nord er mitt!

Kor godt å få eiga eit fedreland,
få byggja og bu i fred,
og eiga det største som finst på jord:
Det ord som mitt hjarta gled:
Eit æveleg heimland eg har hos Gud,
når livssoli her går ned.

Guds signing

Guds signing er som sol på eng,
som regn på visne vollar.
Den livsens kjelda aldri tryt,
men alltid vell og ollar.

Guds signing er ei faderhand
som turkar barne-tåra.
Ho kan vel tukta når det trengst,
men lækjer etter såra.

Guds signing er som morgondogg,
forfriskar hjartejordi.
Ho leider oss til Paradis,
gjev plass ved himmel-bordi.

Takk for himlen som oss ventar!

Takk for morgonsol som glimar!
Takk for nye nådetimar!
Takk for dagen ung og ny!

Takk for livsens dyre gåva!
Vi for denne skatt vil lova
Gud – og til hans famn vil fly.

Takk for himlen som oss ventar!
Takk at du dit inn oss hentar
for vår frelsar Kristi skuld!
Når vårt liv på jord lyt kverva,
vi av nåde skal få erva
himmelheimen underfull.

Av himmelsk høgadel

Av himmelsk høgadel er me,
som trur på den Herre Krist.
Me vandrar på pilegrims-vegen
Guds Paradis når til sist.

Og barn av Den høgste er me,
som skapte himmel og jord.
Den æra me bare kan ana,
ein rikdom ufatteleg stor.

Me takkar for denne adel,
for barnekår, store Gud.
Ha takk at ved ufortent nåde
me står i det kvite skrud.

So kan me av gleda jubla
og lova vår Gud og Far,
og høglova Jesus Kristus
som syndene våre bar.

MEDAN ME VENTAR

Det blinkar eit lys lenger framme

Det blinkar eit lys lenger framme.
Det sterkare skin etter kvart.
Det lys er vår Frelsars lovnad.
Det strålar så reint og bjart.

Det blinkar eit lys lenger framme
for dei som på Kristus trur:
ein lovnad om evig sæla
når me i Guds himmel bur.

Det blinkar eit lys lenger framme
så eig me den gode von:
Me skal ikkje døy, men leva.
Det lova Guds eigen Son.

Det lyder ein klangrein tone
av lovsong i hjartans grunn.
Det blinkar eit lys der framme
Det strålar i livsens lund.

Ta tid til å drikke av livets vann!

Ta tid til å drikke av livets vann,
pilgrim på veien til livets land!
Det sprudler ved veien en kilde ren.
Den stiller din tørst, og leger ditt mén.

Ta tid til å drikke når dagen gryr!
Glem ikke kilden når tiden flyr!

Og glem ikke kilden i kveldens fred,
når solen til sist går i havet ned!

Husk at for intet du drikke kan!
Du som er tørst, kom, ta livets vann!
Og salig det er at det håp vi har:
I evighet drikke av kilden klar.

Nåden i Jesus er nok for deg

Nåden i Jesus er nok for deg.
Hugs det kvar dag du mot målet dreg.
Nåden i Jesus – meir fast enn fjell.
Du, denne berg-grunnen held.

Nåden i Jesus – ein skatt så dyr,
gledegrunn rik medan tidi flyr.
Jesus deg kjøpte den perla god
då han for deg gav sitt blod.

Du som er trøytt av din strid, ditt strev,
minnast den utveg som Gud deg gjev.
Rekna med Jesus! Det han har gjort,
opnar deg himmelens port.

Nåden i Jesus er nok for deg.
Sælaste sanning på livsens veg.
Og når du kjem til din siste kveld,
nåden i Jesus då gjeld.

Du skal få kvila hos Jesus

Du skal få kvila hos Jesus.
Ja, du får kvila deg ut,

du som er trøytt og mismodig,
tyngest av sorger og sut.

Du skal få kvila hos Jesus.
Venleg han innbyder deg:
Du som har bører å bera,
du skal få koma til meg.

Du skal få kvila hos Jesus,
kvila frå synder og sår.
Eingong fullt ut får du kvila
heime i himmelens vår.

Troens hvilepunkt

Troens hvilepunkt
er ikke troen,
men dens gjenstand,
Herren Jesus Krist.
I hjertets tillit
du til ham får komme.
Han mottar deg, –
det kan du vite visst.

Troens hvilepunkt, –
hvor godt å minnes, –
er ei min tro,
men Jesus Kristus selv.
Vi tillitsfullt ser opp
til ham på korset.
Da strømmer livets,
lysets, frelsens elv.

Bygget over ord av biskop Erik Pontoppidan

Fjellgrunnen held

Når no eg stend
i livsens kveld,
då er det godt å vita:
Fjellgrunnen held!

Det finst ingen annan grunnvoll
enn Frelsarens verk.
Kor godt det er å minnast:
Den grunn er sterk.

I liv og i død, i domen
den grunn er god.
Han lagdest då vår Frelsar
gav sitt blod.

So godt det er i livet
å ha ein grunn
som held når dagen endar, –
i dødens stund!

Lengten mot livets land

No lengtar eg til livets land,
heim til den lyse himmelstrand.
Der råder einast kjærleik.
Der er ’kje vondskaps mørke vald.
Me sæle skal i æva all
få leva i Guds nærleik.

Eg elskar livet her på jord.
Her ogso mykje vakkert gror,
men mykje hjarta sårar.

So lite æra får vår Gud,
men der i heilagt rettferds-skrud
ein evig lovsong bårar.

So gler eg meg til livets fest,
der eg for evig er Guds gjest,
i herlegdomens hallar.
So vil eg vandra på Guds veg,
til han ei kveldsstund heim til seg
i herlegdom meg kallar.

Det himmelske syn

Ver lydig, min ven,
mot det himmelske syn,
når det skin som ei demring,
når det blenkjer som lyn!
Di einaste von i den vidande verd:
standa still, seia *ja*
når det synet du fær.

Ver lydig, min ven,
mot det himmelske kall,
når det lyder som lokking,
som eit sterkt toreskall!
Di einaste von på di fárlege ferd:
standa still, seia ja
når det kallet du fær.

Han vann oss eit livs-paradis

Då Frelsaren døydde
på Golgata kross,
ei evig utløysing
då vann han åt oss,

frå naud og frå natt
til den sollyse dag,
då alltid me lever
med himlen i lag.

Useielegr høg var
den kostbare pris
han gav då han vann oss
eit livs-paradis.
Og difor i æva
skal tonar ein song
til han som Guds himmel-vår
vann oss ein gong.

Paradis-vegen

Lei meg på den gode vegen,
den som går til Paradis,
der me glade i all æva
syngja skal Guds lov og pris.
Der skal året aldri enda,
dagen ikkje gå mot kveld,
våren ei mot vinter venda,
soli aldri gå på hell.

Takk at me den veg får vandra
dag for dag på denne jord,
leva livet i det lyset
som oss signar i ditt ord.
Takk at du med hjarteblodet
vann eit evig Paradis!
For ditt frelsesverk, det gode,
er du verd vår lov og pris.

Ingen vil angra

Ingen vil angra på det han har gjort
og det han fekk gi for sin Frelsar,
når eingong han går gjennom Paradis-port
og Jesus velkommen han helsar.

Så vil me gjeva imedan me kan,
ei gjerning for Frelsaren gjera.
Når livsbåten landar på himmelen strand,
me evig hos Jesus får vera.

Ja, me vil virke imens det er tid
og gjera Guds gjerning med glede.
Og når så er enda vår vandring og strid
skal sæle me lovsongar kveda.

Bare ein bakke igjen

Nå er det bare ein bakke igjen,
sa ein pilegrim vesal og veik.
Skrukne var kinni, og ryggen bøygd.
Og nå var han vorten så bleik.
Men sjå, der er siste kneik!

Nå er det bare ein bakke igjen, –
det er bare ein einaste ein.
Så får han skoda det gode land,
der livselvi strøymer så rein.
Der finst ikkje sorger og mein.

Nå er det bare ein bakke igjen, –
for oss alle den vegen det går.
Stort om me då for vår Frelsars skuld
den evige strandi når,
ein sær og useielegr vår.

Heimkomst-glede

Eg gler meg til å koma heim
frå pilegrims-ferdi på jordi,
få møta min Frelsar, og verta han lik
og benkast ved himmel-bordi.

Kor stort å minnast dag for dag.
På pilegrims-ferdi her nede:
Eg går mot mitt evige fedreland,
til paradis-fryd og glede.

Gå varleg fram, frå stund til stund!
Og vandra med målet for auga!
Kor sælt det skal verta å koma heim,
i ævelivs lys meg lauga!

Led oss på veien som fører til livet!

Led oss på veien som fører til livet,
det evige liv og det gode år,
der døden, den dystre, er bare et minne.
Vi ånder i livets vår.

Led oss på veien som fører til livet,
det salige liv på den nye jord,
der tårene, saknet og sorgen er borte.
Gud Herren i blant oss bor.

Led oss på veien som fører til livet,
det fullendte liv, fylt av Herren selv,
der ingen skal eldes, men alltid fornyes.
Vi ånder ved livets elv.

Led oss på veien som fører til livet,
en endeløs deilig og sollys dag,
der vi skal for evig i trygghet bo sammen,
med fryd i hvert åndedrag.

Bøn

Å, må eg nå fram til det evige liv,
det fagraste målet i verdi!
Må ikkje det målet for livet gå tapt!
So signe du pilegrimsferdi!

Ja, må eg nå fram til det evige liv!
For elles eg allting vil miste.
Må livet i Paradis, æveleg ungts,
eg møta i stundi den siste!

Å, må eg nå fram til det evige liv!
Gud, takk for den framtid som ventar!
Ja, takk at når dagen min endar på jord,
til paradis-liv du meg hentar!

Jeg hører evigheten til –

Jeg hører evigheten til,
har sjelens rötter plantet
i himlens jord, der Kristus er, –
den Helligånd er pantet
på barnekår og arverett, –
skjønt jeg av livet ei er trett,
jeg lengter til Guds rike.

Jeg hører evigheten til –
er kun en gjest her nede,
og reddes for den verdens-ånd
som røver liv og glede.
Jeg har et lys i hånden min;
det slokne vil i verdens vind.
Min Gud, du det bevare!

Jeg hører evigheten til,
dens åndedrag fornemmer.
I stille stunder med min Gud
jeg hører himmel-stemmer.
De kaller meg fra stormfullt hav
dit hvor hver storm er stilnet av
– i livsens lyse lande.

Jeg hører evigheten til, –
må jeg det aldri glemme:
Mens her jeg bor en stakket stund,
jeg er ei riktig hjemme!
Så venter jeg, så lengter jeg,
og mens jeg går på livets vei,
jeg gler meg til Guds rike.

Jeg hører evigheten til,
har kastet sjelens anker
i Helligdommens trygge havn,
og dit går hjertets tanker.
Så er min livskurs stø og grei, –
selv storm og bølger fører meg –
mot evighetens kyster.

I LIVETS LAND

Alt skal bli nytt engang

*Alt skal bli nytt engang.
Evig fornyes vår sang.
Ingen aldring som her.
Evig ungdom er der.*

*Alt skal bli nytt og godt.
En fylde av liv er nått.
Gud og Lammet vi ser.
Evig vi er ham nær.*

Syng meg ein song om himlen!

Syng meg ein song om himlen!
Det lyfter min hug over jord.
Syng om den heim som oss ventar,
der livslilja æveleg gror!

Syng meg ein song om himlen!
kor stort at når kvelden kjem på,
ventar eit æveleg heimland.
Der skal me Guds herlegdom sjå.

Syng meg ein song om himlen!
Der Jesus, vår Frelsar no er.
Og Gud skal eg salig få skoda,
dei frelseste, – den veldige hær.

Syng meg ein song om himlen!
Meir kjær vert han år etter år.
Kor sælt at når hausten er enda,
då gjeng eg til morgen og vår!

For Kristi skuld får eg koma inn

For Kristi skuld får eg koma inn
i himmelens skinande salar.
Den voni gjer meg så hjartans godt
her nede i jordheims dalar.

Av nåde einast, heilt ufortent,
for Frelsarens skuld åleine.
Han vann meg retten til Paradis,
og rettferds-drakti, den reine.

Ein open himmel for Jesu skuld, –
så herleg ei livsvon her nede.
Eg går mot lyset, ein evig dag
med fred og useieleg glede.

"Jeg kan se soloppgangen på den andre siden!"

"Jeg kan se solopgangen
på den andre siden.
Det er så lyst!"
Så sa hun, pilegrimen, –
i dødens stund hun skimtet
himlens kyst.

Velsignet være Jesus,
vår frelser og forløser,
som kom hit ned!
Han gav sitt liv på korset
og vant for hele slekten
himlens fred.

Jeg er på vei mot målet,
mot himlens kyst.
Må jeg, når dagen ender,
i navnløs fryd oppleve:
Jeg kan se soloppgangen
på den andre siden.
Det er så lyst.

På strandi av det store hav

Eg stend på strandi av det store hav,
og takkar Gud for livsens djupe løyndom,
og for den gava han i kjærleik gav, –
den underfulle, store, sæle røyndom.

Og eingong stend eg på den sæle strand,
der livsens hav som klårt krystall skal glima,
der høgtids-songen aldri enda kan
og jubelklokker skal for evig kima.

Du tok døden – vi fekk livet

Du tok døden – vi fekk livet.
Men det var så hard ein strid.
For den tunge lidingsvegen
takkar vi til evig tid.

Du tok domen, skammen, straffa
Vi vart frie, – takk og pris.
I Getsemane, på korset,
vann du oss Guds Paradis.

Ingi sjel på jord kan ana
pinsla di, kor tung ho var
Men i æva vi deg lovar
at du børi for oss bar.

Du er venta i himlen

Du er venta i himlen. Velkommen du er.
Dei seg gler til å møta deg der.
Du er venta av Gud og av Frelsaren kjær,
og av englar og frelste, den veldige hær.

Du er venta i himlen, til æveleg fest.
Ved Guds bord skal du der vera gjest
Og me gled oss i saman i ævelivs år.
Utan ende er himmelens herlege vår.

Det evige liv – Guds gåva

Det evige liv er Guds gåva,
den største som finst i vår verd.
Ei æva me treng til å fata
kor stor denne skatten er.

So dyrt denne perla vart vunnen
av Jesus, vår frelsar og bror.
Det evige liv er Guds gåva,
ein arv so ufatteleg stor.

So skal me til evig tid leva,
i himlen, i Guds Paradis.
Då fylte me er av hans fullnad,
og salige syng me hans pris.

Det evige livet tek aldri ende

Det evige livet tek aldri ende.
Du, det er sælt at det aldri tek slutt.
Evig er våren, livs-elvi strøymer,
fylt av Guds fagnad og fryd kvar minutt.

Aldri, nei aldri det vårlivet endar.
Du, det er sælt at me der skal få bu.
Det er vår herlege von her på ferdi.
Herre, ha takk for den fulltrygge tru!

Landet der ingen gråter

Til det landet der ingen gråter
hjelp meg, Jesus, å komme dit!
Der i fryd får jeg se Guds åsyn
kledd i herligetsdrakten kvit.

Til det landet der ingen gråter,
ingen lider og ingen blør,
lengter jeg å få engang komme, –
ingen eldes, og ingen dør.

Til det landet der ingen gråter, –
Jesus, takk at jeg dit skal nå!
Ved Guds nåde – av bare nåde –
skal jeg salig den lykke få.

Til det landet der ingen gråter
vil jeg lede en sorgfull frem,
så i salighet, fred og fylde
vi får frydes i himlens hjem.

Då råder den djupe og stille
og fullkomne livsharmoni.
Då lyser den nyskapte verdi.
Då tonar i rømdens alle
ein lovsong til æveleg tid.

Fram strålar ei fornya jord

Den Gud som er allmektig,
han tendra tusen soler,
ja, mange milliardar.
Lysår-langt mellom poler.

Eit ord av Majesteten
og fylt vart verdensromet.
På nytt eit ord, og då med eitt
vert alle himlar tome.

Men det er ei det siste.
Guds allmakts-ord, det kallar.
Fram strålar ei forklåra jord,
og nye himmelhallar.

Dei vert med i Guds evige vår

All skapning som sukkar i smerte,
i vånde, i verk og i ve,
skal løysast ifrå sin trældom
under forgjengelegdomen,
i Guds evige vår verta med.

Det nye himlar skal skinna,
ei nyskapt og herleggjord jord.
Der døden er bare eit minne.
All visning og øyding er enda.
Og Guds livs-liljar æveleg gror.

Kva vert det då ikkje i Paradis?

Når det blenkjer frå himmelblået
og alle fuglane syng Guds pris,
og blomar angar og skogar andar
og fjelli blånar i sommardis,
då spør eg stundom i undrings-glede:
Kva vert det då ikkje i Paradis?

So godt å kjenna den fine forsmak
på Paradiset ein sommardag,
når soli glimtar og inn eg andar
dei varme vindar i djupe drag.
Då spør eg stundom i undrings-glede:
Kva vert det då ikkje i englelag?

Når alt er blitt nytt

Kor godt det skal verta
når alt er blitt nytt,
når borte er sorger og sår!
Kor sælt når det vonde
har vegon sin flytt,
me andar i æveleg vår.

Kor gildt det skal verta
når me får sjå Gud,
får sjå han så herleg han er.

Kor stort å stå kledd
i det solskire skrud
og Frelsaren stødt standa nær!

Kor herleg å bu i eit livs-paradis,
der året går aldri på hell.
Kor sælt å få syngja
til Skaparens pris,
eit æveleg tonande vell!

Så høyrer eg himlen til

Eg kom til min frelsar, den Herre Krist,
med synder og suter og sår.
Han sjølv har sagt at han støyter 'kje ut
den arming som til han går.
Han tok imot meg, så god og mild.
Så høyrer eg himlen til.

Eg er ikkje verdig, det veit eg vel.
I Jesus eg godteken er.
Hans rettferd er mi, og eg står for Gud
i heilage, kvite klær.
Kvar dag med Jesus eg leva vil.
Så høyrer eg himlen til.

Så er eg alt no i Guds himmel sett.
Det seier hans eige ord.
Mitt namn, det er skrive i livsens bok.
Eg bur på den gamle jord.
I von til Gud er mi sjel no still.
Så høyrer eg himlen til.

Tenk å få leva evig!

Tenk å få leva evig,
alltid i livsens land,
der dagen og året tek aldri ende
og aldri døy me kan!

Tenk å få leva evig,
heilt utan naud og natt,
der gleda og freden er ny kvar morgen
og Gud er vår sol og skatt!

Tenk å få leva evig,
og vandra ved livsens hav!
Me lovsyng deg, Gud, og den Herre Jesus,
som hjarta den voni gav.

Det kjem ei liv-sæl morgonstund

Det kjem ei livsæl morgonstund
når verdens natt er enda.
Då tonar det i livsens lund.
Me skal Guds sæla kjenna.

I natti skum me stundom fraus,
No dagsljos vell og bårar,
og gleda ollar endelaus
i ljuve himmel-vårar.

Gud vere takk og lov og pris
for morgenon me ventar!
Ha takk at du til Paradis
for Kristi skuld oss hentar!

Til sist skal det bli eit veldig kor

Til sist skal det bli eit veldig kor
i himmelens høge salar,
av frelse frå alle folk på jord,
frå sletter og fjell og dalar.
Ein lovsong ”som mange vannes brus”
om Gud og vår Frelsar talar.

Då strålar vår verd i evig prakt,
i fullkomen fryd og gleda.
All skapning er kledd i lysets drakt
og frigjord Guds lov kan kveda.
Å Herre, må eg og standa der!
Eg inderleg vil deg beda.

I himmelen

I

Det finst inga aldring i himlen,
men evig ungdom er der.
Det finst ikkje vondskap og visning
og vonbrot og verk som her.

Det finst ikkje solfall i himlen
Guds dag ingen ende har.
Og våren, han evig varer,
som himmelens Gud, vår Far.

Det finst ikkje sakn og suter.
Det finst ikkje natt og nød.
Det finst ikkje angst og uro.
Det finst ingi grav, ingen død

Det finst ikkje mismod i himlen.
Det finst ikkje sorger og sut.
Det finst ikkje anger og ufred.
Guds fred er vår ljuvlege lut.

Det finst ingen tårer i himlen.
Den siste har Gud turka av.
Det finst inga tyngjande gåte.
Ho vert løyst ved krystallklårt hav.

II

Der ingen frys, og ingen hungrar,
og ingen kjenner lengting sår.
Og ingen ottast at det kveldar,
at livsens dag ein ende får.

Og i Guds himmel ingen tyrstar,
For livsens kjelda aldri tryt.
Og fagre frukttre stend ved floden
som frå Guds jaspis-truna flyt.

Der er det ingen svarte skyer,
og ingen is-gufs ifrå nord.
Og i den himmel-varme vårjord
det alde-tre og blomar gror.

I lag med løva barnet leikar,
og ulven, han med lammet bur.
Og leoparden ligg med kjeet.
Og freden rår i all natur.

Og ku og bjørn skal beita saman,
og deira ungar ligg i lag.
Og småguten, han skal deim gjæta
den ljuve, ljose solskinsdag.

Kor sælt å minnast: Aldri, aldri
skal enda denne sæle vår.
Nei, aldri, aldri i all æva
vårt liv imot sitt solfall går.

III

Det finst bare liv i himlen,
i lekam og ånd og sjel,
ein fullnad av fred og kjærleik.
Kvar skapning er trygg og sæl.

I himlen er det bare fryd
som ingen anar her –
so rein og rik – me lovar Gud
i kvite høgtidsklær.

I himlen skal me kvila ut,
og eviglang kvila er der.
Me aldri treng ottast:
No er det snart slutt.
For endelaus lukka vår er.

Og sælast av alt i himlen
er Gud og vår Frelsar sjå,
og evig hans kjærleik få kjenna.
Kor skal me vel jubla då!

Det siste skal verta den lyse dag

Det siste skal verta den lyse dag,
med Gud og dei frelse og englar i lag.
Der evig me andar ved livsens hav
og lovar den Herre som himlen oss gav

Det siste skal verta den lyse vår,
der fylde og fagnad og fridom rår,
der sæle me vandrar ved livsens flod
og glade me lovar vår Frelsar god.

Den dagen, den våren ei enda skal,
den lovsong ei stilna i himlens hall.
So sælt å få minnast for mann og møy:
Me evig skal leva – og aldri døy.

Den siste tåra

Når me har nådd fram
til den evige dag,
då hender det noko useieleg stort:
Med himmelens Gud får me vera i lag.
Kvar tåre på kinnet skal han tørka bort.

Den evige Gud, –
tenk at sjølv vil han då
kvar tåre ta bort med si kjærlege hand, –
den sælaste lukke som nokon kan nå.
Å du, for ei fryd i det liv-sæle land!

Då gløymest alt sårt
frå den jordiske strand.
Og tåra, den siste, som Gud tørkar bort,
er minnet – som kjennest som sviande brann –
om dei ugjorde ting.
Å, kor sælt! Du, kor stort!

Det vert ei useieleg stund

Når eingong i undring eg augo
slår opp
og vaknar i livsens lund,
min Herre og Frelsar får sjå som
han er, –
det vert ei useieleg stund.

Når eingong eg vaknar i Guds
Paradis,
og enda er dødsens blund,
dei kjære eg møter som før meg
gjekk heim, –
det vert ei useieleg stund.

Når eingong eg skodar det him-
melske land,
med lovsong i hjarta og munn,
då fyllest mi sjel av unemneleg
fryd.
Det vert ei useieleg stund.

Alltid få vera hos Herren

2. Tess 4,17 - 1. Joh 3,2

Alltid få vera hos Herren,
i himmelens herlege land,
mettast når han me får skoda,
tilbe og tala med han.

Alltid få vera hos Herren, –
kva kan vel liknast med det?
Aldri ein skugge i sinnet.
Aldri går livssoli ned.

Alltid få bu i hans nærliek,
sjå han, og verta han lik,
kjenna i æva hans kjærleik.
Då er du endelaust rik.

Paradiset vert det siste

Herre, takk for himmel-voni,
morgenstjerna klår i aust.
Takk at æve-våren ventar
når me kjem til livsens haust.

Å, kor godt det er å minnast
når i dødens dal me bur:
Paradiset vert det siste
når på Jesus Krist me trur.

Herre, takk for himmelvoni,
kjærare frå år til år.
Paradiset vert det siste,
og ein evig livsens vår. –

Kor godt at det ventar ein himmel!

Kor godt at det ventar ein himmel til sist,
der livssoli aldri går ned,
der blomen ei visnar og døyr på sin kvist,
men blømer i æveleg fred!

Kor godt at det ventar ein himmel hos Gud,
der kvila er ljuvleg og blid!
Kor godt å få gå i det snøkvite skrud,
og frydast til æveleg tid!

Kor godt at det ventar ein himmel eingong
når dagen min endar på jord!

Kor godt å få syngja den herlege song
i himmelens kvitkledde kor!

Kor godt at det ventar ein himmel ein dag,
for alle som trur på Guds Son!

Der skal me få vera for evig i lag.
Hav takk for den levande von!

Ein evig herlegdom i vente

Ein evig herlegdom i vente!
Kan noko større tenkjast vel, –
ein vår som aldri, aldri endar,
fullkommen lekam, ånd og sjel?
Tenk, vera evig trygg og säl!

Og størst av alt i Paradiset,
å møta Gud, vår skapar der,
og Frelsaren, den Herre Jesus,
i æva leva honom nær,
og vita at han har meg kjær.

Kor det er godt i livsens morgen!
Kor det er godt i livsens kveld
å eiga denne sæle voni
og vita at Guds lovnad held!
So skal med fryd du i all æva
få drikka av Guds kjærleiks vell.

Bak solnedgangen

Bak solnedgangen, å sæle morgen,
når med vår Frelsar det himmel er,
vår møda enda, å, dyre dagning
bak solnedgangen, i livsens verd! –

Bak solnedgangen ei skyer samlast,
ei stormar trugar med skremsels-lyd,
Å dag som aldri i æva endar!
Bak solnedgangen er evig fryd!

Bak solnedgangen til Gud, min Fader,
eg fram vert førd ved min Frelsars hand.
Hans sæle nærvær, hans velkomst-helsing
skal bli min lut på den lyse strand.

Bak solnedgangen, å, glade gjensyn
med dei me elskar, som alt er der!
I himmelandet me ei skal skiljast,
bak solnedgangen, der Jesus er.



DET UNDERFULLE LIV

1988

LYSET OG LIVET

*Livets dypeste mening?
Gud har en plan med deg:
At du før evig skal vandre
på livets og lyssets vei.*

I kvart lite egg – i kvart lite frø

I kvart lite egg
ligg ein lvsens løyndom.
Kven la denne løyndom der?
Kven gjorde det slik
at eit egg vert ein fugl?
Det hærskarars Herre er!

I kvart lite frø
ligg eit lvsens under.
Kven la dette under der?
Kven gjorde det slik
at eit frø vert eit tre?
Du, skapningens Gud det er!

Takk for livet

Takk, min Gud, at eg får leva
i di underfulle verd,
minnast at du tenkjer på meg
og av hjarta har meg kjær.
Takk, min Gud, du store Skapar,
at du evig var og er!

Takk, min Gud, at du er kjærleik,
heilag, veldig, god og vis.

Takk at eg kvar dag får nynna
på din lovsang, lov og pris,
og ein dag i fryd får sjå deg,
sæl i lvsens paradis!

Livet ser eg

Livet ser eg – livet,
i blad, i bær, i blom,
i vesle menneske-barnet,
ein skimt av Guds herlegdom.

Livet ser eg – livet,
i åker og i eng.
Eg ser, og kjenner det dirrar
i kvar ein hjartestreng.

Livet ser eg – livet,
så løyndomsfullt og rikt.
Tanken går til den store Meister
som laga dette dikt.

Livet ser eg – livet.
So underfullt det er.
Tanken går til den store Skapar.
Han er mitt hjarta kjær.

Livet ser eg – livet.
Og han som livet gav,
eg eingong sæl skal skoda
med fryd ved lvsens hav.

Takk for livsens under

Takk for hjarteslaget!
Takk for andedraget
ifrå år til år!
Takk fordi mitt auga
i Guds verk får lauga,
som mitt auga når!

Takk fordi mitt øyra
tonevell får høyra,
som imot meg slår!
Takk for livsens under,
dei som alle stunder
for mitt auga står.

Takk for sol og stjerne
som ifrå det fjerne
sender lys hit ned!
Takk for bjarte blomar
som om vår og sumar
manneborni gled!

Kva er det som gjer at knuppane svell?

Kva er det som gjer
at knuppane svell,
og sistpå brest,
og lagar ei årstid
med fryd og fest?

Kva er det som gjer
at blomane bryt
mens biene sviv?

Eit under det er, –
eit underfullt liv.

Gud løser lenker – ikke gåter

Gud gir deg svar
på livets store spørsmål:
hvorfra du kommer
og hvorhen du går,
Guds mening
med din korte
jordlivs-vandring,
og hvordan du
det rette målet når. –
Du øyner svaret
i Guds eget ord,
den klare sannhets-stjerne
på den aldrende jord.

Gud løser ikke
alle livets gåter.
Han løser lenker,
og engang du ser
ned i et hav –
klart som krystall det lyser –
svar på de gåter
som deg livet gav.

Livets – frelsens og sangens gave

Herre, takk for livets gave,
underfull og stor og rik!
Størst av alt: Ved tro på Jesus
skal vi engang bli ham lik.

Herre, takk for frelsens gave,
som du, Jesus, for oss vant:
Ewig liv i Paradiset.
Å, hvor stort at det er sant!

Herre, takk for sangens gave
som du oss ved Ånden gav!
Ewig skal vår lovsang lyde
som et brus av mange hav.

Må livet bli det Gud har tenkt

Må livet bli det Gud har tenkt,
og planlagt, alt frå æva!
Då skal det bli ei signingsflood.
Og det vert godt å leva.

Må dagen bli det Gud har tenkt,
dei dyre nådetimar!
Må han bli fylt av Andens frukt
til kveldens klokkor kimar!

Ja, Herre, lei meg på din veg!
La meg i kjærleik anda,
til eg eingong, ved solefall
ved himlens kyst skal landa!

Må livsferdi lukkast

Herre, lat livsferdi lukkast!
Elles vil alt gå tapt.
Hjelp meg å nå det mål, den meining
du sette for alt du har skapt!

Herre, lat pilegrims-ferdi
enda i himmelens land!
Må eg eingong, når mi livssol dalar,
få skoda den evige strand!

Ja, må mi livsferd då lukkast.
Å, for ein fryd eingong
når eg stend säl på den trygge strandi
og syng ein tilbedande song!

Lys! Lys! Strålende lys!

Lys! Lys! Strålende lys,
inn ifrå verdensromet.
I tallause år,
millionar av år
har det til jordi kome.
Enno det fyller
så stor ein lut
av himmel-rømdi.
Ufatteleg dryg,
uhorveleg heit
er den skire sol.
Kvar morgen ho er i kjømdi.

Lys! Lys! Signande lys!
Veldig den lampa må vera.
Livet og lyset er syskenpar.
Skaparen högt vere æra!
Takk at den lyskjelda hit har nått!
Sjølv har han sagt at lyset er godt.

Lys! Lys! Æveleg lys!
Alltid det verdi skal fylla.
Eingong, når allting vert nytt og godt,
livssoli jordi skal gylla.

At Gud Herren er sol, skal me sanna då,
sæle hans åsyn i æva sjå.
Høgt då me honom skal hylla.

Det underfulle lys

For det underfulle lyset
store Gud, med lovar deg,
for den sol som i årtusen
stråla på vår jordlivs veg.

For det underfulle lyset
i ditt ord ha takk og pris.
Klårt og greidt det viser vegen
heim til livsens Paradis.

For det underfulle lyset
som i æva skina skal,
vil me evig deg høglova
i ein herleg himmelhall.

Der skal dagen aldri enda,
våren aldri gå mot haust,
livsens liljor aldri bleikna.
Året det er endelaust.

Lyset – livet – åndi

Gud skapte lyset, –
eit guddoms-underverk.
Han skapte livet
med allmakts-handi sterk.
Det òg eit under stort.

Gud skapte åndi,
eit storlått rikdomsvell,
vårt adelsmerke,
ein gneist av guddoms-eld.
Hans bilet me er.

Lekamen – eit tempelbygg.
Der vil vår Frelsar bu,
vår livsens dag, i æva all.
Det er vår sæle tru.

Minnast menneske:
Deg himlens Gud har gjort.
Du er hans kunstverk,
useieleg stort!

Vi vandrer i lys til det evige land

Vi vandrer i lys
til det evige liv,
til det allgode, hellige land,
med en herlighets-fylde
ufattelig stor,
som på jorden vi ane ei kan.

Hvor stort å få eie
det lysende mål
for vårt liv på den aldrende jord!
Hvor godt å få minnes
hver demrende dag
dette land der i lyset de bor!

Der vandre vi skal
i det evige lys,
og få skue vår Gud som han er.

Og evighets-dagen,
den aldri skal dø.
For Guds livskilde lever vi nær.

Lyset skal stråla til evig tid

Lyset skal stråla til evig tid,
skina når enda er lıvsens strid.
Aldri skal sina den ljosesens straum.
Alltid skal fløyma den lıvsens flaum.

Lyset skal stråla frå Jesus Krist,
aldri i æva skal verta mist.
Aldri skal stansa mitt hjarteslag.
Aldri skal slokna den sèle dag.

SKAPARENS STORVERK

*Det er noko stort – ufattelag stort
å få vakna, og minnast Gud,
som skapte vår verd ved sitt allmaks-ord,
i eit festleg og fagert skrud.*

Kan du laga ein konvall?

Du byggja kan ein katedral.
Men kan du laga ein konvall?
og – om du vil – ein annan blom?
Seg, kan du dana eit atom?

Og kva med lekam, ånd og sjel
og vokster, mogning, – kan du vel?
Eit fly så vidt om verdi sviv,
men seg meg: Kan du skapa LIV?

Eit under-vell kring all vår jord,
det treng ein SKAPAR, sterk og stor.
Om vår og haust, i nord og sud,
alt vitnar om vår store GUD.

Dei store dimensjonar

Herre, takk for skaparverket,
veldig, vidt og underfullt.
Eingong skal me klårt få skoda
det som her er dimt og dult.

Eingong skal me òg få skjøna
kva som ligg i små atom,

voksteren og mogningsverket
og det djupe verdensrom.

Herre, takk for frelsesverket
ved din Son, den Herre Krist.
Desse store dimensjonar
ser med klårt hos deg til sist.

Herre, takk for livsens gåva,
tenkt til evig dag hos deg.
Der me skal deg fullt få lova
i ditt tempel æveleg.

Me bur i ei underfull verd

Me bur i ei underfull, Gud-skapt verd,
der jordi kring soli sviv.
Uteljande stjernor omkring oss er.
Og her lyser løyndomsfullt liv.

Og soli, ho strålar frå år til år,
og stjernone brenn og skin,
mens hausten og vinteren gjeng mot vår,
og kvitsnøen tinar og dvin.

Her har me vår heim ifrå gry og til kveld.
Og sistpå vår sol gjeng ned.
Gud gav oss i Ordet eit strålevell.
So somnar me inn i fred.

Ein Frelsar Gud gav til den gamle jord,
forsonaren, Jesus Krist.
Og fylgjer me stjerna, Guds gode ord,
me Paradis når til sist.

Eg lever mitt liv i ei underfull verd

Eg lever mitt liv
i ei underfull verd.
Høgt oppe skin stjernor,
ein endelaus hær.
Og her lyser livet,
det blømer og gror.
Fagre frukter det ber
på den aldrande jord.

I age og undring
eg tenkjer på Gud,
som pryder vår verd
med eit allfagert skrud.
han evig, allveldig
og allkjærleg er,
i sin herlegdom bur,
men er endå oss nær.

Han ein frelsar oss gav,
sin einborne Son.
Verdsens synd han har sona,
gjev framtid og von.
Han gjer verdi vår ny.
me i æva skal då
i useieleg gleda
hans åsyn få sjå.

Denne jord – med ein himmel over

Denne jord – med ein himmel over –
der eg bur i mi levetid,
milliardar eig henne saman.
Denne jord er då også mi.

Denne jord – med ein himmel over –
ho er underfullt bygd av Gud.
Teken er eg, og glad eg skodar
desse under i nord og sud.

Denne jord – med ein himmel over –
eg med henne lyt ta farvel.
Men ei herleggjord jord meg ventar.
Denne von gjer meg trygg og sael.

Den vakre, livsfylte jord

Ho er so liten, og lell so stor,
den gamle, livsfylte, vakre jord,
mot verdensrommet eit lite fjom,
eit punkt, ein prikk i det store rom.

Men prøv å vandra vår jord omkring,
då får du ferdast so dryg ein sving.
Og skal du ganga frå vest mot aust,
den veg seg tøyter mest endelaust.

Og lell so er ho eit lite fjom
imot det ovdjupe verdensrom,
men endå er ho langt meire verd
enn himlens tallause stjernehær.

Takk for ei underfull verd

For denne underfulle verd,
vår store Gud, me lovar deg, –
for sol og måne, stjernors hær,
med lys so ljuvleg på vår veg.

For tre og blomar, mo og eng,
me lovar deg, vår store Gud,
for fuglen fjåg på lette veng,
for underverk i nord og sud.

Hav takk for himmelkvelven blå.
Han er so ven. Han er so vid,
med lette solskinsskyer på,
so underfull frå tid til tid.

Me takkar deg for gyllent korn,
for frukt som skin med glim og glod,
for dyrebare mannsens born
ver lova du, vår Skapar god!

Gud gav oss så fine fargar

Gud gav oss så fine fargar.
Ja, vene dei er å sjå:
Sol-lyse skyer er kvite.
Og kvelven er vakkert blå, –
stundom smaragd og purpur,
eit fargespel storfelt då.

Ja du, det er fine fargar.
Sjå skogen, så grøn han er.
Når det så haustar i landet,
ei gullkåpa ven han ber.
Blomen, den blå og kvite
og raude, han er oss kjær.

Sjå sjør og tjørn, dei blånar,
og fjorden og havet med.
Det er som om himmelkvelven
har stige til sjøen ned.

Gud, dine fagre fargar,
så godt dei vårt hjarta gled.

og mjuke bær og fager frukt,
so rikt at greini bognar.

Tyngdekrafti, – kven laga den?

Tyngdekrafti, –
kven har laga den?
Og magnetismen, ravnagn-krafti* sterk,
har ho kanskje gjort seg sjølv?
Seg, har alle desse
kome rekande på ei fjøl?

Det raude gullet,
og livet det underfulle,
som seg ovrar i tallause former,
kven dana vel dei?
Og kven gav oss etiske normer?

Ei røyst ropar høgt i barmen,
frå folk langt i nord, djupt i sud:
Den veldige verd me skodar,
ho er skapt av den evige Gud.

Dei gylne åkrane om haust
meg tek i hjartegrunden.
Det same gjer det lette lauv
som glim og glør i lunden.

Eit underverk er voksteren,
ein tallus hær av former.
Og alle fylgjer Gud-gitt plan,
dei faste skapnings-normer.

Den store Meister, må han få
all takk og pris og æra!
Og det skal skje når me får sjå
den herleggjorde verda.

Eg lever i ei under-verd.
Kor herleg her å vera!
Og på den nye, fagre jord
skal Gud få evig æra.

Eg vandrar millom underverk

Eg vandrar millom underverk.
Eg har dei for mitt auga.
Kvar morgen kan eg, undren, glad,
i dette syn meg lauga.

Kvar blom, kvart blad – eit under stort,
og kvart eit korn som mognar,

Eg frydar meg over den veldige verd

Eg frydar meg over den veldige verd,
og mest fordi ho Guds skaparverk er, –
uteljande stjerner og måne og sol,
og under på under frå pol og til pol.

Eg ov-undrar lyset og livet sin straum.
Alt saman er sauma med finaste saum.
og voksteren, mogningsi underfull er.
Eg frydar meg over Guds veldige verd.

* = elektrisiteten. – Magn – gammalt ord for styrke.

Ein evig frys skal sitra

Skaparverket skal fornyast
til ein evig livsens vår,
når den store dag er runnen
og Guds store klokka slår.
Då basunen mektig gjallar.
Jesus Krist me møta får.

Skaparverket skal foryngast
til ein evig ungdoms dag.
I ei helg som aldri endar,
me med det skal halda lag.
Då ein evig frys skal sitra
i all skapnings andedrag.

DAGAR OG ÅR

*Ein straum av dyre perlor
er kvar ein nådedag.
Og kostbare juvelar
er alle hjarteslag
og kvart eit andedrag.*

*Deg, livsens Gud, me lovar
for kvar ein dag me får.
Hjelp du oss vel deim nytta,
til deg me møta får,
i livets sæle vår!*

Vår – du i hjarta mitt kviskrar

Vår – du har vunne mitt hjarta.
Kor kunne du lata det vera?
Venleg du er, og vakker.
Veldige livskrefter vaknar.

Vår – du i hjarta mitt kviskrar:
Lyset og livet skal vinna.
Æveleg fritt skal dei fløyma.
Verdi sin Frelsar det lova.

Vår – du er lyshav og livshav.
Vår – du er tusentals under:
Blomane blide, så vene.
Fløytande fuglar så fjåge.

Snart vaknar alle skogar

Snart vaknar alle skogar
kvar lund og kvar ei lid.
Frå Afrika kjem grågås-plogar.
Og vårens vind er varm og blid.

Når vinterkulden rømer,
då tiner sno og is.
Dei kvite symror skin og blømer.
Og vårens fuglar syng Guds pris.

Så ljuvleg er den vaknings-tidi.
Me alle elskar den.
Så godt å gå i bjørke-lidi!
Med takk til Gud eg teken stend.

I djupet ollar ein livsens brunn

No sevja stig får den djupe grunn.
Der nede ollar ein livsens brunn.
Eit under er det at han vart dana.
Det skulle alle til vyrdnad mana.

At sevja stig, òg eit under er.
Og trontg er romet som sevja fær.
Ho stig mot kruna, ved dag og natt.
Den saft er treet sin dulde skatt.

Kvar knupp på treet vil sevja gjesta.
Han so omsider i blom vil bresta.
Og sevja strøymer, og når til sist
den smekre grein og den spede kvist.

Og so ein morgen det treet står
i solskins-straumar, slær ut sitt hår.
Og når det fær denne fagre drakt,
det er ei akt av Guds skaparmakt. –

Når heggen lyser i lia

Når heggen lyser i lia
då er det for alvor vår,
den ljósaste, gildaste tida
me her i vårt heimland får.

Sjå, bjørki, ho pent seg pyntar
i fagert og festleg skrud.
Og høyr desse mjuke tonar,
frå flytfuglars flokk frå sud.

Å du, desse djupe klangar,
dei like til hjarta går.
Og heggen i lia angar.
Då er det for alvor vår.

Sommar! Sommar!

Sommar! Sommar!
Du tok mitt hjarta, –
eit vell av vokstrar,
av lys og liv,
og så den herlege,
høge himmel,
der kvite solskyer
sviv og driv.

Sommar! Sommar!
Du sistpå endar.
I hausten bleiknar
ditt skire skrud.
Då er det ljuvleg
og sælt å minnast:
Ein evig sommar
hos livsens Gud.

Å, alt dette kornet

Å, alt dette korn
som skal bergast i haust,
når soli stig seinare
kvar dag i aust!
Dei tallause åkrar
med glim og med glod
ber bod om ein skapar
allveldig og god.

Og over skin soli
so glitrande klår,
frå gry og til kveld,
som i tallause år.
Hugtakande er det
Guds skaparverk sjå.
Og eingong so skal me
fullendingi nå.

Rikast med sylvkruna på

Gud gav til hausten
gullet sin glødande farge.
Kvelden fekk logande purpur,
og fred.

Slik vil han syna
at menneskelivet
fagrast kan vera
når soli gjeng ned.

Gud gav til hausten
frukti, den formfulle, fagre, –
einaste årstid
som fær dette livssynet sjå.

Slik vil han syna
at menneskelivet
rikast kan vera
med sylvkruna på.

Aldri er landet so skirt og so klårt

Aldri er landet so skirt og so klårt,
vemodet aldri so stort og so sårt
som i dei solstille dagar
med lauvfall i lier og hagar.

Aldri er dagen so dørgande still,
og når han attpå er solrik og mild,
hausten hev fagerdoms krona.
No eg på våren vil vona.

Berre ein sylvtone spinkel og sped
lyder i lufti og hjarta mitt gled.
Haustsoli helsar og varmar.
Takk for dei signande armar!

Voven i høge himlar

Snøen sitt skire lakan
er sauma av himmel-lin,
med innvovne sol-glimestonear
som gløder og skjelv og skin.

Snøen sin bjarte bunad, –
kvar såg du eit syn meir kvitt
og reint enn den ljose kruna
som ligg over landet mitt?

Voven i høge himlar
og lagd i dei lette lag, –
i kjøleg, forklåra friskleik
du skin i vår vinterdag.

Der strøymer livet endelaust

Eingong vert det sol og sommar,
livets vår og herleg haust.
I Paradis er ingi visning.
Der strøymer livet endelaust.

Eingong vert det bare glede.
Sorg og saknad finst ei der.
Aldri skal farvel me seia
i den nye, lyse verd.

Eingong skal Guds freds-elv flyta.
Fylt av Gud er kvar ei sjel.
Harmonien aldri endar.
Tenk, då er eg evig sæl!

Kvar time – ein dyr juvel

Kvar time er ein dyr juvel,
kvar dag ein glimestein.
So takkar eg min store Gud
for kvar og ein.

Å du, so mange som eg fekk
i år som kom og før!
So takkar eg min Gud og Far
for gåva stor.

Og tek eg vare på den skatt, –
han nyttar vel, –
so skal, i tru på Jesus Krist,
eg somna sæl.

Takk for paradis-dagen

Takk, Herre, for paradis-dagen,
med solglitr frå morgen til kveld!
Stavstille skogar og blomar og bjørker
kjänner det vermande vell.

Takk, Herre, for paradis-dagen, –
so dryg no ved solvendings-tid!
Landet vårt ligg i eit lyshav, eit livshav.
Seint dagen mot solfall skrid.

Takk, Herre, for paradis-dagen.
Eg veit at han ender eingong.
Kor sælt då å tenkja på paradis-våren.
Evig der tonar vår song.

Dag, du har vunne mitt hjarta

Dag, du har vunne mitt hjarta.
Så ljós og så ljuvleg du er,
i årtusen fylte med solskin
den vide og veldige verd.

Dag, du har teke mitt hjarta.
Ditt andlet er venleg og bjart.
Kvar morgen du lyser imot meg
og endar den nattstundi svart.

Dag, du med lys-syn meg fyller.
Med von slær mitt hjarta sitt slag.
I tru på min Herre og Frelsar
meg ventar ein æveleg dag.

Lell det kjennest litt vemodig
når so langt ho ikkje rekk.
Men eg takkar Gud at atter
eg den lyse vårtid fekk.

Dei lyse netters tid

Eg vil lenge sjå på soli
når ho har sitt høgmål nått,
glim og glør ved Tryvasstårnet.
Ho så lang ein veg har gått.

Du, so gildt då dagen auka,
til dei lyse netters tid!
No so smått attende dreg seg
soli, – ut mot haust det lid.

Men me enno har ein sumar.
Å, han er so ljuv og god.
Lenge enno lyser soli,
til ho sig i eld og glod.

FUGLAR OG BLOMAR

*Gud seier det så vakkert med ein blom,
dei reine, fagre fargar;
den fine, gode ange
ein avglans er av hans herlegdom.
På underfull vis han syng Guds pris, –
ei helsing er frå Paradis.*

Ver god imot dyra

Ver god imot dyra!
Deira herre du er.
Så lat dei får merka
at du har dei kjær!
Om du dei i sinne
gjev harde slag,
så vil du det angra
ein livslang dag.

Fuglen som syng under ferdi mot nord

Ti tusentals fuglar flyg mot nord,
vert dregne mot vårens under, –
anar: der oppe ved fjell og fjord
det vantar so ljose stunder.
Stilt dei flyg over land og hav.
Livet sin skapar deim kurSEN gav.

Og so er det sagt: Det er bare ein
som syng på den lange vegen:
Nattergal-fuglen, med tone rein.

Han fløytar so fjåg og fegen.
Kunne eg ogso på livsens ferd
syngjande gå mot Guds gode verd!

Kråka i ospetoppen

Ei kråka sit i ospetoppen
ein grå og guffen dag.
No er ho truleg trøytt i kroppen
av mange vengeslag.

Ho sit i sine kvardagsklede, –
dei har ho alltid på.
Og like vel det er med glede
den fuglen me får sjå.

So mang ein fugl mot sud har fare,
ned til dei varme land.
No er det fåe fuglar bare
som bur ved Noregs strand.

Og difor me den kråka takkar,
og sjølvsagt sporven vår,
for dei – imedan året lakkar –
i heime-grendi går.

Ei liti due

Ei liti due –
eit kunstverk,
med sirlige fargeband.

Ei liti due –
ein løyndom –
som ikkje me løysa kan.

Ei liti due –
eit under
av Skaparens meisterhand.

Fuglane er flinke

Flinke er fuglane,
her i det høge nord,
tidt finn si føda
i hard-frosen jord.
Ikke ein dag får dei vakna
til eit velduka bord.
Men høyr kor fagert dei kved i kor!

Stundom ligg snø over landet.
Stundom kjem storm og sno.
Då fuglen lyt i dagevis
vera i reiret i ro,
utan ein matbit i strupen.
Når det vert etter godver,
glade or reiret dei fer,
utan å klaga og syta.
Eit føredøme dei er.

Så pikkar de korn og knuppar,
og stundom de syng i kor.
Ja, de er flinke, de fuglar
her i det høge nord.

Krokus

Ein av dei første som brest i blom.
Med underfulle fargar du syng Guds pris
og speglar himmelens herlegdom
i paradis.

I soli du likar deg ovleg godt,
og vender alle bladi mot hennar skinn.
Men når ho til sist har si synstrand nått,
du sovnar inn.

Eit under at bjørkene brusar

Eit under er det at bjørkene brusar
i ny-sprotte, ov-fagert flor,
når eg minnest kor stormane sjoga
med isnande vindar frå nord.

Eit under er det at bjørkene lyser
med solskirt og ny-vove skrud.
Seg, kven hev det so underfullt laga:
Mi tru kviskrar: Skapningens Gud!

Kjempe-tre

Kjempe-tre
mot himmelen seg toyer.
Somme greiner søker opp,
og andre ned seg boyer.

Kjempe-tre
med stammen sterkt og diger.
År for år han aukar, veks,
mot högdi stendig stiger.

Kjempe-tre
av lite frø er runne.
Ved Guds allmakt kan det skje.
Han dette storverk kunne.

Furu-konglen

Furukongle, fast og frisk og frodig,
eg deg minnest frå min barndoms vår.
Enno sit du trygg og grøn på greini,
er den same ifrå år til år.

Eg kan minnast kor eg med deg leika.
Furukonglen var mitt vesle lam.
Når eg no i livsens haust deg møter,
barndoms-minni dukkar atter fram.

Enno synest eg å kjenna angen,
duft av vår, av blomar, bar og brisk.
Og eg hugsar vel den vesle konglen,
furukonglen grøn og fin og frisk.

Knuppen – eit kunstverk

Kvar knupp er eit kunstverk
av Skaparens hand,
ber Meisterens eldgamle merke.
Han laga ein livs-kim
og bygde han inn, –
han vernar i skjoldane sterke.

Når hausten er enda,
stend tagale tre
med ferdige, fullenda knuppar.
Dei sit på kvar grein,
på kvart skot, alt til topps,
og like til teinungens tuppar.

Og so vert det vinter,
med hardfrost og sno,
med kulde so veggene knakar.

Men livs-kimen vernast
av knuppen so vel.
Hansov, sjølv om skjoldane klakar.

Men vinteren lakkar.
Det vårast igjen.
Og kulden, han småningom spaknar.
Då hender det noko
i skjoldborgi sterk:
Der inne ein livs-kime vaknar.

Då opnast dei sterke,
dei skjermande skjold.
Ein vårdag dei sprengjест i sunder.
Av blad og av blomar
vert tre-kruna full, –
av livet sitt lysande under.

Til mi symre

Sjå, tusund livsens under
i vårens vakningsstund!
No enda er for symra
den lange natteblund.
Så snart som kulden rømer
og telen gjeng or jord,
ho bjart i skogen blømer.
Å, sjå det fagre flor!

Den vår me lengtar etter,
han skal me snart få sjå.
Då spirer det og spretter, –
sjå symror, kvite, blå!
So stutt er symre-stundi.

Dess meir ho er oss kjær.
Og når ho ut er runni,
so skin konvallen her. –

Frå tidleg vår
og til hausten sein
den villblom tirer
så bjart og rein.

Jasmin

I handi held eg
ein kvit jasmin.
Som snø om vinteren
vert han skin.
Den skapning er
overjordisk fin.

Vel må dei visna
når livet spaknar,
men angar etter
når våren vaknar.
Så takk og pris då,
du ville blom!
Du speglar himmelens
herlegdom.

Ein ange sør
frå den blomen går,
ei himmelsk duft
ifrå kalken klår.
Takk, takk at eg òg
den gåva får!

Ertebelgen

Du var i vår ein liten blom,
og voks ifrå eit lite fjom.

Du blømer raust,
og du angar rikt.
Ein meister bare
kan forma slikt.
Jasminen –
Skaparens fagre dikt!

No lyser åkrane lik gull,
og sjølv du skin, av frukter full.

Du stod ei stund i livsens flaum,
og fekk ein fin, usynleg saum.

På jordi ikkje finst ei hand
som slike saumar knyta kan.

Dei ville blomar

Dei ville blomar,
dom er så pene.
Å ja, je søns
at dom er så vene.

Eg vart deg opnar, kikkar inn,
og åtte frukter der eg finn.

Kvar ein er fest, med fine band,
til ertebelgens inste rand.

Kvar ein so ven ei form hev fått.
No hev dei mognings-målet nått.

Ved synet av ein erte-belg
vert hugen fylt av age – helg.

Ein blom du var i tidleg vår, –
ei livsfrukt no, so rein og klår.

Eit under, trass eit einfelt skrud,
eit vitnemål om allmaks Gud.

Juelar i vollen

Ti-tusund doggperlor glim og skin
i morgonsoli, – ein prydnad fin.

Den mjuke engi kvar morgen får
ein hær av doggperlor, glitreklår.

Her er juvelar i hopetal
i blomesengi so frisk og sval.

Det glør og brenn i kvar glimestein.
Og heile soli får kvar og ein.

Kvar liten grastupp ei perla eig.
Ho skein so fagert då soli steig.

Kor Gud er stor som slik rikdom strør!
I millionar det glim og glør.

Ein drope er eg, på vesalt strå,
men heile soli eg lell skal få.

So skal eg glima – den von er blid –
i Herrens hage, til evig tid.

No solmognar molta

No solmognar molta
i skogen der aust,
eit merke, ei minning
om komande haust.

Ho raudnar på tua,
den Norden si druia,
som myrane byd oss
so rikt og so raust.

Og sidan ho gyllest, –
so ven er å sjå.
Å du, for eit syn
under solkvelven blå!

Ho mjuknar og mognar,
og sistpå ho bognar, –
den finaste frukt
me i Noreg kan få.

Myrull og sildre syng Skaparens pris

Evige Gud, du er veldig og stor!
Himlane skapte du, dana vår jord,
sjøar og skogar og høgfjell og hav,
fossar, og flyer med lysande lav.

Takande er det ditt storverk å sjå.
Mekting det er skoda inn i det små.
Fjelli mot blå-kvelven ruver og ris.
Myrull og sildre syng Skaparens pris.

Herre, du dana den veldige verd.
Sjølv ifrå æva til æva du er.
Kveldsoli glitrar, og stjernone skin.
Vent kringom tinden ligg snøen sitt lin.

Evige Gud, du er stor, du er sterk.
Vakkert dei vitnar, dei veldige verk:
Stjernor som skin i det ovdjupe rom,
høgfjell og hav og den tirande blom.

Evige Gud, du er god, du er stor!
Lovsongen stig ifrå himmel og jord.
Sonen du gav oss, og alting med han.
Eingong me ser deg i livsfyldens land.

NOREG — VÅRT LAND

*Her me bur til vår livssol skal siga.
Denne heim er oss inderleg kjær.
Her skin lys over vegen til livet,
til Guds evige, herlege verd.*

Din finger har forma

Din finger har forma
landet her nord,
med skogar og sletter,
med fjell og med fjord.
Og difor er venleiken
også så stor.

Vel er dette landet
øg bistert og barskt.
men du, det er storstilt
og doggfriskt og karskt.
Vel eldgamalt er det,
men langtifrå harskt.

Det land under polen
er Jotunheim-vilt.
Med blidslege bør
det også er mildt.
Om storstormen sjogar,
det atter vert stilt.

Det midnattsol-landet
av Gud har me fått.
Her andar me fritt.

Det er trygt, det er godt.
Hans ord er det beste
som Noreg har nått.

For eit underfullt land

Her tøyer seg skogane, mil etter mil,
og inniblant sjør med blenkjande smil.
Om hausten stend skogen i blussande brand.
Å du, for eit underfullt land!

Og der ser eg fjellheimen, veldig og stor.
Og inn ifrå havet gjeng fjord etter fjord.
Det velde, den venleik eg tolka ei kan.
Å du, for eit underfullt land!

Her midnattsol strålar, og nordlyset skin, –
om vinteren snøen, eit lysande lin.
Og stjernone tindrar i nord og i sud.
Dei tendest av skapningens Gud.

Kor stort å få leva i landet her nord!
Kor sælt å få eiga Guds evige ord,
ved tru på vår Frelsar nå himmelens strand,
det herlege, livsæle land!

Naturens vidunderland er du

Naturens vidunderland er du,
Noreg, vårt land i nord.
Nattsoli skin, og nordlyset leikar.
Villblomar angar og gror.

Sjå fjellheimen store og stille,
dalar og flyer og fjord,
skogar og lier og lundar.
Sjøfuglar sigler og ror.

Og åkrar der korngullet glimar.
Alde-tre frukta si ber.
Noreg, vårt herlege heimland,
naturens vidunderland er. –

Vinterlandet

Ja, dette er vinter-Noreg!
Sjå, her ligg det kvitt i kvitt
og lyser so langt av leie
i nyspunne linet sitt.
Og snø-silken fekk dette kvite skrud
av Gud.

Nei, sjå dette vinterlandet!
Her ligg det so tempelstilt.
Med solsnø om alle tindar
det er ikkje meir so vilt,
men vitnar i velde, i nord, i sud,
om Gud.

Å, sjå denne vinter-drakti,
kor fagert ho spunni er,
av tallause snøkrystallar
og sol-diamantars hær.
So talar det festlege tempelskrud
om Gud.

SOL OG STJERNER

*Eg ser eit stortstilt makro-kosmos,
så langt som auga mitt kan nå:
Ei stjerneverd i djupe rømder.
Og vender eg meg derifrå,
i undering stor til mikro-kosmos –
atomars heim – vil tanken gå.*

Den store arkitekten

Den store arkitekten
har bygt so vid ei verd.
Med milliardar soler
mest botnalaus ho er.
Nei, om du talde stjernor
i aldrar og i år,
du fekk ’kje tal på alle
som i sin bane går.

Og alle desse soler
i dette digre rom,
deim arkitekten bygde
av øresmå atom.
Sjølv om du ei kan sjå deim,
er endå ein og kvar
eit lite, lite solsystem
som svære krefter har.

Og ein av milliardar, –
det er vår eigi jord.
Mot veldige gigantar
ho er ’kje særleg stor.

Men bare ho av alle
som stilt i romet sviv,
av Gud fekk dette under:
det løyndomsfulle liv.

I undring og i age
me ser Guds vakre verd
og tenkjer på den allmakt
som alting oppe ber.
Kor stort at han er kjærleik, –
eingong me skal han sjå,
ved Jesu Kristi nåde
ein evig himmel nå.

Sol-systemet

Eit storstilt, mektig drama
er sol-systemet vårt.
Langt, langt der ute gløder
ei ov-stor, bjart-øygd lampa,
som Helios dei kallar.
Ho glitra, og ho glødde,
ho gleim og skein og stråla
fem milliardar år.
(Ja, so dei lærde seier.)
Ho vermde store luter
av vinterbraut-galaxen
av alle dei planetar
som kringom henne sviv,
og også jordi vår, –
der signar kvart eit liv.
Og, store unders løyndom:
Ho strålar like mektig
som den gong då ho tendest.

Og, seier astronomar:
Ho like sterkt kan skina
i nye år-milliardar.

Ei lampa har lyst millionar av år

Ei lampa har lyst millionar av år,
enno ei tyngjest av elde.
Intensivt lys frå den kjelda går.
Ustanseleg skin ho med velde.

Bare ein bit av den veldig flaum,
når hit til jorderiks dalar.
Brorparten av denne skinande straum
strøymer til verdsromets salar.

So er ho ogso ufatteleg stor,
soli som Skaparen tende.
År etter år vil ho verma vår jord,
alt til vår tidsalders ende.

Ljuvleg er sollyset, – du, det er godt!
Me utan det kan ’kje leva.
No får me bu i det skinande slott.
Gud vil vår lovsong me gjeva.

Har du oppdaga solnedgangen?

Har du oppdaga solnedgangen,
sett kor han underfull er?
Slik har han spela millionar av år
i denne ov-fagre verd.

Har du stansa ved solefallet,
vert det i hjarta eit kall:
nytta dei kostbare nådetimar
nå før din livsdag er all.

Er du teken av solegladet
når ho gjeng ned langt i vest?
Då dette storfelte syn deg minner:
Her er du bare ein gjest.

Å, desse stjernor sin tagale tale

Å, desse stjernor sin tagale tale,
der dei frå himmelen helsar hit ned,
tvinklar og tinklar frå botnlause rymder,
utan å øyda naturi sin fred!

Å, desse tagale, vinkande vitne,
blinkande ned frå det botnlause rom!
Tindrande teppe av Guds diamantar, –
kved de hans lov i den mektige dom.

Ligg de på grensa av tida og æva,
jordi her nede og himmelen der.
Å, desse tallause, tagale stjernor,
de er eit bod frå den evige verd!

Mitt hjarta i undring skjelv

Nå soli høgt på himlen stend,
den mektige kuppel-kvelv.
Til langt på kvelden ho glim og brenn.
Mitt hjarta i undring skjelv.

For tanken går til allmaks Gud.
Han er så veldig og vis,
difor fortener du lov og pris,
for alle dei under i nord og sud.

Den sol eg ser på kvelven blå,
det ov-djupe verdensrom,
det er så storfelt eit syn å sjå,
ber bod om Guds herlegdom.

Løft blikket mot stjernen

Løft blikket mot den stjerne
som tentes julenatt!
La den hver dag få tindre!
Den er vår største skatt.
For den er englebendet
om fred og fryd på jord,
Guds velbehag for Jesu skyld,
og en glede rik og stor.

Løft blikket mot den stjernen!
Dens budskap er til deg,
der du i savn og lengsel
og sorgfull går din vei.
Det stjernelys vil skinne
inn i ditt hjertes natt.
Guds kjære barn du skal få bli.
Det er din største skatt.

Under evige stjerner

Hvor stort at en himmel
seg over oss hvelver!
Hvor godt: eie håp
når i sorgmod vi skjelver!
Hvor rikt at en Far
og en Frelser vi eier!
I tillit til ham
får vi framtid og seier.

Hvor stort: være Gud-skapt,
hans billede eie!
Dets verd og velsignelse
ingen kan veie.
Guds arvinger er vi,
uendelig rike.
I tro på vår Frelser
skal vi bli han like.

Guds ord løser gåter.
Hans Ånd løser lenker,
med fryd og med fred
på hans godhet vi tenker.
Det gjelder, det Jesus
på Golgata gjorde.
Det holder når vi
går omsider fra borde.

Hvor stort å få vandre
på pilegrims-ferden!
Vårt herlige håp
er Guds evige verden.
Vår Frelser har lyset
og livet oss vunnet.
Hans blod har til soning
for syndene runnet.

Til sist skal ljoma: Viktoria

Med molekyler og elektroner
og med usynlege, små atom,
du bygde opp milliarder soler
i dette veldige verdensrom.

Meir underfullt er då sjølve livet,
det løyndomsfulle, som du har gjort. –
Å kjenna deg, universets opphav,
min Herre Gud, det er meir enn stort.

Mest underfull er du sjølv, Gud Fader,
som verdi skapte og livet gav.
Eingong me løyndomen klårt skal skoda,
når me får sjå eit krystallklårt hav.

Du, store Skapar, får lite æra.
Til sist skal ljoma: Viktoria!
Ja, i ditt tempel skal eingong tona
eit høgt og evig:
Halleluja!



DET GYLNE HÅP

1993

DET GYLNE HÅP

Ein knupp som brest mot ein evig sommar

Ein knupp som brest
mot ein evig sommar, –
slik er det når me
i Kristus døyr.
For dødens brodd
har vår Frelsar brote.
Du redde kristen,
dei ordi høy!

Ein knupp som brest
mot ein evig sommar, –
i livsens land
skal den lilja gro,
takk vere Jesus,
vår dyre Frelsar,
som Livet vann
ved sitt hjarteblood.

Ein knupp som brest
mot ein evig sommar, –
der aldri endar
den gode vår.
Så er det sælt
at i tru på Jesus
me mot vårt evige
heimland går.

*Sokneprest Andreas Eidså på Ålgård skreiv, like før han
døydde – 2.4.1992 – i si påskehelsing til menighetsbladet:*

*"Døden er ikke det siste. Det siste er livet. Derfor vet jeg
at min død bare vil bli som en knupp som brister mot en
evig sommer."*

Store Gud

Store Gud, du som var og er,
du som i all æva skal leva,
me gjerne vil seja: Me har deg kjær,
og evig vår takk vil deg gjeva.

Takk, store Gud, at du er god
og elskar dei borni du skapte,
og takk at ved Sonen sitt hjarteblood,
for himlen vann att det me tapte.

Takk, store Gud, at i æva all
får me i lag med deg vera,
skoda ditt åsyn og standa deg nær.
Du, for ei sæle, og æra!

Takk at du er til!

Takk, store Gud, at du er til!
Det er ei sanning sæl og gild.
Det fyller meg med gledesong
at eg skal møta deg eingong.

Takk, Jesus Krist, at du er til,
eit evig liv oss gjeva vil!
Takk at du gav ditt hjarteblood,
så no vår sak hos Gud er god.

Så evig rik og sael er eg.
For eg i himmelen har deg.
Der skal i æva eg få bu.
Takk, Gud, for denne gylne tru!

Han vil gjerne vera din far

Gud vil så gjerne
vera din far.
Då vert det godt å leva.
Gjerne vil han vera din ven
på jordi og i all æva.

Kan noko større
tenkjast på jord:
Barn av Gud Herren vera,
arva hans himmelske rikdoms vell,
herlegdoms-kruna bera.

Takkekvad

Herre, takk for liv og helse.
Takk for lekam og for sjel.
Takk for fred og sjelefrelse.
Takk at du gjer allting vel.

Takk for dagar eg har fenge.
Takk for dei eg ennå får.
Vert det få, – kan henda mange,
takk at eg mot himlen går.

Takk for hjelp i bratte bakkar,
i den tunge trengselstid.
Takk når det mot solfall lakkar,
ventar æva, lys og blid.

Ta tid til Gud!

Ta tid til Gud, –
den største og den beste,
han som av alle i vår verd
gir deg det aller meste.

Ta tid til Gud, –
den første og den siste.
Den stille stund med han i bøn,
den må du ikkje miste!

Ta tid til Gud, –
din Frelser og din Fader.
Til sist i kjærighetens vell
til evig tid du bader.

Du skjemmest ikkje

Takk, Gud, at du ikkje skjemmest
av å vera vår Gud og Far,
du som i herlegdom råder.
Frå æva du er, og var.

Takk, Jesus – du skjemmest ikkje
av å vera vår ven og bror,
du som all verdi hev dana,
all makt hev i himmel, på jord.

Evig vår lovsong skal lyda,
i lukke, i fryd og i fred,
at born me i himlen får vera.
Den voni vårt hjarta gled.

Mine juvelar

Takk for kvar einaste dag eg får.
Meir verdfull han vert
ifrå år til år, –
av dyre juvelar eit glitrevell
frå morgen til kveld.

Livet er også ein dyr juvel –
Guds bilete lagt i mi ånd og sjel.
Eingong eg arvar Guds Paradis,
for min Frelsars skuld,
og vert honom lik.
Du kor eg er rik!

Seiren over dødens majestet

Det sterkeste utsagn
sagt på vår jord,
er Mesterens mektige,
myndige ord
om seiren over dødens majestet:

”Den som på meg,
Jesus Kristus, tror,
om han enn dør, skal han leve.
Og hver den som lever og tror på meg,
skal aldri i evighet dø.

Ja, sannelig, sannelig
sier jeg dere,
menneskebarn:
Om noen tar vare på ordene mine,
skal han aldri i evighet døden se.”

Synet av dødens
mektige majestet
skal aldri, nei aldri
i evighet
våre øyne nå.

Kong Kristus,
av hjertet takker vi deg,
for seiren du vant
over redslenes konge,
og åpnet til livslandet vei.

Evighetens vei

Led meg, Gud, på evighetens vei,
den som leder sikkert hjem til deg!
Målet stråler med en herlig glans.
Langt det overgår vårt sinn, vår sans.

Led meg, Gud, på evighetens vei.
Bare da min sjel fortapes ei.
Se om på den vonde vei jeg er.
Led meg på den vei som til deg bær’.

Led meg, Gud på evighetens vei!
Og når så jeg kommer hjem til deg,
aldri, aldri ender livets vår.
Da jeg evig på Guds veier går.

Alltid ollar livesens kjelda

Du braut dødens velde.
Fienden du felde,
opp av gravi stod, –
først på korset stridde,

oss frå vreiden fridde
med ditt hjarteblo.
Du, Guds son
er all vår von.
Me skal ikkje døy, men leva,
evig lov deg gjeva.

Nå med von me vankar
og med sære tankar
om Guds Paradis.
Alltid får me vera
der, og Kristus æra
med vår lov og pris.
Du for fryd
vår Gud oss byd.
Alltid ollar livsens kjella.
Ewig skal ho vella.

Eg skal til himlen

Eg skal til himlen!
For det har Jesus sagt:
at kvar og ein som trur på meg,
skal koma dit.
Dei ordi står ved makt.

Eg skal til himlen,
ved enden av min veg.
I kraft av Jesu offerdød
på Golgata
skal porten opna seg.

Eg skal til himlen.
Der er det evig dag.
Med Fader, Son og Heilag Ånd
i æva all
eg der får halda lag.

Det vert noko til festbord

Du, det vert noko til festbord
der heime i himlen ein gong!
Der samlast Guds folk ifrå farne tider,
med jubel og frydefull song.

Der vintreets frukt får me drikka.
Og himmelbrød Jesus oss gir.
Ein skare som ingen kan telja!
Å du, for eit festbord det blir!

Me gjerne det måltid kan minnast.
Der Jesus er vert og gjest.
kor sælt at me der får sjå han.
Å du, for ein underfull fest!

Lyset skal skina til øeveleg tid

Takk for alt solskin
i framfarne år.
Takk for dei strålar
som ennå eg får.
Takk for det ljuvlege,
skinande vell,
i gryet, ved middag,
i solefalls-kveld.

Takk for alt solskin
frå barndomens vår,
ungdom og manndom,
i alderens år.

Herren, vår Gud,
såg at lyset er godt.
Du for ein underfull
skatt me har fått!

Sælt er å minnast
når dagane skrid:
Lyset skal skina
til æveleg tid.
Og på ei nyskapt
og herleggjord jord,
soli skal stråla,
og livslilja gror.

Det gylne håp

Vår Frelser opp av graven stod.
Men først han gav sitt hjerteblod
for verdens synd og skyld og skam.
Han var Guds rene offerlam.

Så skal vi òg stå opp en dag,
med himlen evig bli i lag.
Takk, Frelser, som oss Livet vant,
med hellig bånd til deg oss bandt!

Det var din bitre lidingsdåp
som bragte oss det gylne håp:
Et salig liv bak død og grav:
Takk for den framtid du oss gav!

SONOFFERET

Frelst ved Jesu død og liv

Frelst ved Jesu død, –
det store soningsverket.
Det frelsesgrunnen er,
den evig urfjell-sterke.

Frelst ved Jesu liv, –
vår øvsteprest, den store.
Så er det evig nok,
det verk som Jesus gjorde.

Salig skal du bli,
ein open himmel finna,
du som på Jesus lit, –
eit evig liv skal vinna.

Den lengste – tyngste – beste dag

Den lengste dag
i livsens soga,
langfredag var,
på Golgata.
Guds vreide
over Kristus loga.
Han straffi for vår skuld laut ta.

Den tyngste dag
som nokon møtte,
den same dystre dag det var.
Vår djupe skade Jesus bøtte.
Ei fullførd frelsa nå me har.

Den beste dag
som me kan minnast,
er den som var så tung for Han.
Nå livsens kjelda
klår kan finnast.
Og påskemorgon soli rann!

Takk for di sårmerkte hand!

Jesus, du legg di sårmerkte hand
reinsande over meg
dag etter dag.
Takk for din kjærleik,
sterkare enn døden!
Takk for ditt hjartelag!

Jesus, ha takk
for dei sårmerkte hender!
Ved dei mine sår har fått lækjedom.
Så skal ein dag eg,
useieleg salig,
skoda din herlegdom.

Det fins ei heilag reinsings-flod

Det finst ei heilag reinsings-flod.
Det er Guds Son sitt hjarteblod.
Frå all di synd ho reinsar deg,
frå vandringi på livsens veg.

Kor sælt: Han har di skuld betalt.
Så gå til Jesus! Seg han alt!
Meir rein enn soli vert du då.
Gud ikkje minste flekk kan sjå.

Til denne kjelda underfull
du fritt får gå, for Kristi skuld.
Så sælt det er å lauga der.
Forlating full og fri du fær.

Det dyraste namn

Det dyraste namn
i all vår verd,
frå slekt til slekt,
snart i to tusen år,
Jesus Kristus det er,
Frelsaren vår.

Han vann oss så dyrt
Guds Paradis,
eit evig liv,
der vår Gud me ser.
Og me jublar og syng hans pris.
Den von er oss kjær.

Jeg trenger en evighet

En evighet jeg trenger
til takk og lov og pris,
for alt det du har gjort for meg,
i livets Paradis.

Ja, evigheten trenger jeg,
kun den kan strekke til
når jeg Gud Fader og Guds Sønn
og Ånden takke vil.

For jeg så underfullt er skapt,
Guds billede jeg bær',
og i en salig evighet
får se ham som han er.

Og ikke vil jeg glemme der
å si ham takk og pris
for offeret han gav da han
oss vant Guds Paradis.

DET GODE SAMFUNN

Han er min ven og bror

Å, tenk at Jesus Kristus
vil kalla meg sin bror!
Det er ei himmelsk æra,
den største på vår jord.

Vel djupt uverdig er eg.
Men Jesus like vel
vil ikkje skjemmast ved meg.
Den sanning gjer meg sæl.

Og han min ven meg kallar.
Du, er det ikkje stort?
Og eingong får eg sjå han,
ved himlens gylne port.

Så stort det er å vera
ein kristen, barn av Gud,
hans himmelrike arva, –
eit snøkvitt høgtidsskrud.

Sjå kor dei elskar kvarandre!

Den kristne søskenkjærleik, –
den venaste på jord.
Kvar ein som trur på Jesus:
Mi syster og min bror.

Dei elskar varmt kvarandre, –
slik vart det fordum sagt.
Må også me få eiga
den kristne kjærleiks makt!

Då lever me i samklang, –
med himmelen i pakt.
Det er den fagre prydnad,
den kristne kjærleiks drakt.

Lyset i de troendes øyne

”Lyset i de troendes øyne
gikk rett til hjerte på meg.
I møtet med dem
ble for meg det klart:
Jeg må gå på Guds gode vei.

Nå forstår jeg
at Gud er min Far.
Alle steder er han meg nær.
Jeg er glad at det lyset jeg så,
som i troendes øyne er.”

Slik vitner en kristen bror
i det veldige russiske land.
Gud gi at i øynene våre
dette livslyset skinne kan!

Helligåndens gave

Helligåndens gave, –
det beste Gud kan gi.
Og han hos oss vil være
nu og til evig tid.

Helligåndens gave, –
det største Gud oss gir.
Han herliggjør vår Frelser
og alltid hos oss blir.

Helligåndens gave, –
tenk, vi hans tempel er.
Han virker Åndens frukter
og alltid for oss ber.

Helligåndens gave, –
han evig liv oss gir,
et liv som aldri visner.
Der Jesus lik vi blir.

Hellig Ånd, vi trøster,
og tilber, takker deg,
fordi du trofast følger
Guds folk på livets vei.

Jeg elsker de helliges samfunn

Jeg elsker de helliges samfunn.
Mine brødre og søstre i Herren de er,
en mektig, utellelig hær.

Et høyhellig adelskap er vi,
forent ved Guds Hellige Ånd,
bundet sammen med evige bånd

Kjærleikens smil

Kjærleikens smil
er ein strime av sol,
velsignande, varmande
under islagd pol,
i det høge nord,
i det djupe sud.
Kjærleikens smil –
ei gâve frå Gud.

"Jesu henders gjerning"

Varlig steller dere såret
for dem som er i nød,
gjør "Jesu henders gjerning"
med omsorgethens glød.

Fra hjertedypet veller
en takketone frem.
Hvor godt når hospitalet
oppleses som et hjem.

Ei grein på livsens vintre

Ei grein du er på livsens vintre.
Og himmelsk frukt inn i deg flyt,
ifrå den rike himmelkjelda,
ein livsens drykk som aldri tryt.

Du er ein lem på Jesu lekam.
Du samanvaksen er med han.
Så nær du knytta er til Kristus,
med åndelege himmelband.

Du er ein lem på Jesu lekam.
Då med Guds folk i slekt du er,
ein syskenflokk på veg til himlen,
den store, sæle pilgrimshær.

Godt å ha ein å vera glad i

Det er godt å ha ein
vera glad i, –
ein som er glad i deg.
Det varmar deg djupt i hjarta,
meir lett vert då livsens veg.

Det er godt å ha ein
vera glad i.
Sælast av alt på jord:
At Herren, vår Gud, deg elskar.
Og Jesus vil vera din bror.

Han elskar med evig kjærleik,
gav deg sitt hjartebloed.
Han gjev deg dei kvite klede,
deg leier til livsens flod.

Misjons-gleda

Glede i ditt hjarta får du kjenna,
når du får vera med og senda
gledebod til dei som vankar
vonlause, med tunge tankar, –
hjarta tidd i sorgmod bankar, –

dei som ennå ikkje kjenner
han som natt til soldag vender.
Glade vert dei når dei helsar
Jesus Kristus, verdens Frelsar.

Ser du misjonens herlegdom?

Ser du misjonens herlegdom, –
det vakraste verket på jord.
Dei som i dødsskugge-landet bur,
skal høyra Guds glede-ord!

Ser du misjonens herlegdom?
Set det ditt hjarta i brand?
Hugs, dei har aldri om Jesus høyrt,
om himlens herlege land.

Ser du misjonens herlegdom?
Å, skund deg mens livs-logen brenn!
Ofra med glede, ver med i bøn,
dei dagar du har igjen!

Når engang vi møter misjonens Herre

Når engang vi møter
misjonens Herre, –
livssolen vår er gått ned –
da er det så godt
at i arbeidsdagen
var vi i misjonen med.

Det var jo hans siste
ordre her nede:
Gå ut i all verden! han sa.
Fortell gledebudet
for alle ætter!
Fortell dem om Golgata!

Misjonen, – et oppdrag,
en nåde, glede.
Takk, takk at du tok oss med!
Hjelp oss å bruke
den dyre dagen,
før livssolen vår går ned!

La han få lov å gi deg!

La Kristus få lov å gi deg
det beste som finst i vår verd:
Forlating for alle synder
og skinande rettferds-klær!

Ja, la han få lov å gi deg
den perla som han deg byd:
Ein vidopen port til himlen,
ein fullnad av fred og fryd!

Å, la då din Frelsar gi deg
det evige livsens vell,
ei vårtid i himmel-verdi,
der æveleg høgtid du held!

Godt å kvila ut

Godt det er å få kvila, –
best å få kvila ut, –
frå motgang, og slit og møda,
sorger og sakn og sut.

Kristus innbyd til kvila:
Kom, de som trøyte er,
strever og slit og syrgjer,
på byrdene tunge ber!

Sjølv tok han byrdene våre.
Han gjorde opp for alt.
Nå får hos han du kvila.
Skulda di er betalt.

Du gjerne vil glede dei andre

Du gjerne vil glede dei andre.
Den gleda er varm og rik.
Kor godt om me alle saman
hadde det slik!

Du gjerne vil glede dei andre.
Då sjølv vert du hjartans glad,
og djupt i ditt indre tonar
ljuvlege takkekjad.

Gud Herren vil gleda oss alle.
Og eingong i Paradis
skal kjærleikens kjeldor strøyma.
Takk, lov og pris!

Det finaste ønske i livet

Det finaste ønske i livet
er verdi sin Frelsar sjå.
Du anar: Hos han åleine
du fylden og freden kan få.

Det hender noko i hjarta
der Kristus får koma inn.
Den evige kjelda ollar.
Det evige livet du vinn.

Og eig du det fine ønsket,
så vend deg til han i dag.
Då tek han så vel imot deg.
Og evig med deg held han lag.

Takk for solskinn i ditt smil!

Takk for solskinn i ditt smil!
Du, det varmer og gjør godt.
Takk for alle slike stråler
jeg av deg har fått!

Takk for solskinn i Guds ord,
som du gav oss gang på gang.
Himmel i vår hverdag gir det,
håpets glade sang.

Solskinn-smil og hjertelag,
du, det smelter snø og is.
Engang skal Guds solskinn seire.
Det blir Paradis.

I samfunn med himlen hver eneste dag

Hver dag får vi være
med himlen i lag,
ja, hver eneste dag.
Vi i himlen er satt,
så sier Guds ord,
vi som på Frelseren tror.

I samfunn med himlen
hver eneste dag,
ja, hver eneste dag.
I Guds helligdom inn
vi frimodig får gå,
himlens velsigning skal få.

Og da har vi himlen
her nede på jord,
hver eneste dag.
Og vi arverett har
til det herlige land.
Himmelens Gud er vår Far.

SKIMT AV EIN STOR NATUR

Du glimande, glitrande, glødande sol

Du glimande, glitrande, glødande sol,
som strålar her høgt under Nordens pol, –
tenk, slik har du skine
milliardar år.

Og ennå du er like sterk og klår.

Når slik du har stråla
i nord og i sud,
eit underverk er du
av skapningens Gud.
Og han skal ha æveleg
pris og ros
fordi han oss gav
slikt eit underfullt ljós.

Eit mektig vitne

Så høgt på himmelen du glitrar,
du greske Helios, latinske sol,
imens dei første flyttfugl-flokkar kvitrar,
her høgt oppunder Nordens kvite pol.

Hugtakande er dette store synet,
det veldige og vakre solsystem.
I undring og i takk me stend og skodar,
imedan våren til vårt heimland kjem.

Du sol er ei av mange milliardar,
der ute i det digre verdensrom.
Aleine, og ein stjernekvelv som glimar,
eit mektig vitne om Guds herlegdom.

Du evige Gud,
du er stor, er sterk.
Med age me ser
dine underverk.

Liten lut av ei veldig verd

Å vera ein lut
av den veldige verd, –
eit menneskebarn
i Guds bilete skapt, –
det underfullt er.

Å skoda himmel og hav,
sjøar, skogar og fjell,
og eit løyndomsfullt liv,
er av under eit vell.

Ein liten lut av universet,
men Menneskesonen sa:
”Ei menneskesjel, meir verdt ho er
enn heile vår verd!”

Millionar gonger

Millionar gonger
hev soli gått ned, –
og kvar gong fylgd
av kveldens fred.

Ei allmakts-hand bare
kan gjera det under.
Det talar så sterkt
i solfall-stunder.

Den store stund

Den store stund er komen,
då soli skal gå ned.
Ho gøymer seg bak åsen.
Takk, du som godt oss gled!

Då er det gildt å minnast:
Den neste store stund,
i morgen-gryet,
med takk i hjartans grunn.

Ein liten kvardags-prat

Høgt over Noreg
skin vårsoli klår.
Du, det er vår!
Difor så høgt
over himmel'n ho går.

Veldig er kvelven,
ufatteleg stor,
som tøyer seg kringom
den aldrande jord,
skogar og sjøar,
skog-tjørner stille,
fjellheimar ville,
bygder og byar her nord.

Lell er det stor-syn
som auga vårt ser,
bare eit fjom
av Guds veldigje verd.
Milliardar galaxar
ligg lysår-langt vekk
frå vår vesle jord.
Evige, herlege Gud,
du er stor!

Finst det eit vakrare tre?

Finst det i verdi
eit vakrare tre
enn bjørki?
Eg trur ikkje det.
Dei seier at ho aleine
hev denne stommen,
den kvite, reine.

Du, det er godt
me det treet hev,
hev bjørki,
så gild og gjæv.
Sjå når ho vaknar
i vårens tider,
og når mot haust det lider.

Bjørki vaknar

Nå vaknar bjørki
etter vinteren lange.
Først noko brunt
i greinene dei mange.

Så grønkar det så smått.
Ei fager drakt
av vårens krefter
vert om bjørki lagt.

Eit vårens under!
Synet fyller oss med glede.
Og hører så vent:
I toppen vårfugl-kvede.
Du vaknings-vår,
du kjærare oss vert
frå år til år.

I dag spring bjørki ut

I dag spring bjørki ut,
i lund og li og nut.
Du, for eit syn å sjå
under vårkvelven
bjart og blå.

Nett som ei pynta brud,
i nyskapt fagert skrud.
Eg er så glad, så glad
at me får den bjørki ha.

Himmelens smil

Dei tusentals ulike blomar, –
ein himmelens smil her på jordi.
Kvar ein av dei er eit Guds vidunder.
Her bleiknar dei venaste ordi.

Den himmel-smil tek oss om hjarta.
Hugtakande er det å sjå dei.
Me høglovar skapningens Herre,
som ødslande rikt let oss få dei.

Han dryssa dei ut over jordi, –
eit minne frå Paradiset.
Og der skal dei evig oss fryda.
Vår himmelske Far vere priset!

Nå tusen kvitveis tittar fram

Nå tusen kvitveis tittar fram,
og skin i kvar ein bekkekam.
Men nå du tek for lite i!
Ti tusental i lund og li!

Så trufast kjem de, år for år
og lyser i den unge vår.
Så godt du gler oss, litle blom,
i din gudgjevne herlegdom.

Og om ei stund du tek farvel,
når gauken oppi lia gjel.
Men blidt du nikkar: Eg kjem att. –
Hav hjartans takk, du kvite skatt!

Tusentals kvite augo

Eg gjeng millom vårens symrer.
Ti tusentals kvite augo
kviler på meg,
og smiler.

Eg ser desse tusen augo.
Kor skaparverket er rikt!
Og alle eit stort vidunder, –
eit fagert himmelens dikt.

Konvallar

Klokke-klåre,
lilje-reine er dei,
himmel-angande
konvallar.
De på heilag vyrdnad kallar.

Fagre minne
ifrå Paradiset.
Du som skapte
desse klåre klangar,
vere høgt og heilagt priset!

Vakraste blom i verdi

Veit du kva blom
som er vakrast i verdi?
Har du han nokon gong
skoda på ferdi?

Jordi er full
utav blomane bjarte.
Kven er vel venast
av alle dei sarte?

Du, eg veit ein
som kan klårt
ut seg skilja:

Fagrast av alle
er *kjærleikens lilja*.
Vakraste blom i verdi!

Vårkveld ved Hurdal-sjøen

Å, for ein kveld!
Å du, for eit land!
Småbylgjar leikar
so lint imot strand.
Soli seg speglar
i skogsjøen still.
Lufti er mild.

Takk, store Gud,
for landet du gav!
Du fagert det forma
frå høgfjell til hav.
Mest takk for voni
om livs-Paradis!
Lov, takk og pris!

Isen går opp

Eit blankslipt is-lag over sjøen,
bygd opp i vintertidi kald.
Men no seg våren nærmar Noreg,
med kjempekrefters vald.

Det børjar med eit isfritt belte
innunder land, og von det gir.
Rett nok, – i mørke nattetimar,
for eit rabalder då det blir.

Du for eit bulder,
for eit brak!
Is-laget brotnar,
flak i flak.
Det bryt og brest.
det knakar, knest.
Eit lurveleven, ofse vill. –
Du, dette høyrer våren til.

Men om ei stund
ligg sjøen still. –
Kring strandi høyrest
fugle-kvitr.
Og vatnet ligg
i solskins-glitr.
Småbylgjar leikar
lint mot land.
Kong vår har nå rett ut
si store, sterke hand.

Nattstill ligg Hurdal-sjøen

Nattstill ligg Hurdal-sjøen.
Herdebreid-åsen speglar
sin mektige barm
i blikkstilt vatn.
Bare ved inste strandi
får sol-kvelven høve
til seg å spegla.
Men høgt over ås og skog og sjø
ligg ennå på himlen
eit gjenskin
av ei sol som seig.

Småbylgjor leikar mot land

Småbylgjor leikar mot land.
Stilt dei slår mot si strand,
legg seg til kvile der.
Tallause andre på vegen er.

Bylgjor mot strandkanten slår.
Alltid nye dit når.
Slik òg på Guds kjærleiks hav.
Aldri stilnar dei bylgjone av.

Nå er sjøen bare sylv

Nå er sjøen bare sylv.
Det glimtar og det glimtar –
på kvar ein liten bylgje-topp,
så langt mitt auga skimtar.

Nå er heile sjøen sylv.
Det gløder og det glitrar.
Frå høgast himmel soli skin.
Og vårens fuglar kvitrar.

Å du, så vakker sjøen er,
når han som sylvet blenkjer,
og når han kviler, som han sov,
som om han ligg og tenkjer.

Sjå kor soli glitrar

Sjå kor soli glitrar
på den blanke sjøen!
Borte er nå isen,
vekke frosten, snøen.

Sjå det sylvglans-glitret,
overmåte mektig!
Storslått er det synet,
glimande og prektig.

Buldrebekken

Du friske fjellbekk,
som susar mot din sjø,
så fint å sjå deg.
Du fort og fritt kan flo.

I hump og hamar
du kvitnar, fossen lik.
Eg trøytnar ei å sjå deg
når du deg ytrar slik.

I vintertider
du, fjellbekk, bunden står.
Men du kor fint du brusar
når det lir ut mot vår.

Du friske fjellbekk,
til deg eg opp vil gå.
Den klåre reinleiks-kjelda
so gjerne vil eg sjå.

Eg óg vil vera
ein liten fjellbekk her, –
og eingong evig strøyma
i livsens ljose verd.

Fossestryket

Fossestryket er så friskt.
Eit herleg syn det er.
Det regn som fell frå skyi ned,
det fossen til dalen ber.

Fossestryket er så sterkt.
Å du, for kåte sprett!
Eit mektig vell av dropane
som ned ifrå himlen dett.

Me glade er for fossane.
Dei kvikkar opp vårt land.
Ei festleg urkraft fossen er,
som bare me takka for kan.

Tilbake til havet

Fra hundretals fossar
som buldrar og bruser,
med vatn som har falle
i dagar og netter,
i skogar, på sletter,
sturtar det veldige masser
i sjøen, i havet.

I hundretals elvar
rundt om i landet,
glider og skrider,
strøymer og fløymer,
mektige mengder
frå regntunge skyer,

tilbake til havet, –
som ei himmelens gave.
Men først har det
jordi velsigna.

Gud gav Noreg eit silketeppe

Gud gav Noreg eit silketeppe,
av venaste, skiraste slag.
Kor såg du vel noko
så solreint og drivkvitt
som snøen som skein
over landet i dag?

Høgt oppe i himlen
det teppet er vove,
kjem til oss kvart einaste år.
Det legg seg så stilt
over gamle mor Noreg, –
og dvin i den vaknande vår.

Eit trylle-slag

Som med eit mektig trylleslag
fekk landet vårt ei anna lag.
Nå skin det i sitt nysnø-skrud.
Eit trylleslag av himlens Gud.

Sjå, skogen fekk ei silkedragt!
Og sol-glitr gjev ei ekstra prakt.
Kvar ungbjørk stend som ny-prydd brud
ved dette trylleslag av Gud.

Men Gud er ingen trylle-kunstnar.
Allveldig er hans skapar-hand,
som under gjer i alle land.

Høgt over Hurdalens herdebreide åsar

Høgt over Hurdalens herdebreide åser
vårsola stråler i kveld,
kaster over den skinnende sjøen
et glitrende lysets vell.

Skapningens Herres hender
formet i verdens-gryet
Hurdalens veldige drag, –
”Østlandets perle” kallet med rette,
beundret av slekter i dag.

I innlandet på Island er det eit fagert fjell som heiter Her-dubreid, det skulderbreide fjellet. Dei seier at det vart danna under isen i is-tida. – I Hurdal er det, på vestsida av sjøen, ein mektig ås, som er endå meir skulderbreid enn fjellet på Island.

Så er ein dag til ende

Så er ein dag til ende.
Nett nå seig soli ned.
Så legg seg over skogen
den djupe kveldens fred.

Så høgtid-stemt eit hende
kvart solfall me får sjå, –
tek oss om hjarte-roti.
Litt vekjømd kjennest då.

Gud – solsystemets Herre –
legg lys på livsens veg.
Når dagen min skal enda,
må eg få møta deg!



GLEDEN – LIVETS GLANS

1994

Gud gav oss ei evig glede

Gud gav oss ei evig glede.
Ho kom til vår jord hin gong
då Kristus i krybba kvilde
og himmelens englar song.
Den evige gleda er Jesus.

Gud sende ein evig lovsong
til jordi ei stjernenatt.
Det englane var som jubla
om himmelens store skatt.
Den evige lovsong er Jesus.

Gud gav oss ein evig rikdom.
Sjå, no har me alt me tarv:
Tilgjeving og liv og frelse,
ein æveleg livsens arv.
Den evige rikdom er Jesus.

Glad for alt godt som gror

Glad for alt godt som gror
på den gamle, grøne jord:
Blomster, strå og frukt og bær,
modne åkrers gylne hær.

Hjelpsomhet og hjertelag,
medynk i de tunge slag,
trøstens ord, – så godt det gjør.
Det gjør òg en åpen dør.

Vennlighet og gode ord, –
fint det gror i deres spor.
Størst av alle ting vi vet,
er en Gud-skapt kjærlighet.

Smilet

Ditt ansikt skinner som solen,
når det lyser opp i et smil.
Og lyset har denne arten:
Det vandrer så mange mil.

Så fint at vår Skaper gav oss
det smilet i ansiktet vårt!
Det spreder solskinn og glede
før det omsider går bort.

Så kom, la oss sprede solskinn,
hver eneste dag vi får!
Da blir det så godt å leve
der vi i vår livsdag går.

Smilen er i slekt med soli

Smil – du er i ætt med soli,
nærskyld alt som skin og glør.
Som ei ljoses båra gjeng du, –
skirt vert det som svart var før.

Smile-band, – finst det noko
som er finare enn deim?
Spelar dei om barnemunnen,
vert det solskin i ein heim.

Leikar dei i alders åsyn,
er det som eit kveldsol-vell.
Smilen er i ætt med ljoset
når det over jordi fell.

Ja, du er i ætt med ljaset,
skapt av same meisterhand.
Difor ventar eg å møta
smilen i det gode land.

Har du sett inn i konvallen sitt auga?

Har du sett inn i konvallen sitt auga,
der han ein vårveld i skogen står göymd,
kjent denne angen så himmelsk og herleg,
då vert konvallen av deg aldri glöymd.

Stod eg ein vårveld og såg på den blomen,
einsleg og skinande, klokkerein, klår.
Djupt i mitt hjarta eg kjende ein lengsel.
Ja, eg var også i hugen litt sår.

Lær meg, konvall, vera nøgd med det eine
at meg min Fader i himmelen ser.
Herre, å, gjev meg konvallen sin reine,
himmelske ange, – å Frelsar, eg ber.

Hjelp meg å anga i skogen si stilla,
utan å bry meg om æra og ros,
glöyma meg sjølv og få leva for andre,
drikka kvar dag av di dogg og ditt ljós!

Vår håpløshet ble sprengt i stykker

Vår håpløshet ble sprengt i stykker
da seirende av graven Jesus gikk.
Da solen rant den første påskemorgen,
et herlig håp den gamle verden fikk.

Så hvelver seg livshåpets himmel
i evig lysglans over graven vår.
I tro på Kristus skal vi også oppstå
og inn til livet med vår Frelser gå.

Så får vi leve under håpets himmel,
forferdes ei om solen synker ned.
Den evig stråler i den nye verden.
For Kristi skyld skal vi få være med.

Asalia – den kvite skjønnhet

Du kvite skjønnhet
som mot meg skinner,
et minne er
fra Guds Paradis.
Et stenk av rosa
i kalkens indre.
Foruten ord
synges himlens pris.

Du skjønnhets-dronning
i snøkvit mantel, –
å, tenk at jorden
kan fostre deg, –
et himmel-under
som stilt oss fryder,
med hellig undring.
På livets vei.

For ei lykke å leva!

Å du, for ei lykke å leva,
i ei underfull, gudskapt verd,
og hjarta til Frelsaren gjeva,
til han som Kongars konge er.

Å du, for ein høgtidsam lagnad!
Og tenk, eg Guds bilet ber.
Det er ein evig-lang fagnad.
Og sistpå Gud Herren eg ser.

Vel møter me motbør på ferdi.
Men lite det er mot den fryd
me får i den evige verdi,
den sæla Gud Herren oss byd.

Ødsla med kjærleikens rosor!

Kjærleikens språk kan alle skjøna;
kvar dei i verdi vår bur:
Veslebarnet i vogga,
den unge som vert forelska,
mann og kvinne med sylv i kruna.

Kjærleikens språk kan dei skjøna:
Hunden du stryk på panna,
katten du kjæler på ryggen,
kua du smeikjer på båsen,
hesten du kjærleg striglar.

Ødsla med kjærleikens rosor,
hjelpende hender og venlege ord,
ein solskins-smil i din kvardag.

Gløym ikkje han som er kjærleiken sjølv.
Han vil deg hjelpa å elска
og peika opp
mot dei evige stjerner,
eit rike som aldri rikkast.

Der rosor og liljor gror

Takk, Gud, at du gav meg livet,
i ei underfull verd,
på den livsfylte jord,
der rosor og liljor gror!

Takk, Gud, at eg ber ditt bilet,
i di likning vart skapt,
skal din herlege himmel nå,
i æva ditt åsyn sjå!

Takk, Gud, at du gav oss Kristus!
Han har ordna vår sak,
ævelivet oss vann,
i himmelens paradis-land!

La lengslene få leve!

La lengslene få leve,
tross skuffelser og savn,
i tro på Herren Jesus,
det dyre frelsernavn!

La lengslene få leve,
i tro på Jesus Krist!
De dype lengsler stilles
i himlens land til sist.

La lengslene få leve.
Det er så kort en stund, –
så fylles våre hjerter
med fryd i livets lund.

Vi skal få spise av livets tre

Vi skal få spise av livets tre,
som er i Guds Paradis,
og drikke av livets krystallklare vann,
med fryd og med takk og pris.

Og Herren, Guds, åsyn vi skal få se.
Hans navn på vår panne er.
Og vi vår Frelser blir like der
i skinnende hvite klær.

Og Gud hver tåre har tørret av,
og sorger og sukk skal fly.
Til all Guds fylde vi fylte er.
Og gleden er evig ny.

Verdensromet – ein katedral

Verdensromet er som ein stor katedral
av mektige dimensjonar.
Og i den herlege tempelsal
eit høgt halleluja tonar,
til han som hev skapt både himmel og jord.
Dei stod fram på hans veldige guddomsord.

Soler og stjerner, dei syng Herrens pris.
Og kvelven fortel hans æra.
Kvadet gjev gjenlyd i Paradis.

I songen dei med vil vera.
All skapningi lovsyng hans herlege verk,
som han gjorde med allmaktshand vis og sterke.

Herren Gud nok ventar tilbeding frå deg,
du, skaparverket si krona.
Skulle vel ei frå din vandringsveg
eit høgt halleluja tona?
Bare dei som her hyller den høge drott,
skal i æva få bu i hans lyse slott.

Du er gleden på vår gang

Herre Krist, på deg vi voner.
Du er gleden på vår gang.
Du vår frelser og forsoner,
fyller sjeldens dyp med sang.

Herre Krist, på deg vi bygger.
Du er salighetens grunn.
Ingen denne grunnvoll rygger
Fast den står fra stund til stund.

Herre Krist, på deg vi venter
når det kvelder her på jord.
Selv du kommer, og oss henter
til den klarhet hvor du bor.

I himlen er det alltid helg

I himlen er det alltid helg,
ein evig høgtidsdag.
For me med Herren Jesus Krist
og himlens Gud held lag.

I himlen er det alltid frys
og glede i vårt bryst.
Ein hjartans jubel fyller oss
på livets lyse kyst.

I himlen er det alltid vår,
og ingen vinterdag,
men kjærleiks solskin i vår barm,
fred i kvart andedrag.

Bibelens største tanke

Bibelens største tanke:
Jesus lys levande er!
Sit på Guds truna i himlen.
Alltid for sine han ber.

Tenk at vår Frelsar lever.
Høvding han er for Guds hær,
eitt med den evige Skapar,
allveldig, allvis han er.

Ljose og gilde tanke:
Me som på Jesus trur,
frydar oss ved å minnast:
Jesus i hjarta vårt bur.

Sæle og store lovnad:
Snart skal han koma igjen,
henta oss heim til Guds himmel.
Ævelivs-dagen då renn.

Takk at du smilte til meg!

Eg møtte ei liti jente, –
eg var til heimen på veg.
Det var ein heilt ukjend skapning.
Og lell ho smilte til meg

Kor godt denne smilen gjorde,
ein guffen og gråkald dag!
Du, solskin det er i smilen.
Og, eg vart så godt i lag.

Å kunne eg etter sjå deg,
du, ungmøy, på livsens veg,
då ville eg smila og seja:
Takk, takk at du smilte til meg!

Du gav meg livet

Takk, min Gud, du gav meg livet!
Takk at også eg vart med!
Mest i lyse, lette timer
det så godt mitt hjarta gled.

Evig skal ånden leve

Hver eneste blomst må visne,
hvert tre til jorden falle.
Hvert menneskebarn
må eldes og dø.
Men evig skal ånden leve.

Så salig en tanke
når her det kvelder
og høst-tiden kommer:

Våren skal følge,
en herligheits-sommer.

Ewig skal leve
i Gud vår Frelsers rike
menneskets gudgitte
adelsmerke: Ånden,
fullkommen som Jesus Kristus.

Or havet seg lyfter eit underfullt land

Or havet seg lyfter eit underfullt land.
Men først ser me tusentals øyer.
So fylgjer den ov-lange, sundrivne strand,
og milelangt fjorden seg bøyer
langs lider mot dalane dryge.

Gud gav oss i miskunn eit draumfagert land,
so vent at det saknar sin like,
med skiftande syner frå høgfjell til strand.
Å du, me er endelaust rike
som fekk slikt eit underfullt heimland!

Gud gav oss eit land der i fridom og fred
frå ætt og til ætt me fekk anda.
Her lampa hans skin til vår livssol går ned.
På himmelens kyst skal me landa,
i tru på vår store forsonar.

Den einaste grunn

Den einaste grunn når alt det andre vaklar,
det er Guds nådes grenselause vell.
I liv og i død, i domens alvors-time
den grunn meir fast enn urtids-fjellet held.

Omkved:

Mi einaste trøyst når aller mest det røyner:
at Kristi blod mi synd mi skuld heilt løynes.
Min einaste grunn å kvila på eingong
det er Guds nåde, fastare enn fjell.

Den einaste grunn som står i alle tider,
er Kristi kors og blodets nådepakt.
Det eg har bygt av høy og halm, skal falla.
Men evig gjeld min Frelsars rettferds-drakt.

Den einaste skatt når eg skal stå for truna,
det er mi frelse sjel. Halleluja
Guds nåde er nok. For all mi synd vart sona
då Jesus døden leid på Golgata.

*Frå svensk. Lydia Augusta Lithell, 1909-1957:
Det enda som bär*

Kor godt det er at Gud er god!

Kor godt det er at Gud er god.
Det er 'kje sjølvsagt, det.
Han òg er heilag, veldig, vis.
Det vil vårt hjarta gle.

Kor godt at Gud er miskunnsam
og tilgjev synd og skuld!
Kor godt å ha ein evig Gud,
så sterkt og underfull.

Kor godt at kjærleik er hans namn, –
det største av alt stort.
Han elskar oss heilt ufortent,
og opnar himmelenes port.

Jeg vil bort til soloppgangen

Jeg vil bort til soloppgangen,
til vår Frelsers åpne grav,
se at Jesus er oppstanden,
han som livet for meg gav.

Jeg vil bort til soloppgangen.
Jeg vil skynde meg dithen,
se at Jesus Kristus lever
verdens Frelser, bror og venn.

Jeg vil bort til soloppgangen,
til et evig nådehav.
Fritt og fullt det mot meg flommer.
Det skal fylle øg min grav.

Livs-elvi evig skal strøyma

Det skal ikke enda med døden.
Livs-elvi evig skal strøyma.
Flaumfulle kjeldor skal fløyma.
døden har brodden sin mist,
vart broten av Jesus Krist.

Det skal ikke enda med døden.
No me på æveliv vonar,
takk vere deg, vår forsonar.
Døden ei vinning er no.
Takk for ditt sonande blod!

Det skal ikke enda med døden.
No vil me takka og lova
Gud for den herlege gåva.
Sigrande steig du or grav.
Æveleg liv du oss gav.

Å koma til Gud er å koma heim

Å koma til Gud i Jesu namn,
og sanna syndi siærleg,
det er å få koma heim til Far
Han famnar deg venleg og kjærleg.

Det er å få koma heim til sist,
få på seg dei nye klede.
Det er vera beden til gjestebod,
ta til med den store glede.

Så enkelt, så stort, – og dryger du,
så bryt det stengjande bandet!
Å koma til Gud er å koma heim
til Far frå det framande landet.

Takk for brødet!

Gud, takk for brødet,
det deilige brød,
som daglig oss metter,
inntil vår død.

Tenk på de mange
som hungrige går!
Gud, hjelp oss dele
velstanden vår!

Takk, Herre Jesus,
du, livets brød!
Seieren vant du
over vår død.

Blomar som aldri døyr

Den beste blomen i verdi,
som lyser på land og øy,
han tirer og angar, omsider
han visna må, og døy.

Lell veit eg ein blom i verdi
som evig i bløming står.
Den blom er den Herre Jesus,
den store Frelsaren vår.

Eg veit ogso andre blomar
som blømer i æva all.
Dei trur på den Herre Jesus.
Dei fylgde hans høge kall.

Lær av den kvite symra!

Lær av den kvite symra!
Eg såg ho i morgontimen.
Det bjarte andlet var vendt mot aust,
seg tøygde mot vårsol-glimen.

Lær av den kvite symra!
Mot soli ho stødt seg vender
fylgjer henne til ho om kveld
dei siste strålane sender.

Lær av den kvite symra!
Så stilt ho sitt hovud hallar.
Ho hjartebladet vil verna vel,
så kronbladi symra faldar.

Lær av den kvite symra
å verna om hjarteblaða,
og fylgja soli, den Herre Krist,
i livs-lyset sjeli bada!

Lær av den kvite symra:
Mot kulden du må deg verna!
Då skal omsider du sovna sæl
og skoda Guds morgonstjerna.

Kvite liljer

Dei kvite liljer,
dei stend og lyser
i skogens hall.
Det synet tek meg
om hjartans røter, –
liljekonvall.

Du lilje-blome,
kvar vår du vaknar
i li og lund,
og eg får sjå deg
du gjev mitt hjarta
ei høgtidsstund.

Du kvite dronning,
så søtt du angar
ved solefall.
Eit vitne er du, –
om hjartans reinleik
liljekonvall.

Stilt

Stilt veks blomen i mjuke eng.
Stilt sov småborni i si seng.
Stilt er pulsen sitt stempelslag.
Stilt er skogen sitt andedrag.

Stilt flyt blodet, den livsens flaum.
Stilt stig sevja, den skire straum.
Stilt sviv jordi omkring si sol.
Stilt ho vender innunder jol.

Stilt dett doggi i blom og blad.
Stilt sov symra ved soleglad.
Stilt er voksteren løyndomsfull.
Stilt det mognar, det åkergull.

Herren kjem i ei susing still,
ikkje kjem han i stormen vill.
Sælt å minnast: til evig tid
livsens loge er ljuv og blid.

Du – som er så stor

Takk, Herre Gud, at du som er så stor, –
som skapte stjernehimlen og så den vide jord, –
at endå kan du minnast meg,
ein liten vandrar på den store veg.

Takk, Herre Gud, at du som er så sterk, –
og med din arm har virka så mange underverk, –
at endå tenkjer du på meg
og fram meg fører på den gode veg.

Eg er visst ei så liten like vel.
Du underfullt meg skapte med lekam, ånd og sjel,
ditt eige bilet meg gav.
Deg skal eg lova glad ved livsens hav.

Kor stort at vår jord fekk så høg ein gjest

Kor stort at vår jord
fekk så høg ein gjest!
Gud sende sin eigen Son.
Han innbyr oss alle
til fryd og fest,
til framtid og fred og von.

Og det kan han gjera
fordi han bar
all verdi si synd og skuld.
Til døden på korset
han lydig var.
Då vann han oss livsens gull.

No bur han hos Gud
i herlegdom.
Men dei som på han vil tru,
til dei stig han inn
og nattverd held,
og alltid hos dei vil bu.

Dronning millom blomar

Dronning millom blomar,
det nok rosa er.
Ho er vel den blomen
som er oss mest kjær.

Himmelfarge har ho.
Du kor ho er fin!
Dronningleg ho téér seg
der ho stilig skin.

Takk då til vår Skapar,
som oss rosa gav.
Han av sine gåvor
gjev eit rikdoms hav.

Sporvar og stjerner

Millionar av sporvar piptar,
fartar i nord og sud.
Men ingen av dei, sa Jesus,
fell til jordi utan Gud.

Tusentals hår på ditt hovud.
Dei lærde har funne det ut.
Men, sa vår store Frelsar:
Alle er talde av Gud.

Milliardar av menneske finst det.
Dei myldrar ut over jord.
Gud minnest dei alle saman –
deg også – vår Gud er stor!

Billionar av soler strålar
uti det djupe rom.
Gud teller dei alle saman.
Så stor er hans herlegdom.

Der er et lys i dine øyne

Der er et lys i dine øyne,
sjelens lys, av himlen sendt.
Lovet være Jesus Kristus,
som det klare lys har tent!

Der er et lys i dine øyne,
kjærlighet og fryd og fred.
Lovet være Jesus Kristus
som med lyset kom hit ned!

Der er et lys i dine øyne.
Og fra lys til lys du går.
Lovet være Jesus Kristus
som kom hit med von og vår.

Der er et lys i dine øyne.
Og i evighetens år
skal du i Guds lys få leve,
i en salig livsens vår.

Eit livsens hav av kjærleik

Eit livsens hav av kjærleik!
Så varmt han elskar oss.
Han difor kom til jordi,
og døydde på ein kross.

Der er eit hav av nåde,
av miskunn og av fred
i Jesu Kristi hjarta.
Det varmt vårt hjarta gled.

Eit havsens djup av miskunn.
Me difor fram skal nå,
og sæle i all æva
hans ljose andlet sjå.

I dypet av glemselens hav

I dypet av glemselens hav,
der er dine synder gjemt.
Hos Gud, i hans høge himmel,
der er de for evig glemt.

Så glem dem da, også du,
som har dem for Gud bekjent.
Takk, takk for den Herre Krist,
som du har til jorden sendt!

I tid og i evighet
vi lover deg, store Gud,
som gav til den falne slekt
det herlige gledebud.

Etter Jesaja 38,17

Himlen er full av glede

Himlen er full av glede.
Det er vel sælt å minnes.
Sorger skal der ikke finnes,
mismod og savn som her nede.

Himlen er full av lykke.
for vi vår Gud skal skue.
Ewig er gledens lue.
Døds-angsten skal oss ei trykke.

Himlen av sang gjenlyder
Engler er med i kvadet.
Alle er hjerte-glade.
Vårlivets vell oss fryder.

Gleden vårt indre fyller.
Himlen har gjort oss rike.
Og vi er Jesus like.
Derfor vi varmt ham hyller.

Min kvilestad

Korset er min kvilestad,
den kjæreste på jordi.
Der hører eg meg trygg og glad.
Eg hører sonings-ordi.

Korset er den beste stad,
av alle verdens stader.
Der vil eg vera all mi tid,
til livsens kveldsol glader.

Korset er min ankergrunn.
Der er det godt å vera,
i livsens strid, i dødens blund.
Den grunn skal trygt meg bera.

Gud skje takk for korsets tre,
der Jesus syndi sona.
Der stryk han ut vår store skuld.
Der evig takk skal tona.

Sangen om gleden

Jul – det er sangen om gleden,
den store gleden på jord.
Og derfor vi gjerne hører
englenes himmel-ord.

Jul – det er sangen om freden,
i hjertets dypeste dyp, –
om freden med Gud, vår skaper,
selv for det usle kryp.

Jul – det er sangen om frelsen.
Guds klokke kimer om den.
Om evig trygghet den ringer.
Gud er vår Far og venn.

Evighetens vei

Led meg, Gud,
på evighetens vei,
den som leder
like hjem til deg!
Farer truer.
Men du vokte vil,
så jeg hører
himmelriket til.

Led meg, Gud
til evighetens dag,
der jeg salig
bor med deg i lag.
Aldri ender
herligheten der.
Og jeg ånder
livets kilde nær.

Sjølv katten treng kjærleik

Ein katt treng kjærleik, sa mor.
Kor mykje meir lyt ikkje då
eit menneske – eit hjarta – få
ein solsmil varm, eit venleg ord!

Det gufsar frå ein isfront kald.
Det frys så mangt eit hjarteblad.
Og mang ei sjel er lite glad.
Å, elska – utan etterhald!

Det lyser sju raude rosor

Det lyser sju raude rosor.
Det logar så ven ein eld.
Så fin er den kjærleiks-fargen.
De rosor, – eg av dykk held.

Det lyser sju raude rosor.
eit verk av Guds sterke arm.
Eit kronvitne vil dei vera.
Hans skaparvilje er varm.

Det lyser sju raude rosor.
Det gløder så mild ein eld.
Takk, Gud, for dei bjarte blomar,
eit reinleiks- og venleiks vell.

Venting i fred på det siste farvel

Ho ventar i fred på det siste farvel.
Forklåra er andlet og auga.
I trui på Jesus ho fulltrygg og sæl
i solfallets strålar er lauga.

I livet sin vår tok ho Losen ombord.
Han vel kjenner kurser og leida.
So siglte ho trygt over farefull fjord.
Med kjentmann ho gjekk over heida.

Og no stend ho fredfull i livet sin kveld.
Mot avdag og solfall det lakkar.
Ho ventar i ro på det siste farvel.
Ho lovsyng og tilbed og takkar.

Og freden som fløymer, av Herren ho fekk,
og skinande, heilage klede.
At Jesus for henne til Golgata gjekk,
er grunnen til frimod og glede.

Kor stort å få standa med fred i si sjel
og høyra dei kveldsklokkor kima.
Då livet hev lukkast, – useieleg sæl
ho ævelivs-gryet ser glima.

For alle juvelar eg takkar

Så seier eg, Jesus,
hjartans takk
for dagen den nye og unge.
Gud, hjelp meg å synga
lov og pris
med hjarta og hug og tunge
kvar dag eg på jordi vankar.

Ein glimestein er
kvar dag på jord.
For alle juvelar eg takkar.

Gud, hjelp meg å gå
i Jesu spor
mens ut det mot æva lakkar,
min livsdag omsider tek ende.

Vakker – men merkt av vemod

Vakker, men merkt av vemod
er hausten som lyser i landet.
Åkrane skin som det skire gull.
All skapning i kvelds-fred dreg ande.

Bjøllone læt i lidi,
og alden på apalen mognar, –
finare frukter for kvar ein dag, –
sjå, greinene bjartnar og bognar.

Soli frå blået blenkjer;
ho vermer om borken og bladi.
Hausten er vakker, men vemods-merkt,
og stilt tonar haustfugl-kvadi.

Livet sin haust hev mogning,
og kveldsoli, fagert ho gyller.
Men også han er av vemod merkt.
Og sorgmodet sjeli fyller. –

Ver gjestmild mot Jesus!

Ver gjestmild mot Jesus!
Velkommen han helsa!
Så kjem han med fred
og ein fullnad av frelsa.

Han nattverd så gjerne
vil halda med deg,
og trufast deg fylgja
på livsens veg.

Ver gjestmild mot Jesus!
Å du, for ei æra
at Kongenes konge
vil gjest hos deg vera!
Til sist, når di livssol
skal siga i vest,
då skal du for evig
hos han vera gjest.

Gud ser mildt til oss

Gud ser mildt til oss,
som en mor ser mildt
til sitt syke barn.
Han tilgir og utsletter
synd og skam.
Vi får kalles Guds barn.
Og det er vi.

Og vi arvinger er
til et evig liv,
til en herlig skatt uten like.
Vi får skue Guds åsyn til evig tid,
i et veldig,
vidunderlig rike.

Har ho gjort seg sjølv?

Å tru at verdi har gjort seg sjølv,
med alle dei under me ser,
med samspel av former og fargar og liv, –
Å du, det utruleg er!

So vitnar då verdi vid og stor,
med under i nord og sud:
Dei veldige verki kring all vår jord
er skapte av allmakts Gud.

Og får han 'kje enno den lov og pris
me skuldar den høge drott, –
ein lovsong skal lyda i paradis
når målet for verdi er nått.

Du må lesa deg glad

Gud Herren har skrive eit brev til deg,
eit fridomsbrev, eit gavebrev.
Du må lesa deg glad! Du må høyra deg fri,
og sael og rik til evig tid!

Gud Herren har skrive eit brev til deg,
eit gavebrev, eit testament.
Du må høyra deg fri! Du må lesa deg glad,
og stemna i eit frydekad!

Og spør du: kvar får eg det brevet sjå?
Jo, i Bibelen vår, der Gud Herren deg gjev, –
til evig frelse, fryd og fred, –
eit testament, eit gavebrev.

Han er så høg, din himmel

Han er så høg, din himmel.
Og herleg er din haust.
Og alt du gjer på jordi,
det gjer du rikt og raust.

Og du er god og kjærleg,
og heilag, vis og varm,
og miskunnsam og venleg
mot meg, – uverdig, arm.

Du gjev ei rik oppmuntring,
og lys på livsens gang.
Og i dei aude enger
me finn ein kjelde-vang.

Det difor er så ljuvleg,
vår Gud, på deg å tru,
og eingong, i all æva,
få i din himmel bu.

Det skinner et ord med gullglans

Det skinner et ord med gullglans,
et ord fra vår Frelsers munn.
Det lyser enn i vår verden,
gir gjenklang i hjertets grunn.

Et ord til enhver som lengter,
som kommer så tidt til kort:
Når du til din Frelser kommer,
han støter deg ikke bort.

Da engang vår jord han gjestet,
for synderes skyld han kom.
Så bar han all verdens synder,
tok på seg vår straff og dom.

Så kom som du er til Jesus!
Han er som han alltid var.
Og hjertens velkommen er du.
Å, for en frelser vi har!

Han dreg din livsbåt i land

Jesus går ikkje ifrå deg,
svikta deg ikkje han kan.
Armen hans alltid kan nå deg,
trygt dreg din livsbåt i land.

Jesus går ikkje ifrå deg
fylgjer deg livsdagen lang.
Dag etter dag er han hjå deg,
verna deg vil på din gang.

Jesus går ikkje ifrå deg.
Og når i himlen du står,
eviglang livsfryd skal nå deg.
Smaka hans kjærleik du får.

Være hos Gud i all evighet

Være hos Gud i all evighet.
Kan noe så salig tenkes?
Se ham og kjenne hans kjærlighet,
ved himmelens bord få benkes.

Møte vår Frelser, som for oss led,
og evig hos ham få være,
eie den salige fryd og fred, –
hvilken usigelig ære!

Gjerne kunne vi minnes mer
den herlighet som oss venter,
tenke på dagen når Jesus Krist
heim til sin himmel oss henter.

Til sist eit evig gloria

Det siste som blir sagt på jord,
det er det sterke, store ord:
Viktoria!
For verdens frelser, Jesus Krist,
som seierherre står til sist.
Ham hyller englehæren stor,
og himmelen og all vår jord,
de frelstes skarers pilgrims-kor.
De jubler høgt et gloria!
All ære frelsens Gud skal ha, –
et evig-langt halleluja!
Halleluja!

Småvers til blomster- illustrasjonene i boka

Først i den evige lysglans
ser vi hva Jesus led,
da han på korset blødde,
kalken drakk i vårt sted.

Først i den evige lysglans
ser vi hvor stort det er:
arve Guds evige rike, –
han har oss hjertens kjær.

*

Gud seier det så vakkert med ein blom.
Dei reine, fagre fargar,
den fine, gode ange
ein avglans er av hans herlegdom.

Eit bod om hans stordom og velde han ber.
Eit under av allmakt og visdom han er,
ein himmelens smil i ei audsleg verd.
På underfull vis han syng Guds pris, –
ei helsing frå Paradis.

*

Takk, vår Gud, for livets under,
løyndomsfullt og høgt og herleg,
fullkome til det minste,
skapt av fader-handi kjærleg.

*

Takk, min Gud, at eg får leva,
og eingong Majesteten hylla!
Då i alle æver
skal di sol min livsdag gylla.

*

Stjernene blinker på himmelens bue;
å, for et herlig og underfullt skue!
Spørsmålet brenner med bevende lue:
”Skaper, si hva er ditt skjønneste verk?”

Ser jeg på sommerens sollyse vanger;
doggfriske blomster, så deilige de anger;
hører på sangfuglens skjønneste klanger, –
selvsamme spørsmål fornøy seg da:

Ei var det jorden, ei himlen den høye,
selv om i dem vi din storhet ser nøye.
Så jeg til sist i et menneskeøye,
så jeg en sjel, og jeg leste et svar.

Frå svensk

*

Sjå for eit kunstverk
blomane er!
Ingen på jord
har så vakre klær.
Du for eit ynde,
reinleik og prakt,
Skaparen ned
i dei blomar har lagt!

*

Himmelens smil på jordi
er blomane blyge og bjarte

*

Om bare ein einaste krokus var til
av alle blomar på jord, –
stod her og lyste i sol i april
i reinleik så rik og stor, –
so ville han vitna, i reinleiks skrud:
Det er ein Gud!

No finst det eit veldig, uteljande kor
av skapar-under i nord og sud,
i himmelromet høgt over jord.
Og alle vitnar, forutan ord:
Det finst ein Gud.

*

Tallause blomar pryder vår jord.
Hjarta vårt fryder det fagre flor.
Du, for ein Skapar som dei har gjort!
Han er vår Gud! Det er sælt og stort.

*

Minne frå Paradiset
er blomane bjarte og blide

*

Dei fyller lufti med ange söt.

*

Dei renn så stilt opp i vårvarm luft,
av moldi den mørke og svarte.
Mjuke er dei, og sarte.

*

Du eier det beste i verden,
den skatten som Kristus deg vant.
Og da er du evig salig.
For, perlenes perle du fant.



I LIVSENS LYSE HAGAR

1995

Si til de engstede hjerter

Si til de engstede hjerter:
Vær sterke! Vær uten frykt!
Gud kommer og frelser dere.
På Golgata-verket hvil trygt!

Gud er langmodig og nådig.
Jesus er synderes venn.
Hør, du forsakte og redde:
Din Frelser, han elsker deg enn.

Du kjenner deg fattig, forpusket.
Men Jesus sa disse ord:
Salige er de som hunger.
De benkes ved himmelens bord.

Jes 35,4

Stort å eie en Frelser

Stort å eie en Frelser,
Menneskesønnen, Guds Sønn,
vår stedfortreder og talsmann,
som berger vår sjel fra døden
og hører vår fattige bønn.

Stort å eie en Frelser
som vil i vårt hjerte bo,
som gir oss den dype freden
og styrer vår ferd over fjorden
til himmelens sabbatsro.

Dei lyse kveldar

Så gildt det er med dei lyse kveldar,
langt inn i natt
dei farge-eldar.
Det synet tek oss
i hjartans grunn.
Det er så herleg ei høgtidsstund.

Ja, gilde er desse lyse vårar
når livsens bylgja
om landet bårar.
Og Gud har lova:
For Kristi skuld
ein livsvår evig og underfull.

Medan me har kvarandre

Medan me har kvarandre,
vandrar på same jord,
lat oss på godord ei spara
til søsken og far og mor.

Medan me har kvarandre,
vandrar på livsens veg,
seg til den som du gav ditt ja:
"Du, eg er glad i deg!"

Medan me har kvarandre –
livet, så fort det fer –
lat dei me ferdast imellom,
merka me har dei kjær!

Misjonen er livet for meg

Ho sa det, den gamle kvinna –
ho hardt nå på åri dreg –
i lag med Guds pilegrimar:
”Misjonen er livet for meg!”

Og livet for henne er Kristus.
I femtifem år var ho med
i arbeidet for misjonen.
Den gjerning så godt henne gled.

Må også om meg det seiast
ved enden av livsens veg:
”Han elskar den Herre Jesus.
Misjonen var livet for meg.”

Lat ikkje songen tagna

Lat ikkje songen tagna,
den song av Gud du fekk!
Til signing han tidt har vore
når inn han til hjarta gjekk.

Lat ikkje songen tagna!
Lat andre få høyra han!
Kan hende han nokon lokkar
til himmelens sæle land.

Lat ikkje songen tagna!
Så syng mens det er dag.
Til sist får du evig syngja
med himmelens kor i lag.

Gledens olje

En strøm av glede
går ut fra Jesus.
Med gledens olje
han salvet er.
Han denne gleden
med deg vil dele
fordi han har deg
så hjertens kjær.

Så salver han deg
med gledens olje,
du lønnen er
for det Jesus led.
Og denne gleden
skal evig strømme
fra verdens Frelser
i hjertet ned.

Så takk, vår Frelser,
for gledens olje.
Du kjøpte den
da ditt livsblod rant.
Så skal i evighet
du tilbedes
som gledes-kilden
så dyrt oss vant.

Hebr 1,9

Vi så en kommende lysning i øst

Vi så en kommende lysning i øst:
Et veldig folkehav
som ikke kjenner Jesus Krist
og frelsen han oss gav.

Vi så en kommende lysning i øst,
”Kom, gi oss frelsens bud!
Kom, gi oss livets vann og brød!
Kom, gi oss lys fra Gud!”

Vi så en kommende lysning i øst,
en lysning når vi gir dem bud,
det glade budskap om Jesus Krist,
om frelsen fra livets Gud.

Eg ser ditt storverk

Eg ser ditt storverk
og vert så glad.
I hjarta tonar eit takkekvad.
Di allmakt skapte ei veldig verd
av stjerne-soler ein diger hær.

Mi undring aukar
frå år til år
når dine under for auga står.
Når eg ser livet i barn og blom,
det talar stilt om din herlegdom.

Eg ser di frelsa
så underfull.
Ho dyrt vart kjøpt, utan sylv og gull,
men med ditt livsblod på Golgata.
Ein evig takk skal for det du ha.

Så er det ljuvleg å tenkja på
at eg di åsyn eingong skal sjå.
Tenk å få vera deg ganske nær
i alle ævor, min Herre kjær!

I livesens Paradis hos Gud

I livesens Paradis hos Gud
der skin det alltid lys,
så vent eit vell
frå gry til kveld.
Der ingen er som frys.

I livesens Paradis hos Gud,
der er det alltid liv.
I ævelengd det blømer der,
for det er livesens kjelda nær,
som liv åt blomen giv.

I livesens Paradis hos Gud
der er det evig fryd.
Der fins ’kje sorg og sukk og nød.
Der er ’kje alderdom og død.
Der tonar jubellyd.

Edel dåd

Å venda sorg til glede
det er ein edel dåd.
Til ein som gjeng og syrgjer,
du kjem med hjelp og råd.

Så mange gjeng og sturer,
av sut vert tyngde ned.
Du møter dei med solskin.
Eit sorgtyngd sinn seg gled.

Slik er det òg med Jesus,
den beste ven på jord.
Han vende sorg til glede.
Og gleda, ho vert stor.

Me ventar eit evig Paradis

Me ventar eit evig Paradis
når ferdi på jord er enda.
Då syng me vår Frelsars lov og pris,
som kallet oss ville senda.
Der kjærleiks-elden, den heilage,
i hjarto skal evig brenna.

Og Herren, vår Gud, me skal få sjå.
Kor sælt i hans nærleik anda!
Med hjarto fulle av kjærleik då
me skal for hans åsyn standa.
Vår frydesong med den skaren stor
til evig tid skal me blanda.

Me ventar eit evig sabbats-år.
Kor sælt at det ei skal enda!
Med evig ungdom i livsens vår
me jublende fryd får kjenna.
Hav takk, Herre Krist, når soli sig,
ein æveleg dag skal renna.

Fest-portalen står åpen

Fest-portalen står åpen
inn til den evige vår.
Kron-juvelen deg venter.
Kom, du Guds Paradis får!

Evhights-våren venter,
endeløs, frydefull dag.
Kom, da du salig lever
evig med Gud i lag!

Himmelkongen

Herre, du evige konge,
i din himmel og på jord
og i alle tider tilbedt
av det store, hvite Kor.

Glorien skal evig stråle,
skinne i all evighet.
De i himmel-hæren jubler
når de ser din herlighet.

Den nye soloppgangen

Den nye soloppgangen
den kom den første jol.
Då kom den Herre Jesus.
Han er den sanne sol.

Nå er det dag på jordi
og livsens-soli skin.
Og dette klåre lyset
i æva aldri dvin.

Hav takk for soloppgangen,
vår kjære Herre Krist!
Kor sælt at me skal sjå deg
og bli deg lik til sist.

Godt å gå på Guds grøne jord

Det er godt å gå på Guds grøne jord
og anda i solluft rein.
Det er sælt å eiga

Guds sanningsord
til trøyst i vår sorg og mein.

Det er stort å eiga
ei evig von.
Vår Gud vere lov og pris,
og Jesus Kristus,
Guds kjære Son,
som vann oss eit Paradis.

Det er godt å vera
eit menneske
og tru på den Herre Krist.
I voni kan me
så godt oss gle
og himmelen nå til sist.

Store syner møter auga

Herre, takk for lysets vell
over sjø og skog og fjell.
Landet ligg i sollys lauga.
Store syner møter auga
no når dagen går på hell.

Underfult vårt Noreg er.
Denne heimen er oss kjær.
Her me får vår livsdag leva.
Takk og pris me Gud vil gjeva.
Han i miskunn er oss nær.

Størst av alt: Me eig Guds ord.
Beste sollys på vår jord.
Det gjev liv og sjele-helsa
og til sist ei evig frelsa.
Gud, kor er di miskunn stor!

Må vekkings-elden brenna

Må vekkings-elden brenna
frå nord til langt i sud,
det norske folket kjenna
ein otte for vår Gud!

Må vekkings-elden lysa
frå langt i sud til nord!
Då skal me ikkje frysia,
men varmast ved Guds ord.

Gud, send din gode Ande
til Noregs fagre land!
Lat lysa over Norden
ein heilag livsens brann!

Ja, lat ein livsvår renna
i hjartans odelsjord!
Må folket vårt få kjenna
livskrafti i ditt ord!

Så rik og raus min Skapar er

Eg dreg dei
djupaste andedrag.
Millionar av dei
har eg drege.
Og hjarta slær
sine stille slag.
Millionar nå
hev det slege.

Dei bilete
som augo såg,
frå eg i vesle
vogga låg,
kan teljast
i millionar.
Og det som øyra
høyra fekk
var millionar tonar.

Så rik og raus
vår Skapar er,
og underfull
i all si gjerd.
Og difor her
og i all æva
vår hylling vil
me Herren gjeva.

Takk at du lever

Tenk at du lever, Jesus,
i himmelens herlegdom er.
Men også dei som deg elskar,
er du inderleg nær.

Takk at du lever, Jesus,
vår Frelsar, vår ven og bror,
den same som då du eingong
vandra på denne jord.

Så godt å sjå på ei kveldsol

Så godt å sjå på ei kveldsol som síg
og nærmar seg åsen i vest.
Det gjev slik ei ro,
og så fager han er
den strålende fargefest.

Så vemodsfullt er det
sjå soli som glar,
Ho dalar – og så er det natt.
Men etter i hjarta den lys-voni stig:
at soli, for visst kjem ho att.

Du for ei framtid!

Du for ei framtid me har
hos Herren, vår himmelske Far,
i det herlege livsparadis.
Der evig skal tona hans pris.

Du for ein underfull vår,
som aldri mot vinteren går.
Der skal evig i fryd Kristi brud
lovsyngja vår Herre og Gud.

Stort å vera til

Det er so stort å vera til
i livet Gud meg gav.
Det er ei gåve underfull,
rik som eit verdens-hav.

Kvar dag eg ser hans underverk
i sol, i blom og blad,
og på den blåe himmel-kvelv.
Det gjer meg hjartans glad.

Vel møter mange ei motgangs-tid,
og stundom bakken bratt.
Det lite er å akta på
mot evig himmelskatt.

Takk for mine mange år

Takk, Gud, for mine mange år,
ti tusental av dagar.
Og hjartans takk at enn eg går
i livsens lyse hagar.

Takk, takk at du var god mot meg,
har turka mang ei tåre,
og når eg snåva på min veg,
med meg har over bore.

Mest takk for denne sæle von:
Når her mi livssol glader,
eg møter Jesus Krist, Guds Son,
og deg, vår Gud og Fader.

Eg ser ditt lyse andlet

Dag – eg ser ditt lyse andlet,
blomehagar, himmel blå.
Landet ligg i sollys lauga.
For eit fagert syn å sjå!

Tenk – i slik ei verd få leva,
i så underfullt eit slott!
Du, så ven er livsens loge.
Gud såg: Lyset, det er godt!

Dag – eg ser ditt lyse andlet,
sjø og skog og åsar blå.
Tanken går til livets Skapar.
Å, kor undren eg vert då!

Det lys du la inn i mitt hjarta

Det lys du la inn i mitt hjarta,
eg inderleg takkar for det.
Og takk for din store kjærleik
som tok i ditt rike meg med.

At du som er høg og allveldig,
er miskunnsam, allvis og god,
det er så vidunderleg, herleg.
du gav til vår berging ditt blod.

Det lys du la inn i mitt hjarta,
skal skina til ævelig tid.
Hav inderleg takk, du min Herre,
for livs-voni ljuvleg og blid.

Ein apal i blom

Eg vert ikkje trøytt
kvar einaste vår
lata auga mitt kvila
på ein apal i blom.
Snøkvite er dei,

snart raudleitte med,
ein skimt av eit
skaparverks herlegdom.

Du, så mange dei er,
ei tusund-tals mengd.
Tett, tett sit dei der,
på kvar grein og teinungs-tupp.
Og alle dei angar,
eit duft-vell har fenge,
alt frå den stund
dei sprengde sin knupp.

Kvar ein hev dei pollen,
støv-veier også,
eit under av Gud.
Han gav dei om våren
ein løydomsfull livslov
og så dette angande,
drivkvite skrud.

Men stutt er den stundi
dei frydar vårt auga.
Så dett dei til bakken,
kvar einaste blom.
Men då hev det hendt,
dette veldige under:
På veg imot frukt,
ein ny livs-herlegdom.

Jeg har en arv

Jeg har en arv i himlen.
Usigelig herlig den er.
Vi aner bare dens skjønnhet.
I håpet mitt hjerte seg gler.

Jeg har en arv i himlen.
Den eldes og visne ei kan.
Den vårfrisk skal evig stråle,
hos Herren i livsfylldens land.

Jeg har en arv i himlen.
Da er jeg uendelig rik.
Og herligst det er, og salig:
Der skal jeg bli Frelseren lik!

Guds største velgjerning er Jesus

Guds største velgjerning er Jesus.
i Kristus mitt hvilepunkt er.
I ham har jeg livet, det sanne.
Hver dag han i nåde er nær.

Om selv ikke døden, den grumme,
min Frelser ifra meg kan ta.
Så kan jeg la sorgene fare
og vandre min pilgrimsvei glad.

Så vil jeg tro stort om min Frelser.
Jeg nok, evig nok, i han har.
En evig forsoning han vant meg,
og himmelens Gud er min far.

Eit underfullt liv

Eg fekk av Gud eit liv på jord.
Det er ein skatt
så rik og stor,
så underfull ei gåva.

Guds eige bilete eg ber
og stend i Jesu rettferds-klær.
Høgt vil eg himlen lova.

Vel bur eg her
så stutt ei tid.
Og leve-åri, fort dei skrid.
Så endar livsens-ferdi.
Men Frelsaren har lova meg:
I miskunn ta meg heim til seg,
den sæle himmel-verdi.

Du mildt meg trøyster

Vel veiknar stundom
makt og mot.
Og trøytt og sår
vert då min fot,
men du meg då forbarmar.
Du mildt meg trøystar
som ei mor,
på ferdi over livsens fjord,
meg ber på fader-armar.

Min Gud, då er eg
evig rik
Eg skal deg sjå,
bli Jesus lik,
så god som han i æva.
Og i din himmel får eg bu,
i heilag kjærleik,
von og tru.
Der vert det sælt å leva.

Vårt vennskap skal evig vare

Vårt vennskap skal evig vare,
vi som elsker den Herre Krist.
Så kjært være venner på jorden,
og aller kjærest til sist.
Og størst: Være Herrens venn!

Vårt vennskap skal evig vare.
Og enhver skal være vår venn.
Og når vi i himmelen møtes,
vi aldri skiller igjen,
i livets herlige land.

Nåden gjelder

Nåden gjelder
stund for stund,
dag for dag
og år for år.
Nåde ny
hver dag du får,
fred med Gud
i hjertets grunn.

Nåden, den er
full og fri,
nok for tid
og evighet.
Frelst du er,
skal salig bli
ved Guds Sønns
barmhjertighet.

Glad i dei lyse kveldar

Eg er så glad
i dei lyse kveldar,
med sol som síg
og med himmel-eldar.
Langt inn i natt
me dagslys har.
Og storstilt er det
når soli glar.

Og glad eg er
i dei lange dagar,
med ljuvleg bløming
i vårens hagar.
Hugtakande
å få bu her nord.
Det er den gildaste
stad på jord.

Ljuvlege sommar

Ljuvlege sommar
med sol over landet
frå grytidleg morgen
til nattsein kveld!
Lystid og livstid,
å, eg held av deg,
ditt overlag vakre og levande vell.

Ljuvlege sommar,
at eg skulle sjå deg
år etter år –
og så mange dei var.

Takk, gode Gud,
for ei eviglang lystid,
då eg deg møter,
min Frelsar og Far!

Jeg som er intet – eier alt i Jesus

Jeg som er intet,
eier alt i Jesus.
Han er min rikdom,
min rettferd og min fred.
Han brakte soning,
seier over døden,
da han på korset
straffen for meg led.

Selv har jeg intet.
Men til Gud jeg kommer,
kledd i den drakten
som Kristus til meg vant.
Gud være lov:
I liv og død det gjelder.
Takk, store Gud
at det er evig sant!

Led meg, Gud

Led meg, Gud, på livets vei
så jeg ikke glemmer deg!
Styr meg med din sterke hand
til jeg når ditt gode land!

Takk for nådens overflod!
Store Gud, hvor du er god!

Takk for kjærighetens vell,
håp og trøst i livets kveld!

Så jeg seire skal til sist,
ved din miskunn, Jesus Krist,
hos deg bo i evighet,
prise din barmhjertighet.

Atter ein solnedgang

Junidagen var lys og lang.
Du, det er fagert
når solegladstundi
kallar på vedmodskvad.

Å, så vakkert det solgull er.
Sakte síg det bak åsen ned.
Godt då er det å tenkja på:
I morgen skal me deg etter sjå.

Lys – liv

Lys, lys – underfullt lys,
skapt av Gud,
av Lysesenes Far
som frå æva er,
han som alltid var.

Liv, liv – løyndomsfullt liv,
i blom og blad
i bær og korn,
i menneskeborn,
i tallause skrud –
eit under av Gud.

Like vel stor

Så liten eg er
i den veldige verd.
Eg skodar Guds under,
den herlege hær.

Og lell er eg stor,
For så seier Guds ord.
Eg eit kongebarn er,
og Jesus min bror.

Du strålande sol

Du strålande sol
på den djup-blåe kvelv,
av undring og vyrdnad
mitt hjarta skjelv.
Du glimtar og gløder
i nord og sud.
Eit underverk er du
av skapningens Gud.

Du stråla og skein
miliardar av år.
Og enno så mektig
på blå-kvelven står.
Og Ordet oss fyller
med livs-voni blid:
Guds solskin skal stråla
til ævelig tid.

Ferden på livets fjord

Vår ferd på den aldrende,
livsfylte jorden
den er som en tur på
den vekslende fjorden.
I maksvær og havblikk
og solskinn vi seiler.
I stormkast vi ser
om et fyrtårn vi peiler.

Skal livsferden lykkes,
en ting må du minnes:
Et kart, et kompass
må i båten din finnes.
Og glem ikke losen –
din Frelser foruten,
i stormen du makter
nok ei berge skuten.

Når målet vi skimter
og livsferden ender,
en hjertevarm takk
til vår Fører vi sender.
Så venter en evig-lang
dag uten like,
da alt er forklaret
og skjønt i Gudt rike.

Jesus – alt for oss

Jesus Krist er alt for oss,
i tid og evighet.
For han har vunnet oss hos Gud
en full og hel rettferdighet.

Jesus Krist er alt for oss.
Vi trenger ikke mer.
I kraft av hans forsoningsverk
i himlen vi hans åsyn ser.

Guds frykt

Guds frykt me treng
framom allting anna.
Må namnet hans stå
i vårt hjarta, på vår panna.
Herrars Herre,
så veldig og stor,
himlane skapte
og ei underfull jord.

Kongars Konge,
du syng vel hans pris,
han som evig råder
i livsens Paradis?
Bøy deg for honom,
i tru på hans Son,
då vert hans himmel
di liv-sæle von.

Gud vil vi skal vera ei ollande kjelda

Gud vil vi skal vera
ei ollande kjelda,
som sprudlar og vell
og strøymer utsanseleg
morgen og kveld.

Han sjølv vil oss fylla,
oss rikleg velsigna
frå endelaust hav,
til signing for andre
med det han oss gav.

Et kort minutt er livet,
en flyktig vårdag blott,
og så en evig sommer
når himlens mål er nådd.
Et kort minutt er livet,
et flyktig øyeblikk.

Noreg fylt av lys og liv

Nå er Noreg fylt av lys.
Det så gildt og ljuvleg er.
Langt i nord gjer midnattsoli
landet til ei draumeverd.

Nå er Noreg fylt av liv.
Over alt eit blomevell.
Skogane i vår-drakt susar.
Livsens under høgtid held.

Et kort minutt er livet

Et kort minutt er livet,
et flyktig øyeblikk,
en blomst i vårdags-vellet,
dag som hastig gikk.
Et kort sekund alene
og kveldens klokke slår.
Og ut mot evigheten
en pilgrimsvandring går.
Et kort minutt er livet,
et flyktig øyeblikk.

Et kort minutt, og siden
er jordens ferd forbi.
Og bakom solnedgangen
skal alt forvandlet bli.

Til norsk fra "En kort minut är livet" av Ewert Amnefors

Du levde mitt liv, og døde min død

Jesus, du levende himmelbrød,
takk at du levde mitt liv,
og døde min død.
Takk at du åpnet til Paradis vei.
Takk at jeg lever ved deg!

Takk at din nåde er nok, min Gud!
Takk at du kler meg
i frelsens skrud.
Takk at du gjerne vil eie min sjel.
Da er jeg for evig sael.

Takk at jeg fikk møte deg

Takk for alle ganger
jeg fikk møte deg,
på livets underlige
og merkelige vei.

Det kom et streif av solskinn,
smil og gode ord.
Og disse stråler signet
mitt hjertes vokster-jord.

Hvor godt det er på veien
å møte en som deg!
Jeg takker Gud for venner
på livets vandringsvei!

Gud, send ei kjærleiks-bylgja

Gud, send ei kjærleiks-bylgja
som over verdi går!
Først då må vinter'n vika
for livsens varme vår.

Gud, send ei vekkings-bylgja
til alle folk og land,
ein heilag eld som tennen
ein himmelsk kjærleiks-brann!

Må denne elden loga
hjå oss som elskar deg!
Gjer oss til dine vitne
som gjeng din kjærleiks-veg!

Du har stråla så lenge

Sol - du har stråla så lenge.
Så gildt var det deg å sjå.
Det varmande vell har eg fenge.
Nå ned du bak åsen skal gå.

Sol - du min livsdag har varma,
har signa meg år etter år.
Nå nærmar eg meg nok stunda
då ned langt i vest du går.

Då er det så sælt eiga voni,
ei evig lystid hos Gud.
Då skal eg i livs-dagen anda,
Stå kledd i det skire skrud.

Du må ikkje mista

Du må ikkje mista
di dyre sjel,
den største skatten du har.
Då mistar du alt
i æva og tid,
er fattig når livs-soli glar.

Du må ikkje øyda
di eine sjel!
Den skaden er evig stor.
Lat Jesus Kristus
få berga deg,
din Frelsar og ven og bror!

Kjært å leva på vår jord

Så høgt og langt
går soli sumars-bel.
Det er så vent
og varmt eit stråle-spel.
Ho endar ferdi
langt, langt i nordvest
og gjev til avskjed
fager fargefest.

Så er det gilt:
Det er så stutt ei tid –
i aust ho sprett,
så morgenfrisk og blid.
Og aller kjærast:
Gud oss lova har.
ein evig dag
der soli aldri glar.

Så er det kjært
å leva her på jord –
den Gud har skapt –
og livet fagert gror.
Og best av alt:
Om morgen og ved kveld
å anda i Guds varme kjærleiks-vell.

Himmelens smil

Takk for solskinnet, Gud,
dette himmelens smil,
desse strålar som går
millionar av mil.

Takk for solskinnet, Gud,
over vidd, over vang,
over åsar og eng
sommardagen så lang.

Takk for solskinnet, Gud,
dette varmande vell,
over vinterbleik kinn,
over flyer og fjell.

Takk for solskinnet, Gud.
Takk for kjærleikens sol.
Takk for øveleg von
på vår jord første jol.

Når eg mot solefallet går

Takk, Herre, for alt gildt og godt
som eg i livsens dag har fått,
til fryd og mykje fagnad.
Eg bratte bakkar stundom gjekk,
men hjelp av faderhandi fekk,
så rik vart livsens lagnad.

Når det mot solefallet går,
eg minnest mine mange år.
Ein ting då gjev meg glede:
At eg til Jesus sa mitt ja,
og han til ven meg ville ha
kvar dag eg fekk her nede.

